

LENIN

UTVALGTE VERKER I 12 BIND

Oktober



**Førebuingane
til Oktober-
revolusjonen**

7

April–24. Oktober 1917

LENIN
Utvalgte verker i 12 bind
Band 7

Arbeidarar i alle land, stå saman!

LENIN

Utvalgte verker i 12 bind

Band 7

Førebuinga
til den sosialistiske
Oktoberrevolusjonen

Lenins skrifter i perioden for førebuinga til den sosialistiske Oktoberrevolusjonen og gjennomføringa av han er samla i band 7, 8 og 9. Band 7 dekkjer tida 20. (7.) april til 6. november (24. oktober) 1917.



FORLAGET OKTOBER A/S
OSLO 1978

LENIN: UTVALGTE VERKER I 12 BIND

Utgjeve i samsvar med 4. russiske utgåva
frå Marx-Engels-Lenin-instituttet
Moskva 1946

Band 7

Førebuinga til den sosialistiske Oktoberrevolusjonen

© Forlaget Oktober A/S 1978

1. opplag, mars 1978, 5000

Prenta i offset hjå A/S Duplotrykk

ISBN 82-7094-183-2

Lenins skrifter i dette bandet er omsett
etter den engelske teksten i Lenin,
Collected Works, volumes 24, 25 og 26,
Moskva 1964

INNHALD

FØREORD FRÅ FORLAGET	9
FØREBUINGA TIL DEN SOSIALISTISKE OKTOBERREVOLUSJONEN	11
OPPGÅVENE TIL PROLETARIATET I DEN REVOLUSJONEN VIER INNE I	11
Tesar	11
OM DOBBELTMAKTA	18
OPPGÅVENE TIL PROLETARIATET I REVOLUSJONEN VÅR	22
Utkast til plattform for det proletariske partiet.	22
Klassekarakteren til den revolusjonen som har gått føre seg	22
Útanrikspolitikken til den nye regjeringa.	24
Den særeigne dobbeltmakta og kva ho tyder for klassane	25
Den særeigne taktikken som fylgjer av det som er sagt ovanfor	29
Revolusjonært fedrelandsforsvar og kva det tyder for klassane	31
Korleis kan det gjerast slutt på krigen?	33
Ein ny type stat som veks fram frå revolusjonen vår	34
Jordbruksprogrammet og det nasjonale programmet	38
Nasjonaliseringa av bankane og dei kapitalistiske syndikata	41
Stoda innanfor den sosialistiske Internasjonalen	42

Samanbrotet for Zimmerwald-Internasjonalen.	
Det er naudsynt å grunnleggja ein tredje Internasjonale.	50
Kva namn bør partiet vårt ha — eit som er vitskapleg korrekt og kan hjelpa til å klåra opp medvitet til proletariatet politisk?	54
DEN 7. ALLRUSSISKE KONFERANSEN TIL RSDAP(b) — APRILKONFERANSEN	
24.—29. april (7.—12. mai) 1917	59
15. Fråsegn om jordbruksspørsmålet	59
19. Fråsegn om det nasjonale spørsmålet	63
DEN FYRSTE ALLRUSSISKE KONGRESSEN AV BONDEREPRÉSENTANTAR	
4.—28. mai (17. mai—10. juni) 1917.	65
1. Resolusjonsutkast om jordbruksspørsmålet .	65
DEN FYRSTE ALLRUSSISKE KONGRESSEN FOR SOVJET AV ARBEIDAR- OG SOLDAT- REPRÉSENTANTAR 3.—24. juni	
(16. juni—17. juli) 1917	68
1. Tale om haldninga andsynes den provisoriske regjeringa 4. (17.) juni	68
OM SLAGORD	82
LÆRDOMANE AV REVOLUSJONEN	92
I	92
II	95
III	96
IV	98
V	98
VI	100
VII	105
VIII	106
IX	108
Etterord	109
DEN TRUGANDE KATASTROFEN OG KORLEIS VI KAN KJEMPA MOT HAN	
Svolten kjem nærare	110
Regjeringa gjer absolutt ingen ting	112

Kontrollåtgjerder er kjende for alle	
og lette å gjera	115
Nasjonaliseringa av bankane	117
Nasjonalisering av syndikata	124
Avskaffing av forretningsløyndomen	124
Tvungen samanslåing	133
Regulering av forbruket	137
Regjeringa bryt opp arbeidet til dei	
demokratiske organisasjonane	141
Samanbrot i finansane og åtgjerder for å stri	
mot det	146
Kan vi gå framover om vi er redde for å gå	
fram mot sosialismen?	150
Striden mot det økonomiske kaoset — og krigen	154
Dei revolusjonære demokratane og det	
revolusjonære proletariatet	158
MARXISME OG OPPREIST	162
<i>Eit brev til sentralkomiteen i RSDAP(b)</i>	162
OPPGÅVENE FOR REVOLUSJONEN	169
Semjer med kapitalistane fører til katastrofe	171
Makta til sovjeta	172
Fred for folka	172
Jorda til dei som dyrkar henne	175
Kamp mot hungersnaud og økonomisk ruin	175
Kamp mot kontrarevolusjonen til	
godseigarane og kapitalistane	177
Fredeleg utvikling av revolusjonen	178
RÅD FRÅ EIN TILSKODAR	180
MØTET I SENTRALKOMITEEN TIL RSDAP(b)	
10. (23.) oktober 1917	183
2. Resolusjon	183
BREV TIL MEDLEMMENE I BOLSJJEVIK-	
PARTIET	185
BREV TIL MEDLEMMENE I SENTRAL-	
KOMITEEN	190
NOTER	195
PERSONREGISTER	210

FØREORD FRÅ FORLAGET

Denne boka er eit band i Lenin-serien *Utvalgte verker i 12 bind* frå Forlaget Oktober.

Dette bandet går inn som nummer 7 i serien. Saman med band 8 og 9 dekkjer det perioden for førebuinga til den sosialistiske Oktoberrevolusjonen og gjennomføringa av han, dvs. perioden frå april 1917 til april 1918.

Utvalet i dette bandet og i serien som heilskap svarar til det som vart laga av Marx-Engels-Lenin-instituttet under vegleiing frå Stalin fyrst i trettiåra. Den utgåva vi gjev ut no, fylgjer den 4. russiske utgåva frå 1946.

Notane og personregisteret bak i boka står forlaget til svars for. Av notane nedst på sidene er Lenins eigne notar førte opp utan signatur, medan notane frå forlaget er merkte med — *Red.*

OPPGÅVENE TIL PROLETARIATET I DEN REVOLUSJONEN VI ER INNE I¹

Eg kom ikkje til Petrograd før om natta den 3. april. På møtet den 4. april kunne eg difor sjølv sagt berre leggja fram meldinga om oppgåvene til det revolusjonære proletariatet på mine eigne vegner, og med atterhald for utilstrekkeleg førebuing.

Det einaste eg kunne gjera for å gjera det lettare for meg sjølv — og for *heiderlege* opponentar — var å førebute tesane *skriftleg*. Eg las dei opp og gav teksten til kamerat Tsereteli. Eg las dei *to* gonger svært sakte, fyrst på eit bolsjevikmøte, og så på eit møte med både bolsjevikar og mensjevikar.

Eg offentleggjer desse personlege tesane mine med berre heilt stutte forklårande merknader, som var utvikla mykje meir inngåande i meldinga.

TESAR

1. I haldninga vår til krigen er det ikkje tillateleg med sjølv dei minste vedgåingar andsynes noko «revolusjonært fedrelandsforsvar». For med di den nye regjeringa til Lvov & co. har ein kapitalistisk karakter, er krigen framleis for Russland sin del utan tvil ein imperialistisk røvarkrig.

Det klassemedvitne proletariatet kan gå med på ein revolusjonær krig, som verkeleg ville rettferdiggjera

revolusjonært fedrelandsforsvar, berre på vilkåra: a) at makta går over til proletariatet og dei fattigaste laga av bøndene som stiller seg på line med proletariatet; b) at det vert gjeve avkall på alle anneksjonar* i handling og ikkje berre i ord; c) at det kjem til eit røyenleg og fullstendig brot med alle kapitalistiske interesser.

Dei breie laga av massane som trur på revolusjonært fedrelandsforsvar, meiner det tvillaust ærleg og godtek krigen berre av di dei ser han som naudsynt, og ikkje som noko middel til erobringar. Fordi dei vert narra av borgarskapet, er det naudsynt å gå særleg grundig, ut-haldande og tolmodig fram når villfaringa deira skal forklårast for dei. Slik må ein forklåra det uløyselege bandet mellom kapitalen og den imperialistiske krigen, og prova at utan å styrta kapitalen *er det umogleg* å få ein ende på krigen med ein retteleg demokratisk fred, ein fred som ikkje er påtvinga med vald.

Den mest vidspreidde kampanjen for dette synet må organiserast i hæren ved fronten.

Forbrødring.

2. Det som særmerker stoda i Russland nett no er at landet er i *overgangen* frå fyrste stadiet i revolusjonen — det som takk vere utilstrekkeleg klassemedvit og utilstrekkeleg organisering av proletariatet gav makta i hendene på borgarskapet — til det *andre* stadiet, som må gje makta over i hendene på proletariatet og dei fattigaste laga av bøndene.

Denne overgangen er på eine sida særmerkt av eit høgmål med legalt godkjende rettar (Russland er *no* det friaste av alle dei krigførande landa i verda); på den andre sida av at det ikkje vert nytta vald mot massane, og til sist av den blinde tiltrua massane har til regjeringa åt kapitalistane, desse verste fiendane av fred og sosialisme.

Denne særmerkte stoda krev av oss ei evne til å tilpassa oss til dei *særskilte* vilkåra for partiarbeid mellom

* *Annektera* — lat., eigna til seg, ta med makt. — *Red.*

uhøyrtd store massar av proletarar som nett har vakna til politisk liv.

3. Ingen stønad til den provisoriske regjeringa. Det må gjerast klårt kor uendeleg falske alle lovnadene hennar er, særleg dei som gjeld å gje avkall på hærsett land. Avsløring i staden for det utillatelege, illusjonsskapande «kravet» at *denne* regjeringa, ei regjering av kapitalistar, skulle *halda opp* med å vera ei imperialistisk regjering.

4. Sannkjenning av den røyndomen at partiet vårt er i mindretal, og til så lenge eit lite mindretal i dei fleste sovjeta av arbeidarrepresentantar. Vi står imot *ein blokk av alle* dei småborgarlege opportunistelementa, frå folkesosialistane² og dei sosialrevolusjonære³ ned til Organisasjonskomiteen⁴ (Tsjkheidze, Tsereteli osv.), Steklov, osv., osv., som har gjeve etter for innverknaden frå borgarskapet, og fremjar den innverknaden mellom proletariatet.

Vi må få massane til å sjå at sovjeta av arbeidarrepresentantar er den *einaste moglege* forma for ei revolusjonær regjering. Oppgåva vår er difor, så lenge som *denne* regjeringa gjev etter for innverknaden frå borgarskapet, tolmodig, systematisk og uavlateleg å forklåra feila i taktikken deira. Denne forklåringa må særleg tilpassast det massane treng i praksis.

Så lenge som vi er i mindretal, held vi fram å arbeida med å kritisera og berrleggja mistak. Samstundes propaganderer vi at det er naudsynt å føra heile statsmakta over til sovjeta av arbeidarrepresentantar, slik at folket kan vinna over mistaka sine gjennom røynsle.

5. Ikkje ein parlamentarisk republikk — å venda attende til ein parlamentarisk republikk frå sovjeta av arbeidarrepresentantar ville vera eit steg attover — men ein republikk av sovjetar av arbeidar-, landarbeidar- og bonderepresentantar over heile landet, frå topp til botn.

Avskaffa politiet, hæren og byråkratiet.*

Lønene til alle tenestemenn, som alle skal veljast og avsetjast til kvar tid, skal ikkje overstiga gjennomsnittsløna til ein dugeleg arbeidar.

6. Hovudvekta i jordbruksprogrammet skal flyttast over på sovjeta av landarbeidarrepresentantar.

Alle gods skal konfiskerast.

All jord i landet skal nasjonaliserast. Råderetten over jorda skal dei lokale sovjeta av landarbeidar- og bonde-representantar ha. Det skal organiserast særskilte sovjet av representantar for fattigbøndene. Det skal skipast til ein modellgard på kvar av dei store eigedomane (med storleik frå 100 til 300 desjatinar**, alt etter lokale og andre vilkår og avgjerdene i dei lokale organa) under kontroll av sovjeta av landarbeidarrepresentantar og for offentleg rekning.

7. Alle bankane i landet skal straks slåast saman til ein nasjonal bank, og sovjeta av arbeidarrepresentantar skal føra kontroll med han.

8. Det er ikkje den *næraste* oppgåva vår å «innføra» sosialismen, men berre å føra den sosiale produksjonen og fordelinga av produkta inn under *kontroll* av sovjeta av arbeidarrepresentantar med ein gong.

9. Oppgåver for partiet:

a) Å kalla saman ein partikongress straks.

b) Å endra partiprogrammet, hovudsakleg:

1) På spørsmålet om imperialismen og den imperialistiske krigen;

2) Haldninga vår andsynes staten og *vårt* krav om ein «kommune-stat»***.

* Dvs. at den ståande hæren skal bytast ut med ei væpning av heile folket.

** *Desjatin* — russisk flatemål = 1,09 hektar. — *Red.*

*** Dvs. ein stat som Pariskommunen var førebilete for.

3) Endra det forelda minimumsprogrammet vårt.

c) Byta namn på partiet.*

10. Ein ny Internasjonale.

Vi må ta initiativet til å skapa ein revolusjonær Internasjonale, ein Internasjonale mot *sosialsjåvinistane*⁵ og mot «sentrum».**.

For at lesaren skal skjøna kvifor eg laut framheva «tilfellet» med heiderlege opponentar særskilt, som eit sjeldant unntak, bed eg han jamføra tesane ovanfor med fylgjande innvending frå hr. Goldenberg: «Lenin», sa han, «har planta fana til borgarkrigen midt i det revolusjonære demokratiet» (sitert i nr. 5 av hr. Plekhanovs *Jedinstvo*)⁶.

Er det ikkje ei perle?

Eg skriv, eg uttalar og eg forklårar utførleg: «Dei *breie* laga av *massane* som trur på revolusjonært fedrelandsforsvar meiner det tvillaust ærleg ... dei vert narra av borgarskapet, difor er det naudsynt å gå *særleg* grundig, uthaldande og *tolmodig* fram når villfarin- ga deira skal forklårast for dei ...»

Like fullt kjem dei borgarlege herremennene som kallar seg sjølve sosialdemokratar og *korkje* høyrer til dei *breie* laga eller til dei *massane* som trur på fedrelandsforsvaret og framstiller synspunkta mine på fylgjande vis utan å blunka: «Fana (!) til borgarkrigen» (og den er det ikkje eit ord om i tesane og ikkje eit ord om i talen min!) har vorte planta (!) «midt i (!!) det revolusjonære demokratiet ...»

* I staden for «sosialdemokrati», der dei offisielle leiarane *over alt* i verda har svike sosialismen og gått over til borgarskapet («fedrelandsforsvararane» og dei vaklande «kautskyanarane») må vi kalla oss det *kommunistiske partiet*.

** «Sentrum» i den internasjonale sosialdemokratiske rørsle er det straumdraget som vaklar mellom sjåvinistane (= «fedrelandsforsvararane») og internasjonalistane, dvs. Kautsky & co. i Tyskland, Longuet & co. i Frankrike, Tsjkheidze & co. i Russland, Turati & co. i Italia, MacDonald & co. i Storbritannia osv.

Kva tyder dette? På kva vis skil dette seg frå å agitera for å laga bråk, frå *Russkaja Volja*?

Eg skriv, eg uttalar og eg forklårar utførleg: «Sovjeta av arbeidarrepresentantar er den *einaste moglege* forma for ei revolusjonær regjering. Oppgåva vår er difor å *forklåra* feila i taktikken deira tolmodig, systematisk og uavlateleg. Denne forklåringa må særleg tilpassast det massane treng i praksis».

Like fullt framstiller opponentar av eit særskilt slag synspunkta mine som ei oppmoding til «borgarkrig midt i det revolusjonære demokratiet»!

Eg gjekk til åtak på den provisoriske regjeringa for at ho ikkje hadde sett noko snarleg tidspunkt, eller noko tidspunkt i det heile, for å kalla saman den grunnlov-gjevande forsamlinga, og for at ho nógde seg med lovnader. Eg heldt fram at *utan* sovjeta av arbeidar- og soldatrepresentantar er det ingen garanti for at den grunnlov-gjevande forsamlinga vil verta kalla saman, og ein god utgang for henne vil vera uråd.

Og så vert eg tillagt det synet at eg går imot ei snarleg innkalling av den grunnlov-gjevande forsamlinga!

Eg ville ha sagt at dette var «å tala i ørska» dersom ikkje tiår med politisk **kamp** hadde lært meg å sjå på ærlegdom hos motstandarar som eit sjeldant unntak.

Hr. Plekhanov har kalla talen min «ørskesnakk» i avisa si. Framifrå, hr. Plekhanov! Men berre sjå kor trehendt, klossete og tungnæm argumentasjonen Dyk-
kar er. Dersom eg hadde snakka i ørska i to timar i ta-
len min, korleis kunne hundrevis av tilhøyrarar ha god-
teke slik «ørskesnakk»? Vidare, kvifor ofrar avisa Dyk-
kar ei heil spalte på å gjera greie for «ørskesnakk»?
Det heng ikkje ihop, det heng ikkje i hop for fem øre!

Det er sjølvsagt langt lettare å skrika, bruka munn og hyla enn å freista fortelja, forklåra og minnast *kva* Marx og Engels sa i 1871, 1872 og 1875 om røynslene frå Pariskommunen og om kva *slag* stat proletariatet treng.

Den tidlegare marxisten Plekhanov bryr seg tydelegvis ikkje om å minnast marxismen.

Eg siterte Rosa Luxemburg, som 4. august 1914⁸ kalla det *tyiske* sosialdemokratiet eit «stinkande lik». Og slike som Plekhanov, Goldenberg & co. kjenner seg «fornærma». På kven sine vegner? På vegner av dei *tyiske* sjåvinistane, av di dei vart kalla sjåvinistar!

Dei har vasa seg heilt bort, desse stakkars russiske sosialsjåvinistane — sosialistar i ord og sjåvinistar i gjerning.

Prenta 7. april 1917

I *Pravda* nr. 26

Underteikna: *N. Lenin*

Prenta i samsvar
med avisteksten

OM DOBBELTMAKTA

Det grunnleggjande spørsmålet i ein kvar revolusjon er spørsmålet om statsmakta. Utan at dette spørsmålet vert forstått, kan ein ikkje ta del i revolusjon på forstandig vis, for ikkje å snakka om stå i leiinga av revolusjonen.

Eit heilt særmerkt drag ved revolusjonen vår er at han har skapt ei *dobbelt makt*. Denne røyndomen må ein i fyrste rekkje få klårt for seg: Utan at dette vert forstått, kan vi ikkje nå vidare. Vi må vita korleis vi skal utfylla og vøla på gamle «formlar», t.d. i bolsjevismen, for samstundes som det har synt seg at dei stort sett er korrekte, har den konkrete iverksetjinga av dei *synt seg å verta* annleis. Ingen tenkte, eller kunne ha tenkt på førehand på ei dobbeltmakt.

Kva er denne dobbeltmakta? Ved sida av den provisoriske regjeringa, regjeringsmakta til *borgarskapet*, har *ei anna regjeringsmakt* vakse fram. Enno er ho berre veik og i emning, men det er tvillaust ei regjeringsmakt som verkeleg eksisterer og veks — sovjeta av arbeidar- og soldatrepresentantar.

Korleis er klassesamansetjinga i denne andre regjeringsmakta? Ho er sett saman av proletariatet og bøndene (i soldatuniformer). Kva politisk natur har denne regjeringsmakta? Det er eit revolusjonært diktatur, dvs. ei makt som grunnar seg direkte på revolusjonær maktovertaking, på det direkte initiativet til folket nedanfrå, og *ikkje på ei lov* som er vedteken av ei sentralisert statsmakt. Det er ei makt som er heilt ut

ulik den som ein som oftast finn i dei parlamentariske borgarleg-demokratiske republikkane av det vanlege slaget som framleis dominerer i dei framskridne landa i Europa og Amerika. Dette omstendet vert ofte oversett og lagt for lite vekt på, like fullt er det kjernen i saka. *Denne makta er av same slag* som Pariskommunen i 1871. Dei grunnleggjande særdragane ved denne typen er: 1) Kjelda til makta er ikkje ei lov som på førehand har vore diskutert og vedteke av parlamentet, men det direkte initiativet til folket nedanfrå, i deira lokale område — direkte «makt overtaking», for å nytta eit vanleg uttrykk. 2) Politiet og hæren, som er institusjonar som er skilde frå folket og sette opp imot folket, vert bytte ut med direkte væpning av heile folket. Orden i ein stat under ei slik makt vert halde oppe av dei væpna arbeidarane og bøndene *sjølve*, av dei væpna folket *sjølv*. 3) Embetsstanden, byråkratiet, vert anten på tilsvarande vis bytt ut med direkte styre av folket *sjølv*, eller i det minste sett under særskilt kontroll. Ikkje berre skal embetsmennene veljast, men dei skal også kunna *kallast attende* så snart folket krev det. Dei vert sette ned til ein rang som reine funksjonærar. Frå å vera ei privilegert gruppe med «jobbar» som vert løna etter ein høg borgarleg skala, vert dei arbeidarar i ei særskilt «tenestegrein» der løna *ikkje overstig* den vanlege betalinga til ein dugeleg arbeidar.

Dette, og dette *åleine*, utgjer *kjernen* i Pariskommunen som eit særskilt slag stat. Denne kjernen har vorte gløymt eller forfalska av slike som Plekhanov (endeframme sjåvinistar som har svike marxismen), Kautsky (mennene i «sentrum», dvs. dei som vaklar mellom sjåvinisme og marxisme), og i det heile av alle desse sosialdemokratane, sosialrevolusjonære osv., osv., som no står for styringa.

Dei freistar koma seg unna med tome frasar, unnvikingar, tildekingar, dei gratulerer einannan tusen gonger med revolusjonen, men dei nektar å *tenkja etter* kva sovjeta av arbeidar- og soldatrepresentantar *er*. Dei

nektar å sjå den sjølvinnlysande sanninga at så langt desse sovjeta er til, *så langt* dei er ei makt, så har vi i Russland ein stat av same *slag* som Pariskommunen. Eg har lagt vekt på orda «så langt», for det er berre ei makt i emning. Ved direkte avtale med den borgarlege provisoriske regjeringa og ved ein serie av røynelege vedgåingar har ho sjølv *gjeve frå seg og gjev stendig frå seg* posisjonane sine til borgarskapet.

Kvifor? Er det av di Tsjkheidze, Tsereteli, Steklov & co. gjer eit «mistak»? Tull. Berre ein spissborgar kan tenkja slik — ikkje ein marxist. Årsaka er *utilstrekkelig klassemedvit* og organisering av proletariatet og bøndene. «Mistaket» til dei leiarane eg har nemnd ligg i den småborgarlege stillinga deira, i den røyndomen at i staden for å klåra opp tankane til arbeidarane, spreier dei *skodde* framfor dei, i staden for å driva bort småborgarlege illusjonar, *spreier* dei illusjonane, i staden for å fri folket frå innverknaden frå borgarskapet, *styrkar* dei denne innverknaden.

Det skulle vera klårt ut ifrå dette kvifor også kameratane våre gjer så mange mistak når dei stiller spørsmålet «enkelt»: Bør den provisoriske regjeringa styrtast straks?

Svaret mitt er: 1) Ho bør styrtast, for ho er ei oligarkisk* borgarleg regjering og ikkje ei folkeregjering, og ho er *ute av stand* til å syta for fred, brød eller full fri-dom. 2) Ho kan ikkje styrtast nett no, for ho vert halden ved makta av ein beinveges og omveges, ein formell og røyneleg *avtale* med sovjeta av arbeidarrepresentantar, og særleg med det viktigaste sovjetet — Petrograd-sovjetet. 3) I det heile kan ho ikkje «styrtast» på vanleg vis, for ho kviler på den «*stønaden*» borgarskapet får frå den *andre* regjeringa — sovjeta av arbeidarrepresentantar, men denne regjeringa er den einaste moglege revolusjonære regjeringa som beinveges uttrykkjer hugen og viljen til fleirtalet av arbeidarane

* *Oligarki* — gr., fåmannsvelde — *Red.*

og bøndene. Manneætta har enno ikkje utvikla og vi kjenner enno ikkje til nokon regjeringstype som står høgre og er betre enn sovjeta av arbeidar-, landarbeidar-, bonde- og soldatrepresentantar.

For å verta ei makt må dei klassemedvitne arbeidarane vinna fleirtalet over på si side. *Så lenge som* det ikkje vert nytta noko vald mot folket, er det ingen annan veg til makta. Vi er ikkje blanquistar⁹, vi står ikkje for at eit mindretal skal gripa makta. Vi er marxistar, vi står for proletarisk klassekamp mot småborgarleg rus, mot sjåvinisme og fedrelandsforsvar, frasemakeri og mot å lita på borgarskapet.

Lat oss skapa eit proletarisk kommunistisk parti. Einskilddelane til det har alt vorte skapte av dei beste tilhengjarane av bolsjevismen. Lat oss slutta rekkjene for å driva proletarisk klassearbeid, og større og større mengder mellom proletarane og mellom dei *fattigaste* bøndene vil stilla seg på vår side. For *verkeleg røynsle* vil frå dag til dag knusa dei småborgarlege illusjonane til desse «sosialdemokratane» til Tsjkheidze, Tsereteli, Steklov og andre, til dei «sosialrevolusjonære» til småborgarskapet av enda reinare slag, osb., osb.

Borgarskapet står for at borgarskapet skal ha makta udelt.

Dei klassemedvitne arbeidarane står for at sovjeta av arbeidar-, landarbeidar-, bonde- og soldatrepresentantar skal ha makta udelt. Dei står for udelt makt som er gjort mogleg ikkje med eventyrpolitikk, men ved å *klåra opp* det proletariske medvitet, ved å *frigjera* dei frå innverknaden til borgarskapet.

Småborgarskapet — «sosialdemokratar», sosialrevolusjonære osb., osb. — vaklar, og *hindrar* såleis denne klårgjeringa og frigjeringa.

Slik er den faktiske, den *klassemessige* grupperinga av styrkane som fastset oppgåvene våre.

Pravda nr. 28,
9. april 1917.

OPPGAVERNE TIL PROLETARIATET I REVOLUSJONEN VÅR

Utkast til plattform
for det proletariske partiet

Den historiske augeblinken Russland no går igjennom
merkjer seg ut med følgjande grunndrag:

KLASSEKARAKTEREN TIL DEN REVOLUSJONEN SOM HAR GÅTT FØRE SEG

1. Den gamle tsarmakta som representerte berre ein handfull føydale jordeigarar som kommanderte heile statsmaskineriet (hæren, politiet og byråkratiet), har vorte styrta og fjerna, men ikkje heilt øydelagd. Monarkiet har ikkje vorte formelt avskaffa, Romanovgjengen held fram å klekkja ut monarkistiske intrigar. Dei store jordeigedomane til det føydale godseigararistokratiet har ikkje vorte avskaffa.

2. Statsmakta i Russland har gått over i hendene på ein ny *klasse*, nemleg borgarskapet og jordeigarar som har vorte borgarlege. *Så langt* er den borgarlegdemokratiske revolusjonen i Russland ført til endes.

Etter at det kom til makta, har borgarskapet gått saman i ein blokk (ein allianse) med dei opne monarkistane, som er illgjetne for den uvanleg ihuga stønaden dei gav Nikolai den blodige og Stolypin hengjaren i 1906—14¹⁰ (Gutsjkov og andre politikarar til høgre for kadettane¹¹). Den nye borgarlege regjeringa til Lvov & co.

har freista og har teke til å forhandla med romanovane om å føra inn att monarkiet i Russland. Bak ein skjerm av revolusjonære frasar nemner regjeringa ut tilhengjarar av det gamle regimet i nøkkelposisjonar. Ho legg seg etter å reformera heile statsmaskineriet (hæren, politiet og byråkratiet) så lite som mogleg, og har levert det over til borgarskapet. Den nye regjeringa har alt teke til å leggja alle slag hindringar i vegen for det revolusjonære initiativet til masseaksjonen og for maktovertakinga frå folket *nedanfrå*, det som er den *einaste* garantien for at revolusjonen verkeleg skal vinna fram.

Til denne tid har ikkje denne regjeringa eingong sett fast ein dato for å kalla saman den grunnlovgevande forsamlinga. Ho har ikkje rørt ved dei store godseigedomane, som er det materielle grunnlaget for den føydale tsarismen. Denne regjeringa tenkjer ikkje eingong på å ta til å granska og gjera offentleg verksemda til dei monopolistiske finansorganisasjonane, dei store bankane, syndikata og kartella til kapitalistane osb., eller å innføra kontroll over dei.

Dei som held nøkkellstillingane, dei avgjerande ministerpostane i den nye regjeringa (innanriksministeriet og krigsministeriet, d.v.s. kommandoen over hæren, politiet og byråkratiet — heile apparatet for å undertrykka folket) er endeframme monarkistar og folk som stør systemet med store godseigedomar. Kadettane, desse daggamle republikanarane, republikanarar mot sin eigen vilje, har fått tildelt mindre postar, som ikkje har noko direkte å gjera med *kommandoen* over folket eller over apparatet for statsmakta. A. Kerenski, ein trudovik¹² og «liksoomsosialist» har ingen funksjon i det heile utan å sløva vaktsemda og merksemda til folket med velklingande frasar.

Av alle desse grunnane fortener den nye borgarlege regjeringa heller ikkje tilliten til proletariatet på det innanrikspolitiske området, og det er ikkje godtakande at proletariatet gjev denne regjeringa nokon slags stønad.

UTANRIKSPOLITIKKEN TIL DEN NYE REGJERINGA

3. Innan det utanrikspolitiske området, som no har vorte ført i framgrunnen av objektive omstende, er den nye regjeringa ei regjering for å halda fram med den imperialistiske krigen, ein krig som vert førd i allianse med imperialismaktene — Storbritannia, Frankrike og andre — for å dela det kapitalistiske byttet og for å underkua små og veike nasjonar.

Den nye regjeringa er underordna interessene til den russiske kapitalismen og den mektige vernaren og herren hans — den engelsk-franske imperialistiske kapitalismen, som er den rikaste i verda. Ho har ikkje teke noko verkeleg steg for å få ein ende på folkemorda som berre tener interessene til kapitalistane, trass i dei ynska som klårt og tydeleg har vorte uttrykt på vegner av eit tvillaust folkefleirtal i Russland gjennom sovjeta av soldat- og arbeidarrepresentantar. Ho har ikkje eingong offentleggjort dei løynlege røvar-avtalane (om å dela opp Persia, plyndra Kina, plyndra Tyrkia, dela opp Austerrike, eigna til seg Aust-Preussen, eigna til seg dei tyske koloniane osv.) som, slik alle veit, bind Russland til den engelsk-franske imperialistiske røvarkapitalen. Ho har *stadfesta* desse avtalane som tsarismen hadde vedteke, tsarismen som i fleire hundreår plyndra og undertrykte fleire nasjonar enn andre tyrannar og despotar, og som ikkje berre undertrykte, men òg vanæra og demoraliserte den storrussiske* nasjonen med å gjera han til ein bøddel over andre nasjonar.

Den nye regjeringa har *stadfesta* desse skammelege plyndringsavtalane og ikkje kome med framlegg til alle dei krigførande nasjonane om våpenkvile straks, trass i

* *Storrussarar* — nemning på den nasjonaliteten som bur i dei sentrale delane i Russland. Det er den største nasjonaliteten i dette området. — *Red.*

det klårt uttrykte kravet frå fleirtalet av folka i Russland, slik det vert målbore gjennom sovjeta av arbeidar- og soldatrepresentantar. Ho har unngått saka ved hjelp av høgstemte, velklingande, bombastiske, men fullstendig tome fråsegner og frasar, som i munnen på borgarlege diplomatar alltid har tent og framleis tener til å lura dei godtruande og naive massane av det undertrykte folket.

4. Den nye regjeringa fortener difor ikkje den minste tillit når det gjeld utanrikspolitikken. Å halda fram å krevja at ho skal kunngjera fredsviljen til folka i Russland, at ho skal gje avkall på anneksjonar osv., osv., det er i praksis berre å lura folket, å gje dei falske voner og å la det gå lengre tid før saka er klår for dei. Det er indirekte å få dei til å forsona seg med at krigen held fram, ein krig der den same samfunnsmessige karakteren ikkje vert avgjort av fromme ynske, men av klassekarakteren til den regjeringa som fører krigen, av sambandet mellom den klassen denne regjeringa representerer og den imperialistiske finanskapitalen i Russland, Storbritannia, Frankrike osv., av *den røyndelege og verkelege politikken* denne klassen fører.

DEN SÆREIGNE DOBBELTMAKTA OG KVA HO TYDER FOR KLASSANE

5. Det viktigaste særdraget ved revolusjonen vår, eit særdrag som heilt utan tvil krev grundig gjennomtenking, er *den dobbeltmakta* som steig fram alt i dei fyrste dagane etter at revolusjonen hadde vunne fram.

Denne dobbeltmakta kjem klårt til syne i at det finst *to* regjeringar: Den eine er den viktigaste, den røyndelege, den verkelege regjeringa til borgarskapet, den «provisoriske regjeringa» til Lvov & co. som har hand om alle maktorgana. Den andre regjeringa kjem i tillegg og pa-

rallelt. Det er ei «kontrollerande» regjering i form av Petrograd-sovjetet av arbeidar- og soldatrepresentantar, som ikkje har hand om noko organ for statsmakta, men kviler beinveges på stønaden frå eit klårt og udiskutabelt fleirtal i folket, på dei væpna arbeidarane og soldatane.

Klasseopphavet til denne dobbeltmakta og det ho tyder for klassane er slik: Den russiske revolusjonen i mars 1917 ikkje berre sopa vekk heile tsarmonarkiet, ikkje berre overførte heile makta til borgarskapet, men *gjekk også tett* opp imot eit revolusjonær-demokratisk diktatur av proletariatet og bøndene. Petrograd-sovjetet og dei andre lokale sovjeta utgjer nett eit slikt diktatur (dvs. ei makt som ikkje kviler på lova, men beinveges på makta til væpna folkemassar), eit diktatur av nett dei klassane som her er nemnde.

6. Det andre overlag viktige særdraget ved den russiske revolusjonen, er at Petrograd-sovjetet av soldat- og arbeidarrepresentantar, som etter alt å døma mesteparten av dei lokale sovjeta har tillit til, *friviljug* gjev over statsmakta til borgarskapet og *deira* provisoriske regjering, *friviljug gjev frå seg* overtaket til henne, etter å ha gått inn i ein avtale om å stø henne, og avgrensar si eiga rolle til å vera tilskodar, til å sjå etter at den grunnlov-gjevande forsamlinga vert kalla saman (den provisoriske regjeringa har ikkje eingong gjort kjent datoen for dette enno).

Dette særmerkte draget med ei form som ikkje har historiske parallellar, har ført til at *to* diktatur har *smelta saman til eit*: Diktaturet til borgarskapet (for regjeringa til Lvov & co. er eit diktatur, dvs. ei makt som ikkje grunnar seg på lova, ikkje på folkeviljen slik han tidlegare har kome til uttrykk, men på ei valdeleg makt-overtaking som ein klårt avgrensa klasse, borgarskapet, har gjennomført), og diktaturet til proletariatet og bøndene (sovjetet til arbeidar- og soldatrepresentantane).

Det er ikkje den minste tvil om at ei slik «samansmeling» *ikkje kan* vara lenge. To makter *kan ikkje finnast*

i ein stat. Ei av dei er dømd til å falla bort, og heile det russiske borgarskapet freistar allereie alt dei vinn, over alt og på alle slags vis, å halda ute og veikja sovjeta, redusera dei til ingenting og oppretta den udelte makta til borgarskapet.

Dobbeltmakta uttrykkjer berre ein *overgangsfase* i utviklinga av revolusjonen, dvs. ein fase der han har kome lengre enn den vanlege borgarleg-demokratiske revolusjonen, *men enno ikkje har nådd eit «reint» diktatur av proletariatet og bøndene.*

Det denne ustabile overgangsstoda tyder for klassane (og klasseforklaringa på henne) er dette: Liksom alle revolusjonar kravde revolusjonen vår overlag stort heltemot og sjølvoppofring frå folket i kampen mot tsarismen. Han trekte òg med ein gong uhøyrde mange vanlege innbyggjarar *inn i rørsle.*

Sett ut frå vitskap og praktisk politikk er eit av hovudsymptoma på *kvar* røyndleg revolusjon at talet på «vanlege innbyggjarar» som tek til å ta aktivt, sjølvstendig og verknadsfullt del i det politiske livet og i *arbeidet med å organisera staten*, aukar uvanleg brått og snøgt.

Slik er det òg i Russland. Nett no er Russland i kok. Millionar og titals millionar av menneske som politisk har vore i søvn i tiår og knuga nede av den fælslege undertrykkinga frå tsarismen og av umenneskeleg slit for jordeigarane og kapitalistane, *har vakna opp og søkt ivrig* til politikken. Og kven er desse millionane og titals millionane? For det meste småeigarar, småborgarar, folk som står midtveges mellom kapitalistane og lønsarbeidarane. Russland er det mest småborgarlege av alle landa i Europa.

Ei uhorveleg småborgarleg bylgje har sopa over alt og velta seg over det klassemédvitne proletariatet, ikkje berre av di dei er mange, men òg ideologisk. Det vil seia at dei har smitta og gjennomsyra svært store arbeidarkrinsar med det småborgarlege politiske livssynet.

Småborgarskapet er i det røynelege livet avhengig av borgarskapet, for dei lever som herrar og ikkje som proletarar (sett ut frå *stillinga* deira i den samfunnsmessige *produksjonen*) og fylgjer borgarskapet i livssynet sitt.

Det som særmerkjer politikken til dei *folkelege massane* i Russland nett no, er ei haldning av blind tiltru til kapitalistane — den verste fienden til freden og sosialismen. Dette er frukta som har *vakse* med revolusjonær snøggleik i det sosiale og økonomiske jordsmonnet til det mest småborgarlege av alle landa i Europa. Dette er *klassegrunnlaget* for «*semja*» mellom den provisoriske regjeringa og sovjetet av arbeidar- og soldatrepresentantar, (eg strekar under at eg syner ikkje så mykje til den formelle semja som til den *faktiske* stønaden, ei underforstått semje, ei maktoppgjeving som fylgje av blind tiltru), ei semje som har gjeve Gutsjkov & co. ein feit vinst — røyneleg makt — og sovjetet berre lovnader og heider (så lenge det varer), skamros, frasar, fråsegner og bukk og skraping frå Kerenski & co.

På den andre sida er den talmessige styrken til proletariatet i Russland for liten, og det har utilstrekkeleg klassemedvit og organisasjon.

Alle narodnikpartia¹³, medrekna dei sosialrevolusjonære*, har alltid vore småborgarlege. Det er òg tilfelle for partiet til Organisasjonskomiteen (Tsjkheidze, Tse-reteli osv.). Dei partilause revolusjonære (Steklov og andre) har òg gjeve seg over for flodbylgja, eller har ikkje vore i stand til å stå seg imot henne, har ikkje hatt tida til å gjera det.

* Sosialrevolusjonære — sjå note 3 — Red.

DEN SÆREIGNE TAKTIKKEN SOM FYLGJER AV DET SOM ER SAGT OVANFOR

7. For marxisten, som må rekna med objektive fakta, med massane og klassane, og ikkje med individ osb., må den særeigne naturen til den faktiske stoda slik vi har skrive om ho ovanfor, fastsetja den særeigne taktikken for stoda *slik ho er no*.

Denne særeigen stoda krev for det fyrste at «det vert tømt eiter og galle ned i det oppsøta vatnet av revolusjonærdemokratiske frasar» (slik kollegaen min i sentralkomiteen i partiet vårt, Teodrovitsj, så råkande sa det på møtet i går på den allrussiske kongressen av jernbanemenn i Petrograd). Arbeidet vårt må vera kritisk, det må *forklåra* mistaka til dei småborgarlege sosialrevolusjonære og sosialdemokratiske partia, det må førebu og sveisa saman elementa i eit *medvite* proletarisk kommunistisk parti og det må *kurera* proletariatet for den «allmenne» småborgarlege rusen.

Dette *synest* som om det «berre» er propagandaarbeid. Men i røynda er det mest *praktisk revolusjonært* arbeid. For det er ingen framgang i ein revolusjon som har stogga opp, som har kvelt seg sjølv i frasar og som stendig står «på staden marsj», *ikkje på grunn av ytre hindringar, ikkje på grunn av valdet* frå borgarskapet (Gutsjkov driv framleis berre og trugar med å bruka vald mot soldatmassane), men *på grunn av* den blinde tiltrua frå folket.

Berre med å vinna over denne blinde tiltrua (og vi kan berre vinna over henne ideologisk, med kameratsleg overtaling, med å peika på *dei lærdomane røynsla gjev*), kan vi fri oss frå den rådande *orgien i revolusjonært frasemakeri*. Berre på dette viset kan vi styrkja medvitet både hos proletariatet og hos massane i det heile, så vel som det djerve og målretta initiativet deira i *lokalmiljøa* — dette at dei på sjølvstendig vis gjer til røyndom, utviklar og tryggjar fridomane, demokratiet

og samstundes arbeider for prinsippet om at folket skal eiga all jord.

8. Ut frå røynslene til borgar- og jordeigarregjeringar over heile verda har det utvikla seg *to* metodar for å halda folket nede. Den fyrste er vald. Nikolai Romanov I, kalla Nikolai med svolken, og Nikolai II, den blodige, har synt det russiske folket det meste av det som kan gjerast og ikkje kan gjerast med hjelp av ein slik bøddelpraksis. Men det finst ein annan metode, som er best utvikla av det britiske og franske borgarskapet. Dei «lærte lekse si» i ein serie av store revolusjonar og revolusjonære masserørsler. Det er metoden med lureri, smiger, fine frasar, millionvis med lovnader, ynkelege lokkebein og vedgåingar på uvesentlege felt medan dei vesentlege står urørde.

Det som er særmerkt med stoda i Russland nett no, er den svimrande snøgge overgangen frå den fyrste metoden til den andre, frå valdeleg undertrykking av folket til å *smigra* og narra folket med lovnader. Katten Vaska lyder, men held fram med å eta*. Miljukov og Gutsjkov sit med makta. Dei vernar profittane til kapitalistane, fører ein imperialistisk krig i interessene til den russiske og engelsk-franske kapitalen og freistar å koma seg unna med lovnader, store ord og bombastiske fråsegner som svar på talane til slike «kokkar» som Tsjkheidze, Tsereteli og Steklov, som trugar, manar, naudbed, tryglar, krev og forkynner ... Katten Vaska lyder, men held fram med å eta.

Men frå dag til dag vil den tillitsfulle tankeløysa og den tankelause tilliten svinna bort, særleg mellom proletarane og dei *fattige* bøndene, som lærer av røynsle (frå den sosiale og økonomiske stillinga si) å ha mistillit til kapitalistane.

Leiarane for småborgarskapet «må» lære folket å ha tillit til borgarskapet. Proletarane må lære folket å ha mistillit til borgarskapet.

* *Katten Vaska lyder, men held fram med å eta* sitat frå fabelen «Katten og kokken» av Krylov. — Red.

REVOLUSJONÆRT FEDRELANDSFORSVAR OG KVA DET TYDER FOR KLASSANE

9. Vi må sjå *det revolusjonære fedrelandsforsvaret* som det viktigaste og mest slående uttrykket for den småborgarlege bølga som har slege inn over «nestan alt». Det er den verste fienden av vidare framgang og suksess for den russiske revolusjonen.

Dei som har gjeve etter på dette punktet og ikkje har vore i stand til å fri seg ut frå det, er tapte for revolusjonen. Men massane gjev etter på ein annan måte enn lei-arane, og dei gjer seg fri *annleis*, med ein annan utviklingsgang, med andre middel.

Revolusjonært fedrelandsforsvar er på den eine sida ei fylgje av at massane har vorte lurt av borgarskapet, ei fylgje av den tillitsfulle tankeløysa åt bøndene og ein del av arbeidarane. På den andre sida er det eit uttrykk for interessene og synspunkta til småeigaren, som i ei viss mon er interessert i annekasjonar og bankprofittar, og som held «heilag» vakt kring tradisjonane frå tsarismen som demoraliserer storrussarane med å få dei til å gjera bøddelarbeid imot dei andre folka.

Borgarskapet narrar folket med å spela på kor stolte dei er av revolusjonen, og ved å lata som den *sosiale og politiske* karakteren til krigen for Russland sin del vart forandre på grunn av dette steget i revolusjonen, på grunn av at nesten-republikken til Gutsjkov og Miljukov kom i staden for tsarmonarkiet. Og folket trudde det — for ei tid — i hovudsak på grunn av gamle fordommar som fekk dei til å sjå på dei andre folka i Russland, dvs. dei som ikkje er storrussarar, som noko likt ein eignelut eller privateigedom til storrussarane. Denne skammelege demoraliseringa av det storrussiske folket som tsarismen stod for då han lærte dei å sjå dei andre folka som noko mindreverdige, noko som «rettmessig» høyrer Storrussland til, den kunne ikkje koma bort *på ein blunk*.

Det som krevst av oss er at vi *evnar* å forklåra massane at den sosiale og politiske karakteren til krigen ikkje vert avgjort av «godviljen» til individ eller grupper, eller jamvel nasjonar, men av stillinga til den *klassen* som fører krigen, av den *klassepolitikken* som krigen er eit framhald av, av *banda* til kapitalen, som er den dominerande økonomiske krafta i det moderne samfunnet, av den *imperialistiske karakteren* til den internasjonale kapitalen, av at Russland er avhengig av Storbritannia og Frankrike i finansar, bankvesen og diplomati, og så vidare. *Det er ikkje greitt* å forklåra dette på ein så dyktig måte at folk forstår det. Ingen av oss vil vera i stand til å gjera det straks utan å gjera feil.

Men dette, og berre dette, må vera siktemålet, eller rettare bodskapen i propagandaen vår. Den minste innrømming andsynes det revolusjonære fedrelandsforsvaret vil vera å *svika sosialismen*, å forsaka *internasjonalismen* heilt ut, same kva slag fine frasar og «praktiske» omsyn som vert nytta for å rettferdiggjera det.

Slagordet «Ned med krigen!» er sjølv sagt rett. Men det tek ikkje omsyn til det særeigne ved oppgåvene nett no, at det er naudsynt å *venda seg til* dei breie massane av folket *på ein annan måte*. Det minnar meg om slagordet «ned med tsaren», som ein urøynd agitator gjekk enkelt og beintfram ut med på landsbygda i «gode gamle dagar», og som han vart banka opp for. Dei massane som trur på det revolusjonære fedrelandsforsvaret er *ærlege*, ikkje i den personlege tydinga, men i klassetydinga, dvs. dei høyrer til *klassar* (arbeidarar og fattigbønder) som *i røynda* ikkje har noko å vinna på annekasjonar og undertrykking av andre folk. Dette liknar ikkje det minste på borgarskapet og den intellektuelle «brorskapen» som veit svært godt at ein *ikkje kan* forsaka annekasjonar utan at ein forsakar styret til kapitalen, og som utan skruplar narrar folket med fine frasar, med lovnader utan grenser og endelause forsikringar.

Folk flest som trur på fedrelandsforsvaret, ser saka på den enkle måten til mannen i gata: «Eg ynskjer ikkje

anneksjonar, men tyskarane er «ute for å ta» *meg*, derfor forsvarar eg ei rettferdig sak og ingen imperialistiske interesser i det heile.» For ein slik mann må det forklarast opp att og opp att at det er ikkje eit spørsmål om hans personlege ynskje, men om politiske masse- og *klassetilhøve* og -vilkår, om samanhengen mellom krigen og interessene til kapitalen og det internasjonale nettverket av bankar osb. Berre ein slik strid mot fedrelandsforsvaret vil vera alvorleg og lova framgang — kan henda ikkje nokon rask framgang, men ein som vil vera trygg og varig.

KORLEIS KAN DET GJERAST SLUTT PÅ KRIGEN?

10. Det kan ikkje gjerast slutt på krigen «etter ynskje». Krigen tek ikkje slutt med ei avgjerd frå ein av dei krigsførande. Han tek ikkje slutt med at «du stikk bajonetten din i bakken», som ein soldat, ein fedrelandsforsvarar, uttrykte det.

Det kan ikkje gjerast slutt på krigen med ein «avtale» mellom sosialistar frå dei ulike landa, med ein «aksjon» frå proletarane i alle land, med «viljen» til folka, osb.

Alle frasane av dette slaget, som fyller artiklane i avisene til fedrelandsforsvararane, halv-fedrelandsforsvararane og halv-internasjonalistane, så vel som talause fråsegner, appellar, kunngjeringar, og fråsegnene frå sovjetet av soldat- og arbeidarrepresentantar — alle desse frasane er ingen ting anna enn gagnlause, godtruande og fromme ynske frå småborgarskapet. Det er ikkje noko som skadar meir enn frasar som «forsikring om fredsviljen til folka», som *rekkefylgja* for dei revolusjonære aksjonane til proletariatet (etter det russiske proletariatet kjem turen til det tyske), osb. Alt dette er

blanquisme*, søte draumar, å leika «politiske kampanjar», og det er i røynda berre å gjera opp at fabelen om Katten Vaska.

Krigen er ikkje ei fylgje av den vonde viljen til rovgrikske kapitalistar, jamvel om det tvillaust *berre* er i deira interesse krigen vert ført, og ingen andre enn dei som tener på han. Krigen er eit produkt av eit halvt hundreårs utvikling av verdskapitalismen og av milliardar av trådar og samband i han. Det er *umogleg* å koma seg ut av den imperialistiske krigen og nå fram til ein demokratisk fred utan tvang, utan å styrta makta til kapitalen og overføra statsmakta til ein *annan* klasse, proletariatet.

Den russiske revolusjonen i februar—mars 1917 var opptakten til å gjera den imperialistiske krigen om til ein borgarkrig. Denne revolusjonen tok *fyrste* steget mot å få ein ende på krigen, men det krevst eit steg *nummer to*, nemleg å føra statsmakta over til proletariatet, å gjera slutten på krigen til noko *visst*. Dette vil vera opptakten til eit verdsomspennande «gjennombrøt», eit gjennombrøt i fronten til dei kapitalistiske interessene. Og berre med å bryta igjennom *denne* fronten *kan* proletariatet redde manneætta frå krigsredslene og gje henne dei velsigningane som fylgjer med freden.

Med å skapa sovjeta av arbeidarrepresentantar har den russiske revolusjonen *alt no* ført det russiske proletariatet rett fram til eit slikt «gjennombrøt» i fronten til kapitalismen.

EIN NY TYPE STAT SOM VEKS FRAM FRÅ REVOLUSJONEN VÅR

11. Sovjeta til arbeidar-, soldat-, bonde- og andre representantar vert ikkje forstått, ikkje berre på den må-

* *Blanquisme* — sjå note 9. — *Red.*

ten at fleirtalet ikkje skjønar kva klasseinnhaldet i dei er og kva rolle dei har i den *russiske* revolusjonen. Dei vert heller ikkje forstått i den tydinga at dei utgjør ei ny form, eller rettare ein ny *type stat*.

Den mest fullkomne, den lengst utvikla typen borgarleg stat er den *parlamentariske demokratiske republikken*: Makta ligg hos parlamentet: Statsmaskineriet, apparatet og organet for å administrera, er av det vanlege slaget: Den ståande hæren, politiet og byråkratiet, som i praksis ikkje kan avsetjast, har særrettar og står *over* folket.

Men sidan slutten av det nittande hundreåret har dei revolusjonære epokane ført fram ein *høgare* type demokratisk stat, ein stat som på sume vis, slik Engels skriv, sluttar å vera ein stat, «ikkje lenger er ein stat i den eigentlege tydinga av ordet». Dette er ein stat av same type som Pariskommunen, der ein ståande hær og eit politi som er skilde frå folket, er *bytt ut* med den direkte væpninga av folket sjølv. Det er *dette særdraget* som er sjølv kjernen i kommunen, som dei borgarlege skribentane har mistolka og baktala så sterkt, og som mellom anna misvisande har vorte tillagt å ha sett seg føre å «innføra» sosialismen straks.

Dette er den statstypen som den russiske revolusjonen *tok til* å skapa i 1905 og i 1917. Ein republikk av sovjet av arbeidar-, soldat-, bonde- og andre representantar samla i ei allrussisk grunnlovgevande forsamling av representantar for folket, eller i eit råd av sovjet osv, er det som *alt er i ferd med å verta til røyndom* i landet vårt no, ved denne krossvegen. Det er i ferd med å verta til røyndom ut etter initiativ frå millionane i nasjonen, dei som skaper eit demokrati på eiga hand, *på sin eigen måte*, utan å venta til kadettprofessorane formar ut lovproposisjonane for ein parlamentarisk borgarleg republikk, eller til pedantane og rutinedyrkarane i det småborgarlege «sosialdemokratiet», slike som hr. Plekhanov eller Kautsky, held opp med å forvrengeja den marxistiske læra om staten.

Marxismen skil seg frå anarkismen med di han sannkjenner at det *trengst* ein stat og ei statsmakt i den revolusjonære perioden ålment, og særskilt i overgangsperioden frå kapitalismen til sosialismen.

Marxismen skil seg frå den småborgarlege, opportunistiske «sosialdemokratismen» til Plekhanov, Kautsky & co. med di han sannkjenner at det som *trengst* i desse to periodane *ikkje* er ein stat av den vanlege parlamentarisk borgarleg republikanske typen, men ein stat av same type som Pariskommunen.

Hovudskilja mellom ein stat av denne typen og den gamle staten er desse:

Det er temmeleg enkelt (slik historia provar) å venda attende frå ein parlamentarisk borgarleg republikk til eit monarki, for heile undertrykkingsapparatet — hæren, politiet og byråkratiet — står urørt. Kommunen og sovjeta *knuser* dette apparatet og kvittar seg med det.

Den parlamentariske borgarlege republikken hindrar og undertrykkjer det uavhengige politiske livet til *massane*, og gjer det umogleg for dei å ta direkte del i den *demokratiske* organiseringa av statslivet frå botnen og opp. For sovjeta gjeld det motsette.

Dei kallar fram att den statstypen som Pariskommunen heldt på å utvikla, og som Marx skriv om som «den politiske forma som til sist vart oppdaga, der den økonomiske frigjeringa av arbeidet kan førast ut».

Til vanleg vert vi fortalde at det russiske folket enno ikkje er budde på at kommunen vert «innført». Dette er det argumentet dei som åtte liveigne nytta, når dei hevdar at *bøndene* ikkje var budde på frigjering. Kommunen, d.v.s. sovjeta, «innfører» ikkje, har ikkje tenkt å «innføra», og må ikkje innføra *nokon* reformar som ikkje har mognast heilt ut både i den økonomiske røyndomen og i medvitet til eit overveldande fleirtal av folket. Di djupare det økonomiske samanbrotet og krisa krigen har skapt vert, di meir tvingande vert trongen etter den mest fullenda politiske forma, som vil *gjera det lettare* å lækja dei fælslege såra som krigen har ført

over manneætta. Di mindre røynsle det russiske folket har i å organisera seg, di meir målmedvite må vi *arbeida fram* imot at *folket sjølv* utviklar organiseringa si, og at ikkje berre dei borgarlege politikarane og «velplasserte» byråkratar gjer det.

Di snarare vi kvittar oss med dei gamle fordomane til kvasi-marxismen, ein marxisme som Plekhanov, Kautsky & co. har forfalska, di meir aktivt vi tek til med å hjelpa folket, skipa sovjet av arbeidar- og bonderepresentantar over alt og straks, og hjelper dei å dra livet *på alle omkverve* inn under deira kontroll, og di lengre Lvov & co. utset å kalla saman den grunnlovgjevande forsamlinga, di lettare vil det vera for folket (med den grunnlovgjevande forsamlinga som middel eller uavhengig av henne, dersom Lvov let det dra ut alt for lenge med å kalla henne saman) å la avgjerda falla til fordel for ein republikk av sovjet av soldat- og bonderepresentantar. Det er uunngåeleg i fyrste omgang at folket sjølv gjer feil i det nye arbeidet med organisatorisk utvikling. Men det er betre å gjera mistak og gå frametter enn å *venta* til dei jusprofessorane Hr. Lvov har kalla saman, formar ut lovene sine for å kalla saman den grunnlovgjevande forsamlinga, for å gjera den parlamentariske borgarlege republikken evig og for å kvela sovjeta av arbeidar- og bonderepresentantar.

Dersom vi organiserer oss og fører fram propagandaen vår på ein dugande måte, vil ikkje berre proletarane, men ni tidelar av bøndene vera imot at politiet vert gjenoppretta, vera imot eit privilegert byråkrati som ikkje kan byttast ut, og mot ein hær som er skilt frå folket. Og det er alt den nye statstypen står for.

12. At ein folkemilits vert sett i staden for politiet, er ein reform som fylgjer av heile utviklinga i revolusjonen. Det skjer no i dei fleste delar av Russland. Vi må forklára folket at denne reformen alltid var svært kortliva i dei fleste borgarlege revolusjonane av vanleg slag, og at borgarskapet, — jamvel det mest demokratiske og republikanske — sette inn att politiet av den gamle tsar-

typen, eit politi som er skilt frå folket, kommandert av borgarskapet og i stand til å undertrykkja folket på alle måtar.

Det finst berre ein måte å *hindra* at politiet vert sett inn att, og det er å skapa ein folkemilits og smelta han saman med hæren (den ståande hæren skal bytast ut med ei væpning av heile folket). Teneste i denne militsen må femna om alle innbuarar av baa kjønn mellom femtan og sekstifem år utan unntak, om desse forsøksvis opptrekte aldersgrensene kan takast som ein peikepinn for at ungdom og eldre skal vera med. Kapitalistane må betala arbeidarane, tenarane sine osb. for dagar dei nyttar til offentleg teneste i militsen. Dersom ikkje kvinnene får høve til å spela ei sjølvstendig rolle ikkje berre i det politiske livet allment, men og i alle slag offentleg teneste frå dag til dag, har det ikkje noko for seg å snakka om fullt og stabilt demokrati, for ikkje å snakka om sosialisme. Og slike «politi»oppgåver som å stella for sjuke og for heimlause born, matkontroll osb. vil aldri verta tilfredsstillande teke hand om før kvinnene kjem på like fot med mennene, ikkje berre i namnet, men i gagnet.

Oppgåvene som proletariatet må setja fram for folket for å tryggja, grunnfesta og utvikla revolusjonen er å hindra at politiet vert gjenoppretta og å nytta organisasjonskreftene til heile folket i skipinga av ein folkemilits.

JORDBRUKSPROGRAMMET OG DET NASJONALE PROGRAMMET

13. Nett no kan vi ikkje seia sikkert om ein mektig jordbruksrevolusjon vil utvikla seg på den russiske landsbygda i nær framtid. Vi kan ikkje seia nøyaktig kor djup klassekløyvinga mellom bøndene er, men ho har

tvillaust vorte djupare i det siste ved ei oppdeling i landarbeidarar, lønsmottakarar og fattige bønder («halv-proletarar») på den eine sida, og rike og mellombønder (kapitalistar og småkapitalistar) på den andre. Slike spørsmål vil og kan berre avgjerast gjennom røynsle.

Men vi som er partiet til proletariatet, har utan tvil plikt på oss ikkje berre til straks å leggja fram eit jordbruks- (jord-) program, men òg å gå inn for praktiske tiltak som kan setjast ut i livet straks *i interessene til bondejordbruksrevolusjonen i Russland.*

Vi må krevja at *all* jord skal nasjonaliserast, dvs. at all jord i staten skal verta eigedomen til den sentrale statsmakta. Denne makta må setja fast størrelsen osv. for fondet for nye gardsbruk, busetting på landsbygda, ho må gje lover for skogvern, for jordforbetring osv., og ho må absolutt forby alle mellommenn å koma seg inn mellom den som eig jorda, dvs. staten, og forpakta- ren, dvs. den som dyrkar ho (forby all framleige av jord). Men *råderetten* over jorda, det å setja fast det *lokale regelverket* som styrer eige og eigedomstilhøve til jord, må ikkje i noko tilfelle gjevast over til byråkratar og embetsmenn, men heilt og utan unntak haldast i hendene på *sovjeta av bonderepresentantar* på distrikts- og lokalplan.

For å forbedra teknikkane for kornproduksjon og au- ka avlingane og for å utvikla rasjonell dyrking i stor målestokk under offentleg kontroll, må vi arbeida inn- anfor bondekomiteane for å tryggja at all konfiskert godseigedom vert overført til eit stort modellbruk som skal kontrollerast av *sovjetet av landarbeidarrepresen- tantar.*

For å motverka det småborgarlege frasemakeriet og den politikken som rår mellom dei sosialrevolusjonære, særleg det tome pratet om «eksistens»-norm eller «arbeids»-norm «sosialisering av jorda» osv., må par- tiet til proletariatet gjera det klårt at jordbruk i liten målestokk under vareproduksjonen, *ikkje kan* redde manneætta frå fattigdom og undertrykking.

Utan at vi må splitta sovjeta av bonderepresentantar med ein gong må partiet til proletariatet forklåra at det trengst å skipast særskilte sovjet av landarbeidarrepresentantar og særskilde sovjet av representantar for fattigbøndene (halvproletarane), eller i det minste at det med jamne mellomrom trengst særskilde konferansar med representantar for *denne klassestatusen* i form av særskilde grupper eller parti innanfor det allmenne sovjetet av bonderepresentantar. Utan dette vil det honningsøte småborgarlege snakket til narodnikane om bøndene allment, verka som eit skjold for at dei velstående bøndene, som berre er ein avart *kapitalistar*, skal kunna narra dei eigedomslause massane.

Mange sosialrevolusjonære og sovjet av arbeidar- og soldatrepresentantar rår bøndene til ikkje å ta godseigedomane og ikkje å ta til med jordreformen før den grunnlovgjevande forsamlinga har kome saman. For å motverka den borgarleg-liberale eller reint ut byråkratiske preikinga deira, må partiet til proletariatet eggja bøndene til å setja i verk jordreformen straks på eiga hand, og å konfiskera godseigedomane straks når bonderepresentantane på staden har vedteke det.

På same tid er det særskild viktig å halda på at det er naudsynt å *auka* produksjonen av mat til soldatane ved fronten og til byane, og at det er absolutt utillateleg å skada eller øydeleggja buskap, reiskapar, maskinar, bygningar osb. på noko vis.

14. Når det gjeld det nasjonale spørsmålet, må det proletariske partiet i fyrste rekkje gå inn for å kunngjera og straks setja ut i livet at alle nasjonane og folka som var undertrykte av tsarismen, eller som var tvinga til å slutta seg til staten eller tvinga til å bli verande innanfor statsgrensene, dvs. annekterte, skal få full fridom til å riva seg laus frå Russland.

Alle kunngjeringar, fråsegner og manifest om å gje avkall på anneksjonar som ikkje vert fylgde med at retten til å riva seg laus vert sett ut i livet i praksis, er ingenting anna enn borgarleg lureri imot folket, eller så

er dei fromme småborgarlege ynskje.

Det proletariske partiet strevar for å skapa ein så stor stat som mogleg, for det er til føremon for det arbeidande folket. Det strevar for å *dra* nasjonane *tettare saman*, og for å medvirka til ei vidare samansmelting av dei. Men det ynskjer ikkje å nå dette målet med vald, men berre gjennom eit fritt broderleg samband mellom arbeidarane og det arbeidande folket i alle nasjonar.

Di meir demokratisk den russiske republikken vert, og di større framgang han har i å organisera seg som ein republikk av sovjet av arbeidar- og bonderepresentantar, di sterkare vil kreftene vera for at det arbeidande folket i *alle* nasjonar *friviljug* skal verta dregne til ein slik republikk.

Full fridom til lausriving, breiast råd lokalt (og nasjonalt) autonomi og nøye utarbeidde garantiar for rettane til dei nasjonale minoritetane — dette er programmet til det revolusjonære proletariatet.

NASJONALISERING AV BANKANE OG DEI KAPITALISTISKE SYNDIKATA*

15. Under ingen omstende kan eit proletarisk parti setja seg som mål å «innføra» sosialismen i eit land av småbønder så lenge det overveldande fleirtalet av folkesetnaden enno ikkje har innsett at ein sosialistisk revolusjon er naudsynt.

Men berre borgarlege sofistar** som løyner seg bak «nesten-marxistiske» slagord, kan ut frå denne sanninga rettferdiggjera ein politikk med å utsetja revolusjo-

* *Syndikat* — samanslutning av føretak eller finansfyrstar for å få herredøme over marknaden. — *Red.*

** *Sofist* — ordkløyvar, flisespikkar. Eigentleg lærar i retorikk (overtalingskunst), moral og filosofi i det gamle Aten. — *Red.*

nære tiltak som det ikkje kan drygast med når tida er fullmogen for dei. Slike tiltak har *fleire borgarlege statar* ofte tydd til under krigen, og dei er heilt ut uunnverlege om ein skal stri mot den fullstendige økonomiske oppløysinga og hungersnaua som trugar.

Slike tiltak som å nasjonalisera jorda, alle bankane og dei kapitalistiske syndikata, eller i det minste *straks* å føra dei inn under *kontrollen* til sovjeta av arbeidarrepresentantar osv. — tiltak som på ingen måte tyder å «innføra» sosialismen — må vi gå vilkårslaust inn for, og så sant det berre er mogleg, føra ut i livet på ein revolusjonær måte. Utan slike tiltak, som berre er steg fram mot sosialismen, og som er heilt ut gjennomførlege økonomisk, vil det vera umogleg å lækja dei sår som krigen har ført med seg og halda seg frå det trugande samanbrotet. Partiet til det revolusjonære proletariatet vil aldri vikja attende for å leggja hand på dei eventyrlege profittane til kapitalistane og bankeigarane, som gjer seg rike på krigen på ein særleg skammeleg måte.

STODA INNANFOR DEN SOSIALISTISKE INTERNASJONALEN

16. Dei internasjonale skuldnadene til den russiske arbeidarklassen kjem nett no i framgrunnen med særskilt kraft.

Det er berre dei gideslause som ikkje sver til internasjonalismen i desse dagane. Jamvel dei sjåvinistiske fedrelandsforsvararane, jamvel Plekhanov og Potresov, jamvel Kerenski, kallar seg internasjonalar. Difor vert det endå meir ei tvingande plikt for det proletariske partiet å stilla internasjonalismen i handling opp imot internasjonalismen i ord, klårt, nøyaktig og avgjort.

Reine appellar til arbeidarane i alle land, tome forsikringar om at dei held seg til internasjonalsismen, beinveges eller omveges freistnader på å fastsetja ei «rekkefylgje» for korleis det revolusjonære proletariatet i dei ulike krigførande landa skal gå fram, strevsame freistnader på å få i stand «avtalar» mellom sosialistane i dei krigførande landa *om spørsmålet* om den revolusjonære kampen, all ståheien med å kalla saman sosialistkongressar *for å få i stand* fredskampanjar, osb., osb. — det hjelper ikkje kor truverdige opphavsmennene til slike idear, freistnader og planar er — når ein ser på kva dei *objektivt* er verde, tel dei ikkje for meir enn frase-makeri. I *beste* fall er dei uskuldige og fromme ynske som berre duger til å løyna korleis sjåvinistane *narrar* folket. Dei *franske* sosialsjåvinistane er dei mest hendte og utlærte i metodane for parlamentarisk hokus-pokus. Dei har for lenge sidan slege alle rekordar i skvalder og høglydde pasifistiske og internasjonalistiske frasar *kopla saman med* eit utruleg skamlaustr svik mot sosialismen og Internasjonalen. Dei har teke imot plassar i regjeringane som fører den imperialistiske krigen, røysta for kredittar eller *lån* (nett slik Tsjkheidze, Skobelev, Tsereteli og Steklov nyleg har gjort det i Russland), stilt seg imot den revolusjonære kampen *i sitt eige land*, osb., osb.

Gode menneske gløymer ofte den brutale og ville bakgrunnen som den imperialistiske verdskrigen gjev. Denne bakgrunnen toler ikkje frasar, og spottar uskuldige og fromme ynskje.

Det finst eitt og berre eitt slag røyndleg internasjonalsisme, og det er — å arbeida heilhuga for å utvikla den revolusjonære rørsle og den revolusjonære kampen i *eins eige land*, og å stø (med propaganda, samkjensle og materiell hjelp) *denne kampen*, denne, og berre *denne* lina i *kvalt einaste land* utan unntak.

Alt anna er svik og manilovisme.¹⁴

Gjennom dei vel to åra med krig har den internasjonale sosialistiske rørsle og arbeidarrørsle i *alle* land ut-

vikla tre straumdrag. Den som ser bort ifrå *røyndomen* og nektar å godta at desse tre straumdraga finst, å analysa dei, å slåst fylgjestrengt for det straumdraget som er verkeleg internasjonalistisk, er dømd til maktesløyse, hjelpeløyse og mistak.

Dei tre straumdraga er:

1) Sosialsjåvinistane, dvs. sosialistar i ord og sjåvinistar i gjerning, menneske som godtek «forsvar av fedrelandet» i ein imperialistisk krig (og framfor alt i den imperialistiske krigen vi no er inne i).

Desse menneska er *klassefiendane* våre. Dei har gått over til borgarskapet.

Dei er fleirtalet av dei offisielle leiarane i dei offisielle sosialdemokratiske partia i *alle* land — Plekhanov & co. i Russland, folk som Scheidemann i Tyskland, Renaudel, Guesde og Sembat i Frankrike, Bissolati & co. i Italia, Hyndman, fabianarane¹⁵ og arbeidarpartifolka (leiarane for «Arbeidarpartiet»¹⁶ (the «Labor Party»)) i Storbritannia, Branting & co. i Sverige, Troelstra og partiet hans i Nederland, Stauning og partiet hans i Danmark, Victor Berger og andre «fedrelandsforsvarar» i Amerika, osb.

2) Det andre straumdraget, som er kjent som «sentrum», er folk som vaklar mellom sosialsjåvinistane og dei verkelege internasjonalistane.

«Sentrum» sver og kunngjer alle at dei er marxistar og internasjonalar, at dei er for fred, for å driva all slags «press» imot regjeringane, for å «krevja» på alle måtar at deira eigne regjeringar skal «slå fast viljen folket har til fred», at dei er for alle slags fredskampanjar, for fred utan landevinningar, osb., osb. — *og for fred med sosialsjåvinistane*. «Sentrum» er for «einskap», «sentrum» er mot splitting.

«Sentrum» er plassen for honningsøte småborgarlege frasar, for internasjonanisme i ord og feig opportunistme og smeiking av sosialsjåvinistane i gjerning.

Kjernen i saka er at «sentrum» ikkje er overtydde om at ein revolusjon imot deira eiga regjering er naudsynt.

Dei forkynner ikkje revolusjon. Dei fører ikkje nokon heilhuga revolusjonær kamp. Og for å unngå slik kamp, triv dei til dei flauaste *orsakingane* som høyrst mest marxistisk ut.

Sosialsjåvinistane er *klassefiendane* våre. Dei er *borgarskapet* innan arbeidarrørsla. Dei står for eit lag, eller grupper, eller seksjonar av arbeidarklassen som *objektivt* har vorte muta av borgarskapet (med betre løner, tillitsverv osv.), og som hjelper *sitt eige* borgarskap med å plyndra og undertrykkja små og veike folk og å slåst *for* å dela opp det kapitalistiske byttet.

«Sentrum» er rutinedyrkarar som er opptærde av forgiftinga til legalismen, utskjemde av atmosfæren i parlamentet, osv., dei er byråkratar som har vent seg til koselege stillingar og lette jobbar. Historisk og økonomisk sett er dei ikkje noko *særskilt* lag, men står berre for ein *overgang* frå ein tidlegare fase i arbeidarrørsla — fasen mellom 1871 og 1914, som gav mykje verdefullt til proletariatet, særleg i den umissande kunsten å driva sakte, uthaldande og systematisk organisasjonsarbeid i stor og i den største målestokken — til ein ny fase som vart *objektivt* naudsynt då den første imperia-listiske verdskrigen braut ut, den som innleidde *epoken med den sosialistiske revolusjonen*.

Viktigaste leiaren og hovudtalsmann for «sentrum» er Karl Kautsky, den mest framståande autoriteten i Den andre internasjonale (1889—1914). Etter august 1914 er han eit godt døme på ein som har spela fullstendig fallitt som marxist, ein med utruleg lite ryggrad og den mest skarvelege vakling og svik. I dette «sentrums»straumdraget finn vi Kautsky, Haase, Ledebour og den såkalla arbeidar- eller arbeidsgruppa¹⁷ i Riksdagen. I Frankrike er det Longuet, Pressemane og dei såkalla minoritære¹⁸ (mindretalsfolk) i det store og heile. I Storbritannia finn vi Philip Snowden, Ramsay MacDonald og mange andre leiarar i Det uavhengige arbeidarpartiet, (the Independent Labour Party)¹⁹, og sume av leiarane i Det britiske sosialistpartiet (the British Socia-

list Party)²⁰. I USA Morris Hillquit og mange andre. I Italia Turati, Treves, Modigliani og andre. I Sveits Robert Grimm og andre. I Austerrike Victor Adler & co. I Russland partiet til Organisasjonskomiteen*, Axelrod, Martov, Tsjkheidze, Tsereteli og andre, osb.

Sjølvsagt skjer det at einskildindivind umedvite driv over frå det sosialsjåvinistiske til det sentristiske synet, og like eins andre vegen. Kvar einaste marxist veit at klassane skil seg frå kvarandre, jamvel om einskildindivind kan gå temmeleg greitt over frå ein klasse til ein annan. På same måten skil *straumdrag* i det politiske livet seg frå einannan, jamvel om einskildindivind kan gå fritt over frå eitt straumdrag til eit anna, og trass i alle freistnader og alt strev på å *smelta saman* straumdraga.

3) Det tredje straumdraget, dei sanne internasjonali-stane, er best representerte av «Zimmerwaldvenstre»²¹. (Som eit vedlegg prentar vi opp att fråsegna deira frå september 1915, slik at lesaren kan få fyrstehands kjennskap til korleis dette straumdraget vart til.)

Det mest særmerkte med dette straumdraget er at det har brote fullt ut både med sosialsjåvinismen og «sent-rismen», og fører ein djerv revolusjonær kamp mot *si eiga* imperialistiske regjering og *sitt eige* imperialistiske borgarskap. Prinsippet deira er: «Hovudfienden vår er heime». Det fører ein miskunnslaus kamp mot honningsøte sosialpasifistiske frasar (ein sosialpasifist er sosialist i ord og borgarleg pasifist i gjerning. Borgarlege pasifistar drøymmer om ein evigvarande fred *utan* å kasta av seg åket og herredømet til kapitalen), og mot alle *utflukter* som vert nytta for å nekta for at det er mogleg, høveleg og rett tid for ein proletarisk revolusjonær kamp, og for ein proletarisk socialistisk revolusjon *i samband med* den krigen vi er inne i.

Den mest framståande representanten for dette straumdraget i Tyskland er Spartakusgruppa eller *Internasjonal-gruppa*²², der Karl Liebknecht er med.

* Organisasjonskomiteen — Sjå note 4. — Red.

Karl Liebknecht vert halden svært høgt som talsmann for dette straumdraget for den nye og ekte proletariske internasjonale.

Karl Liebknecht oppmoda arbeidarane og soldatane i Tyskland om å *snu våpna sine* mot *si eiga* regjering. Karl Liebknecht gjorde det ope frå talarstolen i Riksdagen. Så drog han til ein demonstrasjon på Potsdamer Platz, ein av dei største opne plassane i Berlin, med ulovleg prenta flygeblad som forkynnte slagordet «Ned med regjeringa!». Han vart arrestert og dømd til *hardt straffarbeid*. Han sit no og sonar i eit tysk fengsel, på same måten som *hundrevis*, om ikkje tusenvis av andre *sanne* tyske sosialistar som har vorte sette fast for verksemda si mot krigen.

I talane og breva sine gjekk Karl Liebknecht til misunnlaust åtak ikkje berre mot *sine eigne* plekhanovar og potresovar (slike som Scheidemann, Legien, David & co.), men og *mot sine eigne sentristar*, sine eigne tsjkeheidzear og tsereteliar (Kautsky, Haase, Ledebour & co.).

Karl Liebknecht og venen hans Otto Rühle, to av eitt hundre og ti riksdagsmenn, braut disiplinen, knuste «einskapen» med «sentrum» og sjåvinistane, og *gjekk imot dei alle*. Liebknecht *åleine* står for sosialismen, den proletariske saka, den proletariske revolusjonen. *Heile* resten av dei tyske sosialdemokratane er eit «*stinkande lik*», for å sitera dei råkande orda til Rosa Luxemburg (som òg er med i, og er ein av leiarane for Spartakusgruppa).

Ei anna gruppe sanne internasjonalar i Tyskland er gruppa kring avisa *Arbeiterpolitik* i Bremen.

I som står internasjonalar i gjerning nærast er: I Frankrike, Lorient og venene hans (Bourderon og Merrheim har sklidd ned til sosialpasifisme), like eins franskmannen Henri Guilbeaux, som gjev ut bladet *De-main* i Geneve. I Storbritannia, avisa *The Trade Unionist* og sume av medlemene i Det britiske sosialistpartiet og i Det uavhengige arbeidarpartiet (t.d. Russel Willi-

ams, som gjekk ope inn for å bryta med leiarane som har *svike* sosialismen), den skotske sosialistiske læraren *MacLean*, som den borgarlege regjeringa i Storbritannia dømde til *hardt straffarbeid* for den revolusjonære kampen sin mot krigen, og hundrevis av britiske sosialistar som er i fengsel for same lovbrøtet. Dei, og berre dei er internasjonalar i *gjerning*. I USA, Det sosialistiske arbeidarpartiet og dei innanfor det opportunistiske sosialistpartiet²⁴ som i januar 1917 tok til å gje ut avisa *The Internationalist*. I Nederland, partiet til «tribunistane»²⁵ som gjev ut avisa *De Tribune* (Pannekoek, Herman Gorter, Wijnkoop og Henriette Roland-Holst, som jamvel om ho var sentrist i Zimmerwald no har gått inn i rekkjene våre). I Sverige, det ungsosialistiske eller venstresosialistiske partiet²⁶, som vert leidd av Lindhagen, Ture Nerman, Carlsson, Ström og Z. Höglund, som i Zimmerwald var personleg aktiv i organisasjonen til «Zimmerwaldvenstre», og som no sit i fengsel for den revolusjonære kampen sin imot krigen. I Danmark, Trier og venene hans, som har gått ut av det danske «sosialdemokratiske» partiet som no er reint *borgarleg* og har *minister* Stauning som leiar. I Bulgaria «Tesnyaki»²⁷. I Italia er Constantino Lazzari, partisekretæren, og Serrati, redaktøren for hovudorganet *Avanti!*²⁸ dei næraste. I Polen Radek, Hanecki og andre leiarar for sosialdemokratane som er samla under «Regionsstyret», og Rosa Luxemburg, Tyszka og andre leiarar for sosialdemokratane som er samla under «Hovudstyret»²⁹. I Sveits dei til venstre som drog opp argumenta for «folkerøystinga» (januar 1917) for å stri imot sosialsjåvinistane og «sentrum» i *sitt eige land*, og som på sosialistkongressen for kantonen Zürich i Töss 11. februar 1917 sette fram ei gjennomført revolusjonær fråsegn mot krigen. I Austerrike, dei unge venstreorienterte venene til Friedrich Adler, som delvis førde verksemda si gjennom Karl Marx-klubben i Wien. Han er no stengd av den erkereksjonære austerrikske regjeringa, som øydelegg livet til Adler på grunn av dei

heltemodige, men dårleg gjennomtenkte skota han løyste mot ein minister, og så frametter.

Det er ikkje eit spørsmål om nyanseskilnader, noko som så visst finst jamvel på venstresida. Det er eit spørsmål om *straumdrag*. Saka er at det ikkje er lett å vera internasjonalist i gjerning i ein fælsleg imperialistisk krig. Det er få slike menneske, men det er *einast* slike menneske som framtida til sosialismen er avhengig av. Dei *åleine* er *leiarane* for folket, og ikkje forførarane deira.

Skilnaden mellom reformistane og dei revolusjonære — mellom sosialdemokratar og sosialistar allment — måtte objektivt sett gå igjennom ei forandring under dei vilkåra den imperialistiske krigen stiller. Dei som avgrensar seg til å «krevja» at dei borgarlege regjeringane skal slutta fred eller «slå fast viljen folket har til fred», osb., skilir i *røynda* over i reformar. For objektivt sett kan *spørsmålet om krigen* berre løysast på ein *revolusjonær* måte.

Det finst ingen utveg for at denne krigen kan enda i ein demokratisk fred utan tvang, eller for at folket skal verta fri for børa med å betala *milliardar* i renter til kapitalistane som har tent formuer på krigen, utan gjennom at proletariatet går til revolusjon.

Det både kan og må setjast fram krav om reformar av alle slag til dei borgarlege regjeringane, men utan å søkka ned til manilovisme* og reformisme, kan ein ikkje krevja at folk og klassar som er vovne saman med den imperialistiske kapitalen med tusen trådar, skal *ri-va* av desse trådane. Og dersom dei ikkje vert rivne av, vert alt snakk om ein krig mot krigen berre tomt og svikefullt skravl.

«Kautskyane», «sentrum», er revolusjonære i ord og reformistar i gjerning. Dei er internasjonalar i ord og følgjesveinar for sosialsjåvinistane i gjerning.

* *Manilovisme* — sjå note 14. — *Red.*

SAMANBROTET FOR ZIMMERWALD- INTERNASJONALEN.³⁰ — DET ER NAUDSYNT Å GRUNNLEGGJA EIN TREDJE INTERNASJONALE.

17. Alt' frå fyrste stund stilte Zimmerwald-internasjonen seg i ei vaklande, «kautskyansk», «sentristisk» stilling. Det tvinga straks *Zimmerwaldvenstre* til å avgrensa seg, skilja seg frå resten og til å senda ut si *eiga* fråsegn (ho vart offentleggjort i Sveits på russisk, tysk og fransk).

Der Zimmerwald-internasjonen kom mest til kort, og årsaka til at han *braut saman* (for politisk og ideologisk hadde han alt brote saman), var at han vakla og ikkje kunne avgjera ei så viktig sak som i praksis var så grunnleggjande som den om dei skulle bryta fullstendig med sosialsjåvinismen og den gamle sosialsjåvinistiske internasjonen, som Vandervelde og Huysmans stod i brodden for i Haag (Nederland), osb.

Det er enno ikkje kjent i Russland at Zimmerwaldfleirtalet *ikkje er anna enn kautskyanarar*. Like fullt er dette ein grunnleggjande røyndom som ikkje kan oversjåast, og som no er allment kjent i Vest-Europa. Jamvel sjåvinisten, denne ekstreme tyske sjåvinisten Heilman, redaktør for den erkesjåvinistiske *Chemnitzer Volksstimme*³¹ og medarbeidar i Parvis si erkesjåvinistiske *Glocke*³² (ein «sosialdemokrat», sjølv sagt og ein glødande tilhengjar av sosialdemokratisk «einskap»), vart tvinga til å vedgå i pressa at «sentrum», eller «kautskyanismen», og *Zimmerwaldfleirtalet* var ein og same tingen.

Denne kjensgjerninga vart endeleg slege fast mot slutten av 1916 og fyrst på 1917: Jamvel om sosialpasifismen vart fordømd i Kienthal-fråsegna³³, sokk *heile* Zimmerwaldhøgre, *heile* Zimmerwaldfleirtalet ned i sosialpasifisme: Kautsky & co. i ei rad fråsegner i januar og februar 1917, Bourderon og Merrheim i Frankrike,

som *samrøystes* røysta i lag med sosialsjåvinistane for dei pasifistiske fråsegnene til sosialistpartiet (desember 1916) og Confédération Générale du Travail (Den faglege landsorganisasjonen, også i desember 1916). Turati & co. i Italia, der heile partiet tok eit sosialpasifistisk standpunkt, medan Turati sjølv i ein tale den 17. desember «sklei» (sjølv sagt ikkje tilfeldig) ut i *nasjonalistiske* frasar som reinvaska den imperialistiske krigen.

I januar 1917 gjekk ordstyraren på konferansane i Zimmerwald og Kienthal, Robert Grimm, saman med sosialsjåvinistane i *sitt eige* parti (Greulich, Pflüger, Gustav Müller og andre) *imot* internasjonalistane i gjerding.

Ved to konferansar der *Zimmerwaldistar* frå ulike land møttest i januar og februar 1917, vart denne tvetydige, tvitunga framferda til Zimmerwaldfleirtalet formelt brennemerka av venstre-internasjonalistane frå ei rekkje land: Av Müntzenberg, sekretær i den internasjonale ungdomsorganisasjonen og redaktør for det framifrå internasjonalistiske skriftet *Die Jugendinternationale*³⁴, av Šinovjev, som representerte sentralkomiteen i partiet vårt, av K. Radek frå det polske sosialdemokratiske partiet («Regionstyret»), og av Hartstein, ein tysk sosialdemokrat og medlem i Spartakusgruppa.

Det russiske proletariatet har fått mykje til gjevandes. Ingen stad i verda har arbeidarklassen enno lukkast i å utvikla så mykje revolusjonær energi som i Russland. Men den som har fått mykje, vert det òg kravd mykje av.

Vi kan ikkje lenger verta sitjande i Zimmerwaldmyra. Vi kan ikkje halda fram i halvalliansen med den sjåvinistiske Internasjonale til slike som Plekhanov og Scheidemann av omsyn til «kautskyanarane» fra Zimmerwald. Vi må bryta med denne Internasjonale straks. Det er *berre* for å få opplysningar, vi må verta verande i Zimmerwald.

Det er vi som nett no og utan borthefting må grunnleggja ein *ny*, revolusjonær, proletarisk Internasjonale.

Eller snarare, vi må ikkje vera redde for å gå offentleg ut med at denne nye Internasjonalen *alt er skipa* og i verksemd.

Dette er Internasjonalen til dei «internasjonalistane i gjerning» som eg har rekna nøyaktig opp ovanfor. Dei, og berre dei, representerer dei revolusjonære, internasjonalistiske massane, og ikkje dei som forfører dei.

Og dersom det er få sosialistar av *dette slaget*, la kvar einaste russisk arbeidar spørja seg sjølv om det var mange verkeleg klassemedvitne revolusjonære i Russland *like før* februar- og marsrevolusjonen i 1917.

Det er ikkje eit spørsmål om kor mange, men om å gje eit korrekt uttrykk for ideane og politikken til det verkeleg revolusjonære proletariatet. Det som gjeld er ikkje å «proklamera» internasjonanisme, men å verta i stand til å vera ein internasjonalist i gjerning, jamvel i dei tyngste tider.

Lat oss ikkje narra oss sjølve med å vona på semjer og internasjonale kongressar. Så lenge den imperialistiske krigen står på, vert det internasjonale samkvemet halde i skruvstikka til militærdiktaturet til det imperialistiske borgarskapet. Jamvel «republikanaren» Miljukov, som er nøydd til å tola parallellstyret til sovjetet av arbeidarrepresentantar, gav ikkje Fritz Platten, den sveitsiske sosialisten, sekretær i partiet, ein internasjonalist og deltakar i konferansane i Zimmerwald og Kienthal, *lov* til å koma inn i Russland i april 1917. Platten vart nekta å koma inn trass i at han har russisk kone og skulle vitja slektningane til kona si, og trass i at han hadde teke del i revolusjonen i 1905 i Riga og vart sett i russisk fengsel for det, og betalte kausjon til tsarregjeringa for å verta sett fri og no ønskte å få att kausjonen. — Ettersom «republikanaren» Miljukov kunne *gjera* noko slikt i april 1917 i Russland, då kan vi gjera oss opp ei meining om kor mykje dei er verde, lovnadene og forsikringane, frasane og fråsegnene til borgarskapet om fred utan anneksjonar osb.

Og då Trotski vart arrestert av den britiske regjerin-

ga? Og då Martov vart nekta å reisa frå Sveits, og dei freista lura han til Storbritannia der lagnaden til Trotski venta på han?

Lat oss ikkje ha illusjonar. Vi må ikkje lura oss sjølve.

Å venta på internasjonale kongressar eller konferansar er berre å *svika* internasjonalsismen, sidan det har synt seg at ikkje eingong frå Stockholm, får sosialistar som er lojale mot internasjonalsismen, *eller jamvel breva deira*, lov til å koma inn her, jamvel om det er fullt ut mogleg, og jamvel om militærsensuren er ytterst streng.

Partiet vårt må ikkje «venta», men straks *grunnleggja* en tredje Internasjonale. Hundrevis av sosialistar som sit fengsla i Tyskland og Storbritannia vil då kunne draga ein letta sukk. Tusenvis av tyske arbeidarar som no streikar og demonstrerer slik at dei skremmer slyngelen og banditten Wilhelm, vil få greie på avgjerda vår frå *illegale* flygeblad. Dei vil få vita at vi har broderleg tillit til Karl Liebknecht og berre til han, at *vi* har vedteke å kjempa mot «revolusjonært fedrelandsforsvar» *jamvel no*. Dei vil lesa dette og verta styrkte i den revolusjonære internasjonalsismen sin.

Den som har fått mykje, vert det kravd mykje av. Ikkje noko anna land i verda er så fritt som Russland er *no*. Lat oss nytta denne fridomen, ikkje til å tala for å stø borgarskapet eller borgarleg «revolusjonært fedrelandsforsvar», men til å gå ut djervt, ærleg, proletarisk og på Liebknechts vis og *grunnleggja Den tredje internasjonalen*, ein Internasjonale som stiller seg kompromisslaust fiendsleg både til dei sosialsjavinistiske svikarane og til dei vaklande «sentristane».

18. Etter det som er sagt, treng vi ikkje kasta bort mange orda på å forklåra at det ikkje kjem på tale å slå saman dei russiske sosialdemokratane i eitt parti.

Det er betre å verta ståande att med berre ein ven, som Liebknecht, og *det tyder å verta ståande i lag med det revolusjonære proletariatet* — enn jamvel for ein

augneblink å nøra tankar om å gå saman med partiet til Organisasjonskomiteen, med Tsjkheidze og Tsereteli, som kan tola ein blokk med Potresov i *Rabotskaja Gazeta*³⁵, som røysta for lånet i eksekutivkomiteen i Sovjetet av arbeidarrepresentantar³⁶, og som har sokke ned til «fedrelandsforsvar».

Lat dei daude gravleggja sine daude.

Den som ynskjer å *hjelpa* dei vinglande, må fyrst slutta å vingla sjølv.

KVA NAMN BØR PARTIET VÅRT HA —
EIT SOM ER VITSKAPLEG KORREKT
OG KAN HJELPA TIL Å KLÅRA OPP
MEDVITET TIL PROLETARIATET POLITISK?

Eg kjem no til siste punktet, namnet på partiet vårt. Vi må kalla oss *Det kommunistiske partiet* — nett det som Marx og Engels kalla seg.

Vi må ta opp att at vi er marxistar og at vi legg til grunn *Det kommunistiske manifestet*, som sosialdemokratane har forvrent og svike på to hovudpunkt: 1) Arbeidarane har ikkje noko fedreland: «Fedrelandsforsvar» i ein imperialistisk krig er eit svik mot sosialismen. 2) Den marxistiske læra om staten har vorte forvrent av Den andre internasjonale.

Namnet «sosialdemokrati» er *vitskapleg* feil. Marx peika ofte på det, særleg i *Kritikk av Gothaprogrammet** frå 1875, og Engels stadfesta det i ei lettare tilgjengeleg form i 1895**. Frå kapitalismen kan manneætta gå rett over berre til sosialismen, dvs. til samfunnseige

* Sjå Marx, *Kritikk av Gothaprogrammet*, Forlaget Oktober 1977. — *Red.*

** Sjå Engels, Føreordet til *Internationales aus dem Volkstaat* (1871-75) — *Red.*

av produksjonsmidla og fordeling av produkta etter den arbeidsmengda kvar einskild set inn. Partiet vårt ser lengre fram: Sosialismen må uunngåeleg gå gradvis over i kommunismen, og på fana hans står skrive: «Frå kvar etter evne, til kvar etter trong.»

Dette er første argumentet mitt.

Her er det andre: Andre delen av namnet på partiet vårt (sosialdemokratar) er òg vitskapleg feil. Demokrati er ei *statsform*, medan vi marxistar går imot *alle slags* statar.

Leiarane for Den andre internasjonale (1889—1914), Plekhanov, Kautsky og slike som dei, har forflata og forvrengt marxismen.

Marxismen skil seg frå anarkismen med di han godtek at *det trengst ein stat* for å gjennomføra overgangen til sosialismen. Men (og her er det vi skil oss frå Kautsky & co.) *ikkje ein stat av same slag* som dei vanlege borgarleg-demokratiske republikkane, men ein stat som Pariskommunen i 1871 og sovjeta av arbeidarmålsmenn i 1905 og 1917.

Tredje argumentet mitt: *Den levande røyndomen*, revolusjonen, har *i røynda alt no*, jamvel om det enno er som ein veik spire, grunna nett denne nye sorten «stat», som ikkje er ein stat i rette tydinga av ordet.

Dette er *alt no* ei sak som gjeld det folket utfører i praksis, og ikkje berre ein teori for leiarane.

I si eigentlege meining tyder staten at oppsetjingar av væpna menn som er skilde frå folket, rår over folket.

Den nye staten vår som *stig fram no* er òg ein stat, for vi òg treng oppsetjingar av væpna menn, vi òg treng den *strengaste* orden, og må *utan miskunn* knusa med vald alle freistnader på ein kontrarevolusjon anten frå tsaren eller frå Gutsjkov-borgarskapet.

Men den nye staten vår som *stig fram*, er *ikkje lenger* ein stat i eigenleg tyding, for i sume delar av Russland er desse oppsetjingane av væpna menn *massane sjølv*, heile folket, og ikkje ymse menneske med særrettar

som er sette over folket og skilde frå folket og i praksis uavsettelege.

Vi må sjå framover, og ikkje bakover på det vanlege borgarlege demokrati-slaget som tryggjar det borgarlege herredømet med hjelp frå dei gamle, *monarkistiske* styringsorgana, politiet, hæren og byråkratiet.

Vj må sjå framover mot det nye demokratiet som stig fram, det som alt sluttar å vera eit demokrati, for demokrati tyder at folket har herredømet, og det væpna folket kan ikkje herska over seg sjølv.

Nemninga demokrati er ikkje berre vitskapleg feil når ho vert nytta om eit kommunistisk parti. Ho har no, etter mars 1917, beint fram vorte som *skylappar* for augo på det revolusjonære folket og *hindrar* dei frå på eige initiativ å byggja djervt og fritt opp det nye: Sovjeta av arbeidar-, bonde- og alle andre representantar som *einaste makta* i «staten» og eit varsku om at staten *i alle former* skal «døy bort».

Fjerde argumentet mitt: Vi må gå ut ifrå den stoda sosialismen er i internasjonalt nett no.

Ho er ikkje som ho var i åra mellom 1871 og 1914, då Marx og Engels med opne augo fann seg i den unøyaktige, opportunistiske nemninga «sosialdemokrati». For på den tida, etter at Pariskommunen hadde lidd nederlag, sette historia langsamt organisasjons- og opplæringsarbeid på dagsordenen. Ikkje noko anna var mogleg. Anarkistane tok då (som no) grunnleggjande feil ikkje berre teoretisk, men òg økonomisk og politisk. Anarkistane mistolka det som særmerkte tida, for dei makta ikkje å skjøna stoda i verda: Dei britiske arbeidarane var korrumperte av imperialistiske profittar, i Paris var Kommunen slegen, i Tyskland hadde den borgarleg-nasjonale rørsle nyleg (1871) sagra, det halvføydale Russland låg i sin gamle svevn.

Marx og Engels dømde rett om tida: Dei skjøna den internasjonale stoda, dei skjøna at det måtte gå *sakte* å gå fram mot starten på den sosiale revolusjonen.

Vi for vår del må òg skjøna særdraga og oppgåvene

for den nye tidsalderen. La oss ikkje etterlikna dei syrgjelege marxistane som Marx sa dette om: «Eg har sådd draketenner og hausta fluger.»*

Det var objektivt uunngåeleg at kapitalismen utvikla seg til imperialism og at det førte til den imperialistiske krigen. Krigen har ført manneætta fram til *kanten av eit stup*, fram til grensa for at sivilisasjonen vert øydelagd, og enda fleire millionar, tallause millionar menneske vert gjorde om til dyr og øydelagde.

Den *einaste* vegen ut or dette er gjennom ein proletarisk revolusjon.

Nett i den stunda ein slik revolusjon tek til, når han tek dei fyrste nølande, fomlande stega sine, steg som avslører altfor stor tillit til borgarskapet, i den stunda er det at fleirtalet (det er sanninga, det er røyndomen) av dei «sosialdemokratiske» parlamentarikarane, av dei «sosialdemokratiske» avisene — og det er nett desse *organ*a som har innverknad på folket — har *gått over frå* sosialismen, har *svike* sosialismen og har gått over på sida til «sitt eige» nasjonale borgarskap.

Folket har vorte forvirra, har vorte ført på avvegar og narra av *desse* leiarane.

Og vi kjem til å hjelpa og oppmuntra dette lureriet dersom vi held fast på det gamle og avlegse partinamnet, som er like forfalle som Den andre internasjonelen!

Det kan nok vera at «mange» arbeidarar *skjøn*ar sosialdemokrati på ein ærleg måte. Men tida er inne til å læra korleis ein skil det subjektive frå det objektive.

Subjektivt er slike sosialdemokratiske arbeidarar svært lojale leiarar for proletarane.

Objektivt er like fullt stoda i verda slik at det gamle namnet på partiet vårt *gjer det enklare* å narra folket og *hindrar* marsjen frametter. For ved kvart steg, i kvar avis, i kvar parlamentsgruppe ser massane *leiarar*, dvs.

* Dette uttrykket av Heine ga Marx og Engels att i *Den tyske ideologien* (1845—46). — *Red.*

folk med røyster som ber lengre og handlingar som vert lagde meir merke til. Likevel er dei alle «liksom sosialdemokratar». Dei er alle «for einskap» med dei som svik sosialismen, med sosialsjåvinistane, og dei legg alle fram dei gamle rekningane som er skrivne ut av «sosialdemokratiet» ...

Og kva argument er det imot? ... Vi vil verta blanda saman med anarkist-kommunistane, seier dei ... Kvifor er vi ikkje redde for å verta blanda saman med sosialnasjonalistane, dei sosialliberale eller radikalsosialistane, det fremste borgarlege partiet i den franske republikken og det mest drivne i borgarleg lureri mot folket? ... Vi får høyra: Folket er vane med det, arbeidarane har etter kvart vorte «glad i» det sosialdemokratiske partiet *sitt*.

Dette er det einaste argumentet. Men det er eit argument som forkastar den marxistiske vitskapen, oppgåvene for morgondagen i revolusjonen, den objektive stillinga til verdssosialismen, det skammelege samanbrotet til Den andre internasjonale, og den skaden som flokkane av «liksom-sosialdemokratar» som svermar rundt proletarane gjer mot det praktiske arbeidet.

Det er eit argument for rutine, eit argument for tiltaksløyse, eit argument for stillstand.

Men vi skal byggja ei anna verd. Vi skal få ein ende på den imperialistiske verdskrigen der fleire hundre millionar menneske har vorte dregne inn, og der interesse til milliardar og atter milliardar av kapital er blanda inn, ein krig som ikkje kan enda i ein verkeleg demokratisk fred utan den største proletariske revolusjonen i historia til manneætta.

Like fullt er vi redde oss sjølve. Vi likar ikkje å kasta av oss den «gode gamle» skitne skjorta ...

Men tida er inne til å kasta av den skitne skjorta og ta på reine klede.

Petrograd, 10. april 1917.

DEN 7. ALLRUSSISKE KONFERANSEN TIL RSDAP(b) — APRILKONFERANSEN³⁷

15

FRÅSEGN OM JORDBRUKSSPØRSMÅLET

Det at det finst godseigedom i Russland, er den materielle berestolpen for makta til dei føydalistiske godseigarane og ein garanti for at det er råd å innføra monarkiet att. Dette jordeigesystemet dømmer, som det må gjera, den store massen av folkesetnaden i Russland, bøndene, til fattigdom, trældom og eit underkua tilvere, og heile landet til å vera attendeliggjande på alle livsområde.

Jordeiget til bøndene i Russland, både av tildelt jord* (fellesjord og enkeltgardar) og privat jord (bygsla eller kjøpt), er bunde inn på alle kantar, frå øvst til nedst, med gamle halvføydale band og tilhøve, med inndelinga av bøndene i kategoriar som er arva frå tida med liveigenskap, med systemet med teigblanding og så bortetter, og så bortetter. Alle desse utgamle og skadelege innskrenkingane treng å verta brotne ned, og likeins er det trong til å «rydda» jorda og omdanna frå grunnen av og nyttilpassa alle tilhøva som har med jordeige og jordbruk å gjera, til dei nye vilkåra i den russiske økonomien og verdsøkonomien. Dette er det materielle grunnlaget for strevet frå bøndene for å få nasjonalisert *all* jord i staten.

* *Tildelt jord* — jord som bøndene fekk ha då liveigenskapen vart oppheva, mot å betala ei avgift. — *Red.*

Same kva slags småborgarlege utopier som alle narodnikpartia og -gruppene* kler striden til bondemassane mot stor føydal jordeigedom og alle dei føydale banda i heile systemet for jordeige og eigedomstilhøve til jord i Russland i, så er den striden i seg sjølv eit uttrykk for eit tvers igjennom borgarleg-demokratisk, tvillaust progressivt og økonomisk avgjerande strev etter djervt å bryta alle dei banda.

Nasjonalisering av jorda er ei borgarleg åtgjerd, men det vil seia fridom for klassestriden og at eigedomstilhøva til jord vert fri for alle ikkje-borgarlege vedheng i så stor grad som det er tenkjeleg i eit kapitalistisk samfunn. Dessutan ville nasjonalisering av jorda, som inneber avskaffing av privat eigedomsrett til jord, i røynda retta slikt eit kraftig slag mot privat eigedomsrett til alle produksjonsmidla i det heile, at partiet til proletariatet må letta ein slik reform på alle moglege måtar.

På den andre sida har dei velståande bøndene i Russland for lengst utvikla elementa til eit bondeborgarskap, og jordreformen til Stolypin har utan tvil styrkt, hjelpt og forsterka desse elementa. I motsett ende av bygdefolkeseitnaden har lønsarbeidarane i jordbruket, proletarane og massen av halvproletariske bønder, som står proletarane nær, likeins vakse i styrke og tal.

Dess meir målmedvite og fastrådd godseigedomane vert brotne opp og avskaffa og dess meir målmedvite og fastrådd den borgarleg-demokratiske jordreformen i Russland i det heile vert gjennomført, dess kraftigare og raskare vert utviklinga av klassestriden til jordbruksproletariatet mot dei velståande bøndene (bondeborgarskapet).

Lagnaden og resultatet av den russiske revolusjonen — med mindre den byrjande proletariske revolusjonen i Europa får ein beinveges og mektig innverknad på landet vårt — kjem til å stå og falla med om byproletariatet greier å mønstra proletariatet på landsbygda i lag

* *Narodnikpartia og -gruppene* — sjå note 13. — *Red.*

med massen av halvproletarar på landsbygda attom seg, eller om denne massen følgjer bondeborgarskapet som nærmar seg ein allianse med Gutsjkov og Miljukov, med kapitalistane og godseigarane, og kontrarevolusjonen allment.

Ut frå denne klassestoda og styrkebalansen vedtek konferansen at:

1) Partiet til proletariatet vil slåst med alle krefter for at alle jordegods i Russland skal verta konfiskerte straks og fullt og heilt (irekna krongods, kyrkjegods osb., osb.).

2) Partiet vil gå kraftig inn for at all jord straks vert overført til bøndene, organiserte i sovjet for bonderepresentantar eller i andre organ for lokalt sjølvstyre, som vert valde på verkeleg demokratisk vis og heilt uavhengig av godseigarane og embetsmennene.

3) Partiet til proletariatet krev nasjonalisering av all jord i landet. Nasjonaliseringa, som vil seia at eigedomsretten til all jord vert overført til staten, legg råderetten over jorda over til dei lokale demokratiske institusjonane.

4) Partiet må føra målmedviten strid på den eine sida mot den provisoriske regjeringa, som både gjennom Sjingarjov sin munn og det ho uttalar kollektivt, freistar å tvinga bøndene til å nå fram til «ei friviljug semje med godseigarane», dvs. i røynda freistar å tvinga på dei ein reform som høver interessene til godseigarane. Dessutan trugar den provisoriske regjeringa bøndene med straff for «eigenrådige handling», dvs. med valdsbruk frå eit mindretal i folkesetnaden (godseigarane og kapitalistane) mot fleirtalet. Og på den andre sida må partiet føra målmedviten strid mot den småborgarlege vinglinga til fleirtalet av narodnikane og dei mensjevikiske sosialdemokratane, som rår bøndene til å ikkje ta all jorda, men venta på at den grunnlovgjevande forsamlinga vert kalla saman.

5) Partiet rår bøndene til å ta jorda på organisert vis, og ikkje tillata den minste skade på eigedom, og til å ta

åtgjerder for å auka produksjonen.

6) Jordreformer kan i det store og det heile berre verta vellukka og varige dersom heile staten vert demokratisert, dvs. føresett på den eine sida at politiet, den ståande hæren og det privilegerte byråkratiet vert avskaffa, og føresett på den andre sida at det er eit system med breitt lokalt sjølvstyre som er heilt fritt for tilsyn og formyndarskap ovanfrå.

7) Jordbruksproletariatet må organiserast særskilt og sjølvstendig, med ein gong og over alt, både i form av sovjet for representantar for jordbruksarbeidarane, (og særskilte sovjet for representantar for dei halvproletariske bøndene) og i form av proletariske grupper eller fraksjonar innanfor dei vanlege sovjeta for bondemålsmenn, i alle organ for lokale og kommande styresmakter osb.

8) Partiet må stø initiativet til dei bondekomiteane som fleire stader i Russland no deler ut husdyra og jordbruksreiskapane til godseigarane til dei bøndene som er organiserte i desse komiteane, for å dyrka opp all jord på ein samfunnsregulert måte.

9) Partiet til proletariatet må rå proletarane på landsbygda og halvproletarane til å streva etter å gjera om alle godseigedomar til modellbruk av rimeleg storleik som skal drivast som offentleg eigedom av sovjeta av representantar for jordbruksarbeidarane under leiing av jordbruksekspertar og med bruk av den beste teknikken.

Pravda nr. 45,
13. (30. april) mai 1917

Prenta etter teksten på
korrekturflaka med
rettingane til Lenin.

FRÅSEGN OM DET NASJONALE SPØRSMÅLET

Politikken med nasjonal underkuing er arva frå autokratiet og monarkiet. Han vert halden ved lag av godseigarane, kapitalistane og småborgarskapet for å verja klasseprivilegia deira og valda mangel på samhald mellom arbeidarane frå dei ulike nasjonalitetane. Den moderne imperialismen, som styrkjer tendensen til å leggja under seg veike nasjonar, er ein ny faktor som styrkjer den nasjonale underkuinga.

Om det i det heile let seg gjera å fjerna nasjonal underkuing i eit kapitalistisk samfunn, er det berre mogleg under eit prinsippfast demokratisk republikansk system og ein statsadministrasjon som tryggjer fullstendig likskap for alle nasjonar og språk.

Retten som alle nasjonar som høyrer til Russland har, til fritt å riva seg laus og skipa sjølvstendige statar, må verta sannkjent. Å nekta dei denne retten eller å la vera å ta tiltak som tryggjer at han kan verta til røyndom, er det same som å stø ei line for hærtaking og annekasjon. Berre det at proletariatet sannkjenner retten nasjonane har til å riva seg laus, kan tryggja fullstendig solidaritet mellom arbeidarane frå dei ulike nasjonane og hjelpa til å føra nasjonane nærare saman etter verkeleg demokratiske liner.

Den konflikten som har oppstått no mellom Finland og den russiske provisoriske regjeringa, syner på slåande vis at å nekta retten til fri lausriving, fører til beinveges framhald av politikken til tsarismen.

Den retten nasjonane har til fritt å riva seg laus, må ikkje verta blanda saman med om det er klokt av ein viss nasjon å riva seg laus i ein viss augneblink. Partiet til proletariatet må avgjera det spørsmålet heilt sjølvstendig i kvart tilfelle, og ta omsyn til interessene til

samfunnsutviklinga som heilskap, og interessene til klassestriden proletariatet fører for sosialismen.

Partiet krev breitt regionalt autonomi, avskaffing av tilsyn ovanfrå, avskaffing av eit påtvinga offisielt mål, og at grensene for dei sjølvstyrte og autonome regionane vert fastsette i samsvar med dei økonomiske og sosiale vilkåra, den nasjonale samansetjinga av folkesetnaden, og så bortetter, slik den lokale folkesetnaden vurderer det sjølv.

Partiet til proletariatet avviser ettertrykkjeleg det som er kjend som «nasjonalt kulturelt autonomi», der utdanning osb. vert teken vekk frå statskontroll og lagt under kontroll av eit eller anna slag nasjonale riksdagar. Nasjonalt kulturelt autonomi deler arbeidarane som bur i eit område og som til og med arbeider i same industriverksemnda opp på kunstig vis, etter dei ulike «nasjonale kulturane», med andre ord styrkjer det banda mellom arbeidarane og den borgarlege kulturen i nasjonane deira, medan målet for sosialdemokratane er å utvikla den internasjonale kulturen til verdsproletariatet.

Partiet krev at ei grunnleggjande lov vert sett inn i grunnlova som gjer alle privilegia som tilhøyrer nokon særskild nasjon til inkjes, og likeins alle krenkingar av rettane til dei nasjonale minoritetane.

Interessene til arbeidarklassen krev at arbeidarane av alle nasjonalitetar i Russland bør ha sams proletariske organisasjonar: politiske, fagforeiningar, kooperative utdanningsinstitusjonar osb. Berre samansmeltinga av arbeidarane av dei ulike nasjonalitetane i slike sams organisasjonar, gjer det mogleg for proletariatet å føra vellukka strid mot den internasjonale kapitalen og den borgarlege nasjonalismen.

Tillegg til *Soldatskaja Pravda* nr. 13,
16. mai (3. mai) 1917.

Prenta etter
manuskriptet

DEN FYRSTE ALLRUS- SISKE KONGRESSEN AV AV BONDE- REPRESENTANTAR³⁸

4. — 28. mai (17. mai — 10. juni) 1917

1

RESOLUSJONSUTKAST OM JORDBRUKSSPØRSMÅLET

1. All godseigedom og privateid jord, så vel som kron-gods og kyrkjegods osv., må straks førast over til folket utan vederlag i det heile.

2. Bøndene må på organisert vis gjennom sovjeta sine av bonderepresentantar straks ta over all jorda på deira lokale stader, med det føremål å stå for den økonomi-ske drifta. Men dette må ikkje få nokon som helst inn-verknad på den endelege reguleringa av jorda. Det er opp til den grunnlovgejvande forsamlinga eller det all-russiske rådet for sovjeta å ta denne avgjerda, om fol-ket skulle vedta å leggja den sentrale statsmakta hos eit slikt råd for sovjeta.

3. Privateige av jord må opphevast heilt ut, dvs. at all jord berre skal tilhøyra nasjonen under eit, og at råde-retten over ho skal leggjast i hendene på dei lokale de-mokratiske institusjonane.

4. Bøndene må forkasta rådet frå kapitalistane og godseigarane og deira provisoriske regjering om å ko-ma fram til «ei semje» med dei lokale godseigarane om den beinveges råderetten over jorda. Råderetten over all jorda må styrast etter den organiserte avgjerda til fleirtalet av dei lokale bøndene, og ikkje ved ei semje mellom fleirtalet, dvs. bøndene, og mindretalet, til og med eit uviktig mindretal, dvs. godseigarane.

5. Ikkje berre godseigarane strir og vil halda fram med å stri så hardt dei kan mot at all godseigedom skal overførast til bøndene utan vederlag. Det vil òg kapitalistane som har stor makt både av di dei har pengar og av di dei har innverknad på dei massane som enno er uopplyste, gjennom avisene og gjennom dei talrike embetsmerfnene, funksjonærane osb. som er vane med kapitalen sitt herredøme. Difor kan ikkje alle godseigedomane førast over til bøndene utan vederlag fullt og heilt og trygt, utan at tilliten bondemassane har til kapitalistane vert knust, utan at ein nær allianse mellom bøndene og arbeidarane i byane vert oppretta og utan at statsmakta vert teken over fullt ut av sovjeta av arbeidar-, soldat-, bonde-, og andre representantar. Berre ei statsmakt som vert utøvd gjennom slike sovjet og som administrerer staten ikkje ved hjelp av politi eller eit byråkrati eller ein ståande hær lausriven frå folket, men ved hjelp av arbeidarane og bøndene sin landsfemnande, universelle og væpna milits, kan garantera at dei jordbruksreformane som er nemnde ovanfor og som vert kravde frå alle bøndene vert realiserte.

6. Jordbruksarbeidarar og fattige bønder, dvs. dei som tenar til å oppretthalda livet delvis ved arbeid for løn av di dei ikkje har nok jord, krøtter og reiskap, må streva det hardaste dei kan for å organisera seg sjølvstendig i særskilde sovjet, eller i særskilde grupper innanfor dei allmenne bondesovjeta. På denne måten kan dei tryggja sine interesser mot dei rike bøndene, som uunngåeleg strevar etter eit forbund med kapitalistane og godseigarane.

7. Som fylgje av krigen er Russland, som alle andre krigførande og mange nøytrale (ikkje-krigførande) land, truga av økonomisk samanbrot, hungersnaud og ulukke av di det er for lite arbeidarar, kol, jarn osb. Den einaste måten å berga landet på er ved at arbeidarane og bøndene sine representantar tar over kontrollen med og styringa av heile produksjonen og fordelinga av

varer. Difor er det naudsynt straks å gå i gang med å få i stand avtalar mellom sovjeta av bonderepresentantar og sovjeta av arbeidarrepresentantar om å bytta korn og andre produkt frå landsbygda med reiskapar, skoty, klede osb. utan at kapitalistane er mellomledd. Kapitalistane må i staden fjernast frå leiinga av fabrikkane. Med det same føremålet for auge må bondekomiteane oppmuntrast til å ta over buskapen og reiskapane til godseigarane, og denne buskapen og desse reiskapane skal nyttast i fellesskap. På liknande vis må ein oppmuntra til å omdanna all stor godseigedom til mønsterbruk, der jorda vert dyrka kollektivt ved hjelp av dei beste reiskapane under leiing av jordbrukseksperter og i samsvar med avgjerda til dei lokale sovjeta av jordbruksarbeidarrepresentantar.

Skriven før 17. (30.) mai 1917

Prenta fyrste gong i 1917

i brosjyra

Materiale om jordbruksspørsmålet

Priboi forlag

Prenta i

samsvar med

manuskriptet

DEN FYRSTE ALLRUS- SISKE KONGRESSEN FOR SOVJET AV ARBEIDAR- OG SOLDATREPRE- SENTANTAR³⁹

3.—24. juni (16. juni — 17. juli) 1917

1

TALE OM HALDNINGA ANDSYNES DEN PROVISORISKE REGJERINGA 4. (17.) JUNI

Kameratar, i den korte tida eg har til rådvelde kan eg berre — og eg meiner dette er det beste — ta for meg dei viktigaste prinsippspørsmåla som talsmannen for eksekutivkomiteen og talarar etter han har reist.

Den fyrste og grunnleggjande saka framfor oss har vore: *kva er denne forsamlinga* som vi er til stades i, kva er desse sovjeta som no er samla på den allrussiske kongressen og kva er dette revolusjonære demokratiet som folk her snakkar så mykje om, for å løyna at dei har misforstått det fullstendig og avviser det heilt og halde? Å snakka om revolusjonært demokrati på den allrussiske sovjetkongressen og dekkja til karakteren til denne institusjonen, klassesamansetjinga hans og rolla hans i revolusjonen — å ikkje seia eit ord om dette og likevel krevja tittelen demokrat — er verkeleg merkeleg. Dei set fram for oss eit program for ein borgarleg parlamentarisk republikk, eit program av det slaget som har funnest over heile Vest-Europa. Dei set fram eit reformprogram for oss som alle borgarlege regjeringar no kjennest ved, irekna vår eiga, og likevel snakkar dei om revolusjonært demokrati. Kven er det dei snakkar til? Til sovjeta. Men eg spør dykk, finst det eit land i Euro-

pa, eit borgarleg, demokratisk, republikansk land der det finst noko slikt som desse sovjeta? De må vedgå at det ikkje gjer det. Ein slik institusjon finst ikkje nokon stad, og kan ikkje gjera det, for de må ha eitt av to: *anten* ei borgarleg regjering med reform«planar» nett som dei som vart sette fram for oss, og som er framlagde dusinvis av gonger i alle land, men som vert verande på papiret, *eller* den nye typen institusjonar dei snakkar om no, den nye typen «styring» som revolusjonen har skapt og som ein berre finn døme på i stundene då det revolusjonære oppsvinget er størst, som i Frankrike i 1792 og 1871 eller i Russland i 1905. Sovjeta er ein institusjon som ikkje finst i nokon vanleg borgarleg-parlamentarisk stat og som ikkje kan finnast side om side med ei borgarleg regjering. Dei er den nye og meir demokratiske statstypen som vi i partiresolusjonar kallar for ein demokratisk republikk av bønder og proletarar med makta eine og åleine i hendene på sovjeta av representantar for bøndene og arbeidarane. Folk tek feil når dei trur at dette berre er eit teoretisk spørsmål. Dei tek feil når dei let som om ein kan omgå det og når dei påstår at visse institusjonar no finst side om side med sovjeta av representantar for arbeidarane og bøndene. Ja, dei finst side om side. Men det er dette som avlar tallause misforståingar, samanstøytar og gnissing. Og dette er grunnen til at det opphavlege oppsvinget, den opphavlege framrykkinga til den russiske revolusjonen, no vik for stillstand og til dei attendestega som vi no kan sjå i koalisjonsregjeringa⁴⁰ i heile innanrikspolitikken og utanrikspolitikken hennar, i samband med førebuingane for ein imperialistisk offensiv.

Eitt av to: anten den vanlege borgarlege regjeringa, og i så fall er bondesovjeta, arbeidarsovjeta, soldatsovjeta og andre sovjet ubrukbare og kjem anten til å verta brote frå kvarandre av generalane, dei kontrarevolusjonære generalane, som har taket på dei væpna styrkane og ikkje bryr seg om dei moteriktige talane til minister Kerenski, eller dei kjem til å døy ein ærelaus daude. Dei

har ikkje anna val. Dei kan korkje gå attende eller stå stille. Dei kan berre vera til ved å gå fram. Dette er ein statstype som ikkje er funne opp av russarane, men som revolusjonen har fremja av di revolusjonen ikkje kan vinna på anna vis. Innanfor den allrussiske kongressen er gnissing og strid mellom partia om makta ikkje til å unngå. Men dette vil seia at massane sjølve kvittar seg med moglege mistak og illusjonar gjennom si eiga politiske røynsle, (*uro*) og ikkje gjennom meldingar frå ministrar som syner til det dei sa i går, det dei vil skriva i morgon og det dei vil lova i overmorgon. Dette, kameratar, er lättleg sett frå synsstadene til den institusjonen som den russiske revolusjonen har skapt, og som no står andsynes dette spørsmålet: Vera eller ikkje vera? Sovjeta kan ikkje halda fram med å eksistera som dei er no. Vaksne menneske, arbeidarar og bønder, skal komma saman for å vedta resolusjonar og høyra på meldingar som ikkje kan underleggjast noko slags stadfesting gjennom dokument! Ein institusjon som sovjeta er ein overgang til ein republikk som kjem til å oppretta ei stabil makt utan politi og ståande hær, ikkje berre i ord, men i handling. Det er ei makt som enno ikkje kan finnast i Vest-Europa. Utan denne makta kan den russiske revolusjonen ikkje sigra i tydinga siger over godseigarane og siger over imperialismen.

Utan denne makta kan det ikkje vera noko spørsmål om at vi kan vinna ein slik siger på eiga hand. Og dess djupare vi går i det programmet som vi vert tilrådde her, og i dei kjensgjerningane vi står andsynes, dess meir skrikande står den grunnleggjande motseiinga fram. Han som la fram meldinga og andre talarar fortel oss at den fyrste provisoriske regjeringa⁴¹ var ei dårleg regjering. Men då bolsjevikane, dei elendige bolsjevikane, sa «Ikkje noko støtte og ikkje noko tiltru til denne regjeringa», kor ofte vart vi ikkje då klaga for «anarkisme»? No seier alle at den førre regjeringa var dårleg. Men korleis skil koalisjonsregjeringa med sine nesten-sosialistiske ministrar seg frå den førre regjeringa? Har

vi ikkje fått nok snakk om program og utkast? Har vi ikkje fått nok av det? Er det ikkje på tide å koma til saka? Det er gått ein månad sidan 6. mai, då koalisjonsregjeringa vart skipa. Sjå på kjensgjerningane, sjå på det elendet som rår i Russland og andre land som er innblanda i den imperialistiske krigen. Kva er årsaka til dette elendet? Røvarnaturen til kapitalistane. Der er det verkelege anarkiet dykkar. Og dette er vedgått i offentleggjorde fråsegner, ikkje i vår avis, ikkje i noka bolsjevikavis — å langt ifrå! — men i ministeravisa *Rabotsjaja Gazeta**, som har meldt at prisane på industrikol vart heva av den «revolusjonære» regjeringa! Koalisjonsregjeringa har ikkje endra noko som helst når det gjeld dette. Vi vert spurde om sosialismen let seg innføra i Russland, og om det allment sett går an å gjera radikale endringar med ein gong. Dette er tomt snakk alt saman, kameratar. Læra til Marx og Engels, som dei alltid forklåra sjølve, seier: «Læra vår er ikkje eit dogme, men ei rettleiing til handling.» Ingen stad i verda finst det rein kapitalisme som utviklar seg til rein sosialisme, og ikkje kan det finnast i krigstid. Men det finst noko imellom, noko nytt og ukjent til no, av di hundretals millionar menneske som har vorte innblanda i den kriminelle krigen mellom kapitalistane, held på missa livet. Det er ikkje spørsmål om å lova reformar — det er berre snakk. Det er eit spørsmål om å ta dei stega vi treng no.

Om de vil snakka om «*revolusjonært*» demokrati, då må de skilja dette omgrepet frå *reformist*demokrati under eit kapitalistisk ministerium, for no er det på høg tid å slutta å snakka om «*revolusjonært* demokrati» og dela ut innbyrdes gratulasjonar om «*revolusjonært* demokrati». No må vi gå vidare med ein *klassedefinisjon*, slik vi har lært det av marxismen og den vitskaplege sosialismen i det heile. Det det vert gjort framlegg om, er at vi skal gå over til *reformist*demokrati under eit kapitalistisk ministerium. Det er kan henda vel og bra sett ut

* *Rabotsjaja Gazeta* — sjå note 35. — Red.

frå dei vanlege vest-europeiske førebileta. Men i dag er fleire land på randa til å verta øydelagde, og vi kan tydeleg sjå dei praktiske åtgjerdene som førre talar, post- og telegrafministeren, sa var for innfløkte til å setja lett ut i livet og som trong særskild utarbeiding. Han sa at det ikkje fanst noko politisk parti i dag som hadde sagt seg reie til å ta makta fullstendig. Eg svarar: «Jo, det er det. Ikkje noko parti kan nekta å gjera det, og partiet vårt gjer det sanneleg ikkje. Det er reie til å ta over makta fullstendig når som helst.» (*Applaus og lått.*) De kan le så mykje de vil, men om ministeren stiller oss andsynes dette spørsmålet side om side med eit høgreparti, kjem han til å få eit høveleg svar. Ikkje noko parti kan nekta dette. Og i ei stund då fridomen framleis rår, då trugsmål om arrestasjon og eksil til Sibir — trugsmål frå dei kontrarevolusjonære som dei nesten-sosialistiske ministrane våre deler regjeringa med — framleis ikkje er meir enn trugsmål, seier alle parti: Gje oss dykkar tiltru, og vi skal gje dykk programmet vårt.

Dette programmet vart fastsett av konferansen vår 29. april*. Ulukkelegvis vert det oversett og ikkje nytta som rettleiing. Det ser ut til å trengja ei folkeleg framlegging. Eg skal prøva å gje post- og telegrafministeren ei folkeleg framlegging av resolusjonen vår og programmet vårt. Med omsyn til den økonomiske krisa er programmet vårt å krevja at alle dei eventyrlege profitane — heilt oppe i 500 og 800 prosent — vert offentleggjorde med ein gong, det treng ikkje utsettjast. Dette er profittar som kapitalistane tek inn på krigsforsyningar, og ikkje som kapitalistar i den opne marknaden under den «reine» kapitalismen. Her er det at arbeidarkontrollen er naudsynt og mogleg. Dette er ei åtgjerd som de, om de kallar dykk «revolusjonære» demokratar, burde gjennomføra i namnet til kongressen, ei åtgjerd som let seg gjennomføra på flekken. Det er ikkje sosia-

* Den 7. allrussiske konferansen til RSDAP(b), Aprilkonferansen, vart halden i Petrograd, 24.—29. april 1917.—*Red.*

lisme. Det er å opna augo på folk for det verkelege anarkiet og det verkelege spelet med imperialismen, spelet med egedomen til folket, med hundretusentals liv som kjem til å vera mista i morgon av di vi held fram og kve-ler Hellas. Gjer profittane til kapitalistane offentlege, arrester femti eller hundre av dei største millionæra. Berre hald dei i varetekt nokre veker, sjølv om det er i same privilegerte vilkår som Nikolai Romanoff vert hal-den i, rett og slett for å få dei til å avsløra dei løynde mekanismene, svindelpraksisen, skiten og grådigska-pen som sjølv under den nye regjeringa kostar landet tusenar og millionar kvar dag. Det er hovudårsaka til anarkiet og elendet. Det er grunnen til at vi seier at alt framleis er ved det gamle, at koalisjonsregjeringa ikkje har endra noko som helst og berre lagt til ein haug kunngjeringar, høgtflygande fråsegner. Kor oppriktige folk enn er, kor oppriktig dei enn vil det arbeidande fol-ket vel, så har ikkje tilhøva endra seg — *den same klas-sen* er framleis ved makta. Politikken dei fylgjer er ik-kje ein demokratisk politikk.

De snakkar til oss om «demokratisering av den sen-trale og lokale makta». Veit de ikkje at desse orda berre er noko nytt i Russland, og at nesten-sosialistiske mini-strar i dusinvis andre stader har gjeve landa sine liknan-de lovnader? Kva er dei verd når vi står andsynes den verkelege konkrete kjensgjerninga at sjølv om folkeset-naden vel styresmaktene lokalt, så vert dei grunnleg-gjande prinsippa i demokratiet krenkte av dei sentrale styresmaktene som krev retten til å peika ut eller god-kjenna dei lokale styresmaktene! Kapitalistane plyn-drar framleis egedomen til folket. Den imperialistiske krigen held fram. Og likevel vert vi lova reformar, re-formar og fleire reformar, som under desse omstenda ikkje let seg gjennomføra i det heile, av di krigen knuser og avgjer alt. Kvifor er de usamde med dei som seier at krigen *ikkje* vert ført om kapitalistisk profitt? Kva er kriteriet? Det er framfor alt kva for klasse som er ved makta, kva for klasse som framleis er herre, kva for

klasse som framleis gjer hundretusentals med millionar på bank- og finansoperasjonar. Det er den same kapitalistklassen, og krigen er difor framleis imperialistisk. Korkje den fyrste provisoriske regjeringa eller regjeringa med dei nesten-sosialistiske ministrane har endra nokon ting. Dei løynlege avtalane er framleis løynlege. Russland slåst for Streta, slåst for å halda fram med Ljakov sin politikk i Persia⁴² osv.

Eg veit de ikkje ynskjer dette, at dei fleste av dykk ikkje ynskjer det og at ministrane ikkje ynskjer det, for ikkje nokon kan ynskja det når det vil seia at hundretals millionar menneske vert slakta. Men sjå på den offensiven som miljukovane og maklakovane* snakkar så mykje om no. Dei veit vél kva han inneber. Dei veit han er knytta til maktspørsmålet, til spørsmålet om revolusjonen. Vi får høyra at vi må skilja mellom politiske og strategiske spørsmål. Det er lättleg å reisa dette spørsmålet i det heile. Kadettane** forstår utmerkt godt at spørsmålet det står om er politisk.

Det er bakvasking å seia at den revolusjonære striden som har teke til nedanfrå kunne føra til ein særskild fredsavtale. Det fyrste steget vi skulle ta om vi hadde makta, ville vera å arrestera alle dei største kapitalistane og klippra av alle trådane i intrigane deira. Utan dette vert alt snakk om fred utan anneksjonar og skadebøter heilt meiningslaust. Det andre steget vårt ville bli å kunngjera for alt folket over hovudet på regjeringane deira at vi ser på alle kapitalistar som røvarar — Teresjtsjenko, som ikkje er eit hår betre enn Miljukov, berre litt mindre dum, dei franske kapitalistane, dei britiske kapitalistane og alle dei andre.

Dykkar eige *Izvestia*⁴³ har rota seg vekk, og gjer framlegg om status quo i staden for fred «utan anneksjonar» og skadebøter. Det vi meiner med fred «utan

* Sjå *Miljukov* og *Maklakov* i personregisteret bak. — *Red.*

** *Kadettane* — sjå note 11. — *Red.*

anneksjonar» er noko anna. Sjølv bondekongressen* kjem sanninga nærare når han snakkar om ein «føderal» republikk, og med det uttrykkjer den tanken at den russiske republikken ikkje ynskjer å underkua nokon nasjon, verken på den nye eller den gamle måten, og ikkje å bruka tvang mot nokon nasjon, verken Finland eller Ukraina. Krigsministeren prøver det han kan å finna feil ved både desse nasjonane, og det vert skapt utillatelege og utolelege samanstøytar med dei. Vi vil ha ein einskild og udelt russisk republikk med ei fastrådd regjering. Men ei fastrådd regjering kan berre verta tryggja av alle dei folka det gjeld. «Revolusjonært demokrati» er store ord, men dei vert nytta om ei regjering som gjennom småleg jakt på feil kompliserer spørsmålet om Ukraina og Finland, som ikkje ein gong ynskjer å riva seg laus. Dei seier berre: «Ikkje vent med å ta i bruk dei grunnleggjande prinsippa i demokratiet til den grunnlovsgjevande forsamlinga er kalla saman!»

Ein fredsavtale utan anneksjonar og skadebøter kan ikkje verta slutta før de har gjeve avkall på dykkar eigne anneksjonar. Det er lättleg, ein komedie, kvar arbeidar i Europa ler av oss og seier: De har svært gode talegåver og oppmodar folket til å styrta bankierane, men dykkar eigne bankierar sender de opp i ministeriet. Arrester dei, avslør knepa deira, skaff dykk greie på dei løynde mekanismane! Men det gjer de ikkje, endå de har mektige organisasjonar som ikkje let seg motstå. De har gått gjennom 1905 og 1917. De veit at revolusjonen ikkje kjem sydd etter mål, at revolusjonar i andre land vart gjorde på den harde og blodige måten, med opprør, og i Russland er det inga gruppe, ingen klasse, som ville stå mot sovjetmakta. I Russland kan denne revolusjonen, som eit unntak, verta fredeleg. Om denne revolusjonen gjorde framlegg om fred til alle folka i dag eller i morgon, ved å bryta med alle kapitalistklassane, ville både Frankrike og Tyskland, det vil seia fol-

* *Bondekongressen* — sjå note 38. — *Red.*

ka der, godta det svært snart, for desse landa held på å gå under fordi stillinga til Tyskland er vonlaus av di ho ikkje kan berga seg sjølv og av di Frankrike — (*Ordstyraren: «Tida er ute!»*)

Eg er ferdig om ein halv minutt. (*Uro. Oppmodingar frå tilhøyrarane om at talaren skal halda fram. Protestar og applaus*)

(*Ordstyraren: «Eg melder til kongressen at ordstyrar-bordet gjer framlegg om at taletida vert utvida. Er det nokon som er usamd? Fleirtalet er for utviding.»*)

Eg stogga ved det punktet at om dei revolusjonære demokratane i Russland var demokratar i gjerning og ikkje berre i ord, ville dei fremja revolusjonen og ikkje gjera kompromiss med kapitalistane, ikkje snakka om fred utan anneksjonar og skadebøter, men avskaffa anneksjonane til Russland, og kunngjera kort og greit at dei ser på alle anneksjonar som brotsverk og røvargjeringar. Då ville det vera råd å unngå den imperialistiske offensiven som trugar tusentals og millionar menneske med dauden i samband med delinga av Persia og Balkanlanda. Då ville vegen til fred vera open, ikkje ein lett veg — vi seier ikkje at han er lett — og ein veg som ikkje hindrar ein verkeleg revolusjonær krig.

Ví stiller ikkje dette spørsmålet slik Bazarov gjer i *Novaja Zjizn*⁴⁴. Alt vi seier er at Russland er sett i ei slik stilling at oppgåvene hennar ved slutten av den imperialistiske krigen er lettare enn det ein kunne ha venta, og den geografiske stillinga hennar er slik at alle makter ville ha ein stri tårn framfor seg, om dei våga å bruka kapital og røvarinteressene sine og våga å reisa seg mot den russiske arbeidarklassen og halvproletariatet som er knytt til arbeidarklassen, dvs. dei fattige bøndene. Tyskland står på randa av nederlag, og etter at USA gjekk inn i krigen av di ho vil sluka Mexico, og truleg går til kamp mot Japan i morgon, har stillinga til Tyskland vorte vonlaus, Tyskland kjem til å verta knust. Frankrike, som lid meir enn dei andre på grunn av den geografiske stillinga si og som er så utmatta at det går

mot grensa for kva det kan tola — dette landet har ikkje svolte så mykje som Tyskland, men det har mist uendeleg fleire folk enn Tyskland. Om no det fyrste steget var å innskrenka profitten til dei russiske kapitalistane og ta frå dei all utveg til å håva inn hundretals millionar i profitt, og om de så gjorde framlegg til *alle* nasjonar om ein fredsavtale som var beinveges retta mot kapitalistane i *alle* land, og kunngjorde ope at de ikkje vil vera med på noko slags forhandlingar eller samband med dei tyske kapitalistane og med dei som hjelper dei omveges eller beinveges eller som har med dei å gjera, og at de nektar å snakka med dei franske og britiske kapitalistane, då ville de handla slik at dei vart dømde i augo på arbeidarane. Då ville de ikkje sjå på det som ein siger at det er blitt delt ut eit pass til MacDonald⁴⁵, ein mann som aldri har ført revolusjonær strid mot kapitalen, og som får løyve til å koma av di han aldri har uttrykt tankane, prinsippa, praksisen eller røynsla til den revolusjonære striden mot dei britiske kapitalistane. Det er denne striden som kameraten vår, MacLean, og hundretals andre britiske sosialistar sit i fengsel for, og som kameraten vår, Liebknecht, er sperra inne i eit fengsel for av di han sa: «Tyske soldatar, skyt på keisaren dykkar!»

Ville det ikkje vera rettare å døma dei imperialistiske kapitalistane til den fengselsstraffa som dei fleste av medlemmene i den provisoriske regjeringa i ein kvikt oppattskipa tredje дума — sanneleg om eg veit om det er den tredje eller den fjerde думаen — dagleg førebur for oss og lovar oss, og som det nye justisministeriet alt set opp nye lovar for? MacLean og Liebknecht — det er namn på sosialistar som set om tanken om revolusjonær strid mot imperialismen til praksis. Det er det vi må seia til alle regjeringar om vi vil slåst for fred. Vi må døma dei framfor folket. Då set de alle dei imperialistiske regjeringane i ei vanskeleg stode. Men no har de rota til stillinga for dykk sjølve ved å retta fredsmåfestet av 14. mars⁴⁶ til folket og seia: «Styrt tsarane

dykkar, kongane og bankierane!», medan vi som har ein organisasjon som er makelaus i tal, røynsle og materiell styrke, sovjeta av representantar for arbeidarane og soldatane, går inn i ein blokk med bankierane, opprettar ein koalisjon, ei nesten-sosialistisk regjering, og strekar opp reformar av det slaget som er blitt streka opp i Europa i fleire tiår. Folk der i Europa ler av ein slik fredsstrid. Der kjem dei berre til å skjøna det når sovjeta tek makta og handlar på revolusjonært vis.

Berre eit land i verda kan i denne stunda ta seg for å stogga imperialistkrigen i klassemålestokk, rett i synet på kapitalistane og utan ein blodig revolusjon. Berre eit land kan gjera det, og det landet er Russland. Og Russland kjem til å halda fram med å vera det einaste, så lenge sovjetet av arbeidar- og soldatrepresentantar finst. Sovjetet kan ikkje finst for lang tid side om side med ei provisorisk regjering av den vanlege sorten. Sovjetet kjem til å halda fram å vera til berre til offensiven vert teken. Offensiven vert eit vendepunkt i heile politikken for den russiske revolusjonen. Det vil seia at han vert ein overgang frå å venta, frå å rydda veg for freden ved hjelp av ein revolusjonær oppstand nedanfrå, til at krigen vert sett i gang att. Den vegen som opna seg var overgangen frå fraternisering* på ein front, til fraternisering på alle frontar, frå spontan fraternisering — som å byta ei brødskorpe med ein svolten tysk arbeidar for ein pennekniv, som kan straffast med fengsel — til medviten fraternisering.

Når vi tek makta i våre eigne hender skal vi leggja band på kapitalistane, og då kjem ikkje krigen til å vera *den slags krig* som vert ført no, av di innhaldet i ein krig vert avgjort ved kva for klasse som fører han, ikkje av det som står skrive på papir. De kan skriva kva de vil på papir. Men så lenge kapitalistklassen har fleirtal i regjeringa, er krigen framleis ein imperialistisk krig same kva de skriv, same kor veltalande de er, same kor man-

* *Fraternisering* — broderlig samkvem (med fiendar) — *Red.*

ge nesten-sosialistiske ministrar de har. Alle veit det, og alle kan sjå det. Og tilfella Albania, Hellas og Persia⁴⁷ har synt dette så tydeleg og klårt at eg er overraska over at alle går til åtak på den skrivne kunngjeringa vår om offensiven⁴⁸, uten at nokon seier eit ord om konkrete tilfelle! Det er lett å lova lover, men konkrete åtgjerder vert utsette omatt og omatt. Det er lett å skriva ei kunngjering om fred utan anneksjonar, men hendingane i Albania, Hellas og Persia gjekk føre seg *etter* at koalisjonsregjeringa vart skipa. Det var trass alt *Djelo Naroda*⁴⁹, ikkje eit organ for partiet vårt, men eit regjeringsorgan, eit ministerorgan, som sa at det er det russiske demokratiet som vert utsett for denne audmykinga, og at Hellas vert kvelt. Og nett denne same Miljukov, gud veit kven de trur han er, endå han er ein heilt alminnelig medlem av partiet sitt — Teresjtsjenko skil seg ikkje frå han på noko vis — skreiv at det presset som vert retta mot Hellas, kjem frå diplomatar for dei allierte. Kri-gen er framleis ein imperialistisk krig, og kor mykje de enn ynskjer fred, kor oppriktig velviljen dykkar andsynes det arbeidande folket og fredsynskjet dykkar enn er — eg er heilt ut overtydd om at det i det store og heile må vera oppriktig — er de makteslause, for det kan berre verta ende på krigen ved å føra revolusjonen vidare. Då revolusjonen tok til i Russland, tok ein revolusjonær strid for fred nedanfrå òg til. Om de tok makta i hendene dykkar, om makta skulle gå til dei revolusjonære organisasjonane for å verta nytta til å slåst mot dei russiske kapitalistane, då ville det arbeidande folket i sume land tru på dykk, og de kunne gjera framlegg om fred. Då ville freden vår i det minste vera sikra frå to sider, av dei to nasjonane som vert tappa tome for blod og som står stilt utan von — Tyskland og Frankrike. Og om omstenda då tvinga oss til å føra ein revolusjonær krig — ein veit aldri, og vi ser ikkje bort frå at det kan skje — ville vi seia: «Vi er ikkje pasifistar, vi gjev ikkje avkall på krigen når den revolusjonære klassen er ved makta og verkeleg har teke frå kapitalistane høvet til å

verka inn på sakene på nokon måte, til å forverra det økonomiske kaoset som sette dei i stand til å tena hundretals millionar.» Den revolusjonære regjeringa ville forklåra til absolutt alle nasjonar at alle nasjonar må vera frie, og at nett som den tyske nasjonen ikkje må slåst for å halda på Alsace og Lorraine, så må den franske nasjonen la vera å slåst for koloniane sine. For samstundes med at Frankrike slåst for koloniane sine, har Russland Khiva og Bokhara, som også er ein slags koloniar. Så tek oppdelinga av koloniane til. Og korleis skal dei verta delte? På kva grunnlag? Etter styrke. Men styrken har endra seg. Kapitalistane er i ei stode der einaste utvegen deira er krig. Når de overtek den revolusjonære makta, så ville de ha ein revolusjonær måte å tryggja freden på, nemleg ved å venda ei revolusjonær oppmoding til alle nasjonar og forklåra taktikken dykkar ved dykkar eige føredøme. Då ville vegen til ein fred som var tryggja på revolusjonært vis liggja open for dykk, og de ville høgst sannsynleg vera i stand til å unngå dauden for hundre-tusentals av menneske. Då kunne de vera visse på at folket i Frankrike og Tyskland ville ta avgjerd til føremøn for dykk. Når det gjeld dei britiske, amerikanske og japanske kapitalistane, så ville dei, sjølv om dei ynskte ein krig mot den revolusjonære arbeidarklassen — og styrken deira kjem til å veksa og tidobla seg så snart kapitalistane er lagde i band og avli-va og kontrollen er gått over i hendene på arbeidarklassen — sjølv om dei amerikanske, britiske og japanske kapitalistane ynskte ein krig, er sjansen hundre mot ein på at dei ikkje ville vera i stand til å føra han. For å tryggja freden treng de berre kunngjera at de ikkje er pasifistar, at de vil verja republikken, demokratiet til arbeidarane, til proletariatet, mot tyske, franske og andre kapitalistar.

Det er grunnen til at vi legg slik grunnleggjande vekt på kunngjeringa vår om offensiven. Stunda er kome til ei radikal vending i heile saga til den russiske revolusjonen. Då den russiske revolusjonen tok til, fekk han

hjelp frå det imperialistiske borgarskapet i Storbritannia som innbilte seg at Russland var noko slikt som India eller Kina. Likevel, side om side med ei regjering der godseigarane og kapitalistane no har fleirtal, voks sovjeta fram, ein representativ institusjon utan like eller føredøme nokon stad i verda i styrke, ein institusjon som de drep ved å delta i eit koalisjonsministerium med borgarskapet. I røynda har den russiske revolusjonen gjort at revolusjonær strid nedanfrå mot dei kapitalistiske regjeringane er velkome over alt, i alle land, med tre gonger så mykje velvilje som før. Spørsmålet dreier seg om å gå fram eller rykka attende. Ingen kan stå still under ein revolusjon. Det er grunnen til at offensiven er ei vending i den russiske revolusjonen, i den politiske og økonomiske tydinga heller enn i den strategiske. Ein offensiv no vil seia framhald av den imperialistiske slaktinga og dauden til hundre-tusenvis, til millionar av menneske — objektivt, utan omsyn til viljen eller medvitet til den eine eller den andre ministeren, med det som mål å kvela Persia og andre veike nasjonar. Om makta vert overført til det revolusjonære proletariatet, med støtte frå bøndene, vil det seia å gå over til revolusjonær strid for fred i dei tryggaste, minst pinefulle formene som nokon gong har vore kjende for manneætta, ein overgang til ein tilstand som vil tryggja sigeren og makta for dei revolusjonære arbeidarane i Russland og i heile verda. (*Applaus frå ein del av tilhøyrarane*)

Pravda nr. 82 og 83,
28. og 29. juni (15. og 16.)
1917

Prenta etter *Pravda*-teksten
sjekka mot det ordrette
referatet som var
redigert av Lenin

OM SLAGORD

Altfor ofte er det hendt at når saga har gjort ei kvass vending, så har til og med progressive parti vore ute av stand til å innretta seg etter den nye stoda, og har teke opp att slagord som var rette før, men som no hadde mist all meining — mist ho like «brått» som den kvasse snunaden i saga var «brå».

Noko liknande kjem truleg til å henda opp att i samband med slagordet som krev at all statsmakta skal verta overført til sovjeta. Slagordet var rett i ein periode av revolusjonen vår — lat oss seia frå 24. februar til 4. juli — som no er forbi og ikkje kan kallast attende. No er det heilt klårt ikkje rett lenger. Om ikkje dette vert forstått, er det uråd å skjøna noko av dei brennande spørsmåla i dag. Kvart særskilt slagord må verta avleid frå heilskapen av konkrete drag ved ein avgrensa politisk situasjon. Og den politiske situasjonen i Russland no, etter 4. juli, skil seg kraftig frå stoda mellom 27. februar og 4. juli.

I den perioden i revolusjonen som no er forbi, fanst den såkalla «dobbeltmakta» i landet, som både materielt og formelt uttrykte at tilstanden til statsmakta var uavgjord og i overgang. Lat oss ikkje gløyma at spørsmålet om makta er det grunnleggjande spørsmålet i alle revolusjonar.

Den gongen var statsmakta ustabil. Ho var delt, etter friviljug samtykkje, mellom den provisoriske regjeringa og sovjeta. Sovjeta var delegasjonar får massen av frie — dvs. ikkje underkasta ytre underkuing — og væpna

arbeidarar og soldatar. Det som *verkeleg var viktig* var at våpna var i hendene på folket, og at det ikkje var nokon tvang mot folket utanfrå. Det var det som opna for og tryggja ein fredeleg veg for frammarsjen til revolusjonen. Slagordet «All makt må verta overført til sovjeta» var eit slagord for neste steg, det steget som kunne gjennomførast med ein gong, i den fredelege utviklingsvegen. Det var eit slagord for den fredelege utviklinga av revolusjonen, som var mogleg og sjølvsaft særskjeleg mellom den 27. februar og den 4. juli, men som no er alldeles umogleg.

Det ser ut til at ikkje alle dei som stør slagordet «All makt må verta overført til sovjeta» har tenkt nok over at det var eit slagord for den fredelege frammarsjen til revolusjonen — fredeleg ikkje berre i den forstand at ingen, ingen klasse, ingen styrke som har noko å seia, ville då (mellom 27. februar og 4. juli) ha vore i stand til å stå mot og hindra at makta vart overført til sovjeta. Det er ikkje alt. Då ville fredeleg utvikling ha vore mogleg til og med i den forstand at striden mellom klassar og parti *innanfor* sovjeta kunne ha fått ei særskjeleg og pinefri form, føresett at heile statsmakta hadde gått over til sovjeta i god tid.

Den sistnemnde sida ved saka har på same vis enno ikkje fått nok merksemd. I classesamansetjing var sovjeta organ for rørsle til arbeidarane og bøndene, ei ferdiglagd form for diktaturet deira. Om dei hadde fått statsmakta heilt ut, ville den viktigaste skorten ved dei småborgarlege gruppene, hovudsynda deira, som er at dei lit på kapitalistane, verkeleg vore overvunnen. Denne skorten ville ha vore kritisert gjennom røynsla frå deira eigne åtgjerder. Skiftet av klassar og parti ved makta kunne ha gått fredeleg føre seg innanfor sovjeta, føresett at sovjeta heldt makta åleine og udelt. Kontakten mellom alle sovjetpartia og folket kunne framleis ha vore stø og uskadd. Ein må ikkje gløyma ein einaste augneblink at berre slik nær kontakt mellom sovjetpartia og folket, som voks fritt i utbreiing og djupn, kunne

ha gjort det mogleg på fredeleg vis å verta kvitt illusjonen om småborgarleg kompromiss med borgarskapet. Maktoverføringa til sovjeta korkje ville eller kunne i seg sjølv ha endra det innbyrdes tilhøvet mellom klassane. Det ville ikkje på noko vis ha endra den småborgarlege naturen til bøndene. Men det ville ha teke eit stort og tidhøveleg steg i lei av å skilja bøndene frå borgarskapet, og føra dei nærare arbeidarane og så mot sameining med dei.

Det er det som kunne ha hendt dersom makta hadde gått til sovjeta i rette tid. Det ville ha vore den lettaste og den mest tenlege hendingsgangen for folket. Denne hendingsgangen ville ha vore den minst pinefulle, og derfor var det naudsynt å slåst særskild kraftig for han. Men no er denne striden, striden for den tidhøvelege maktoverføringa til sovjeta, slutt. Ein fredeleg utviklingsgang er vorten uråd. Ein ikkje-fredeleg og særskild pinefull hendingsgang har teke til.

Vendepunktet den 4. juli var nett ei drastisk endring i den objektive stoda. Den ustøtte tilstanden for statsmakta var slutt. I den avgjerande stunda gjekk makta over i hendene på kontrarevolusjonen. Utviklinga i partia på grunnlag av samarbeidet mellom dei småborgarlege partia, dei sosialrevolusjonære* og mensjevikane, og dei kontrarevolusjonære kadettane**, hadde ført til ei stode der både desse småborgarlege partia i røynd har vorte deltakarar og hjelpesmenn i kontrarevolusjonær nedslakting. Etter som partistriden utvikla seg, førte den blinde tiltrua som småborgarskapet synte kapitalistane, til at småborgarskapet med overlegg stødde dei kontrarevolusjonære. Utviklinga av partitilhøva har gått sirkelen rundt. Den 27. februar stod alle partia saman mot monarkiet. Etter 4. juli har det kontrarevolusjonære borgarskapet hand i hand med monarkistane

* *Dei sosialrevolusjonære* — sjå note 3 — *Red.*

** *Kadettane* — sjå note 11 — *Red.*

og dei svarte hundre * sikra seg støtte frå dei småborgarlege sosialrevolusjonære og mensjevikanane til dels ved å skremma dei, og gitt over den verkelege statsmakta til cavaignacane**, militærbanden som skyt ulydige soldater ved fronten og knuser bolsjevikanane i Petrograd.

Slagordet som oppmoda om overføring av statsmakta til sovjeta, ville no verka don quijotisk*** eller hånande. de. Objektivt ville det vera å narra folket. Det ville vera å fostra den villfaringa i dei at det til og med *no* er nok for sovjeta å ynskja å ta makta eller gjera eit slikt vedtak, for at makta skal koma til dei, at det framleis finst parti i sovjeta som ikkje er vortne utskjemde ved å hjelpa slaktarane, at det er mogleg å gå attende på det som er hendt.

Det ville vera eit djupt mistak å tru at det revolusjonære proletariatet kunne «nekt» å stø dei sosialrevolusjonære og mensjevikanane mot kontrarevolusjonen for å «hemna» seg, om ein så kan seia, for den støtta dei gav til å knusa bolsjevikanane, til å skyta soldatar ved fronten og avvæpna arbeidarane. For det fyrste ville dette vera å bruka spissborgarlege moraloppfatningar på proletariatet (for *når det gagnar saka* vil proletariatet alltid ikkje berre stø det vaklande småborgarskapet, men til og med storborgarskapet). For det andre — og det er det som er viktig — ville det vera ein spissborgarleg freist-

* *Dei svarte hundre* — monarkistiske stormtroppar som politiet til tsaren sette opp for å kjempa ned den revolusjonære rørsle. Reaksjonære godseigarar, prestar og halvkriminelle spela ei viktig rolle i organisasjonen, som myrda revolusjonære og progressive intellektuelle og organiserte antijødiske pogromer. — *Red.*

** *Cavaignacane* — syner til Louis Cavaignac, republikkanar som slo ned 1848-revolusjonen i Frankrike med militærmakt i eit 4-dagars blodbad. — *Red.*

*** *Don Quijote* — Helt i roman av den spanske forfattaren Cervantes, nemninga vert nytta om drøymarar og fantasar som naivt og utan å lukkast fristar å kalla attende forelda ideal. — *Red.*

nad på å dekkja til det politiske innhaldet i stoda ved å «moralisera».

Den politiske kjernen er at makta ikkje lenger kan takast fredeleg. Ein kan få henne berre ved å vinna ein avgjerande strid mot dei som i røynda har makta i augneblinken, nemleg militærbanden, cavaignacane, som lit på dei reaksjonære hærstyrkane som er førte til Petrograd, og på monarkistane og kadettane for støtte.

Kjerneinnhaldet i stoda er at desse nye statsmaktshaldarane berre kan verta slått av dei revolusjonære massane, som for å koma i rørsle ikkje berre må vera leidd av proletariatet, men òg må venda partia til dei sosialrevolusjonære og mensjevikane ryggen, dei som har svike revolusjonens sak.

Dei som fører inn spissborgarmoral i politikken, tenkjer som så: lat oss gå ut frå at dei sosialrevolusjonære og mensjevikane gjorde eit «mistak» då dei stødde cavaignacane, som avvæpnar proletariatet og dei revolusjonære regimenta. Likevel må dei få høve til å «retta opp mistaket» sitt. Ein «bør ikkje gjera det vanskeleg» for dei å retta opp «mistaket». Ein må gjera det lettare for småborgarskapet å snu attende til arbeidarane. Slik tankegang ville vera barnsleg godtruen eller rett og slett dum, om det ikkje var å narra arbeidarane på ny. For om dei småborgarlege massane snudde attende til arbeidarane, ville det seia, og det kunne berre seia, at desse massane hadde vendt dei sosialrevolusjonære og mensjevikane ryggen. Det sosialrevolusjonære partiet og mensjevikpartiet kunne no retta opp «mistaket» sitt berre ved å fordøma Tsereteli, Tsjernov, Dan og Rakitnikov som hjelpesmenn for slaktarane. Vi er heilt og vilkårslaust for at «mistaket» deira vert «retta opp» på denne måten ...

Vi sa at det grunnleggjande spørsmålet i revolusjonen er spørsmålet om makta. Vi må leggja til at det er revolusjonane som syner oss på kvart einaste steg korleis spørsmålet om *kvar* den faktiske makta ligg vert tildekkja, og som avslører skiljet mellom formell og verkeleg

makt. Det er eit av hovudkjenneteikna på alle revolusjonære periodar. Det var ikkje klårt i mars og april 1917 om den verkelege makta låg i hendene på regjeringa eller sovjetet.

Men no er det særskilt viktig at klassemedvitne arbeidrarar ser det grunnleggjande spørsmålet i revolusjonen nøkternt i augo, nemleg, kven held statsmakta nett no? Tenk over dei materielle uttrykksformene for statsmakta, ikkje ta feil av ord og gjerningar, og de vil ikkje ha noko problem med å finna svaret.

Friedrich Engels skreiv ein gong at staten fyrst og fremst er formasjonar av væpna menn med materielle hjelperåder, slik som fengsel*. No er det kadettane og dei reaksjonære kosakkane som er blitt førte særskild til Petrograd, det er dei som held Kamenev og dei andre fengsla, som stengde *Pravda*, som avvæpna arbeidara og ein viss del av soldatane, som skyt ned ein like viss del av soldatane, og som skyt ned ein like viss del av styrkane i hæren. Desse slaktarane er den verkelege makta. Tsereteliane og tsjernovane er ministrar utan makt, marionettministrar, leiarar for parti som stør nedslaktinga. Det er ei kjensgjerning. Og den kjensgjerninga vert ikkje mindre sann fordi om Tsereteli og Tsjernov sjølve truleg ikkje «samtykkjer» i nedslaktinga, eller av di avisene deira feigt seier dei ikkje vil ha noko med det å gjera. Slike skifte i politiske klesdrakter endrar ikkje noko ved innhaldet.

Avisa til 150 000 røystarar i Petrograd er vorten stengd. Dei militære kadettane drap arbeidaren Voinov den 6. juli av di han bar *Listok «Pravdy»* ut frå prenteverket. Er ikkje det slaktarverk? Er ikkje det handverket til cavaignacane? Men korkje regjeringa eller sovjeta har «skulda» for dette, seier dei kan henda.

* Sjå Friedrich Engels: *Opphavet til familien, privateigedomen og staten* (1884) — Red.

Dess verre for regjeringa og sovjeta, svarar vi. For det vil seia at dei berre er pyntefigurar, dokker, og at den verkelege makta ikkje ligg i hendene deira.

Fyrst og fremst og framfor alt må folk få vita *sanninga* — dei må få vita kven som verkeleg har statsmakta. Folket må få vita heile sanninga, nemleg at makta ligg i hendene på ein militærklikk med cavaignacar (Keren-ski, visse generalar osb.) som vert støtta av borgarklassen med kadettpartiet i brodden, og av alle monarkistane, som handlar gjennom svartehundre-avisene, *Novoje Vremja*, *Zjivoje Sovo*⁵⁰ osb., osb.

Den makta må verta styrta. Om ikkje dette vert gjort, er alt snakk om å slåst mot kontrarevolusjonen berre tomt snakk, «sjølvnarring og narring av folket».

Den makta vert no støtta både av tsereteliane og tsjernovane i kabinettet og av partia deira. Vi må forklåra for folket den slaktarrolla dei spelar og at ein slik «finale» ikkje var til å unngå etter «mistaka» deira den 21. april, 5. mai, 9. juni og 4. juli og etter at dei hadde samtykt i offensivpolitikken, ein politikk som gjekk ni tidelar av vegen i å avgjera sigeren på førehand for cavaignacane i juli.

Alt agitasjonsarbeid i folket må verta omorganisert for å tryggja at det tek omsyn til den konkrete røynsla i denne revolusjonen, og særskilt i julidagane, dvs. at agitasjonen må peika klårt på den faktiske fienden til folket, militærklikken, kadettane og dei svarte hundre, og at han avgjort avslører dei småborgarlege partia, det sosialrevolusjonære partiet og mensjevikpartiet, som spela rolla som hjelpesmenn for slaktarane.

Alt agitasjonsarbeid i folket må verta omorganisert for å gjera det klårt at det er aldeles vonlaust å venta at bøndene skal få jord så lenge makta til militærklikken ikkje er styrta, og så lenge det sosialrevolusjonære partiet og mensjevikpartiet ikkje er avslørte og fråtekne til liten til folket. Det ville vera ein sær lang prosess som ville røyna hardt på under dei «normale» vilkåra for kapitalistisk utvikling, men både krigen og det økono-

miske kaoset kjem til å setja uhorveleg fart i han. Dei er «gasspedalar» som kan gjera ein månad, eller til og med ei veke, like lang som eit år.

To innvendingar kan ein kan henda setja fram mot det som her er sagt. For det fyrste at å snakka no om ein avgjerande strid, er å oppmuntra tilfeldig handling, som berre ville vera til føremon for kontrarevolusjonen, og for det andre at å styrta dei, ville framleis seia å overføra makta til sovjeta.

Som svar på den fyrste innvendinga seier vi: Arbeidarane i Russland er alt klassemedvitne nok til å ikkje gje etter for provokasjon i ei stund som openbert ikkje er god for dei. Det er ikkje tvil om at om dei gjekk til handling og gjorde motstand nett no, så ville det seia å hjelpa dei kontrarevolusjonære. Det er heller ikkje tvil om at ein ny avgjerande strid berre er mogleg i fall det kjem eit nytt revolusjonært oppsving i sjølve djupet av massane. Men det er ikkje nok å snakka i allmenne vendingar om eit revolusjonært oppsving, om den stigande revolusjonsbylgja, om hjelp frå arbeidarane i Vest-Europa osb. Vi må dra ei fast slutning frå fortida vår, frå dei lærdomane vi har fått. Og det vil føra oss til slagordet om ein avgjerande strid mot dei kontrarevolusjonære, som har teke makta.

Den andre innvendinga er òg i røynda å setja argument som er for allmenne i innhald i staden for den konkrete røyndomen. Ingen, ingen styrke, kan styrta dei borgarlege kontrarevolusjonære andre enn det revolusjonære proletariatet. No, etter røynsla i juli 1917, er det det revolusjonære proletariatet som må ta over statsmakta sjølvstendig. Utan det er siger i revolusjonen *uråd*. Den einaste løysinga er at makta er i hendene på proletariatet og at fattigbøndene eller halvproletarane stør dei. Og vi har alt peika ut dei faktorane som kan setja uhorveleg fart i denne løysinga.

Sovjeta kan dukka opp i denne nye revolusjonen, og det er dei sanneleg nøydde til òg, men *ikkje*, dei sovjeta som er no, ikkje organ som samarbeider med borgar-

skapet, men organ for verkeleg revolusjonær strid mot borgarskapet. Det er sant at sjølv då kjem vi til å vera for å byggja heile staten etter sovjetmodellen. Det er ikkje spørsmål om sovjeta allment, men om å kjempa ned *denne* kontrarevolusjonen og sviket til *desse* sovjeta.

Å setja det abstrakte i staden for det konkrete er ein av dei største og fårlegaste syndane i revolusjonen. Dei noverande sovjeta har mislukkast, har lide fullstendig nederlag, av di dei er dominerte av det sosialrevolusjonære partiet og mensjevikpartiet. Nett no er desse sovjeta som sauar framfor slaktebenken, som brekar ynkeleg under kniven. *Desse* sovjeta er makteslause og hjelpelause mot den sigervisse og sigrande kontrarevolusjonen. Slagordet som krev overføring av makta til sovjeta, kunne verta tolka som ei «endefram» oppmoding om å overføra makta til desse sovjeta, og å seia det, å oppmoda om det, ville vera å narra folket. Ingen ting er fårlegare enn narring.

Utviklingssyklusen i klasse- og partistriden i Russland frå den 27. februar til 4. juli er fullstendig. Ein ny syklus tek til, ein som ikkje gjeld dei gamle klassane, ikkje dei gamle partia, ikkje dei gamle sovjeta, men klassar, parti og sovjet som er vortne unge att i stridselden, herda, skolerte og omskipa ved å stå i striden. Vi må sjå framover, ikkje bakover. Vi må operera ikkje med dei gamle, men med dei nye klasse- og partikategoriane, frå tida etter juli. Ved byrjinga av den nye syklusen må vi gå vidare frå den sigrande borgarlege kontrarevolusjonen, som sigra av di dei sosialrevolusjonære og mensjevikane gjorde kompromiss med han, og som berre kan verta slått av det revolusjonære proletariatet. Det vil sjølvsagt bli mange og ulike steg i denne syklusen, både før kontrarevolusjonen har sigra heilt ut og før dei sosialrevolusjonære og mensjevikane har lidd fullstendig nederlag (utan strid), og før eit nytt oppsving i ein ny revolusjon. Men det vert fyrst mogleg å snakka om dette seinare, ettersom kvart av desse stega vert nådd.

Skrive midt i juli 1917

Prenta etter teksten i heftet

Prenta som hefte

**i 1917 av Kronstadt-komiteen
av RSDAP (b)**

LÆRDOMANE AV REVOLUSJONEN

Kvar revolusjon tyder ei skarp vending i livet for store mengder menneske. Utan at tida er moden for ei slik vending, kan ingen røynleg revolusjon skje. Og liksom kvar vending i livet til den einskilde gjev stor lærdom og rike røynsler og set store kjensler i sving, gjev ein revolusjon eit heilt folk sær s rike og verdefulle lærdomar på kort tid.

I ein revolusjon lærer millionar og titals millionar meir på ei veke enn dei gjer på eit år med vanleg søvnig liv. For i ei tid med skarpe omsnunader i livet til heile folket, vert det særleg klårt kva mål dei ymse klassane i folket strevar imot, kva styrke dei har og kva metodar dei nyttar.

Kvar einaste klassemedviten arbeidar, soldat og bonde skulle tenkja grundig igjennom dei lærdomane den russiske revolusjonen gjev, særleg no, i slutten av juli, når det er klårt at fyrste fasen i revolusjonen vår har mislykkast.

I

Lat oss sjå kva arbeidarane og bøndene i røynda streva etter då dei gjorde revolusjon. Kva venta dei seg av revolusjonen? Som vi veit, venta dei fridom, fred, brød og jord.

Men kva ser vi no?

I staden for fridom er det gamle tyranniet no i ferd med å koma attende. Det er innført dødsstraff for soldatane ved fronten. Bøndene vert forfylgde fordi dei har eigna til seg godseigedom utan løyve. Arbeidaraviser får prenteverka sine øydelagde. Arbeidaraviser vert stengde utan lov og dom. Bolsjevikar vert sette fast, ofte utan at det er reist klagemål, eller ut ifrå openlyst oppdikta klagemål.

Den innvendinga vil kan henda koma at forfylginga av bolsjevikane ikkje er noka krenking av fridomen, for det er berre særskilde einskildmenneske som vert forfylgde, og det ut ifrå særskilde klagemål. Men ei slik innvending ville vera ei medviten og openberr lygn. For korleis kan nokon knusa prenteverk og stengja aviser for brotsverk einskildmenneske gjer, jamvel om desse brotsverka var prova og sannkjende for ein domstol? Det ville vera noko anna dersom regjeringa hadde gått lovvegen og kunngjort at heile bolsjevikpartiet, med heile straumdraget deira og alt dei står for var kriminelt. Men alle veit at regjeringa i det frie Russland ikkje kunne gjera, og heller ikkje gjorde, noko som helst slikt.

Det som særleg avslører at skuldingane mot bolsjevikane er reine bakvaskingar er at avisene til godseigarane og kapitalistane rasande skjeller ut bolsjevikane for den striden dei fører mot krigen og mot godseigarane og kapitalistane, og krev ope at bolsjevikane skal setjast fast og forfylgjast, jamvel når det ikkje er skaffa fram ei einaste skulding mot ein einaste bolsjevik.

Folket ynskjer fred. Like fullt har den revolusjonære regjeringa i det frie Russland teke til att med erobringskrigen på grunnlag av nett dei same løynelege traktatane som eks-tsar Nikolai II gjorde med dei britiske og franske kapitalistane, slik at dei russiske kapitalistane kunne få plyndra andre nasjonar. Desse løynelege traktatane er enno ikkje offentleggjorde. Regjeringa i det frie Russland har trive til utflukter, og fram til den-

ne dagen har ho enno ikkje kome med framlegg om ein rettvis fred for alle nasjonar.

Brød finst ikkje. Hungersnauda har igjen kome nær innpå. Alle ser at kapitalistane og dei rike snyt statskassa utan skruplar på krigsleveransane (krigen kostar no nasjonen femti millionar rublar dagleg), at dei hovar inn uhorvelege profittar på høge prisar, samstundes som det ikkje har vorte gjort noko som helst for å få i stand kontroll frå arbeidarane over produksjonen og fordelinga av produkta. Kapitalistane vert meir og meir skamlause for kvar dag som går. Dei kastar arbeidarar på gata, og det i ei tid då folket lid naud på grunn av alt som skortar.

Eit ovstort fleirtal av bøndene har på kongress etter kongress kunngjort høgt og tydeleg at eigedomsretten godseigarane har til jorda, er ei urettvise og røveri. I mellomtida har ei regjering som kallar seg revolusjonær og demokratisk, kunne føra bøndene kvar ho har vilja i fleire månader og narra dei med utsetjingar og lovnader. Fleire månader nekta kapitalistane minister Tsjernov å senda ut ei lov med forbod mot kjøp og sal av jord. Og då denne lova endeleg vart vedteken, sette kapitalistane i gang ein fæl bakvaskingskampanje mot Tsjernov. Den held dei framleis på med. Så skamlaust har regjeringa teke til å forsvara godseigarane, at ho har teke til å stilla bønder for retten for at dei eignar til seg jord «utan løyve».

Dei fører bøndene dit dei vil og fortel dei at dei skal venta på den grunnlovgevande forsamlinga. Men kapitalistane får stendig utsett at forsamlinga skal kallast inn. No er innkallinga etter press frå bolsjevikane sett til 30. september, og kapitalistane skrik opp om at dette er ein «umogleg» kort frist og krev at den grunnlovgevande forsamlinga skal utsetjast. Dei medlemmene som har mest å seia i kapitalist- og godseigar-partiet, «kadett»- eller «fridom for folket»-partiet, slike som Panina, går ope og sterkt inn for at den grunnlovgevande forsamlinga skal utsetjast til etter krigen.

Når det gjeld jorda, vent på den grunnlovgjevande forsamlinga. Når det gjeld den grunnlovgjevande forsamlinga, vent til krigen er slutt. Når det gjeld når krigen er slutt, vent til sigeren er fullstendig. Det er dette vi kjem fram til. Kapitalistane og godseigarane, som har fleirtalet i regjeringa, driv regelrett ap med bøndene.

II

Men korleis kunne dette henda i eit fritt land, etter at tsarregimet var styrta?

I eit land som ikkje er fritt, vert folket styrt av ein tsar og ein handfull godseigarar, kapitalistar og byråkratar som ikkje er valde av nokon.

I eit fritt land vert folket styrt berre av dei som folket sjølv har valt til det. Ved vala deler folket seg opp i parti, og som regel skipar kvar klasse i folkesetnaden sitt eige parti. Til dømes skipar godseigarane, kapitalistane, bøndene og arbeidarane alle ulike parti. I eit fritt land vert difor folket styrt gjennom ein open strid mellom partia og med frie avtalar mellom desse partia.

I omlag fire månader etter at tsarregimet vart styrta den 27. februar 1917, vart Russland styrt som eit fritt land, d.v.s. gjennom ein open strid mellom fritt skipa parti og med frie avtalar mellom dei. For å forstå korleis den russiske revolusjonen har utvikla seg, er det difor framfor alt naudsynt å studera dei viktigaste partia, dei klasseinteressene dei forsvarar, og tilhøva mellom dei.

III

Etter at tsarregimet var styrta, gjekk statsmakta over i hendene på den fyrste provisoriske regjeringa. Ho var sett saman av representantar for borgarskapet, dvs. kapitalistane, med tilslutning frå godseigarane. «Kadett»-partiet, det viktigaste kapitalistiske partiet, stod byrgt fram som det herskande og regjerande partiet for borgarskapet.

Det var ikkje tilfeldig at dette partiet sikra seg makta, jamvel om det sjølsagt ikkje var kapitalistane, men arbeidarane og bøndene, soldatane og matrosane, som sloss mot tsartroppane og let blodet flyta for fridomen. Partiet til kapitalistane kunne sikra seg makta av di kapitalistklassen har den makta som ligg i rikdom, organisasjon og kunnskap. Etter 1905, og særleg under krigen, har kapitalistklassen i Russland og dei godseigarane som er knytte til han, gjort sær store framsteg i å organisera seg.

Kadettpartiet har alltid vore monarkistisk, både i 1905 og frå 1905 til 1917. Etter at folket hadde sgra over tyranniet til tsaren, kunngjorde partiet at det var republikansk. Den historiske røynsla syner at når berre folket har sgra over eit monarki, er kapitalistiske parti viljuge til å verta republikanske så lenge dei kan halda på privilegia til kapitalistane og den uavgrensa makta dei har over folket.

Kadettpartiet pratar høgt om «fridom for folket». Men i røynda representerer dei kapitalistane, og dei fekk med ein gong stønad frå alle godseigarane, monarkistane og svartehundre-folka. Pressa og vala provar dette. Etter revolusjonen tok alle dei borgarlege avisene og heile svartehundre-pressa til å syngja samstemt med kadettane. Alle monarkistpartia som ikkje turde stå ope fram, stødde kadettpartiet ved vala, t.d. i Petrograd.

Etter at dei hadde vunne statsmakta, gjorde kadettane det dei kunne for å halda fram med den røvvarkrigen for å vinna land som tsar Nikolai II hadde teke til med. Han hadde gjort løynlege røvartraktater med dei britiske og franske kapitalistane. I desse traktatane fekk dei russiske kapitalistane lovnad om at dei i tilfelle siger skulle få Konstantinopel, Galitsja, Armenia osb. Når det gjeld folket, feia kadettregjeringa dei til sides med tome utflukter og lovnader. Alle livsviktige og grunnleggjande saker for arbeidarane og bøndene let dei ligga til den grunnlovgjevande forsamlinga kom saman, utan å setja fast nokon dato for når ho skulle kallast inn.

Folket gjorde bruk av fridomen og tok til å organisera seg sjølvstendig. Viktigaste organisasjonen for arbeidarane og bøndene, som er det overveldande fleirtalet av folkesetnaden i Russland, var sovjeta av arbeidar-, soldat-, og bonderepresentantar. Alt under februarrevolusjonen tok skipinga av slike sovjet til, og innan få veker var gått, var alle klassemedvitne og framskridne arbeidarar samla i sovjet i dei fleste større byane i Russland og i mange landdistrikt.

Sovjeta vart valde fullstendig fritt. Dei var ekte folkeorganisasjonar, arbeidar- og bondeorganisasjonar. Dei var ekte organisasjonar for det overveldande fleirtalet av folket. Arbeidarane og bøndene i soldatuniformer var væpna.

Det seier seg sjølv at sovjeta kunne og skulle ha teke over statsmakta fullstendig. Fram til den grunnlovgjevande forsamlinga var kalla saman, skulle det ikkje ha vore noka anna makt i staten enn sovjeta. Fyrst då ville revolusjonen vår ha vorte ein verkeleg folkeleg og verkeleg demokratisk revolusjon. Fyrst då kunne det arbeidande folket, som verkeleg lengtar etter fred, og som verkeleg ikkje har noka interesse av ein erobringsskrig, ha teke fatt og fullrådd til å føra ut ein politikk som kunne ha fått slutt på erobringsskrigen og ført til fred. Fyrst då kunne arbeidarane og bøndene ha lagt band på

kapitalistane, som gjer uhorvelege profittar «på krig», og som har ført landet ut i ein tilstand der kaos og hungersnaud rår. Men i sovjeta stod berre eit mindretal av representantane saman med det revolusjonære arbeidarpartiet, dei bolsjevikiske sosialdemokratane, som kravde at all statsmakta skulle overførast til sovjeta. Fleirtalet av representantane i sovjeta stod saman med dei mensjevikiske sosialdemokratane og dei sosialrevolusjonære, som gjekk imot at makta skulle overførast til sovjeta. I staden for å fjerna den borgarlege regjeringa og setja inn ei sovjetregjering i staden, gjekk desse partia sterkt inn for å stø den borgarlege regjeringa, gjera kompromiss med henne og skipa ei koalisjonsregjering med henne. Denne politikken med kompromiss med borgarskapet som dei sosialrevolusjonære og mensjevikane fører — og det er desse partia fleirtalet av folket hadde tillit til — er hovudinnhaldet i heile utviklingsgangen til revolusjonen dei fem månadene som har gått sidan han tok til.

IV

Lat oss sjå korleis kompromisset dei sosialrevolusjonære og mensjevikane gjorde med borgarskapet utvikla seg, og lat oss så freista forklåra kvifor fleirtalet av folket hadde tillit til dei.

V

Mensjevikane og dei sosialrevolusjonære har gjort kompromiss med kapitalistane på ein eller annan måte

på kvart einaste steg i den russiske revolusjonen.

Heilt mot slutten av februar 1917, så snart folket hadde vunne og tsarregimet var styrta, tok den kapitalistiske provisoriske regjeringa med Kerenski som «sosialist». I røynda har Kerenski aldri vore sosialist. Han har berre ein trudovik*, og fyrst i mars 1917 vart han med dei «sosialrevolusjonære», for då var det alt trygt og temmeleg lønande å gjera det. Gjennom Kerenski, som var viseformann i Petrogradsovjetet, sette den kapitalistiske provisoriske regjeringa straks i gang for å vinna kontroll med og temma sovjetet. Sovjetet, dvs. dei sosialrevolusjonære og mensjevikane som dominerte det, let seg temma, og dei vart straks etter at den kapitalistiske provisoriske regjeringa var skipa, samde om å «stø henne» — «i den mon» ho gjorde alvor av lovnadene sine.

Sovjetet såg seg sjølv som eit organ som skulle stadfesta og føra kontroll med det den provisoriske regjeringa gjorde. Leiarane for sovjetet skipa det som vart kjent som ein kontaktkommisjon⁵¹ for å halda oppe banda mellom seg og regjeringa. Innanfor kontaktkommisjonen førte dei sosialrevolusjonære og mensjevikiske leiarane for sovjetet stendig forhandlingar med den kapitalistiske regjeringa, så ein kan i røynda seia dei hadde status som regjeringsmedlemmer utan portefølje, eller uoffisielle regjeringsmedlemer.

Denne tilstanden vara ved i heile mars og mest heile april. Kapitalistane freista vinna tid og tydde til forhandlingar og utflukter. I denne tida tok ikkje den kapitalistiske regjeringa eit einaste steg som hadde noko å seia for å føra revolusjonen vidare. Ho gjorde absolutt ingen ting for å føra vidare den beinveges og påtren-gjande oppgåva å kalla inn den grunnlovgjevande forsamlinga. Ho sende ikkje spørsmålet ut til dei lokale organa, og sette ikkje eingong ned ein sentral kommisjon som kunne ta seg av førebuingane. Regjeringa var berre

* *Trudovik* — sjå note 12 — *Red.*

oppteken av ein ting. Det var løynleg å fornya dei internasjonale røvartraktatane tsaran hadde gått inn i med dei britiske og franske kapitalistane, det var så varsamt og stilt som råd å leggja hindringar i vegen for revolusjonen, og det var å lova alt utan å halda nokon av lovnadene. Dei sosialrevolusjonære og mensjektivane i kontaktkommisjonen oppførte seg som toskar som vart metta av fantasifulle frasar, lovnader og endå fleire lovnader. På same måten som kråka i eventyret bukka dei sosialrevolusjonære og mensjektivane under for smigeren, og dei lydde med stor glede etter forsikringane frå kapitalistane om at dei sette svært stor pris på sovjeta og ikkje tok eit einaste steg utan dei.

Men tida gjekk, og den kapitalistiske regjeringa gjorde absolutt ingen ting for revolusjonen. Tvert om greidde ho i denne tida, til stor skade for revolusjonen, å fornya dei løynlege røvartraktatane, eller rettare, å stadfesta dei og «gje dei nytt liv» gjennom tilleggsforhandlingar — som ikkje var mindre løynlege — med engelsk-franske imperialistiske diplomatar. I denne tida greidde ho, til stor skade for revolusjonen, å leggja grunnlaget for ein kontrarevolusjonær organisasjon av (eller i det minste for ei semje mellom) generalane og offiserane i felthæren. Til stor skade for revolusjonen greidde ho å setja i gang organisasjonen av industriherrar, av fabrikk-eigarar, som under presset frå arbeidarane vart tvinga til å gje etter på punkt etter punkt, men som til same tid tok til å sabotera (skada) produksjonen og bu seg på å få han til å stansa når høvet var inne.

Men organisasjonen av dei framskridne arbeidarane og bøndene i sovjeta gjekk stendig frametter. Dei fremste representantane for dei undertrykte klassane kjende at trass i semja mellom regjeringa og Petrogradsovjetet, trass i det storfeldte snakket til Kerenski, trass i «Kontaktkommisjonen» var regjeringa framleis ein fiende av folket, ein fiende av revolusjonen. Folket kjende at utan at motstanden frå kapitalistane vart broten ned, ville

dei uunngåeleg tapa freden, fridomen og revolusjonen si sak. Og folket vart stendig meir utolmodige og bitre.

VI

Det braut ut 20.—21. april. Rørsla flamma spontant i veret, ingen hadde rydda grunnen for henne. Rørsla var så klårt retta mot regjeringa at eit regiment jamvel dukka opp fullt væpna ved Marinski-palasset for å arrestera regjeringsmedlemene. Det vart fullstendig klårt for alle at regjeringa ikkje kunne halda seg ved makta. Sovjeta kunne (og skulle) ha teke over makta utan å møta det minste motstand frå noko hald. I staden stødde dei sosialrevolusjonære og mensjevikane den kapitalistiske regjeringa som var i ferd med å bryta saman. Dei rota seg endå lengre bort i kompromiss med henne, og tok steg som var endå meir øydeleggjande for revolusjonen, og som peika mot undergangen for han.

Revolusjonen gjev alle klassar kunnskap så snøgt og så grundig at vi ikkje kjenner til noko liknande i normale, fredelege tider. Kapitalistane som var betre organiserte og hadde større røynsle enn nokon annan når det galdt klassekamp og politikk, lærte leksa si snøggare enn dei andre. Då dei skjøna at stillinga til regjeringa var vonlaus, treiv dei til ein metode som kapitalistane i andre land hadde nytta i mange tiår, heilt sidan 1848, for å narra, splitta og svekkja arbeidarane. Denne metoden er kjend som ei «koalisjons»-regjering, dvs. ei sams regjering av medlemmer frå borgarskapet og overløparar frå sosialismen.

I land der ein lenge har hatt fridom og demokrati side om side med ei revolusjonær arbeidarrørsla, i Storbritannia og Frankrike, har kapitalistane ei rekkje gonger og med stor framgang nytta seg av denne metoden. Når

«sosialistiske» leiarar gjekk inn i ei borgarleg regjering, synte det seg utan unntak at dei vart stråmenn, nikkedokker, skjerm Brett for kapitalistane og reiskapar for å narra arbeidarane. Dei «demokratiske og republikanske» kapitalistane i Russland treiv nett til denne metoden. Dei sosialrevolusjonære og mensjvikane let seg narra med ein gong, og «koalisjons»-regjeringa, der Tsjernov, Tsereteli & co. var med, vart til røyndom 6. mai.

Toskane i partia til dei sosialrevolusjonære og mensjvikane jubla og sola seg innbilske i glansen frå statsrådglorien til leiarane sine. Kapitalistane gneid seg nøgde i hendene for at dei hadde funne hjelparar mot folket i «sovjetleiarane», og for at dei hadde fått deira lovnad om å stø «offensive operasjonar ved fronten», dvs. å ta opp att den imperialistiske røvarkrigen, som for ei tid hadde lege nede. Kapitalistane var fullt klår over den oppblåste maktesløysa til desse leiarane. Dei visste at lovnadene frå borgarskapet når det galdt kontroll over produksjonen, og jamvel organisering av produksjonen, når det galdt fredspolitikkk og så frametter, aldri ville verta oppfylde.

Og slik gjekk det. Den andre fasen i utviklinga av revolusjonen, frå 6. mai til 9. juni eller 18. juni, stadfesta fullt ut dei forventningane kapitalistane hadde om kor lett det var å halda dei sosialrevolusjonære og mensjvikane for narr.

Medan Pesjekhonov og Skobelev dreiv og narra seg sjølve og folket med blømande talar om at eitt hundre prosent av profitten til kapitalistane skulle takast frå dei, at «motstanden deira var broten» osb., heldt kapitalistane fram å tryggja stillinga si. Ingen ting, absolutt ingen ting vart sett i gang denne tida for å leggja band på kapitalistane. Det synte seg at overløparstatsrådene frå sosialismen ikkje var anna enn reine pratemaskinar som leidde merksemda til dei undertrykte klassane på avvegar, medan heile apparatet i statsadministrasjonen i røynda framleis låg i hendene på byråkratiet (embets-

verket) og borgerskapet. Den illgjetne Paltsjinski, viseindustriministeren, var ein typisk representant for dette apparatet, som blokkerte kvart einaste tiltak mot kapitalistane. Medan statsrådane prata, vart alt ved det gamle.

Særleg nytta borgarskapet minister Tsereteli til å kjempa mot revolusjonen. Han vart sendt for å «roa ned» Kronstadt då dei revolusjonære på staden hadde våga å fjerna ein oppnemnd kommissær⁵². Borgarskapet sette i gang ein utruleg høgsmelt, voldsom og vondsinna kampanje med lygn, baktaling og utskjelling mot Kronstadt i avisene sine, og skulda dei for å ynskja å «riva seg laus frå Russland» og tok opp att denne og liknande meiningslause påstandar på tusen måtar for å audmyka småborgarskapet og spissborgarane. Ein særst typisk dum og redd spissborgar, Tsereteli, var den som grundigast av alle svelgde agnet med borgarleg baktaling. Han var den mest pågåande av alle for å «slå ned og underkua» Kronstadt, og skjøna ikkje at han spela rolla som lakei for det kontrarevolusjonære borgarskapet. Det synte seg at han vart reiskapen for det «kompromisset» som vart nådd med det revolusjonære Kronstadt, der kommissæren for Kronstadt ikkje berre vart utnemnd av regjeringa, men vart vald lokalt og etterpå *godkjend* av regjeringa. Slike elendige kompromiss kasta ministrane som hadde svike sosialismen til fordel for kapitalismen bort tida si på.

Over alt der ein borgarleg minister ikkje kunne visa seg for å forsvara regjeringa, framfor dei revolusjonære arbeidarane eller i sovjeta, der kom Skobelev, Tsereteli, Tsjernov eller ein annan «sosialistisk» minister (eller rettare — han vart sendt av borgarskapet) og utførte truge oppgåva til borgarskapet. Han gjorde sitt beste for å forsvara regjeringa, reinvaska kapitalistane og narra folket med å gje lovnader på lovnader og med å rå folket til å venta, venta og venta.

Særleg var minister Tsjernov oppteken med å hestehandla med dei borgarlege kollegene sine. Fram til juli,

til den nye «maktkrisa» som tok til etter rørsla 3.—4. juli, fram til kadettane drog seg ut av regjeringa, var minister Tsjernov ustanseleg oppteken med det nyttige og interessante arbeidet som var til så stor velsigning for folket, å «overtyda» dei borgarlege kollegene sine, å overtala dei til i det minste å forby kjøp og sal av jord. Eit slikt forbod hadde bøndene fått lovnad om på det mest høgtidelege på den allrussiske kongressen av bonderepresentantar i Petrograd. Men lovnaden vart verande ein lovnad. Det synte seg at Tsjernov var ute av stand til å oppfylle han både i mai og juni, og heilt fram til den revolusjonære floa, det spontane utbrotet 3.—4. juli som fall i hop med at kadettane trekte seg frå regjeringa, gjorde det mogleg å gjennomføra dette tiltaket. Men jamvel då synte det seg at dette vart eit isolert tiltak, som ikkje kunne fremja kampen bøndene førte mot godseigarane om jorda i nemnande mon.

Ved fronten var i mellomtida Kerenski, denne nybakte medlemen av det sosialrevolusjonære partiet, i ferd med å fullføra med framgang og glans den kontrarevolusjonære, imperialistiske oppgåva å setja i gang att den imperialistiske røvarkrigen. Det var ei oppgåve som Gutsjkov, som folket hata så sterkt, ikkje var i stand til å greia. Han rusa seg i sin eigen taleførleik. Imperialistane som nytta han som sjakkbrikke, skamroste han, smigra og smeikte han og gav han stor vørnad — alt i hop fordi han tente kapitalistane truge og freista overtala dei «revolusjonære troppane» til å ta til att med krigen som vart ført for å oppfylle dei traktatane tsar Nikolai II hadde gjort med dei britiske og franske kapitalistane, ein krig som vart ført for at dei russiske kapitalistane skulle få sikra seg Konstantinopel og Lvov, Erzurum og Trabzon.

Slik gjekk den andre fasen av den russiske revolusjonen, frå 6. mai til 9. juni. Med dekkje og forsvar frå dei «sosialistiske» ministrane voks det kontrarevolusjonære borgarskapet seg sterkare, grunnfesta stillinga si og budde seg på ein offensiv både mot den ytre fienden og

mot den indre fienden, dvs. dei revolusjonære arbeidarane.

VII

9. juni førebudde partiet til dei revolusjonære arbeidarane, bolsjevikane, ein demonstrasjon i Petrograd for å gje eit organisert uttrykk for misnøyen og harmen som voks mellom folket utan å kunne stansast. Leiarane for dei sosialrevolusjonære og mensjevikane var vikla inn i kompromiss med borgarskapet og bundne av den imperialistiske politikken om ein offensiv, og var livredde. Dei kjende dei heldt på å tapa den innverknaden dei hadde hatt mellom massane. Det steig opp eit allment hyl mot demonstrasjonen, og dei kontrarevolusjonære kadettane vart med på dette hylet, denne gongen i lag med dei sosialrevolusjonære og mensjevikane. Under deira leiing, og som fylgje av kompromisspolitikken deira med kapitalistane, vart det heilt klårt og slåande tydeleg korleis dei småborgarlege massane svinga over til ein allianse med det kontrarevolusjonære borgarskapet. Dette er den historiske tydinga og klasseinnhaldet i krisa 9. juni.

Bolsjevikane avlyste demonstrasjonen, for dei hadde ikkje noko ynskje om å leia arbeidarane inn i ein strid på dette tidspunktet som dei måtte tapa mot dei sameinte kadettane, sosialrevolusjonære og mensjevikane.

Men for å halda på i det minste eit grann tillit frå folket, vart desse tvinga til å lysa til ein allmenn demonstrasjon 18. juni. Borgarskapet var ute av seg av raseri, for dei skjøna heilt rett at med dette svinga dei småborgarlege demokratane i retning av proletariatet, og dei sette seg føre å lamma aksjonen til demokratane med ein offensiv ved fronten.

I røynda markerte 18. juni ein overveldande siger for slagorda til det revolusjonære proletariatet, slagorda til bolsjevismen, mellom folket i Petrograd. Og 19. juni kunngjorde borgarskapet og bonapartisten* Kerenski høgtidsamt at offensiven ved fronten hadde teke til 18. juni.

Offensiven tydde i praksis at røvarkrigen for interessene til kapitalistane og mot viljen til det overveldande fleirtalet av det arbeidande folket, var sett i gang att. Det er grunnen til at offensiven uunngåeleg vart fylgd på den eine sida av ein kjempemessig auke i sjåvinisme og overføring av militær makt (og fylgjeleg av statsmakt) til den militære gjengen av bonapartistar, og på den andre sida av at det vart nytta vald mot massane, av at internasjonalistane vart forfylgde, at fridomen til å driva agitasjon vart oppheva og at dei som var mot krigen vart arresterte og skotne.

Medan 6. mai batt dei sosialrevolusjonære og men-sjevikane til triumfvogna til borgarskapet med eit reip, batt 19. juni dei som tenarar for kapitalistane med ei lekkje.

VIII

Etter at røvarkrigen var teken opp att, voks forbitringa til folket naturleg nok berre endå raskare og sterkare. 3.—4. juli fekk vi sjå at raseriet deira førte til eit utbrot. Bolsjevikane freista dempa det ned, og dei måtte freista få det så organisert som mogleg.

* *Bonapartisme* — (etter Bonaparte, namnet på to franske keisarar), er eit namn som vert nytta på regjeringar som strevar etter å verka nøytrale med å dra fordelar av ein særskild strid mellom partia til kapitalistane og arbeidarane. I røynda tener ei slik regjering borgarskapet, og ho narrar aller mest arbeidarane med lovnader og med små medgjevingar.

Dei sosialrevolusjonære og mensjevikanane var slavar av borgarskapet og lagt i lekkjer av herren sin, og dei sa seg samde i alt: At det vart sendt reaksjonære troppar til Petrograd, at dødsstraffa vart innført att, at arbeidarene og dei revolusjonære troppane vart avvæpna, at arrestasjonar og hundsing vart nytta og at aviser vart forbodne utan lov og dom. Den makta som borgarane i regjeringa var ute av stand til å ta fullstendig, og som sovjeta ikkje ynskte å ta, fall i hendene på militærklikken, bonapartistane, som sjølv sagt hadde full stønad frå kadettane og dei svarte hundre, frå godseigarane og kapitalistane.

Steg for steg nedetter stigen. Når dei sosialrevolusjonære og mensjevikanane ein gong hadde sett foten på stigen av kompromiss med borgarskapet, kunne dei ikkje hindra at dei sklei heilt ned til botnen av han. 28. februar i Petrograd-sovjetet lova dei vilkårsbunden stønad til den borgarlege regjeringa. 6. mai berga dei henne frå samanbrot og gjorde seg sjølv til tenarar og forsvararar for henne med å gå med på ein offensiv. 9. juni gjekk dei i lag med det kontrarevolusjonære borgarskapet i ein kampanje med vilt raseri, lygner og baktaling mot det revolusjonære proletariatet. 19. juni gjekk dei med på at røvarkrigen vart sett i gang att. 3. juli samtykte dei i at det vart kalla inn reaksjonære troppar, og det var opptakten til at dei gav makta fullstendig over til bonapartistane. Steg for steg nedetter stigen.

Denne skammelege slutten for partia til dei sosialrevolusjonære og mensjevikanane var ikkje tilfeldig, men ei fylgje av den økonomiske stillinga til småeigarane, småborgarskapet, slik røynslene stadig har stadfesta det i Europa.

IX

Alle har sjølvsagt sett korleis småeigaren strevar alt han kan og strammar kvar ein muskel for å «koma seg fram i verda», for å verta ein retteleg herre, for å stiga opp til ei stilling som «sterk» bedriftsherre, til ei stilling som borgar. Så lenge kapitalismen rår grunnen, har ikkje småeigaren noko anna alternativ enn å verta kapitalist (og i beste fall kan berre ein av hundre småeigarar nå dit), eller å verta ein ruinert mann, ein halvproletar, og i siste omgang ein proletar. Det same gjeld for politikken: Dei småborgarleige demokratane, og særleg leiaraane deira, har lett for å fylgja i fara til borgarskapet. Leiaraane for dei småborgarleige demokratane trøystar folket sitt med lovnader og forsikringar om at det er mogleg å koma til semje med dei store kapitalistane. I høgda, og det berre for ei lita stund, oppnår dei berre visse mindre vedgåingar frå kapitalistane til eit lite øvre lag av det arbeidande folket. Men i alle avgjerande og viktige saker har dei småborgarleige demokratane alltid fylgt i fara til borgarskapet som eit veikt haleheng etter dei, som ein lydig reiskap i hendene på finansherrane. Røynslene frå Storbritannia og Frankrike har synt dette gong på gong.

Røynslene frå den russiske revolusjonen frå februar til juli 1917, då hendingane utvikla seg uvanleg snøgt, særleg som fylgje av den imperialistiske krigen og den djuptgåande krisa han har ført til, har stadfesta svært klårt og slåande den gamle marxistiske sanninga at småborgarskapet er ustabilt.

Det vi kan læra av den russiske revolusjonen, er at det arbeidande folket ikkje kan koma seg laus frå jarngrepet til krigen, hungersnauda og slavebindinga til godseigarane og kapitalistane, utan at dei bryt fullstendig med partia til dei sosialrevolusjonære og mensjevikane og skjønar klårt den svikefulle rolla deira, utan at

dei viser attende alle kompromiss med borgarskapet og stiller seg fullrådd saman med dei revolusjonære arbeidarane. Berre dei revolusjonære arbeidarane kan, dersom dei får stønad frå fattigbøndene, greia å knusa motstanden frå kapitalistane og leia folket til å få jord utan godtgjersle, til full frigjering, til siger over hungersnaud og krig, og til ein rettviss og varande fred.

ETTERORD

Som det går fram av teksten, vart denne artikkelen skriven i slutten av juli.

Historia til revolusjonen i august har stadfesta fullt ut det som er sagt i artikkelen. Då, i slutten av august, gav Kornilov-oppstanden⁵³ revolusjonen ei ny vending ved at han klårt synte heile folket at kadettane, i samband med dei kontrarevolusjonære generalane, streva etter å oppløysa sovjeta og setja inn att monarkiet. Den næraste framtida vil syna kor sterk denne nye vendinga i revolusjonen er, og kor vidt det vil lykkast å få ein ende på den livsfårlege politikken med kompromiss med borgarskapet.

6. september 1917

N. Lenin

DEN TRUGANDE KATASTROFEN OG KORLEIS VI KAN KJEMPA MOT HAN

SVOLTEN KJEM NÆRARE

Unngåeleg katastrofe trugar Russland. Jarnbanane er utruleg desorganiserte og desorganiseringa går vidare. Jarnbanane kjem til å gå i stå. Leveringa av råstoff og kol til fabrikkane kjem til å stogga. Leveringa av korn kjem til å stogga. Kapitalistane saboterer (skader, stoppar, bryt opp, hindrar) produksjonen med overlegg og utan stans, og vonar at ein katastrofe utan like vil seia at republikken og demokratiet, og sovjeta og proletarforeiningane og bondeforeiningane allment, bryt saman. Slik skal det verta lettare å setja inn monarkiet att og innføra den uavgrensa makta til borgarskapet og godseigarane att.

Faren for stor katastrofe og svolt heng over oss. Alle avisene har skrive om dette gong på gong. Eit ofseleg tal fråsegner er vortne vedteke av partia og sovjeta av representantar for arbeidarane, soldatane og bøndene — fråsegner som vedgår at ein katastrofe ikkje er til å unngå, at han er svært nær, at det er naudsynt med ytterleggåande tiltak for å kjempa han ned, at «heltemodige tak» frå folket er naudsynte for å unngå ruin, og så vidare.

Alle seier dette. Alle vedgår det. Alle har avgjort at slik er det.

Likevel vert ingen ting gjort.

Det er gått seks månader med revolusjon. Katastrofen er endå nærare. Arbeidsløysa har nådd masseomfang. Tenkja seg til at det er varemangel i landet, landet

går under av skort på mat og arbeidskraft, endå det er ei mengd med korn og råstoff som strekk til, og likevel, i eit slikt land, i så kritisk ein augneblink, er det massearbeidsløyse! Kva slags betre prov treng ein for å syna at etter seks månader med revolusjon (som sume kallar ein stor revolusjon, men som det til no kanskje ville vera rettare å kalla ein roten revolusjon), og i ein demokratisk republikk, med ei mengd forbund, organ og institusjonar som stolt kallar seg «revolusjonær-demokratiske», vert absolutt *ingen ting* som har noko å seia gjort for å unngå katastrofen, for å unngå svolt? Vi kjem nærare ruin med aukande fart. Denne krigen kjem ikkje til å venta og han uroar alle område i det nasjonale livet meir og meir.

Likevel vil den minste omtanke og tankeverksemd strekkja til for å overtyde alle om at måtane å kjempa ned katastrofen og svolt på står til rådvelde, at åtgjerdene som trengst for å kjempe dei ned er heilt klåre, einfelte, fullstendig tenkjelege og heilt ut innanfor rekkjevidda for kreftene til folket. Det ville då og verta klårt at desse åtgjerdene *ikkje* vert tekne i bruk *berre* av di, *eine og aleine* av di, at det å gjera røyndom av dei ville verka inn på dei eventyrlege profitane ein handfull godseigarar og kapitalistar får.

Ein kan sanneleg trygt seia at kvar einaste tale, kvar einaste artikkel i aviser av alle retningar, kvar einaste resolusjon som er blitt vedteken av eit møte eller ein institusjon, heilt og klårt og uttrykkjeleg innser kva den viktigaste og fremste åtgjerda er for å kjempa mot, for å avverja katastrofe og svolt. Denne åtgjerda er kontroll, tilsyn, rekneskapsførsle og regulering frå staten si side, innføring av høveleg fordeling av arbeidskraft til å produsera og fordela varer, å nytta kreftene til folket på økonomisk vis, fjerna alt bortkasta strev, spara på kreftene. Kontroll, tilsyn og rekneskapsførsle er dei første føresetnadene for å kjempa ned katastrofe og svolt. Dette er umotseieleg vedgått overalt. Og det er nett dette *som ikkje vert gjort* av redsle for å gripa inn i

overherredømet til godseigarane og kapitalistane og i dei digre, fantastiske og skandaløse profittane deira, profittar som er vunne frå høge prisar og krigskontraktar (og beinveges eller omveges «arbeider» no mest alle for krigen), profittar som alle veit om og som alle ser, og som alle sukkar og styn over.

Og absolutt ingenting vert gjort for å innføra slik kontroll, rekneskapsførsle og tilsyn ved staten som ville vera det minste verknadsfullt.

REGJERINGA GJER ABSOLUTT INGEN TING

Det går føre seg ein altomfattande, systematisk og hardnakka sabotasje av all slags kontroll, tilsyn og rekneskapsførsle og mot alle statsfreistnader på å innføra dei. Og ein må vera utruleg godtruande om ein ikkje skjønar, ein må vera ein halslaus hyklar om ein let som ein ikkje skjønar kvar denne sabotasjen kjem frå, og kva middel som vert nytta for å gjennomføra han. For denne sabotasjen som bankierane og kapitalistane driv, det at dei *hindrar* all slags kontroll, tilsyn og rekneskapsførsle, held på å verta tilpassa statsformene til den demokratiske republikken, til at det finst «revolusjonær-demokratiske» institusjonar. Dei kapitalistiske herrane har lært seg ei kjensgjerning svært så godt. Det er ei kjensgjerning som alle som stør den vitskaplege sosialismen hevdar at dei vedkjenner seg, men som mensjevikane og dei sosialrevolusjonære freista å gløyma så snart venene deira hadde sikra seg feite jobbar som ministrar, viseministrar osb. Den kjensgjerninga er at det økonomiske innhaldet i den kapitalistiske utbyttinga ikkje på noko vis vert påverka av at republikansk-demokratiske regjeringsformer vert sette i staden for monarkiske former, og at det motsette fylgjeleg òg er sant — berre *forma* for kampen for at den kapitalistiske profitten skal vera ukrenkjeleg og heilag treng verta endra for å hevda dette like verknadsfullt under ein demokratisk

republikk som under eit eineveldig monarki.

Den noverande moderne republikansk-demokratiske sabotasjen av alle slags kontroll, rekneskapsførsle og tilsyn går ut på at kapitalistane i ord «ivrig» godtek «prinsippet» om kontroll og trongen for kontroll (som alle mensjevikar og sosialrevolusjonære sjølvsagt gjer). Dei insisterer berre på at denne kontrollen vert innført «litt etter litt», metodisk og på ein «statsregulert» måte. Men i praksis tener desse fagre moteslagorda til å løyne at kontrollen vert *hindra*, gjort til inkjes, skore ned til blendverk, ein rein leikekontroll, til seinking av alle forretningsmessige og praktisk verksame åtgjerder, til å skapa umåteleg infløkte, tungvinte og byråkratisk livlause kontrollinstitusjonar som er håplaut avhengige av kapitalistane, og som ikkje gjer det grann og ikkje kan gjera det grann.

For at vi ikkje skal masa med blanke påstandar, kan vi sitera vitne frå mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære, dvs. nett dei folka som hadde fleirtal i sovjeta dei fyrste seks månadene med revolusjon, som var med i «koalisjonsregjeringa», og som difor er politisk ansvarlege andsynes dei russiske arbeidarane og bøndene for å sjå gjennom fingrane med kapitalistane og for å la dei hindra all kontroll.

Izvestia TsI K (avisa til den sentrale eksekutivkomiteen til den allrussiske kongressen for sovjet av arbeidar-, bonde- og soldatrepresentantar), det offisielle organet til det høgaste av dei såkalla «fullt autoriserte» (det er ikkje spøk!) organa til det «revolusjonære» demokratiet, prenta i nr. 164, 7. september 1917, ein *resolusjon* frå ein særskild kontrollorganisasjon som er skapt og driven nett av desse mensjevikanane og sosialrevolusjonære. Denne særskilde institusjonen er den økonomiske avdelinga av den sentrale eksekutivkomiteen. Resolusjonen set offentleg fast som ei kjensgjering at «*dei sentrale organa som er oppretta under regjeringa for å regulera det økonomiske livet gjer absolutt ingen ting*».

Korleis kunne ein no tenkja seg eit meir veltalande vitneprov om samanbrotet til politikken til mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære enn denne utsegna som mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære sjølve har underskrive?

Trongen til å regulera det økonomiske livet vart alt vedgått under tsarismen, og visse institusjonar vart oppretta til det formålet. Men under tsarismen voks det økonomiske kaoset stadig og nådde uhyrlege storleikar. Det vart innsett med ein gong at den republikanske, revolusjonære regjeringa hadde som oppgåve å ta i bruk verksame og målmedvitne åtgjerder for å gjera slutt på det økonomiske kaoset. Då «koalisjons»regjeringa vart skipa, og mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære var med i henne, lova og påtok regjeringa seg i den svært høgtidsame offentlege kunngjeringa av 6. mai å innføra statskontroll og statsregulering. Tseretelianane og tsjernovane, som alle mensjevikleiarar og sosialrevolusjonære leiarar, lova og svor at ikkje berre var dei ansvarlege for regjeringa, men at dei «autoriserte organa til det revolusjonære demokratiet» under kontroll av dei verkeleg heldt auga med arbeidet til styresmaktene og godkjende verksemda deira.

Det er gått fire månader sidan den 6. mai, fire lange månader, då Russland har ofra liva til hundretusentals av soldatar for den meiningslause imperialistiske «offensiven» der kaos og ulukke har skritta fram med sjumilssteg, endå sommartida gav eit framifrå høve til å gjera ein heil del med slikt som skipsfart, jordbruk, mineralskjerping, og så vidare og så bortetter — og etter fire månader har mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære vorte nøydde til å vedgå offentleg at dei kontrollinstitusjonane som er oppretta under regjeringa «gjer absolutt ingen ting»!

Og nå skravlar desse mensjevikanane og sosialrevolusjonære med alvorlege statsmannsoppsyn (eg skriv dette rett før den demokratiske konferansen den 12. september)⁵⁴ om at ein kan få fortgang i sakene ved å setja

koalisjonen med kadettane til sides for ein koalisjon med handels- og industri-Kit Kitytsjar*, rjabusjinskiar, bublikovar, teresjtsjenkoar og kompani.

Ein kan spørja: korleis skal ein forklara at mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære er så forbløffande blinde? Skal vi sjå på dei som politiske barnungar som er så umåteleg tåpelege og godtruande at dei ikkje skjønar kva dei gjer og trør gale i god tru? Eller har den mengda med jobbar dei held som ministrar, viseministrar, generalguvernørar, kommissærar og den slags, den eigenskapen at det avlar ein særskild slags «politisk» blindskap?

KONTROLLÅTGJERDER ER KJENDE FOR ALLE OG LETTE Å GJERA

Ein kan spørja: er ikkje kontrollmiddel og -åtgjerder umåteleg innfløkte, vanskelege, uprøvde og til og med ukjende? Er ikkje seinkinga valda av at sjølv om statsmenn frå kadettpartiet, handels- og industriklassen, og mensjevikpartiet og det sosialrevolusjonære partiet har slite så sveitten renn i seks månader, og granska, studert og kome fram til kontrollåtgjerder og -metodar, så er problemet framleis utruleg vanskeleg og har ikkje vorte løyst enno?

Diverre freistar dei å framstilla sakene slik for å bløffa dei uvitande, ukunnige og nedtrakka musjikane* og dumskoltane som trur alt og aldri ser nærare på sakene. Men i røynda *visste* sjølv tsarismen, sjølv det gamle regimet, hovudåtgjerda, den viktigaste metoden og måten for å innføra kontroll, då det oppretta krigsindustriko-

**Kit Kitytsj* — ein rik kjøpmann i komedien «Å ta på seg vanskane til ein annan» av Alexander Ostrovski. Lenin nyttar namnet om finansfyrstar i det heile. — *Red.*

**Musjik* — ru., bonde. — *Red.*

miteane.⁵⁵ Det var nemleg å samla folkesetnaden etter yrke, arbeidsføremål, arbeidsgrein osb. Men tsarismen *var redd for* samlinga av folkesetnaden, og gjorde difor sitt beste for å halda att og hindra på kunstig vis denne allment kjende og svært lette og temmeleg praktiske kontrollmetoden og -måten.

Alle dei krigførande landa som no lid under dei umåtelege børenene og sakna som krigen fører med seg, lid — i større eller mindre grad — under økonomisk kaos og svolt. Dei har for lenge sidan sett opp, fastslege, brukt og prøvd ut *ei heil rekkje* kontrollåtgjerder, som mest utan unntak går ut på å samla folkesetnaden og oppretta eller oppmuntra til forbund av ulike slag der talsmenn for staten er med, som ligg under tilsyn frå staten osb. Alle desse kontrollåtgjerdene er kjende for alle, det er blitt sagt og skrive ein heil del om dei, og dei love-
ne som dei framskridne krigsmaktene har vedteke med omsyn til kontroll, er blitt omsette til russisk eller utlagde i detalj i den russiske pressa.

Om staten vår verkeleg *ynskte* å utøva kontroll på forretningsmessig og alvorleg vis, om institusjonane hans ikkje hadde dømt seg sjølv til «å gjera ingen ting» gjennom krypinga si for kapitalistane, trong ikkje staten gjera anna enn å forsyna seg fritt av det rikhaldige lageret med kontrollåtgjerder som alt er kjende og som er blitt nytta før i tida. Det einaste hinderet for dette — eit hinder som kadettane, dei sosialrevolusjonære og mensjevikanane løyner for augo til folket — var og er framleis at kontroll ville ta fram i dagen dei eventyrlege profittane til kapitalistane, og grava sjølv grunnen under desse profittane.

For å forklåra dette svært viktige spørsmålet endå klårare (eit spørsmål som i si kjerne er likt spørsmålet om programmet til *kva for helst* ei verkeleg revolusjonær regjering som ville ynskja å redde Russland frå krig og svolt), vil vi no ramsa opp desse hovudåtgjerdene for kontroll og granska kvar og ei.

Vi kjem til å sjå at alt ei regjering trong gjera, om ikkje namnet revolusjonær-demokratisk regjering hadde vore ein vits, hadde vore å kunngjera alt den fyrste veka ho var til at hovudåtgjerdene for kontroll var vedtekne, og at dei skulle syta for at streng og hard straff vart utdelt til kapitalistar som sneik seg unna kontroll på snytarvis, og å oppmoda folkesetnaden sjølv om å føra tilsyn med kapitalistane og sjå til at dei heldt kontrollreguleringane til punkt og prikke — og då ville kontroll ha vore innført i Russland for lenge sidan.

Desse hovudåtgjerdene er:

1. Samanslåing av alle bankar til *ein* bank, og statskontroll med verksemda hans, eller nasjonalisering av bankane.

2. Nasjonalisering av syndikata, dvs. dei største monopolistiske kapitalistsamanslutningane (sukker, olje, kol, jarn og stål og andre syndikat).

3. Oppheving av handelsløyndomar.

4. Tvungen syndikasjon (dvs. tvungen samanslåing til samanslutningar) av industrifolk, handelsmenn og arbeidsskjøparar i det heile.

5. Tvungen organisering av folkesetnaden i forbrukarforeiningar, eller oppmuntring til slik organisering, og å utøva kontroll over organiseringa.

Lat oss sjå kva kvar av desse åtgjerdene ville seia om dei vart gjennomførte på revolusjonær-demokratisk vis.

NASJONALISERING AV BANKANE

Bankane er som vi veit senter for det moderne økonomiske livet, dei viktigaste nervesentra for heile det kapi-

* *Syndikat* — gr. samanslutning av føretak eller finansfyrstar for å få herredømet over marknaden — *Red.*

talistiske økonomiske systemet. Å snakka om «å regulera det økonomiske livet» og likevel gå utanom spørsmålet om nasjonalisering av bankane, vil seia å anten avsløra svært djup kunnskapsløyse, eller å narra «vanlege folk» med blomstrande ord og storlagde lovnader med det overlagde føremålet å ikkje oppfylle desse lovnadene.

Det er meiningslaust å kontrollera og regulera leveansane eller vareproduksjonen og varefordelinga i det heile utan å kontrollera og regulera verksemda til bankane. Det er som å freista å fanga opp ein og annan kopek og lata millionar av rublar* gå. No om dagen er bankane så nært og intimt samanbundne med handelen (i korn og alt anna) og med industrien at om ein ikkje «tek tak i» bankane, kan ikkje noko verdefullt, noko «revolusjonært-demokratisk» verta utretta.

Men kan henda det er ein svært vanskeleg og innfløkt operasjon for staten å «ta tak i» bankane? Til vanleg freistar dei å skremma spissborgarar med nett denne tanken — det vil seia kapitalistane og forsvararane dei- ra freistar det, for det er til føremon for dei å gjera det.

Men i røynda valdar ikkje nasjonalisering av bankane nokon som helst slags teknisk eller kulturell vanske. Det ville ikkje ta ein einaste kopek frå nokon «eigar». Det vert seinka *eine* og *åleine* på grunn av at ein uviktig handfull rikfolk er motbydeleg grådige. Når nasjonalisering av bankane så ofte vert samanblanda med konfiskering av privat eigedom, så er det borgarpressa, som har interesse av å narra publikum, som har skulda for denne vidspreidde samanblandinga.

Eigedom retten til kapitalen som er samla i bankane og vert brukt av dei, er stadfesta av prenta og skrivne vitnemål som vert kalla aksjar, obligasjonar, vekslar, kvitteringar osv. Ikkje eit einaste eit av desse vitnemåla ville verta ugyldig eller endra om bankane vart nasjona-

**Kopek* og *rublar* — russiske myntnemningar. 100 kopek er 1 rubel.
— *Red.*

liserte, dvs. om alle bankane vart samanslegne til ein einaste statsbank. Kvar den som åtte femten rublar på ein sparekonto, ville framleis vere eigar av femten rublar etter at bankane var nasjonaliserte. Og kvar den som hadde femten millionar rublar, ville framleis ha femten millionar rublar i form av aksjar, obligasjonar, vekslar, handelsbrev osv.

Kva er det då nasjonaliseringa av bankane vil seia?

Det er det at det er uråd å føra nokon slags verksam kontroll med dei einskilte bankane og verksemda deira (sjølv om handelsløyndomar osv. vart avskaffa), av di det er uråd å halda fylgje med dei umåteleg innfløkte, samanvovne og utspekulerte knepa som vert brukte når ein set opp årsrekneskap, opprettar dekksselskap og underselskap, skaffar seg hjelp frå kjende namn, og så vidare og så bortetter. Berre samanslåing av alla bankar til ein bank, som i seg sjølv ikkje ville føra til noka endring når det gjeld eigedomsrett, og som — vi tek det opp att — ikkje ville ta ein einaste kopek frå nokon eigar, ville gjera det *mogleg* å føra verkeleg kontroll — sjøvsagt føresett at alle dei andre åtgjerdene som er nemnde før vert sette ut i livet. Berre ved å nasjonalisera bankane *kan* staten *gjera seg sjølv i stand til* å vita kvar og korleis, kvar frå og når, det strøymer millionar i tusental med rublar. Og berre kontroll over bankane, over senteret, over dreiepunktet og hovudmekanismen i den kapitalistiske sirkulasjonen, ville gjera det mogleg å organisera verkeleg og ikkje liksom-kontroll med alt økonomisk liv, med produksjonen og fordelinga av nøkkelarar, og organisera den «reguleringa av det økonomiske livet» som elles er uunngåeleg dømd til framleis å vera ein ministerfrase meint på å narra vanlege folk. Om ein føreset at bankverksemda var samla i ein einaste statsbank og at visse andre åtgjerdar som er lette å gjennomføra vart brukte, er det berre kontroll over bankverksemda som kan gjera det mogleg å organisera effektiv innhenting av inntektsskatt på ein slik

måte at det hindrar at eigedom og inntekter vert haldne løynt. For no er inntektsskatten stort sett ei innbillig

Nasjonalisering av bankane treng berre verta lov, så vert det gjennomført av direktørane og dei tilsette sjølve. Frå staten si side trengst det ikkje noko særskilt apparat eller særskilde førebuingar, for dette er ei åtgjerd som kan verta gjennomført med eit einskilt lovvedtak, «med eitt slag». Det var kapitalismen sjølv som gjorde det økonomisk tenkjeleg, når han fyrst hadde utvikla seg til steget med vekslar, aksjar, obligasjonar og så vidare. *Alt som krevst er å føra sams rekneskap.* Og om denne revolusjonær-demokratiske regjeringa skulle avgjera at det måtte kallast inn møte med ein gong, over telegrafan, av alle direktørar og tilsette i alle byar, og konferansar i alle landsdelar og i landet som heilskap, om å slå saman alle bankar til ein statsbank med ein gong, ville denne reformen verta gjennomført på nokre få veker. Det ville sjølvsaft vera direktørane og dei høgare banktenestemennene som ville gjera motstand, og som ville freista å narra staten, seinka saka og så bortetter, for desse herrane ville mista dei svært så lønsame stillingane sine og høvet til å utføra svært profitable svindeloperasjonar. *Dette er kjernen i saka.* Men det finst ikkje den minste tekniske vanske i vegen for å slå saman bankane. Og om statsmakta var revolusjonær i meir enn orda (dvs. om ho ikkje var redd for å gjera slutt på tiltaksløyse og rutine), om ho var demokratisk i meir enn orda (dvs. om ho handla etter interessene til fleirtalet av folket og ikkje ein handfull rikmenn), ville det vera nok å vedta som lov at direktørar, styremedlemer og store aksjeeigarar som valda den minste seinking, eller freista å halda unna dokument og rekneskap, skulle få konfiskert eigedom og verta idømde fengselsstraff. Det ville til dømes vera nok å organisera dei lågare tilsette *for seg*, og løna dei for å oppdaga svindel og seinking frå dei rike, for å få nasjonaliseringa av bankane til å verta gjennomført så glatt og fort som berre det.

Dei føremonene som ville falla til heile folket ved nasjonaliseringa av bankane — *ikkje* særskilt til arbeidarane (for arbeidarane har lite med bankane å gjera), men til bondemassane og dei små industriherrane — ville vera enorme. Arbeidssparinga ville vera diger, og føresett at staten heldt ved lag talet på tilsette i bankane, ville nasjonalisering vera eit svært viktig steg på vegen for alle til å ta bankane i bruk, til å auka talet på avdelingskontor, setja bankverksemdene innanfor lettare rekkjevidde osb. Det ville verta umåteleg mykje lettare for *små*eigarane, for bøndene, å få kreditt. Og for staten sin del, så ville han for fyrste gong vera i ei slik stilling at han fyrst kunne *sjå over* alle dei viktigaste pengeoperasjonane som ikkje ville vera løynde lenger, og så *kontrollera* dei, så *regulera* det økonomiske livet og til sist få tak i millionar i tusental til store statstransaksjonar*, utan å betala skyhøge «mellomlag» til dei kapitalistiske herremennene for «tenestene» deira. Det er grunnen — og den einaste grunnen — til at alle kapitalistane, alle dei borgarlege professorane, heile borgarskapet, alle plekhanovane, potresovane og denslags som tener dei, er budde på å slåst med tann og klo mot nasjonalisering av bankane og finna på tusenvis med orsakingar for å hindra at denne svært lette og svært påtrengande åtgjerda vert teken i bruk. Og det *sjølv om* denne åtgjerda ville gje ein umåteleg føremon sett ut frå «forsvaret» av landet, ut frå det militære standpunktet, og ville styrka «militærmakta» til landet voldsomt.

Ein kunne hevda denne protesten: Kvifor greier slike framskridne statar som Tyskland og USA så storarta å «regulera det økonomiske livet» utan eingong å tenkja på å nasjonalisera bankane?

Vi svarar: av di *begge* desse statane ikkje berre er kapitalistiske, men òg imperialistiske statar, sjølv om den eine er kongedøme og den andre republikk. Der-

* *Transaksjon* — forhandling, semje, avtale, ordning, å gjere ei forretning. — *Red.*

med gjennomfører dei dei reformane dei treng etter reaksjonær-byråkratiske metodar, medan vi her snakkar om revolusjonær-demokratiske metodar.

Denne «vesle skilnaden» er sær s viktig. Oftast er det «ikkje skikken» å tenkja på det. Uttrykket «revolusjonært demokrati» er hos oss blitt (særskilt mellom dei sosialrevolusjonære og mensjevikane) mest eit vaneuttrykk, som uttrykket «gudskjelov», som òg vert nytta av folk som ikkje er så uvitande at dei trur på gud. Eller det vert nytta liksom uttrykket «heiderleg borgar», som nokre gongar vert nytta til og med når ein vender seg til redaksjonsmedlemer i *Djen*⁵⁶ eller *Jedinstvo**, endå mest alle har gissa at desse avisene er blitt grunnlagde og vert haldne ved lag i kapitalistane sine interesser, og at det difor er sær lite «heiderleg» ved dei nesten-sosialistane som skriv i desse avisene.

Om vi ikkje nyttar vendinga «revolusjonært demokrati» som eit fastlåst høgtidsuttrykk, som eit vanetilnamn, men *tenkjer over* kva det tyder, oppdagar vi at å vera demokrat vil seia at ein i røynda reknar med interessene til fleirtalet av folket og ikkje mindretalet, og at å vera revolusjonær vil seia å øydeleggja alt skadeleg og forelda på så fastrådd og omsynslaust vis som råd.

Så vidt vi veit har korkje regjeringa eller herskar-klassen i Amerika eller Tyskland gjort noko krav på namnet «revolusjonære demokratar» som dei sosialrevolusjonære og mensjevikane gjer krav på (og som dei skjemmer ut).

I Tyskland finst det berre *fire* svært store privatbankar som er viktige for heile landet. I Amerika er det berre *to*. Det er lettare, meir høveleg, meir lønsamt for finansmagnatane i dei bankane å gå saman privat og umerkjeleg, på ein reaksjonær og ikkje på ein revolusjonær måte, på ein byråkratisk og ikkje på ein demokratisk måte, og så muta statstenestemenn (dette er det vanlege både i Amerika og i Tyskland), og halda på det

* *Jedinstvo* — sjå note 6. — Red.

private preget ved bankane nett for å halda på forretningsløyndomen, mjølka staten for million på million med «super-profitt», og gjera økonomiske svindlar moglege.

Både Amerika og Tyskland «regulerer det økonomiske livet» på ein slik måte at dei skaper vilkår for *straffarbeid i krigstid* for arbeidarane (og dels for bøndene) og eit *paradis* for bankierar og kapitalistar. Reguleringa deira går ut på å «tyna» arbeidarane til sveltepunktet, medan kapitalistane er tryggja (umerkjeleg, på eit reaksjonært-byråkratisk vis) profittar som er *høgare* enn før krigen.

Denne utvegen er sjølv sagt heilt mogleg i det republikanske imperialistiske Russland òg. I røynda er det den utvegen som ikkje berre miljukovane og sjingarovane fylgjer, men òg Kerenski i selskap med Teresjtsjenko, Nekrasov, Bernatski, Prokopovitsj og kompani, som òg *hevda* på reaksjonært-byråkratisk vis at bankane er «ukrenkjelege» og at dei har ein heilag rett til eventyrlig profitt. Så lat oss heller seia *sanninga*, nemleg at i det republikanske Russland vil dei regulera det økonomiske livet på reaksjonært-byråkratisk vis, men «ofte» synest dei det er vanskeleg å få det til på grunn av «sovjetta» som Kornilov nr. 1 ikkje greidde å oppløysa, men som Kornilov nr. 2 kjem til å freista å oppløysa.*

Det ville vera sanninga. Og denne enkle, men bitre sanninga er mykje nyttigare for å opplysa folket enn dei honningsøte lygnene om «vårt» «store» «revolusjonære» demokrati.

*

Nasjonalisering av bankane ville gjera det mykje lettare å få til samstundes nasjonalisering av trygdebransjen, dvs. samanslåing av alle trygdeselskap til eitt, sentrali-

* Kornilov-oppstanden — sjå note 52. — Red.

sering av verksemda deira og statskontroll over dei. Her kunne òg kongressar av tilsette i trygdeselskapa gjennomføra denne samanslåinga med ein gong og utan mykje strev, føresett at ei revolusjonær-demokratisk regjering vedtok det og la på direktørane og dei store aksjeeigarane å gjennomføra denne samanslåinga utan den minste seinking, og stilte kvar og ein av dei strengt til ansvars for det. Kapitalistane har investert hundretals millionar med rublar i trygdebransjen. Arbeidet vert gjort heilt og halde av dei tilsette. Om denne bransjen vart samanslegen, ville det føra til lågare trygdepremiar, skaffa fram ein hærs-kare med *fordelar* og tilbod til dei trygda, og ville gjera det mogleg å auka talet på dei utan å kosta på meir strev og pengar. Ikkje noko som helst anna enn tiltaksløyse, rutine og eigeninteresse hos ein handfull folk i lønsame stillingar held denne reformen attende. Han ville mellom anna styrka forsvarsevna til landet ved å spara på det nasjonale arbeidet og skapa fleire særskild viktige høve til å «regulera det økonomiske livet» ikkje berre i ord, men i gjerning.

NASJONALISERING AV SYNDIKATA

Kapitalismen skil seg frå dei gamle, før-kapitalistiske økonomiske systema ved at han har gjort dei ulike greinene av økonomien særskild nær samanbundne og innbyrdes avhengige av kvarandre. Om dette ikkje var slik, ville forresten ikkje noko steg mot sosialismen vera teknisk tenkjeleg. Under den moderne kapitalismen er det bankane som dominerer produksjonen, og den moderne kapitalismen har drive dette innbyrdes sambandet mellom dei ulike greinene av økonomien til det ytste. Bankane og dei viktigare greinene av økonomi og handel er vortne uskiljeleg samansmelta. Dette vil på den eine sida seia at det er uråd å nasjonalisera berre banka-

ne, utan å gå vidare og skapa eit statsmonopol av handelssyndikat og industrisyndikat (sukker, kol, jarn, olje osv.) og utan å nasjonalisera dei. På den andre sida vil det seia at om det vart gjennomført på alvor, ville reguleringa av den økonomiske verksemda krevja at bankane og syndikata vart nasjonaliserte samstundes.

Lat oss ta sukkersyndikatet som døme. Det vart til under tsarismen og utvikla seg på den tida til eit digert kapitalistisk kombinat* med flott utstyrte raffinieri. Og dette kombinatet, som var grundig påverka av ei sær sars reaksjonær og byråkratisk ånd, sikra sjølv sagt skammeleg høge profittar for kapitalistane og sette dei tilsette ned i stillinga til audmykte og nedtrakka trælur utan nokre rettar. Til og med den gongen kontrollerte staten produksjonen — til beste for dei rike, magnatane.

Alt som treng gjerast her er å forvandla reaksjonærbyråkratisk regulering til revolusjonær-demokratisk regulering ved enkle vedtak som syter for at det vert kalla inn ein kongress for tilsette, ingeniørar, direktørar og aksjeeigarar, at det vert innført sams rekneskap, at fagforeiningane til arbeidarane fører kontroll osv. Dette er umåteleg enkelt, og likevel vert det ikkje gjort! Under det som er ein demokratisk republikk, er reguleringa av sukkerindustrien i røynda framleis reaksjonærbyråkratisk. Alt er framleis som før — sløsinga med det nasjonale arbeidet, rutinen og stillstanden, og bobrinskiane og teresjtsjenkoane vert rikare og rikare. Det er demokratane og ikkje byråkratane, arbeidarane og dei andre tilsette og ikkje «sukkerbaronane» som burde verta oppmoda til å syna sjølvstendig initiativ — og dette kunne og burde verta gjort på nokre få dagar, med eitt einaste slag, om berre dei sosialrevolusjonære og mensjevikane ikkje skoddela tankane til folket med planar om «kontakt» med nett desse sukkerbaronane, om

* *Kombinat* — Verksemd som omfattar mange eller alle ledd i produksjonen frå råstoff til høgt foredla produkt. — *Red.*

nett den kontakten med dei rike som uunngåeleg vil føra til at regjeringa «gjer absolutt ingen ting» med å regulera det økonomiske livet.*

Ta oljeindustrien. Han vart i kolossal grad «sosialisert» av den tidlegare utviklinga av kapitalismen. Nokre heilt få oljebaronar styrer med hundretals millionar med rublar, klipper kupongar og haler inn eventyrlege profittar frå ei «forretning» som *alt no* i røynda er teknisk og samfunnsmessig organisert i nasjonalt omfang, og *alt no* vert driven av hundrar og tusenar av tilsette, ingeniørar osb. Nasjonalisering av oljeindustrien kunne verta gjennomført *med ein gong* av ein revolusjonærdemokratisk stat, og er påtrengjande naudsynt for han, særskilt når han lid under ei tilkvesst krise og når det er avgjerande å spara på det nasjonale arbeidet og auka produksjonen av brenslе kosta kva det kosta vil. Det er klårt at her kan ikkje byråkratisk kontroll oppnå nokon ting, endra nokon ting, for «oljebaronane» kan hamla opp med teresjtsjenkoane, kerenskiane, avksentjevane og skobelevane like lett som dei hamla opp med tsarministrane — ved hjelp av seinkingar, orsakingar og lovnader, og ved å muta borgarpressa beinveges eller omveges (dette vert kalla «folkemeininga», og kerenskiane og avksentjevane «rekнар» med henne), ved å muta tenestemenn (som kerenskiane og avksentjevane har etterlate i dei gamle jobbane i det gamle statsmaskineriet som framleis står urørt).

Om noko røynleg skal verta gjort, må byråkratiet verta sett til sides for demokratiet, og det på verkeleg revolusjonært vis. Det vil seia at ein må kunngjera krig mot oljebaronane og aksjeeigarane, ein må lovfesta at eigedomen deira vert konfiskert og at dei vert straffa med fengsling om dei seinkar nasjonaliseringa av

* Desse linene var alt skrivne då eg fekk vita frå avisene at Kerenski-regjeringa skal innføra sukkermonopol, og sjølv sagt innfører ho det på eit reaksjonært-byråkratisk vis, utan kongressar av arbeidarar og andre tilsette, utan at det er offentleg, og utan å leggja band på kapitalistane!

oljeindustrien, om dei løyner inntekter eller rekneskap, om dei saboterer produksjonen og om dei let vera å gjera tiltak for å auka produksjonen. Ein må nytta initiativet til arbeidarane og dei andre tilsette. *Dei* må verta innkalla med ein gong til konferansar og kongressar. Ein viss del av profitten må setjast av til *dei*, føresett at dei set i verk kontroll over alt og aukar produksjonen. Om desse revolusjonær-demokratiske stega hadde vorte tekne med ein gong, i april 1917, kunne Russland, som er eit av dei rikaste landa i verda med omsyn på kjelder til flytande brensele, nytta vatntransport og fått gjort svært mykje denne sommaren for å skaffa folk dei naudsynte mengdene med brensele.

Korkje den borgarlege regjeringa eller koalisjonsregjeringa til mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære har gjort noko som helst. Både har avgrensa seg til ein byråkratisk leik med reformar. Dei har ikkje våga å ta eit einaste revolusjonært-demokratisk steg. Alt har fortsett å vera slik det var under tsarane — oljebaronane, stillstanden, hatet som arbeidarane og andre tilsette kjenner mot utbytтарane sine, kaoset som dette fører til og sløsinga med det nasjonale arbeidet — berre *brevhovudet* på skriv som går inn og ut i dei «republikanske» kontora er blitt endra!

Ta kolindustrien. Teknisk og kulturelt er ikkje han mindre «mogen» for nasjonalisering, og han vert ikkje styrt mindre skamlaust av dei som ranar folket, kolbaronane, og det finst fleire svært slåande *kjensgjerningar* som syner beintfram sabotasje, beintfram *skade* på og stogg i produksjonen frå industrialistane si side. Sjølv ministeravisa *Rabotsjaja Gazeta** til mensjevikanane har vedgått desse kjensgjerningane. Og kva får vi sjå? Absolutt ingen ting er blitt gjort, anna enn å kalla inn dei gamle reaksjonær-byråkratiske møta på «ein mot ein-grunnlag» — eit likt tal med arbeidarar og med bandittar frå kolsyndikatet! Ikkje eit einaste revolu-

* *Rabotsjaja Gazeta* — sjå note 35. — Red.

sjonært-demokratisk steg er blitt teke, ikkje ein skugge av freistnad har vorte gjort på å oppretta den einaste kontrollen som er verkeleg — kontroll *nedanfrå*, gjennom arbeidarane, og ved å nytta terror mot kolindustriherrane som øydelegg landet og fører produksjonen til stillstand! Korleis kan dette verta gjort når vi «alle» er for «koalisjonen» — om ikkje med kadettane, så med handels- og industrikrinsar. Og koalisjon vil seia å la kapitalistane halda på makta, la dei få gå ustraffa, tillata dei å hindra sakene, gje arbeidarane skulda for alt, styrkja *kaoset* og *slik* rydda veg for eit nytt Kornilov-opprør!

AVSKAFFING AV FORRETNINGSLØYNDOMEN

Om ikkje forretningsløyndomen vert avskaffa, kjem anten kontrollen over produksjonen og fordelinga til å fortsetta å vera ein tom lovnad som berre kadettane treng for å lura dei sosialrevolusjonære og mensjevikanene, og som dei sosialrevolusjonære og mensjevikanene treng for å lura arbeidarklassen, eller så kan kontrollen verta brukt berre etter reaksjonær-byråkratiske metodar og middel. Sjølv om dette er openbert for alle fordomsfrie menneske og sjølv om *Pravda* prinsippfast kravde at forretningsløyndomen måtte verta avskaffa* (og dette var hovudgrunnen til at Kerenski-regjeringa som tener kapitalen, forbaud henne), har korkje den republikanske regjeringa vår eller dei «kompetente organa til det revolusjonære demokratiet» eingong tenkt på dette *fyrste steget* mot verkeleg kontroll.

* Sjå Lenin, «Kapitalistane må verta avslørte» og «Korleis kapitalistane løyner profitten» (1917) i *Samla verk*, eng. utg., band 24 og 25, s. 521—522 og s. 140—141. — *Red.*

Dette er sjølve nykkelen til all kontroll. Her har vi det ømtålegaste punktet til kapitalen, kapitalen som ranar folket og saboterer produksjonen. Og det er nett grunnen til at dei sosialrevolusjonære og mensjevikaner er redde for å gjera noko med det.

Det vanlege argumentet til kapitalistane, som småborgarskapet tek opp att utan å tenkja over det, er at under ein kapitalistisk økonomi er det allment heilt uråd å avskaffa forretningsløyndomen, fordi privateige av produksjonsmidla og det at einskildføretak er avhengige av marknaden, gjer det avgjerande viktig at rekneskapsbøker og handelsomsetning er «heilage», sjølvsagt irekna bankforretningar.

Dei som tek dette eller liknande argument opp att, let seg narra, og narrar folk sjølve, med å lata att augo for grunnleggjande, særskild viktige og allment kjende kjensgjerningar frå moderne økonomisk verksemd. Den fyrste kjensgjerninga er at det finst kapitalisme i stor målestokk, dvs. dei særskilde draga ved det økonomiske systemet med bankar, syndikat, storfabrikkar osv. Den andre kjensgjerninga er krigen.

Det er den moderne kapitalismen i stor målestokk, som over alt vert til monopolkapitalisme, som tek frå forretningsløyndomen all skugge av vit, gjer den til hykling og til reiskap eine og åleine for å løyna finanssvindel og dei fantastisk høge profittane til storkapitalen. Kapitalistisk økonomi i stor målestokk er etter heile sin tekniske natur gjort til samfunnsøkonomi. Det vil seia at han både arbeider for millionar med menneske, og beinveges og omveges sameinar hundretals, tusentals og titusentals av familiar gjennom verksemda si. Han er ikkje som økonimien til den vesle handverkaren eller mellombonden som ikkje held rekneskapsbøker i det heile og som difor ikkje ville verta påverka av at handelsløyndomen vart avskaffa!

Som det no er, er verksemda i storføretaka kjende for fleire hundre menneske eller meir. Her tener ikkje lova som verjar forretningsløyndomen interessene til

produksjonen eller varebyttet, men interessene til spekulasjonen og profittjakt i si råaste form, og interessene til beintfram svindel, som vi veit er sær svidspreidd når det gjeld aksjeselskap, og sær dugande løynd i meldingar og årsrekneskap som er sette opp slik at dei skal narra folk flest.

Medan forretningsløyndomen er uunngåeleg i liten vareproduksjon, dvs. mellom dei små bøndene og handverkarane, der sjølve produksjonen ikkje er gjort til samfunnsproduksjon, men er spreidd og oppstykk, vil det å verja forretningsløyndomen i ein kapitalistisk produksjon i stor målestokk, seia å verja privilegia og profittane til bokstaveleg tala ein handfull folk *mot* interessene til heile folket. Dette er alt blitt vedkjent av lova, i og med at det er sytt for at aksjeselskap må offentleggjera rekneskapane sine. Men *denne* kontrollen, som alt er blitt innført i alle framskridne land, liksom i Russland, er ein reaksjonær-byråkratisk kontroll som ikkje opnar augo på *folket* og som *ikkje let heile sanninga* om verksemda til aksjeselskapa koma fram i dagen.

For å handla på eit revolusjonært-demokratisk vis ville det vera naudsynt å vedta ei anna lov som avskaffar forretningsløyndomen, tvingar dei store føretaka og dei rike til å leggja fram så fullstendige rekneskapar som råd, og utstyrer alle grupper av innbyggjarar som har solid demokratisk talmessig styrke (1 000 eller 10 000 røysteføre t.d.) med rett til å granska *alle* bøke- ne til kva for helst eit stort føretak. Ei slik åtgjerd kunne verta røyndom fullstendig og lett ved eit beintfram lovvedtak. *Berre* dette ville gje fullt armslag for *folkeleg* initiativ til kontroll, gjennom foreiningane til dei kontortilsette, arbeidarfagforeiningane og alle dei politiske partia, og berre dette ville gjera kontrollen verk- sam og demokratisk.

Legg krigen til dette. Det enorme fleirtalet av handels- og industriføretaka arbeider no ikkje for den «frie marknaden», men *for regjeringa*, for krigen. Det

er difor eg alt har slege fast i *Pravda* at folk som går mot oss med argumentet at sosialismen ikkje let seg innføra, er lygnarar og skamlause lygnarar attpå til, fordi det ikkje er spørsmål om å innføra sosialisme nå, beinveges og over natta, men om å *avsløra statsplyndringa**.

Den kapitalistiske «krigsøkonomien (dvs. den økonomien som beinveges eller omveges er knytt til krigskontraktar) er systematisk og legalisert *plyndring*, og kadett-herrane som i lag med mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære går mot å avskaffa forretningsløyndomen, gjer ikkje noko anna enn å *hjelpa og stø plyndringa*.

Krigen kostar no Russland 50 millionar rublar *pr. dag*. Desse femti millionane går for det meste til våpenkontraktørar**. Av Desse femti er minst fem millionar *kvar dag*, og truleg ti millionar eller meir, den «ærlege inntekta» til kapitalistane og dei tenestemennene som på eit eller anna vis er samansverja med dei. Dei svært store føretaka og bankane som låner ut pengar til krigskontrakttransaksjonar*** gjer fantastiske profittar på det, og dei gjer det ved å plyndra staten. For noko anna namn kan ein ikkje setja på denne snytinga og plyndringa av folket «i høve» krigsnauda, «i høve» dauden til hundrar og tusenar og millionar med menneske.

«Alle» veit om desse skandaløse profittane som krigskontraktane skapar, om «garantibrev» som vert gøynde av bankane, om kven som tener på dei aukande levekostnadene. Dei møter velvilje i «dei høgare krinsar». Ikkje så få nøyaktige merknader finst om dei *til*

* Lenin, «Innføring av sosialisme eller avsløring av statsplyndringa?» (1917) i *Samla Verk*, eng. utg., band 25, s. 68—69. — *Red.*

** *Kontraktør* — lat., ein som tek på seg arbeid etter tilbod, ein entreprenør. — *Red.*

*** *Transaksjon* — lat., forhandling, semje, avtale, ordning, å gjera ei forretning. — *Red.*

og med i borgarpressa, som til vanleg teier still om «utrivelege» kjensgjerningar og unngår «nærtakande» emne. Alle veit om det, likevel teier alle, alle finn seg i det, alle held ut med regjeringa, som skravlar veltalande om «kontroll» og «regulering»!!

Om dei revolusjonære demokratane verkeleg var revolusjonære demokratar, ville dei vedta ei lov som avskaffa forretningsløyndomen med ein gong, tvinga kontraktørar og kjøpmenn til å gjera rekneskapane sine offentlege, forby dei å gå frå arbeidsfeltet sitt utan løyve frå styresmaktene, ileggja straff som konfiskering av eigedomen deira og skyting* for å gøyma bort noko og for å narra folket, organisera etterprøving og kontroll *nedanfrå*, demokratisk ved folket sjølv, ved fagforeiningane til arbeidarane og andre tilsette, forbrukarane osv.

Dei sosialrevolusjonære og mensjevikane fortener fullt ut å verta kalla skremde demokratar, for i dette spørsmålet tek dei opp att det som alle dei andre skremde spissborgarane seier, nemleg at kapitalistane kjem til å «stikka av» om «for strenge» åtgjerder vert tekne i bruk. Dei seier at «vi» ikkje kjem til å greia oss utan kapitalistane, at dei britiske og franske millionærane som sjølv sagt «stør» oss, mest truleg kjem til å verta «krenkte» i sin tur, og så bortetter. Ein kunne få inntrykk av at bolsjevikane gjer framlegg om noko heilt ukjent i saga, noko som aldri er blitt freista før, noko «utopisk». Men i røynda var det alt for 125 år sidan i Frankrike folk som var verkelege «revolusjonære demokratar», som verkeleg var overttydde om at den krigen dei førte var rettviss og ein forsvarskrig, som verkeleg

* Eg har alt i bolsjevikpressa funne grunn til å peika på at det er rett å tala mot dødsstraff berre når han vert nytta av utbytтарane mot *massen* av arbeidsfolk for å halda utbyttinga ved lag. (Sjå Lenin, «Papirfråsegner» (1917) i *Samla verk*, eng. utg., band 25, s. 265. — *Red.*). Det er knapt sannsynleg at noka revolusjonær regjering i det heile kunne greia seg utan å bruka dødsstraff mot *utbytтарane* (godseigarane og kapitalistane).

hadde støtte frå folket og var oppriktig overtydde om det, og dei greidde å oppretta *revolusjonær* kontroll over dei rike og nå resultat som vann vyrndnad frå heile verda. Og i det eitt og eit-kvarte hundreåret som er gått sidan då, har utviklinga av kapitalismen som førte til at bankar, syndikat, jarnbanar og så bortetter vart skapte, gjort det mykje lettare og enklare å bruka verkeleg demokratiske kontrollåtgjerder ved arbeidarane og bøndene over utbyttarane, over godseigarane og kapitalistane.

Når sant skal seiast står heile kontrollspørsmålet om kven som kontrollerer kven, dvs. kva for klasse som er i kontroll og kva for klasse som vert kontrollert. I landet vårt, i det republikanske Russland, med hjelp frå dei «kompetente organa» til det såkalla revolusjonære demokratiet, er det godseigarane og kapitalistane som framleis er godtekne som, og som framleis er kontrollørane. Det uunngåelege resultatet er den kapitalistiske plyndringa som vekkjer harme overalt i folket, og det økonomiske kaoset som kapitalistane held ved lag på kunstig vis. Vi må ikkje vera redde for å bryte med det gamle, ikkje vera redde for dristig å byggja på ny, men gå målmedvite og ein gong for alle over til kontroll *over* godseigarane og kapitalistane *ved* arbeidarane og bøndene. Og det er dette dei sosialrevolusjonære og mensjevikaner er meir redde for enn pesten.

TVUNGEN SAMANSLÅING

Tvungen oppretting av syndikat, dvs. tvungen samanslåing, av industriherrane til dømes, vert alt brukt i Tyskland. Det er ikkje noko nytt ved det heller. Her ser vi òg at det republikanske Russland står bom stille, og det er dei sosialrevolusjonære og mensjevikaner si skuld. For desse ikkje altfor respektable partia «underheld»

landet ved å dansa ein kvadrilje* med kadettane eller med bublikovane eller med teresjtsjenkoane og Keren-ski.

Tvungen oppretting av syndikat er på den eine sida eit middel som staten brukar til å setja fart i den kapitalistiske utviklinga, som over alt fører til at klassestriden vert organisert, og til at talet på og utvalet av fagforbund veks og får meir å seia. På den andre sida er tvungen «unionisering» ein uunnverleg føresetnad for all slags verknadsfull kontroll og for all sparsemd i det nasjonale arbeidet.

Den tyske lova, til dømes, gjev føresegner om at lær-fabrikantane ein viss stad eller i heile landet må skipa ei foreining, og i styret for henne skal det sitja ein representant for staten for å føra tilsyn. Ei lov av dette slaget verkar ikkje beinveges, dvs. i seg sjølv, på eigedomstilhøva på noko vis. Ho tek ikkje ein einaste kopek frå nokon eigar og avgjer ikkje i utgangspunktet om kontrollen skal verta ført i reaksjonær-byråkratisk eller revolusjonær-demokratisk form, retning eller andre.

Slike lover kan og bør verta vedtekne i landet vårt med ein gong, utan å somla bort ei einaste veke med verdfull tid. *Samfunnsvilkåra sjølve* bør få avgjera dei meir konkrete formene for å gjera lova gjeldande, kor fort ho skal gjerast gjeldande, på kva måtar ein skal føra tilsyn med at ho vert gjort gjeldande osb. I dette tilfellet treng ikkje staten noko særskilt maskineri eller noka særskilt gransking eller førehandsetterøkingar for å vedta ei slik lov. Alt som trengst er ei avgjerd om å bryta med visse privatinteresser som kapitalistane har, som «ikkje er vane» med slik innblanding og ikkje har noko ynskje om å gje slepp på super-profitten som vert tryggja gjennom dei gamle styringsmåtane og mangelen på kontroll.

* *Kvadrilje* — Ein fransk dans med grupper på to og to par. — *Red.*

Det trengst ikkje noko maskineri eller nokon «statistikk» (som Tsjernov ville setja i staden for det revolusjonære initiativet til bøndene) for å *vedta* ei slik lov, i og med at fabrikantane og industriherrane sjølve må verta pålagde skyldnaden til å gjennomføra henne, ut frå dei *tilgjengelege* offentlege kreftene, under kontroll av dei *tilgjengelege* offentlege (dvs. ikkje-regjerings, ikkje-byråkratiske) kreftene òg. Men desse må for all del vera samansette frå dei såkalla «lågare stendene», dvs. dei underkua og utbytta klassane som i soga støtt har synt seg å vera utbyttarane umåteleg *overlegne* i evne til heltemot, sjølvoppofring og kameratsleg disiplin.

Lat oss tenkja oss at vi har ei verkeleg revolusjonær-demokratisk regjering, og at ho vedtek at fabrikantane og industriherrane i alle produksjonsgreiner som har ikkje mindre enn, lat oss seia to arbeidarar tilsett, med ein gong skal slå seg saman i foreiningar på ujezd- og guberniaplan*. Ansvar for at lova vert halde nøye i akt, vert i fyrste omgang lagt på fabrikantane, direktørane, styremedlemene og dei store aksjeeigarane (for dei er dei verkelege leiarane av den moderne industrien, dei verkelege herrane). Om dei ikkje arbeider for å setja lova ut i livet straks, skal dei vera å sjå på som desertørar frå militærtenesta, og verta straffa etter det. Og dei skal ha gjensidig ansvar for kvarandre, ein for alle og alle for ein, med heile eigedomen sin. Etter det skal ansvaret verta lagt på alle dei kontortilsette, som òg skal skipa ei foreining, og på alle arbeidarane og fagforeininga dei-ra. Føremålet med denne «unioniseringa» er å setja i verk så fullstendig, streng og detaljert rekneskap som råd, men i hovudsak å *samordna operasjonane* som gjeld innkjøp av råstoff, sal av produkt, og i *sparsemda* med nasjonale fond og krefter. Når dei skilde føretaka vert slegne saman til eit einaste syndikat, kan denne økonomien nå kolossale storleikar, som økonomivitskapen lærer oss og som dømet til alle syndikat, kar-

* *Ujezd og gubernia* — Russiske administrative einingar. — Red.

tell og trustar syner. Og ein må ta opp att at denne unioniseringa ikkje kjem til å endra eigedomstilhøva det grann og ikkje vil ta ein einaste kopek frå nokon eigar. Dette omstendet må ein leggja stor vekt på, for borgarpressa «skremmer» støtt små og mellomstore eigarar med å påstå at sosialistar allment og bolsjevikane særskilt vil «eksproprier» dei — ein overlagt lygnpåstand, i og med at sosialistar ikkje har tenkt, ikkje kan og ikkje vil eksproprier småbonden *sjølv om det er ein fullt ut sosialistisk* revolusjon. Heile tida snakkar vi *berre* om dei næraste og brennande åtgjerdene som alt er innførte i Vest-Europa, og som eit demokrati som er det minste prinsippfast burde innføra i landet vårt med ein gong, for å kjempa ned katastrofen framfor oss som ikkje er til å unngå.

Ein ville møta alvorlege vanskar, både tekniske og kulturelle, om ein slo saman småeigarane og dei svært små eigarane i foreiningar, på grunn av at verksemdene deira er så umåteleg små og teknisk primitive, og eigarane sjølve så lite lese- og skriveføre og så ukunnige. Men nett slike verksemdar kunne få fritak frå lova (som det vart påpeika i det tenkte dømet). Det kunne ikkje skapa noko alvorleg hinder å ikkje slå dei saman, for ikkje å snakka om å venta med å slå dei saman, for den rolla det umåtelege fleirtalet av småverksemdar spelar i totalsummen av produksjonen, og det dei har å seia for økonomien som heilskap, er *ørlite*, og dessutan er dei ofte avhengige av dei store verksemdene på ein eller annan måte.

Berre dei store verksemdene er avgjerande viktige. Og her *finst* dei tekniske og kulturelle midla og kreftene til «unionisering». Det som manglar er fast målmedvite i initiativ frå ei *revolusjonær* regjering som må vera om-synslaut streng i å setja desse kreftene og midla i rørsle.

Dess fattigare eit land er på teknisk øvde krefter, og på intellektuelle krefter i det heile, dess meir *påtren-gjande* er det å lovfesta tvungen samanslåing så tidleg

og målmedvite som råd, og ta til med dei store og største verksemdene når ein set lovvedtaket i kraft, for det er samanslåing som kjem til å *spara* på dei intellektuelle kreftene og gjera det mogleg å nytta dei *fullt ut* og fordela dei rettare. Etter 1905, under tsarist-regjeringa, var til og med dei russiske bøndene i dei avsides stroka i stand til å ta eit voldsomt steg fram i å skapa alle slags foreiningar. Og då er det klårt at samanslåinga av stor og mellomstor industri kunne verta røyndom på nokre månader, om ikkje før, dersom ei verkeleg revolusjonær-demokratisk regjering nytta tvang for å få dette gjennom og leit på støtta, deltakinga, interessa og føremonane for dei «lågare stendene», demokratiet, arbeidarane og andre tilsette, og oppmoda *dei* til å føra kontroll.

REGULERING AV FORBRUKET

Krigen har tvinga alle dei krigførande landa og mange av dei nøytrale til å gripa til regulering av forbruket. Brødkort er gitt ut og blitt vanlege, og dette har ført til at andre rasjonskort er komne til. Russland er ikkje noko unntak og har òg innført brødkort.

Ved å nytta dette som døme kan vi kan henda dra den mest slåande samanlikninga av alle mellom reaksjonær-byråkratiske måtar å kjempa mot ein katastrofe på, som er avgrensa til minstemåls reformar, og revolusjonær-demokratiske måtar, som for å gje rett åt namnet sitt beinveges må sikta mot å bryta kraftig med det gamle forelda systemet og nå så snøgg framgang som råd.

Brødkortet — dette typiske dømet på korleis forbruket vert regulert i moderne kapitalistiske land — har som mål og greier (i beste fall) berre ein ting, nemleg å fordela den tilgjengelege kornforsyninga slik at alle får

sin del. Ei øvre grense for forbruk vert sett, ikkje for alle matvarer på langt nær, men berre for dei viktigaste matvarene, dei som vert forbrukte av «folket». Og det er det heile. Det finst ikkje tanke på å gjera noko anna. Dei tilgjengelege kornforsyningane vert rekna ut på byråkratisk vis og så fordelte pr. hovud, ein rasjon vert fastsett og innført, og med det er saka grei. Luksusvarer vert ikkje rekna med for dei er «likevel» så knappe og «likevel» så dyre at dei er hinsides rekkjevidda til «folket». Og med det får vi sjå at *alle* dei krigførande landa utan unntak, *til og med* Tyskland, som ein openbert og utan fåre for å verta motsagt kan seia er eit døme på sær sære, pedantisk og streng regulering av forbruket — *til og med* i Tyskland ser vi at dei rike støtt og stadig *greier å omgå* all «rasjonering». Dette er òg noko «alle» veit og «alle» snakkar om med ein smil. Og i dei tyske sosialistavisene og *til og med* nokre gongar i borgaravisene, finn vi støtt og stadig småstykke og meldingar om «menyane» til dei rike, trass i at den tyske sensuren er kvass og militært streng. Der står det om korleis dei rike kan få tak i så mykje kvitt brød som helst på ein viss helsestad (som alle med mykje pengar vitjar under påskot av sjukdom), og korleis dei rike byttar ut forbruksvarer for folket med utsøkte og sjeldne luksusvarer.

Ein reaksjonær kapitalistisk stat som *er redd* for å undergrava berestolpane til kapitalismen, til lønstrældomen, til det økonomiske herredømet til dei rike, som *er redd* for å oppmuntra initiativet til arbeidarane og arbeidsfolk allment, som *er redd* for å terga dei til å syna ei meir nøyereknande haldning — ein *slik* stat slår seg heilt til ro med brødkort. Ein slik stat misser ikkje ein augneblink, i ei einaste åtgjerd han vedtek, det *reaksjonære* føremålet, å styrkja kapitalismen, av syne. Føremålet er å hindra at kapitalismen vert undergrave, og staten avgrensar «reguleringa av det økonomiske livet» allment og reguleringa av forbruket særskilt til slike åtgjerder som er heilt ut naudsynte for å fø folket, og *gjer*

ingen freistnad i det heile på røyndeg forbruksregulering, ved å føra *kontroll med dei rike* og leggja *storparten* av børa i krigstid på dei som er velstående, som har særrettar og er velfødde og foretne i fredstid.

Den reaksjonær-byråkratiske løysinga som krigen har stilt folka andsynes, avgrensar seg til brødkort, til lik fordeling av matvarer for «folket», til det som er absolutt naudsynt for å føra folket, utan å dra seg ein einaste bete vekk frå byråkratiske og reaksjonære tankar, dvs. frå det føremålet å ikkje oppmuntra initiativet til dei fattige, proletariatet, folkemassen («demos»), å *ikkje* gje *dei* løyve til å føra kontroll med dei rike, og å lata så *mange* smetthol som *råd* stå att slik at dei rike kan vega opp for seg sjølve med luksusvarer. Og svært mange smetthol står att i *alle* land, vi tek opp att til og med i Tyskland — for ikkje å snakka om i Russland. «Vanlege folk» svelt, medan dei rike vitjar helsestader, skyt til den magre offisielle rasjonen med alt slags «ekstra» som dei får tak i på si, og *ikkje* tillet at *dei sjølve* vert kontrollerte.

I Russland, som nett har gjort revolusjon mot tsaristregimet i namnet til fridom og likskap, i Russland, som brått er vorte ein demokratisk republikk når det gjeld sjølve dei politiske institusjonane sine, er det som særskilt slår folket, det som særskilt kallar fram misnøye, oppøsing, harme og vreide, at *alle* ser kor lett dei rike omgår brødkorta. Dei gjer det sanneleg svært lett. «Under bordet» og for særst høg pris, særskilt om ein har «*draget*» (som berre dei rike har), kan ein få tak i alt og i store mengder òg. Det er folket som svelt. Forbruksreguleringa er avgrensa til så tronge byråkratisk-reaksjonære grenser som råd. Regjeringa har aldeles ikkje tenkt å setja reguleringa på eit verkeleg revolusjonær-demokratisk grunnlag, bryr seg ikkje det minste om å få det til.

«Alle» lid under køane, men — men dei rike sender tenarane sine til å stå i kø, og hyrer til og med særskilde tenarar til det! Slik er «demokratiet»!

I ei stund då landet lid under unemnde ulukker, kunne ikkje ein revolusjonær-demokratisk politikk avgrensa seg til brødkort for å slåst mot katastrofen framfor oss, men ville for det fyrste leggja til tvangsorganisering av heile folkesetnaden i forbrukarlag, for elles kan ein ikkje føra fullstendig kontroll med forbruket: For det andre ville han leggja til arbeidsteneste for dei rike, som setta dei til å gjera sekretærarbeid og liknande utan løn for desse forbrukaraga. For det tredje ville han leggja til lik fordeling i folkesetnaden av absolutt alle forbrukarvarer, slik at krigsbørene verkeleg vart likt fordelte. For det fjerde ville han organisera kontrollen på ein slik måte at dei fattigare klassane i folkesetnaden vart sette til å føra kontroll med forbruket til dei rike.

Om det vart oppretta verkeleg demokrati på dette feltet og synt verkeleg revolusjonær ande i å organisera kontroll ved dei mest trengjande klassane i folket, ville dette vera å oppmuntra svært kraftig til å bruka alle dei tilgjengelege intellektuelle kreftene og den ekte revolusjonære handlekrafta i heile folket. Likevel held no ministrane i det republikanske og revolusjonær-demokratiske Russland oppblesne talar om «å arbeida i lag til beste for folket» og om å «ta i alt ein kan», nett som kollegene sine i alle andre imperialistland, men folket ser, kjenner og merker hykleriet i dette snakket.

Resultatet er at det ikkje vert nokon framgang, kaoset breier seg uimotståeleg og ein katastrofe nærmar seg, for regjeringa vår kan ikkje innføra straffarbeid i krigstid for arbeidarane på Kornilov-måten, Hindenburg-måten, den vanlege imperialistmåten — tradisjonane, minna, spora, vanane og institusjonane etter *revolusjonen* er framleis for levande mellom folk. Regjeringa vår vil ikkje ta noko verkeleg alvorleg steg i ei revolusjonær-demokratisk lei, for ho er grundig smitta og vikla inn i «koalisjonen» ho har med borgarskapet, ho er avhengig av borgarskapet og redd for å gripa inn i dei verkelege privilegia deira.

REGJERINGA BRYT OPP ARBEIDET TIL DEI DEMOKRATISKE ORGANISASJONANE

Vi har granska ulike utveggar og vis å kjempa mot katastrofe og svolt på. Vi har sett at motseiingane mellom demokratane på den eine sida og regjeringa og blokken av sosialrevolusjonære og mensjevikar som stør henne på den andre, er uforsonlege over alt. Å prova at desse motseiingane finst i røyndomen og ikkje berre i utgreiinga vår, og at det at dei er uforsonlege vert vitnefesta i *røyndomen* i strider som verkar inn på folket som heilskap, treng vi berre minnast to særst typiske «resultat» og lærdomar frå den seksmånader gamle soga til revolusjonen.

Soga om «styret» til Paltsjinski er ein lærdom.

Soga om «styret» og fallet til Pesjekhonov er den andre.

Åtgjerdene for å kjempa mot katastrofe og svolt som er skildra ovanfor, går kort ut på å oppmuntra allsidig (heilt til tvang) til «unionisering» av folkesetnaden og fyrst og fremst av demokratane, dvs. fleirtalet i folkesetnaden eller, framfor alt, dei underkua klassane, arbeidarane og bøndene, og særskilt dei fattige bøndene. Og dette er den vegen som folkesetnaden av seg sjølv tok til å bruka for å hamla opp med dei vanskane, børenne og tyngslene utan like som krigen førte med seg.

Tsarismen gjorde alt for å hemma den frie og sjølvstendige «unioniseringa» av folkesetnaden. Men etter at tsaristmonarkiet fall, tok demokratiske institusjonar til å spretta fram og veksa snøgt over heile Russland. Striden mot katastrofen tok til å verta ført av demokratiske organisasjonar som oppstod av seg sjølve — gjennom alle slags forsyningskomitear, matkomitear, brenslerråd, og så vidare og så bortetter.

Den hendinga som det er mest verd å leggja merke til i heile seksmånaders-soga til revolusjonen når det gjeld det spørsmålet vi granskar, er at ei *regjering* som kallar

seg republikansk og revolusjonær, og som får *støtte* frå mensjevikanen og dei sosialrevolusjonære i namnet til «dei kompetente organa til det revolusjonære demokratiet», *slost mot* dei demokratiske institusjonane og *slo dei!!*

Gjennom denne striden vart Paltsjinski særskild og svært syrgjelig vidgjeten over heile Russland. Han handla bak ryggen på regjeringa, utan å stå fram offentleg, (nett som kadettane helst til vanleg ville handla, dei skuvde gjerne fram Tsereteli «for folket», medan dei sjølve ordna alt som var viktig i fred og ro). Paltsjinski hemma og sette seg mot alle alvorlege åtgjerder som dei demokratiske institusjonane som hadde oppstått av seg sjølve tok, for det gjekk ikkje an å ta noka alvorleg åtgjerd utan å «såra» den overdrivne profitten og den einvise framferda til Kit Kitytsjane*. Og Paltsjinsky var i røynda ein trufast forsvarar og tenar for Kit Kitytsjane. Paltsjinski gjekk så langt — og denne kjensgjerninga vart meld i avisene — at han rett og slett *oppheva* ordrane frå dei demokratiske organisasjonane som hadde oppstått av seg sjølve!

Heile saga om «styret» til Paltsjinski — og han «styrte» i mange månader, og nett då Tsereteli, Skobelev og Tsjernov var «ministrar» — var ein uhyrleg skandale frå fyrste til siste stund. Folkeviljen og vedtaka til demokratane vart hindra for å *gleda* kapitalistane og la dei få vera så skite grådige som dei er.

Sjølvsagt kunne berre ein forsvinnande liten del av «bragdene» til Paltsjinski koma fram gjennom pressa, og ei grundig etterrøking av den måten han *hindra* striden mot svolten på, kan berre verta gjort av ei verkeleg demokratisk regjering av proletariatet, når det tek makt og legg fram alle handlingane til Paltsjinski og folk som han *til doms* for folket.

* *Kit Kitytsj* — ein rik kjøpmann i komedien «Å ta på seg vanskane til ein annan» av Alexander Ostrovski. Lenin nyttar namnet om finansfyrstar i det heile. — *Red.*

Det vert kan henda hevda at Paltsjinski var eit unntak og at han trass alt vart fjerna. Men faktum er at Paltsjinski ikkje var unntaket, men *regelen*, og at stoda ikkje er betra på noko vis med at han er fjerna, at plas-sen hans er teken av same slags paltsjinskiar med andre namn, og at all «*innverknaden*» til kapitalistane og heile politikken med å *hemma striden mot svolten for å vera kapitalistane til lags* står urørt. For Kerenski og co er berre ein skjerm for forsvaret av interessane til kapitalistane.

Det mest slåande provet på dette er at Pesjekhonov, ernæringsministeren, gjekk av. Som vi veit er Pesjekhonov ein sær, sær moderat narodnik*. Men han ville arbeida ærleg med å organisera matforsyninga, og stå i kontakt med og vera stødd av dei demokratiske organisasjonane. *Røynsla* frå arbeidet til Pesjekhonov og det at han *gjekk av*, er dess meir interessant av di denne umåteleg moderate narodniken, denne medlemen av folkesosialistpartiet, som stod klår til å godta kva kompromiss som helst med borgarskapet, likevel vart tvinga til å gå av! For Kerenski-regjeringa hadde *sett opp* dei faste kornprisane for å vera kapitalistane, godseigarane og kulakkane til lags!

Slik skildrar hr. Smith dette «steget» og kva det vil seia i avisa *Svobodnaja Zjizn*** nr. 1, den 2. september:

«Fleire dagar før regjeringa vedtok å setja opp dei faste prisane, vart denne scenen spela ut i den nasjonale ernæringskomiteen: Rolovitsj, ein frå høgre-fløya som hardnakka forsvarar interessene til den private handelen og går omsynslaut mot kornmonopolet og all statsinnblanding i økonomiske saker, kunngjorde offentleg med eit sjølv-nøgd smil at han forstod det slik at kornprisane snart ville verta sette opp.

* *Narodnik* — sjå note 13. — *Red.*

** *Svobodnaja Zjizn* — mensjevikisk avis gjeve ut i Petrograd frå 2. — 8. (15.—21.) september 1917, då *Novaja Zjizn* var forbode. — *Red.*

Representanten for sovjetet av arbeidar- og soldatrepresentantar svarte med å kunngjera at han slett ikkje visste noko slikt, og at så lenge revolusjonen stod på i Russland kunne ikkje ei slik handling skje, og at regjeringa dessutan ikkje kunne ta eit slikt steg utan å rådføra seg med dei kompetente demokratiske organa — økonomirådet og den nasjonale ernæringskomiteen. Denne utsegnen fekk støtte frå representanten for sovjetet av bonderepresentantar.

Men røyndomen innførte nok ei svært kvass retting i denne mot-versjonen! Det var representanten for dei rike og ikkje representantane for demokratane som synte seg å ha rett. Han synte seg å vera særskilt godt informert om førebuingane for eit åtak på dei demokratiske rettane, endå dei demokratiske representantane oppøst nekta for at eit slikt åtak i det heile var mogleg.»

Og såleis sette både representanten for arbeidarane og representanten for bøndene uttrykkjeleg fram si meining på vegner av det enorme fleirtalet av folket, men likevel handlar Kerenski-regjeringa på tvert av den meininga, til beste for kapitalistane!

Rolovitsj, ein representant for kapitalistane, synte seg å vera utmerka informert bak ryggen på demokratarne — nett som vi støtt har lagt merke til, og no legg merke til, at dei borgarlege avisene *Retjs* og *Birzjevka** er best informerte om kva Kerenski-regjeringa driv med.

Kva syner dette at dei har så utmerka informasjon? Openbert at kapitalistane har sine «kanalar» og *praktisk tala* held makta i hendene sine. Kerenski er ein stasfigur som dei brukar slik og når dei treng det. Interesse-

* *Birzjevka* — forkorting for Birzjevije Vedomosti (Børsnoteringar) — borgarleg dagsavis i Petrograd. Namnet vart ei fellesnemning for all gifta og rotenskapen i den borgarlege pressa. Avisen vart forbode rett etter Oktoberrevolusjonen. — *Red.*

ne til titall millionar med arbeidarar og bønder syner seg å vera ofra for profittane til dei rike.

Og korleis tek dei sosialrevolusjonære og mensjevikanane imot dette overgrepet mot folket? Retta dei ein appell til arbeidarane og bøndene og sa at etter dette var fengslet einaste plassen for Kerenski og kollegene hans?

Langt ifrå! Dei sosialrevolusjonære og mensjevikanane, gjennom økonomidepartementet, greidde seg med å vedta den imponerande resolusjonen som vi alt har vist til! I denne resolusjonen seier dei at når Kerenski-regjeringa set opp kornprisane, er det «*ei øydeleggjande åtgjerd som rettar eit alvorleg slag både mot matforsyninga og mot heile det økonomiske livet i landet*», og at desse øydeleggjande åtgjerdene var blitt gjorde trass i at dei beinveges «krenkte» lova!!

Slik er fylgjene av kompromisspolitikkene, av å flørta med Kerenski og ynskja å «berga» han!

Regjeringa krenkjer lova ved å vedta ei åtgjerd til beste for dei rike, godseigarane og kapitalistane, som *øydelegg* heile kontrollverksemda, matforsyninga og stabiliseringa av umåteleg ustøe finansar, og likevel driv dei sosialrevolusjonære og mensjevikanane på og snakkar om ei forståing med handels- og industrikrinsar, driv på og møter på konferansar med Teresjtsjenko og berga Kerenski, og greier seg med ei papirfråsegn i protest, som regjeringa legg vekk med stor ro!

Dette avslører svært klårt at dei sosialrevolusjonære og mensjevikanane har svike folket og revolusjonen, og at bolsjevikanane held på å verta dei løynlege leiarane for massane, *til og med* for dei sosialrevolusjonære massane og mensjevikmassane.

For det einaste som kan gjera slutt på dei grove overgrepa til Kerenski og co, og *attinnføra* arbeidet til den demokratiske matfordelinga, forsyninga og andre organisasjonar som Kerenski og regjeringa hans *hindrar*, er at proletariatet vinn makta.

Bolsjevikanane handlar — og dette kan ein sjå særskilt klårt av dømet ovanfor — som representantar for inter-

essene til *heile* folket, som er å tryggja matfordelinga og forsyninga og dekkja dei mest brennande trongane til arbeidarane og *bøndene*, trass i den vinglande, uvisse og verkeleg svikefulle politikken til dei sosialrevolusjonære og mensjevikane, ein politikk som har ført landet fram til så skammeleg ei handling som denne hevinga av kornprisane!

SAMANBROT I FINANSANE OG ÅTGJERDER FOR Å STRI MOT DET

Det er ei anna side ved problemet med å heva kornprisane. Å heva prisane vil seia ein ny forvirra auke i å gje ut papirpengar, vidare auke i levekostnadene, auka desorganisering i finansane og at eit samanbrot i finansane nærmar seg. Alle vedgår at å gje ut papirpengar på denne måten er den verste forma for tvangslån, at det verkar mest av alt inn på vilkåra for arbeidarane, den fattigaste delen av folkesetnaden, og at det er den verste fylgjen av uordenen i finansane.

Og det er denne åtgjerda Kerenski-regjeringa, med støtte frå dei sosialrevolusjonære og mensjevikane, grip til!

Det finst ikkje nokon annan måte å slåst verknadsfullt mot desorganisering i finansane og det uunngåelege samanbrotet i finansane, enn eit revolusjonært brot med interessene til kapitalen og organisera verkeleg demokratisk kontroll, dvs. kontroll «nedanfrå», kontroll ved arbeidarane og dei fattige bøndene *over* kapitalistane, ein måte som vi har synt til i fyrste delen av denne utgreiinga.

Å gje ut papirpengar i stort tal oppmuntrar til profitjakt, gjer det mogleg for kapitalistane å tena millio- nar med rublar, og set svære vanskar i vegen for ei sær- naudsynt utviding av produksjonen, for kostnadene på

materiale og maskineri som alt er høge, stig vidare i hopp og sprang. Kva kan ein gjera med det når den rikdomen som rikfolka har skaffa seg gjennom profittjakt vert løynd?

Ein kunne innføra inntektsskatt med progressive og særst høge satsar for store og særst store inntekter. Regjeringa vår har innført inntektsskatt etter føredømet til dei andre imperialistregjeringane. Men dette er stort sett blendverk, tome ord, for for det fyrste fell pengeverdet fortare og fortare, og for det andre, dess meir inntektene kjem frå profittjakt og dess tryggare forretningsløyndomen vert halde ved lag, dess betre vert inntektene bortgøynde.

Det krevst verkeleg og ikkje nominell* kontroll om skatten skal verta røyndom og ikkje blendverk. Men det er uråd å føra kontroll med kapitalistane om kontrollen er byråkratisk, for byråkratiet er sjølv bunde til og samanvove med borgarskapet med tusen trådar. Det er grunnen til at dei vest-europeiske imperialiststatane, både monarki og republikkar, oppnår orden i finansane berre ved å innføra «arbeidsteneste», som skapar *straffarbeid i krigstid* eller *trældom i krigstid* for arbeidarane.

Reaksjonær-byråkratisk kontroll er den einaste metoden imperialiststatane kjenner — og då er dei demokratiske republikkane Frankrike og Amerika medrekna — som går ut på å dytta krigsbørene over på proletariatet og det arbeidande folket.

Den grunnleggjande motseiinga i politikken til regjeringa vår er at regjeringa må innføra byråkratisk-reaksjonær kontroll for ikkje å ryka uklar med borgarskapet, ikkje øydeleggja «koalisjonen» med dei, og kalla det «revolusjonær-demokratisk» kontroll og narra folket i kvart steg og terga og harma massane som nett har styrta tsarismen.

* *Nominell* — lat., berre i namnet — *Red.*

Men likevel ville berre revolusjonær-demokratiske åtgjerder, berre organisering av dei underkua klassane, arbeidarane og bøndene, massane, i foreiningar, gjera det mogleg å oppretta ein sær sars verksam kontroll *over dei rike*, og føra ein sær sars vellukka kamp mot løyninga av inntekter.

Det vert gjort freistnad på å oppmuntra til bruk av sjekkar som eit middel til å unngå å gje ut papirpengar på overdriven måte. Denne åtgjerda får ingen ting å seia for dei fattige, for dei lever frå hand til munn likevel, fullfører den «økonomiske syklusen»* sin på ei veke og leverer dei få magre kopekane dei greier å tena attende til kapitalistane. Sjekkbruk kunne få mykje å seia når det gjeld dei rike. Det ville setja staten i stand til å *verkeleg kontrollera* inntektene til kapitalistane, særskilt i lag med slike åtgjerder som nasjonalisering av bankane og avskaffing av forretningsløyndomen, og verkeleg skattleggja dei, verkeleg «demokratisera» (og samstundes innføra orden i) finanssystemet.

Men dette vert hemma av redsla for å trakka inn på særrettane til borgarskapet og øydeleggja «koalisjonen» med dei. For om det ikkje vert vedteke verkeleg revolusjonære åtgjerder og gripe til tvang verkeleg på alvor, kjem ikkje kapitalistane til å bøya seg for nokon kontroll, dei kjem ikkje til å gjera budsjetta sine kjende og vil ikkje gje frå seg lagra med papirpengar slik at den demokratiske staten kan «halda rekneskap» med det.

Arbeidarane og bøndene, organiserte i foreiningar, kunne om dei nasjonaliserte bankane, gjera sjekkbruk påbode ved lov for alle rikfolk, avskaffa forretningsløyndomen, setja gjennom konfiskering av eigedom som straff for å løyndoms inntekter osv. — svært lett gjera kontrollen både verksam og universell — det vil då seia kontroll over dei rike, og slik kontroll som *tryggjer at dei* som har papirpengane, *dei* som løyndoms dei, *leverer dei inn att til finansdepartementet*, som gjev dei ut.

* *Syklus* — Regelbunden rekkefylgje av hendingar. — *Red.*

Dette krev at demokratiet med det revolusjonære proletariatet i brodden øver eit revolusjonært diktatur. Det vil seia at det krev at demokratiet *verkeleg* vert revolusjonært. Dette er kjernen i saka. Men det er nett det som dei sosialrevolusjonære og mensjevikane ikkje vil ha, dei som narrar folket med å halda fram *fana* til det «revolusjonære demokratiet», medan dei i røynda stør den reaksjonær-byråkratiske politikken til borgarskapet. Dei som alltid let seg leia av regelen: «*Après nous le déluge*» — etter oss kjem syndfloden!

Til vanleg legg vi ikkje eingong merke til kor grundig vi er innsette med anti-demokratiske vanar og fordomar når det gjeld at borgarleg eigedom er «heilag». Når ein ingeniør eller bankier offentleggjer inntektene og utgiftene til ein arbeidar, med informasjon om løna hans og arbeidsproduktiviteten hans, vert det sett på som heilt lovleg og rimeleg. Ingen kjem på å sjå på det som eit inngrep i «privatlivet» til arbeidaren, som at ingeniøren «spionerer eller melder frå». Det borgarlege samfunnet ser på arbeidet og inntektene til lønsarbeidaren som ei ope bok *for seg* som alle borgarar har rett til å kikka i når som helst, og når som helst avsløra «luksuslivet» til arbeidaren, kor «lat» han liksom skal vera, osb.

Vel, og kva med kontroll andre vegen? Tenk om foriningane av tilsette, kontoristar og *tenarar i heimen* vart bedne av ein demokratisk stat om å stadfesta inntektene og utgiftene til kapitalistane, om å prenta informasjon om emnet og hjelpa regjeringa med å kjempa mot løynde inntektar?

For eit rasande hyl mot «spionasje» og «melding» borgarskapet ville setja i! Når «herrar» kontrollerer tenarar eller når kapitalistar kontrollerer arbeidarar, vert dette rekna for naturleg og sjølvsgt. Men privatlivet til det arbeidande og utbytta folket vert *ikkje* rekna som ukrenkjeleg. Borgarskapet har rett til å setja alle «lønsslavar» til å svara for seg og offentleggjera inntektene og utgiftene hans når som helst. Men om dei underkua

freistar å kontrollera underkuaren, å avsløra luksuslivet *hans* til og med under krigen, når luksuslivet hans er beinveges ansvarleg for at hærstyrkane ved fronten svelt og går under — å nei, borgarskapet vil ikkje tola «spionasje» og «melding»!

Det dreier seg inst inne om det same: herredømet til borgarskapet *let seg ikkje forsona* med verkeleg revolusjonært, verkeleg demokrati. Vi kan ikkje vera revolusjonære demokratar i det tjuande hundreåret og i eit kapitalistisk land *om vi er redde for* å gå fram mot sosialismen.

KAN VI GÅ FRAMOVER OM VI ER REDDE FOR Å GÅ FRAM MOT SOSIALISMEN?

Det som er sagt til no, kan lett kalla fram denne innvendinga frå ein lesar som er oppfostra på dei opportunistiske tankane til dei sosialrevolusjonære og mensjevikane som er i omløp. Dei fleste åtgjerdene som er skildra *her*, kan han si, er alt i røynda sosialistiske og ikkje demokratiske åtgjerder!

Denne innvendinga som er i omløp, ei innvending som til vanleg vert hevda (i ei eller anna form) i borgarpressa, den sosialrevolusjonære pressa eller mensjevikpressa, er eit reaksjonært forsvar for den attendeliggjande kapitalismen, eit forsvar som er kledd opp i Struve-klede. Det ser ut som det vert hevda at vi ikkje er mogne for sosialismen, at det er for tidleg å «innføra» sosialismen, at revolusjonen vår er ein borgarleg revolusjon og at vi difor må vera handlangarar for borgarskapet (endå dei store borgarlege revolusjonære i Frankrike for 125 år sidan gjorde revolusjonen sin til ein stor revolusjon ved å øva *terror* mot alle underkuarar, godseigarar og kapitalistar under eitt!).

Dei psevd-marxistiske tenarane for borgarskapet som har fått selskap av dei sosialrevolusjonære, og som argumenterer på denne måten, forstår ikkje (som ei gransking av det teoretiske grunnlaget for meininga dei-ra syner) kva imperialismen er, kva det kapitalistiske monopolet er, kva staten er og kva det revolusjonære demokratiet er. For alle som forstår dette er nøydd til å vedgå at det ikkje kan vera noko anna framsteg enn mot sosialismen.

Alle snakkar om imperialismen. Men imperialismen er rett og slett monopolkapitalismen.

At kapitalismen i Russland òg er vorten monopolkapitalisme, vert stadfesta tilstrekkeleg av døma Pro-dugol, Prodamet, Sukkersyndikatet⁵⁷ osv. Dette Sukkersyndikatet er eit lærerikt døme på korleis monopolkapitalismen utviklar seg til statsmonopolkapitalisme.

Og kva er staten? Han er ein organisasjon for herskarklassen. I Tyskland til dømes, for junkarane* og kapitalistane. Og det som dei tyske plekhanovane (Scheidemann, Lensch og andre), kallar «krigs-sosialisme», det er rett og slett monopolkapitalisme i krigstid, eller for å seia det enklare og klårare, straff-arbeid i krigstid for arbeidarane og krigsverje for den kapitalistiske profitten.

Prøv no å *setja ein revolusjonær-demokratisk* stat i staden for godseigar-kapitalist-staten. Det vil seia ein stat som avskaffar *alle* privilegium på revolusjonært vis og ikkje er redd for å innføra så fullstendig demokrati som råd på ein revolusjonær måte. Du kjem til å få sjå at med ein verkeleg revolusjonær-demokratisk stat, vil statsmonopolkapitalisme uunngåeleg og uomgjengeleg seia eit steg, og meir enn eitt steg, mot sosialismen!

For om ei enorm kapitalistisk verksemd vert eit monopol, vil det seia at ho tener heile nasjonen. Om det har vorte eit statsmonopol, vil det seia at staten (dvs.

* *Junkar* — tysk godseigar. — *Red.*

den væpna organisasjonen av folkesetnaden, bøndene og arbeidarane framfor alt, føresett at det er eit *revolusjonært* demokrati) styrer heile verksemda. Til beste for kven?

Anten til beste for godseigarane og kapitalistane, og i så fall har vi ikkje ein revolusjonær-demokratisk stat, men ein reaksjonær-byråkratisk stat, ein imperialistisk republikk.

Eller til beste for det revolusjonære demokratiet — og då *er det eit steg mot sosialismen*.

For sosialismen er ikkje anna enn det neste steget frametter etter det statskapitalistiske monopolet. Eller med andre ord, sosialismen er rett og slett eit statskapitalistisk monopol som *vert sett til å tena interessene til heile folket* og i den utstrekninga har *slutta* å vera eit kapitalistisk monopol.

Det finst ingen mellomveg her. Den objektive utviklingsprosessen er slik at det er *uråd* å gå fram frå *monopola* (og krigen har tidobla talet på dei, rolla deira og kva dei har å seia) utan å gå fram mot sosialismen.

Anten må vi i røynda vera revolusjonære demokratlar, og i så fall må vi ikkje verta redde for å ta steg mot sosialismen. Eller vi er redde for å ta steg mot sosialismen, fordømer dei på måten til Plekhanov, Dan og Tsjernov, ved å hevda at revolusjonen vår er ein borgarleg revolusjon, at sosialismen ikkje kan verta «innført», osb. I så fall fell vi uunngåeleg ned til nivået til Kerenksi, Miljukov og Kornilov, dvs. vi underkuar dei «revolusjonær-demokratiske» vonene til arbeidarane og bøndene på ein *reaksjonær-byråkratisk* måte.

Det finst ingen mellomveg.

Og i dette ligg den grunnleggjande motseiinga i revolusjonen vår.

Det er uråd å stå stille i saga allment, og særskilt er det slik i krigstid. Vi må enten gå fram eller attende. I Russland i det tjuande hundreåret som har vunne republikken og demokratiet på revolusjonært vis, er det *uråd* å gå framover utan å *gå fram mot* sosialismen, ut-

an å ta *steg* mot han (steg som det tekniske og kulturelle nivået set vilkåra for og tek avgjerd om: maskinproduksjonen i stor målestokk kan ikkje verta «innført» i bondejordbruket eller verta avskaffa i sukkerindustrien).

Men å vera redd for å gå fram, *vil seia* å gå attende — og det er det kerenskiane i røynda gjer, til stor glede for miljukovane og plekhanovane, og med tåpeleg hjelp frå tsereteliane og tsjernovane.

Dialektikken i saga er slik at krigen har sett uvanleg fart i omskapinga av monopolkapitalisme til statsmonopolkapitalisme, og *ved det* har han skuvd manneætta uvanleg mykje framover mot sosialismen.

Den imperialistiske krigen er stunda rett før den sosialistiske revolusjonen. Og dette er ikkje berre av di det fælslege ved krigen gjev opphav til proletarisk opprør — ikkje noko opprør kan føra til sosialisme med mindre dei økonomiske vilkåra for sosialismen er mogne — men av di statsmonopolkapitalismen er ei fullstendig *materiell* førebuing for sosialismen, *treskelen* til sosialismen, eit steg i stigen til saga der det *ikkje er nokre mellomsteg* til det steget som heiter sosialisme.

*

Dei sosialrevolusjonære og mensjevikane nærmar seg spørsmålet om sosialismen på ein doktrinær måte, sett frå ei læresetning dei har pugga utanat, men ikkje forstått stort av. Dei ser for seg sosialismen som ei fjern, ukjend og uklår framtid.

Men sosialismen stirer no på oss frå alle vindaugo til den moderne kapitalismen. Sosialismen er beinveges, *praktisk*, teikna opp av alle viktige åtgjerder som er framsteg på grunnlag av denne moderne kapitalismen.

Kva er allmenn arbeidsteneste?

Det er eit steg fram på grunnlag av den moderne monopolkapitalismen, eit steg mot å regulera det økono-

miske livet som heilskap, i samsvar med ein viss generalplan, eit steg mot sparsemd med det nasjonale arbeidet og mot å hindra at kapitalismen sløser så vitlaust med det.

I Tyskland er det junkarane (godseigarane) og kapitalistane som innfører allmenn arbeidsteneste, og difor vert det uunngåeleg straffarbeid i krigstid for arbeidarane.

Men ta den same innretninga, og tenk over kva ho ville seia i ein revolusjonær-demokratisk stat. Allmenn arbeidsteneste som vert innført, regulert og styrt av sovjeta av representantar for arbeidarane, soldatane og bøndene, ville *framleis ikkje* vera sosialisme, men det ville vera eit uhorveleg *steg mot* sosialismen. Om det fullstendige demokratiet vert teke vare på, er det eit steg som det ikkje finst nokon veg attende til kapitalismen frå, utan at det vert gjort vald utan like mot massane.

STRIDEN MOT DET ØKONOMISKE KAOSET — OG KRIGEN

Ei utgreiing om åtgjerdene for å unngå katastrofen framfor oss, fører fram til eit anna umåteleg viktig spørsmål, nemleg sambandet mellom innanrikspolitikken og utanrikspolitikken, eller med andre ord, tilhøvet mellom ein erobringsskrig, ein imperialistkrig, og ein revolusjonær proletarisk krig, mellom ein kriminell røvarkrig og ein rettviss demokratisk krig.

Alle dei åtgjerdene for å unngå katastrofe som vi har skildra, ville som vi alt har slege fast, styrka forsvarsevna eller med andre ord, militærmakta til landet mykje. Det er det eine. Det andre er at desse åtgjerdene ikkje kan verta sette i verk utan å snu erobringsskrigen til ein rettviss krig, snu den krigen som kapitalistane fører til beste for kapitalistane, til ein krig som proletariatet

fører til beste for alle arbeidande og utbytta folk.

Og nasjonalisering av bankane og syndikata, sett i samband med avskaffing av forretningsløyndomen og opprettinga av arbeidarkontroll over kapitalistane, ville verkeleg ikkje berre seia ei uhorveleg innsparing av arbeid i landet, høve til å spara på krefter og middel, men ville òg føra med seg betring i vilkåra til dei arbeidande *massane*, til fleirtalet av folkesetnaden. Som alle veit er økonomisk organisering avgjerande viktig i moderne krig. Russland har nok korn og kol, olje og jarn. Med omsyn til dette står det betre til med oss enn med noko anna av dei krigførande landa. Og i ein strid mot det økonomiske kaoset med dei åtgjerdene som er nemnde før, ved å trekkja folkeleg initiativ med i denne striden, betra kåra til folk og nasjonalisera bankane og syndikata, kunne Russland bruka revolusjonen sin og demokratiet sitt til å lyfta heile landet til eit så mykje høgare nivå av økonomisk organisering at det ikkje let seg samanlikna.

Borgarskapet hemmar alle kontrollåtgjerdar og saboterer produksjonen. Om dei sosialrevolusjonære og mensjevikane i staden for å gå i «koalisjon» med dei, hadde gjennomført maktoverføringa til sovjeta i april og ikkje retta kreftene sine inn på å «hoppa ministerbukk», ikkje på å halda på ministerpostar, viseministerpostar og liknande på byråkratisk vis, side om side med kadettane, men på å rettleia arbeidarane og bøndene i kontrollen *deira over* kapitalistane, i *krigen deira mot* kapitalistane, ville Russland no vore eit heilt økonomisk omskipa land. Jorda ville vore i hendene på bøndene, og bankane nasjonaliserte. Det vil seia at Russland i *den utstrekninga* (og dette er umåteleg viktige, økonomiske grunnlag for det moderne livet) ville *stått over* alle andre kapitalistiske land.

Forsvarsevna, militærmakta, til eit land der bankane er nasjonaliserte, *står over* forsvarsevna til eit land der bankane framleis er på private hender. Militærmakta til eit jordbruksland der jorda ligg i hendene til bondeko-

miteane, *står over* militærmakta til eit land der jorda er i hendene på godseigarane.

Det vert stadig vist til den heltemodige patriotismen og dei undera av militært mot som franskmennene syn- te i 1792—93. Men dei materielle, historisk-økonomiske vilkåra som var åleine om å gjera slike under mogle- ge, er 'gløymde. Underkuinga av den forelda føydalis- men på verkeleg revolusjonært vis, og innføring i heile landet av ein overlegen produksjonsmåte og eigedoms- tilhøve til jord ved frie bønder, som dessutan vart sett ut i livet med verkeleg revolusjonær-demokratisk fart, målvisse, kraft og sjølvgløymsle — det var dei materiel- le økonomiske vilkåra som berga Frankrike med «under»-fart ved å *nyskapa og modernisera* det økono- miske grunnlaget til landet.

Dømet Frankrike syner oss ein ting og berre ein, nemleg at for å setja Russland i stand til å forsvara seg, for å nå «under» av masseheltemot i Russland òg, må alt som er forelda verta feid vekk med «jakobinsk» om- synsløyse, og Russland må verta modernisert og ny- skapt i *økonomien*. Og i det tjuande hundreåret let ik- kje dette seg gjera berre ved å feia vekk tsarismen (Frankrike innskrenka seg ikkje til dette for 125 år si- dan). Det let seg ikkje gjera eingong med berre revolu- sjonær avskaffing av jordegodsa (vi har ikkje gjort det eingong, fordi mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære har svike bøndene), berre ved å overføra jorda til bøn- dene. For vi lever i det tjuande hundreåret, og herredø- me over jorda utan *herredøme over bankane*, kan ikkje nyskapa og oppattnya livet til folket.

Den materielle, industrielle fornyinga av Frankrike sist i det attande hundreåret var bunde saman med ei politisk og andeleg oppattnying, med diktaturet til re- volusjonære demokratlar og det revolusjonære proleta- riatet (som demokratane ikkje hadde skild seg frå og som dei framleis mest var samansmelta med), og med omsynlaus krig som var kunngjort mot alt reaksjonært. Heile folket, og særskilt massane, dei *underkua* klassa-

ne var fanga inn i ei grenselaus revolusjonær oppgløding. *Alle* meinte at krigen var ein rettvis forsvarskrig, nett som han *i røynda var*. Det revolusjonære Frankrike verja seg mot det reaksjonære, monarkistiske Europa. Det var ikkje i 1792—93, men mange år seinare, etter at reaksjonen hadde vunne innanlands, at det kontrarevolusjonære diktaturet til Napoleon gjorde krigane til Frankrike om frå forsvarskrigar til erobringsskrigar.

Og kva så med Russland? Vi held fram med å føra ein imperialistisk krig til beste for kapitalistane, i forbund med imperialistane og i samsvar med dei løynlege avtalane *tsaren* slutta med kapitalistane i Storbritannia og andre land. I desse avtalane vert dei russiske kapitalistane lova at dei skal få plyndra framande land, som Konstantinopol, Lvov, Armenia osv.

Denne krigen kjem framleis til å vera ein urettvis, reaksjonær og plyndrande krig frå Russlands side, så lenge Russland ikkje gjer framlegg om ein rettvis fred og ikkje bryt med imperialismen. Samfunnskarakteren til krigen, det sanne innhaldet i han, vert ikkje avgjort av stillingane til fiendestyrkane (som dei sosialrevolusjonære og mensjevikane trur, med det dei søkk ned til å verta like simple som uvitande knølar). Det som avgjer denne karakteren er *politikken* som krigen er eit framhald av («krig er framhaldet av politikken»), *klassen* som fører krigen og dei måla han har for å føra denne krigen.

Ein kan ikkje føra folk ut i røvarkrig i samsvar med løynlege avtarar og venta at dei skal vera oppglødde. Den fremste klassen i det revolusjonære Russland, proletariatet, vert stadig meir klår over at krigen er ein kriminell krig, og borgarskapet har ikkje berre vore ute av stand til å smadra denne overtydinga, men tvert om er det stadig fleire som vert medvitne om at krigen er ein kriminell krig. Proletariatet i *båe metropolbyane** i

* *Metropol* — gr., hovudstad. — Red.

Russland er avgjort vorte internasjonalistisk!

Korleis kan ein då venta masseoppgløding for krigen!

Det eine er uskiljande frå det andre — innanrikspolitikken er uskiljande frå utanrikspolitikken. Landet kan ikkje verta i stand til å verja seg utan det høgste heltemot frå folket, i å gjennomføra dei store økonomiske omskipingane dristig og målmedvite. Og det er uråd å kalla fram heltemotet til folket utan å bryta med imperialismen, utan å gjera framlegg om ein demokratisk fred til alle nasjonar, og utan å på det viset gjera krigen om frå ein brotsverkskrig for å erobra og plyndra til ein rettvis, revolusjonær forsvarskrig.

Å bryta grundig og fast med kapitalistane i innanriks- så vel som i utanrikspolitikken — berre det kan redde revolusjonen vår og landet vårt som vert halde fast i imperialismen si skrustikke av jarn.

DEI REVOLUSJONÆRE DEMOKRATANE OG DET REVOLUSJONÆRE PROLETARIATET

For å vera verkeleg revolusjonære må demokratane i Russland i dag marsjera i svært nært forbund med proletariatet og støt det i striden det fører, av di det er den einaste verkeleg revolusjonære klassen.

Slik er slutninga ein kjem fram til når ein analyserer kampmidla som må til for å slåst mot katastrofen framfor oss, som ikkje har sin like i storleik.

Krigen har skapt slik ei diger krise, har tøygd dei materielle og moralske kreftene til folket, har rætta slike slag mot heile den moderne samfunnsskipnaden at menneskeætta no må velja mellom å gå under, eller leggja lagnaden sin i hendene på den mest revolusjonære klassen for å gå over til ein overlegen produksjonsmåte på det snøggaste og mest grunnleggjande vis.

På grunn av fleire historiske årsaker — det at Russland er meir attendeliggjande enn andre, at krigen har ført uvanleg naud over landet, at tsarismen er heilt ut roten og at tradisjonane frå 1905 er umåteleg hardnakka — braut revolusjonen ut før i Russland enn i andre land. Revolusjonen har ført til at Russland har teke igjen dei framskridne landa på nokre månader, når det gjeld det *politiske* systemet i landet.

Men det er ikkje nok. Krigen er nådelaus. Han set fram den andre utvegen med omsynslaus strengleik. Anten gå under, eller ta att og gå forbi dei framskridne landa *økonomisk* òg.

Det er mogleg, for vi har framfor oss røynsla til eit stort tal framskridne land, og fruktene av teknologien og kulturen deira. Vi får moralsk støtte frå den protesten mot krigen som veks i Europa, frå atmosfæren av den stigande verdsfemnande arbeidarrevolusjonen. Vi vert oppmuntra og drivne framover av ein revolusjonær-demokratisk fridom som er umåteleg sjeldan i imperialistisk krigstid.

Gå under eller køyr fram for full damp. Det er dei utvegane som soga gjev oss.

Og proletariatet si haldning til bøndene i denne situasjonen stadfester — med tilsvarende tillempingar — den gamle bolsjeviktanken om at bøndene må verta lausrivne frå innverknaden til borgarskapet. Det er den einaste garantien for at revolusjonen kan bergast.

Og bøndene er den mest talrike delen av heile den småborgarlege massen.

Dei sosialrevolusjonære og mensjevikaner har teke på seg den reaksjonære gjerninga å halda bøndene under innverknad frå borgarskapet og føra dei inn i koalisjon med borgarskapet, og ikkje med proletariatet.

Massane lærer fort frå røynsla til revolusjonen. Og den reaksjonære politikken til dei sosialrevolusjonære og mensjevikaner møter nederlag. Dei er blitt slegne både i Petrogradsovetet og i Moskvasovjetet⁵⁸. Ein «venstre»-opposisjon veks i bae småborgarleg-demo-

kratiske parti. Den 10. september 1917 gav eit bymøte som dei sosialrevolusjonære heldt i Petrograd, eit to tredels fleirtal til dei *venstre*-sosialrevolusjonære som hallar til forbund med proletariatet og avviser eit forbund (koalisjon) med borgarskapet.

Dei sosialrevolusjonære og mensjevikaner tek opp att ei borgarleg yndlingssamanlikning — borgarskap og demokrati. Men inst inne er ei slik samanlikning like meiningslaus som å samanlikna meter og kilo.

Det finst noko som er det demokratiske borgarskapet, og det finst noko slikt som borgarleg demokrati. Ein måtte vera heilt uvitande både i soge og politisk økonomi om ein nekta for dette.

Dei sosialrevolusjonære trong ei falsk samanlikning for å *løyna* den umotseielege kjensgjerninga at *småborgarskapet* står mellom borgarskapet og proletariatet. Ut frå den økonomiske klassestillinga si vinglar desse uunngåeleg mellom borgarskapet og proletariatet.

Dei sosialrevolusjonære og mensjevikaner freistar å dra småborgarskapet inn i eit forbund med borgarskapet. Det er heile innhaldet i «koalisjonen» deira, i koalisjonsregjeringa, og med heile politikken til Kerenski, ein typisk halvkadett. I dei seks månadene med revolusjon har denne politikken lide fullstendig nederlag.

Kadettane er fulle av vondvis skadefryd. Revolusjonen har lide nederlag, seier dei. Revolusjonen har ikkje vore *i stand* til å hamla opp med korkje krigen eller den økonomiske oppløysinga.

Dette er ikkje sant. Det er *kadettane* og dei *sosialrevolusjonære* og *mensjevikaner* som har lide nederlag, for dette forbundet har styrt Russland i seks månader, og dei har berre auka den økonomiske oppløysinga, og forvirra og forverra den militære stoda.

Dess meir fullstendig *nederlaget* for *forbundet* mellom borgarskapet og dei *sosialrevolusjonære* og *mensjevikaner* er, dess fortare lærer folket *leksa* si og dess lettare finn dei ut den *rette* vegen, nemleg forbundet

med dei fattige bøndene, dvs. fleirtalet av bøndene, og
proletariatet.

10.—14. september, 1917

Prenta seint i oktober 1917
i brosjyreform av *Priboi* forlag

Prenta i samsvar
med manuskriptet

MARXISME OG OPPREIST

EIT BREV TIL SENTRALKOMITEEN I RSDAP(b)

Ei av dei mest vondlynde og truleg mest utbreidde forvrengingane av marxismen som dei rådande «sosialistiske» partia triv til, er den opportunistiske lygna at å bu seg på oppreist og i det heile å handsama oppreist som ein kunst, er «blanquisme*».

Bernstein, leiaren for opportunismen, har alt vunne ufortent gjetord for seg med å skulda marxismen for blanquisme. Og når opportunistane i våre dagar skrik om blanquisme, forbetrar dei ikkje dei «magre» ideane til Bernstein eller gjer dei det minste «rikare».

Marxistar vert skulda for blanquisme når dei handsamar oppreist som ein kunst! Kan sanninga skjemmast ut meir skamlaust når ikkje ein einaste marxist vil nekta for at det var Marx som uttrykte seg klårast og mest presist og vilkårslaust om denne saka. Han viste særskilt til oppreisten som ein *kunst*, og sa at ein må handsama han som ein kunst, at ein må *vinna* fyrste framgangen og så gå vidare frå framgang til framgang, aldri gje opp offensiven mot fienden, utnytta forvirringa hans osv. osv.

For å ha framgang må ikkje oppreisten byggja på ei samansverjing og ikkje på eit parti, men på den fram-

* *Blanquisme* — sjå note 9. — *Red.*

skridne klassen. Dette er fyrste punktet. Oppreisten må stø seg på *det revolusjonære oppsvinget i folket*. Dette er andre punktet. Oppreisten må stø seg på *det vendepunktet* i historia til den framveksande revolusjonen når verksemda i dei framskridne rekkjene til folket er på sitt høgste, og når *vaklinga* i rekkjene til fienden og *i rekkjene til dei svake, halvhjarta og tvilrådige venene til revolusjonen* er sterkast. Dette er tredje punktet. Og desse tre vilkåra for å ta opp spørsmålet om oppreist skil *marxismen frå blanquismen*.

Men så snart desse vilkåra er til stades, er det eit svik imot marxismen og eit svik imot revolusjonen om ein let vera å handsama oppreisten som ein *kunst*.

For å syna at partiet *må* godta at tida nett no er inne, då heile hendingsgangen objektivt sett har sett *oppreisten* på dagsorden, og at oppreist må handsamast som kunst, er det kan henda best å nytta samanlikningsmetoden, og å dra parallellen mellom 3.—4. juli og septemberdagane.

3.—4. juli kunne ein ha hevda utan å gjera vald på sanninga at det rettaste ville vera å ta makta, for fiendane våre ville i alle høve ha skulda oss for oppreist og utan miskunn ha gått fram imot oss som opprørarar. Men om vi på dette grunnlaget hadde gått inn for å ta makta då, ville det ha vore feil, for dei objektive vilkåra for at oppreisten skulle ha sigra var ikkje til stades.

1) Vi mangla framleis stønaden frå den klassen som er fortroppen til revolusjonen.

Vi hadde framleis ikkje noko fleirtal mellom arbeidarane og soldatane i Petrograd og Moskva. No har vi fleirtal i bae sovjeta. Det vart skapt *berre* gjennom historia i juli og august, berre gjennom røynsla med den «miskunnslause handsaminga» som vart bolsjevikane til del, og gjennom røynslene med opprøret til Kornilov.

2) Det var ikkje noko revolusjonært oppsving over heile landet på den tida. Det er det no, etter opprøret til Kornilov. Stoda i provinsane og det at sovjeta har teke

makta mange stader provar det.

3) På den tida var det inga *vakling* i nokon alvorleg politisk målestokk mellom fiendane våre og mellom det tvilrådige småborgarskapet. No er vaklinga veldig. Hovudfienden vår, den allierte imperialismen og verdsimperialismen (for verdsimperialismen er leidd av dei «allierte»), *har teke til å vingla* mellom å føra krig til ein sigerrik slutt og å få i stand ein separatfred som er retta mot Russland. Dei småborgarlege demokratane våre, som heilt klårt har mista fleirtalet i folket, har teke til å vakla veldig, og har avvist ein blokk, dvs. ein koalisjon, med kadettane.

4) Difor ville ein oppreist 3.—4. juli ha vore eit mistak. Vi kunne ikkje ha haldé på makta korkje fysisk eller politisk. Vi kunne ikkje ha halde på henne fysisk jamvel om Petrograd ei viss tid var i våre hender, for på den tida ville ikkje arbeidarane og soldatane våre ha *kjempa og døydd* for Petrograd. På den tida mangla enno «villskapen» og det rasande hatet *både* mot slike som Kerenski og mot slike som Tsereteli og Tsjernov. Folka våre hadde enno ikkje vorte herda av røynslene med forfylginga av bolsjevikane der dei sosialrevolusjonære og mensjevikane tok del.

Politisk kunne vi ikkje ha halde på makta den 3.—4. juli, fordi *før opprøret til Kornilov* kunne og ville hæren og provinsane har marsjert mot Petrograd.

No er biletet eit heilt anna.

Vi har med oss fleirtalet av ein *klasse* som er fortropen til revolusjonen, fortroppen til folket, og er i stand til å føra massane med seg.

Vi har med oss *fleirtalet* av folket. For jamvel om det at Tsjernov tok avskil på ingen måte er det einaste teiknet, er det det mest slåande og tydelege teiknet på at bøndene *ikkje vil få jord* av den sosialrevolusjonære blokken (eller frå dei sosialrevolusjonære sjølv). Og det er hovudgrunnen til at revolusjonen har fått ein folkeleg karakter.

Vi er i den heldige stillinga til eit parti som veit for visst kva veg det skal gå i ei tid då *imperialismen* som heilskap og blokken av mensjevikar og sosialrevolusjonære som heilskap vaklar noko reint utruleg.

Sigeren vår er viss. For folket er nær ved å verta desperate, og vi syner heile folket ein sikker veg ut. Under «Kornilovdagane» synte vi fram for heile folket verdien i leiarskapen vår. Så gjorde vi *framlegg* for politikarane om ein kompromissblokk, *som dei avviste*, jamvel om det ikkje er noko opphald i vaklinga deira.

Det ville vera eit stort mistak å tru at tilbodet vårt om kompromiss ikkje har vorte avvist *enno*, og at Den demokratiske konferansen* *enno* kan koma til å godta det. Kompromisset vart føreslege av eit *parti* til andre *parti*. Det kunne ikkje ha vorte føreslege på nokon annan måte. Det vart avsele av *partia*. Den demokratiske konferansen er ein *konferanse*, og ikkje noko meir. Ein ting må ikkje gløymast. Det er at *fleirtalet* av det revolusjonære folket, dei fattige, forbitra bøndene, ikkje er med der. Det er ein konferanse for *eit mindretal av folket* — denne sjølvsgde sanninga må ikkje gløymast. Det ville vera eit stort mistak og reint parlamentarisk idioti frå vår side om vi tok til å sjå på Den demokratiske konferansen som eit parlament, for jamvel *om han skulle* proklamera seg sjølv som eit fast og sjølvstendig parlament for revolusjonen, ville han like fullt *ikkje avgjera noko som helst*. Avgjerdsmakta ligg *utanfor han* i kvartera til arbeidarklassen i Petrograd og Moskva.

Alle dei objektive vilkåra for ein framgangsrik oppreist er til stades. Vi har dei uvanlege føremonene av ein situasjon der *berre* siger for oss i oppreisten kan gjera ende på denne vaklinga, som er det mest pinefulle som finst og som har slite folket reint ut — der *berre* siger for oss i oppreisten vil gje bøndene jord straks — ein situasjon der *berre* siger for oss i oppreisten kan *forpurra*

* Den demokratiske konferansen — Sjå note 50. — Red.

spelet med ein separatfred som er retta imot revolusjonen — forpurra det med å gjera offentleg framlegg om ein meir fullstendig, meir rettferdig og tidlegare fred, ein fred som vil vera *til gagn for* revolusjonen.

Til sist. Berre partiet vårt *kan*, gjennom ein oppreist som sigrar, redda Petrograd. For dersom framlegget vårt om fred vert vist attende, dersom vi ikkje eingong sikrar ei våpenkvile, då skal vi verta «fedrelandsforsvararar», vi skal stilla oss *i leiinga for krigspartia*, vi skal verta *krigspartiet over alle* og vi skal føra krigen på verkeleg revolusjonært vis. Vi skal ta alt brødet og skotøyet frå kapitalistane. Vi skal berre la det verta skorper att til dei og kle dei i bastsko. Vi skal senda alt brødet og skotøyet til fronten.

Og så skal vi redda Petrograd.

Både dei materielle og dei åndelege ressursane for ein verkeleg revolusjonær krig i Russland er framleis uhorvelege. Sjansane er eitt hundre til ein for at tyskarane vil gje oss i det minste ei våpenkvile. Og å tryggja ei våpenkvile no, vil i seg sjølv tyda å vinna *heile verda*.

*

Når vi har godteke at ein oppreist frå arbeidarane i Petrograd og Moskva er absolutt naudsynt for å redda revolusjonen og redda Russland frå å verta oppdelt «separat» av imperialistane frå båe gruppene, må vi fyrst tilpassa den politiske taktikken vår på konferansen til vilkåra med den veksande oppreisten. For det andre må vi syna at det ikkje berre er i ord at vi godtek ideen til Marx om at oppreist må handsamast som ein kunst.

På konferansen må vi straks sementera bolsjevikgruppa utan å jaga etter høge tal og utan å vera redde for å la vinglarane verta att i vinglarleiren. Dei gjer større nytte for den revolusjonære saka *der* enn i leiren til dei snarrådige og offervillige kjemparane.

Vi må arbeida ut ei stutt kunngjering frå bolsjevika-
ne. Der må vi streka endeframt og kraftig under kor
gagnlaust det er med lange talar og med «talar» i det
heile, at det er naudsynt å gå til handling straks for å
redda revolusjonen, at det er heilt ut naudsynt å bryta
fullstendig med borgarskapet, at heile den regjeringa
som sit no må fjernast, at det må brytast fullstendig
med dei engelsk-franske imperialistane, som førebur ei
«separat» oppdeling av Russland, og at all makt straks
må overførast til *revolusjonære demokratar med det re-
volusjonære proletariatet i brodden*.

Kunngjeringa vår må gje den stuttaste og skarpaste
formuleringa av *denne* konklusjonen i samband med
programframlegga for fred for folka, jord til bøndene,
konfiskering av skammelege profittar og stans i den
skammelege sabotasjen kapitalistane driv av produk-
sjonen.

Di stuttare og skarpare kunngjeringa vert, di betre.
Det er berre to særskild viktige punkt som må koma klårt
fram i henne, og det er at folket er trøyt av vaklinga og
har fått nok av avgjerdsløysa til dei sosialrevolusjonære
og mensjevikanne, og at vi bryt for godt med desse *partia*
av di dei har svike revolusjonen.

Og noko anna. Med framlegg straks om fred utan an-
neksjonar og med å bryta straks med dei allierte imperia-
listane og med alle imperialistar, vil vi anten oppnå vå-
penkvile med ein gong, eller så vil heile det revolu-
sjonære proletariatet fylkast for å forsvara landet, og
dei revolusjonære demokratane under leiinga til prole-
tariatet vil då føra ein verkeleg rettvís, verkeleg revolu-
sjonær krig.

Når vi har lese opp denne kunngjeringa og oppmoda
om *avgjerder* og ikkje preik, om *handling* og ikkje frå-
segnsmakeri, må vi *senda ut* heile gruppa vår til *fabrik-
kane og kasernene*. Plassen deira er der. Der er pulsen
til livet, der er kjelda for å redda revolusjonen vår, og
der er den drivande krafta for Den demokratiske konfe-
ransen.

Der må vi i glødande og kjenslefylte talar forklåra programmet vårt og leggja fram alternativa: Anten må konferansen godta det *fullt ut*, eller så vert det oppreist. Nokon mellomveg finst ikkje. Utsetjing er umogleg. Revolusjonen held på å døy.

Med å leggja fram spørsmålet på denne måten, med å konsentrera heile gruppa vår i fabrikkane og kasernene, *vert vi i stand til å avgjera rette augneblinken for å setja i gang oppreisten.*

For at vi skal kunne handsama oppreisten på ein marxistisk måte, dvs. som ein kunst, må vi til same tid uten å mista ein einaste augneblink, skipa eit hovudkvarter for opprørsavdelingane, fordela styrkane våre, flytta dei pålitande regimenta til dei viktigaste plassane, kringsetja Alexanderteatret, okkupera Peter Paul-festninga⁵⁹, arrestera generalstaben og regjeringa, og setja dei avdelingane som heller vil døy enn å la fienden få koma fram til dei strategiske plassane i byen, inn mot offiserskadettane og Den fælslege divisjonen⁶⁰. Vi må mobilisera dei væpna arbeidarane og oppmoda dei til å kjempa den siste desperate kampen, okkupera telegraf- og telefonstasjonen straks, flytta hovudkvarteret *vårt* for oppreisten til den sentrale telefonstasjonen og få i stand telefonsamband med alle fabrikkane, alle regimenta, alle plassar der det er væpna kamp, osb.

Alt dette er sjølvsagt døme som berre skal *illustrera* den kjensgjerninga at slik stoda er no, er det umogleg å vera lojal mot marxismen, å vera lojal mot revolusjonen, *utan å handsama oppreist som ein kunst.*

OPPGÅVENE FOR REVOLUSJONEN

Russland er eit småborgarleg land, eit stort fleirtal av folkesetnaden høyrer til denne klassen. Vaklinga deira mellom borgarskapet og proletariatet er uunngåeleg, og berre når dei går saman med proletariatet, kan ein vera trygg for ein lett, fredeleg, rask og roleg siger for revolusjonen, og for fred, fridom og jord til det arbeidande folket.

Utviklinga i revolusjonen vår syner oss denne vaklinga i praksis. Lat oss difor ikkje ha nokon illusjonar om dei sosialrevolusjonære og mensjevikipartiet. Lat oss halda oss stødig etter vegen til den proletariske klassen vår. Elendet til dei fattige bøndene, redslene i krigen, redslene i svolten, alt dette syner meir klårt for massane at den proletariske vegen er den rette og at dei må stø den proletariske revolusjonen.

Dei «fredelege» vonene til småborgarskapet om ein «koalisjon» med borgarskapet og ei semje med dei, om at det var mogleg å venta «roleg» på at den grunnlov-gjevande forsamlinga «raskt» skulle kallast inn osv., har vorte nådelaust, hardt og utan miskunn knuste slik som revolusjonen har gått til. Opprøret til Kornilov var den siste harde lærdomen, ein lærdom av dei heilt store, som kom i tillegg til tusen på tusen små lærdomar der arbeidarar og bønder vart narra av lokale kapitalistar og godseigarar, der soldatar vart narra av offiserar osv., osv.

Misnøyet, harmen og vreiden veks i hæren, mellom bøndene og mellom arbeidarane. «Koalisjonen» mel-

lom dei sosialrevolusjonære og mensjektivane og dei borgarlege, som lovar alt og fullfører ingenting, tergar massane, opnar augo deira og skubar dei fram til oppreist.

Det finst ein aukande venstreopposisjon mellom dei sosialrevolusjonære (Spiridonova og andre) og mensjektivane (Martov og andre). Han har alt nådd førti prosent i rådet og kongressen i desse partia. Og *nedanfor*, mellom proletariatet og bøndene og særleg mellom dei fattigaste, høyrer *fleirtalet* av dei sosialrevolusjonære og mensjektivane til mellom dei som står *til venstre*.

Opprøret til Kornilov er opplysende. Det har gjeve god lærdom.

Det er umogleg å vita om sovjeta vil verta i stand til å gå lengre enn leiarane for dei sosialrevolusjonære og mensjektivane og såleis sikra ei fredeleg utvikling av revolusjonen, eller om dei framleis vil stå og stampa på same staden og såleis gjera ein proletarisk oppstand uunngåeleg.

Det kan vi ikkje vita.

Vår sak er å hjelpa til slik at alt mogleg vert gjort for å sikra den «siste» sjansen for at revolusjonen skal utvikla seg fredeleg, å hjelpa til med å leggja fram programmet vårt, med å gjera heilt klårt den nasjonale karakteren i det og kor det samsvarar fullt ut med interessene og krava til eit ovstort fleirtal i folkesetnaden.

Dei linene som fylgjer er ein freistnad på korleis eit slikt program skal leggjast fram.

Lat oss føra det meir til dei *nedanfor*, til massane, til dei som arbeider på kontor, til arbeidarane, til bøndene, ikkje berre til dei som stør oss, men særleg til dei som fylgjer dei sosialrevolusjonære, til dei partilause, til dei uvitande. La oss lyfta dei opp slik at dei kan døma uavhengig, ta sine eigne avgjerder, senda *sine egne* delegasjonar til konferansen, til sovjeta, til regjeringa. Då vil arbeidet vårt ikkje ha vore forgjeves, *same* kva utfall konferansen får. Det vil då syna seg at dette var nyttig for konferansen, for valet til den grunnlovgje-

vande forsamlinga og for all annan politisk aktivitet i det heile.

Røynsla lærer oss at programmet og taktikken til bolsjevikane er korrekt. Så kort tid, og så mykje som hende frå 20. april til opprøret til Kornilov.

Røynslene til *massane*, røynslene til dei *undertrykte* klassane har lært dei svært mykje på denne tida. Leiarane for dei sosialrevolusjonære og mensjevikane har drive heilt bort ifrå massane. Dette vil heilt visst verta avslørt i diskusjonen om det konkrete programmet vårt i den mon vi er i stand til føra det ut til massane.

SEMJER MED KAPITALISTANE FØRER TIL KATASTROFE

1. Å la representantane for borgarskapet få sitja med makta — jamvel få av dei, å la slike illgjetne Kornilov-tilhengjarar få sitja med makta som generalane Alexejev, Klembovski, Bagration, Gagarin og andre, eller slike som har prova kor fullstendig makteslause de er andsynes borgarskapet og kor dyktige dei er til å te seg på Bonaparte-maner slik som Kerenski — det er på den eine sida berre å opna døra på vidt gap mot hungersnaud og den uunngåelege økonomiske katastrofen som kapitalistane med fullt overlegg skundar på og forsterkar, og på den andre sida vil det føra til militær katastrofe sidan hæren hatar generalstaben og ikkje kan ta del i den imperialistiske krigen med nokon eldhug. Dessutan er det ingen tvil om at Kornilov-tilhengjarar, som framleis sit med makta mellom generalane og offiserane, *med vilje vil opna fronten for tyskarane*, slik dei har gjort i Galitsja og Riga. Dette kan forhindrast berre dersom det vert skipa ei ny regjering på eit nytt grunnlag, slik det er lagt ut nedanfor. Å halda fram med noko som helst slags semje med borgarskapet etter alt vi

har gått igjennom etter 20. april, ville når det gjeld dei sosialrevolusjonære og mensjevikaner ikkje berre vera eit mistak, men direkte svik imot folket og revolusjonen.

MAKTA TIL SOVJETA

2. All makt i landet må utan unntak gå over til representantane for sovjeta av arbeidar-, soldat- og bonde-representantar, på grunnlag av eit klårt program og under vilkår av at regjeringa er fullt ut ansvarleg andsynes sovjeta. Det må haldast nyval til sovjeta straks, både for å få eit uttrykk for røynsleane folket har fått gjennom dei siste vekene i revolusjonen, som har vore særleg rike på hendingar, og for å få bort skrikande urettvise (representasjon som ikkje svarar til høvestala, val under ulike vilkår, osb.) som enno finst att i sume tilfelle.

All lokal makt over alt der det ikkje finst demokratisk valde institusjonar enno, og også i hæren, må utan unntak takast over av dei lokale sovjeta og av kommissærer og andre institusjonar som dei har valt, men berre dei som har vorte valde på skikkeleg vis.

Arbeidarar og revolusjonære troppar, dvs. dei som i praksis har synt dugleiken sin i å undertrykkja Kornilov-tilhengjarane, må vere væpna over alt, og dette må gjerast med full støtte frå staten.

FRED FOR FOLKA

3. Sovjetregjeringa må *straks* koma med tilbod til *alle* dei krigførande folka (dvs. samstundes både til regje-

ringane deira og til arbeidar- og bondemassane) om å slutta ein allmenn fred straks på demokratiske vilkår, og også om å gå inn i ein våpenstillstand straks (jamvel om det berre er for tre månader).

Hovudvilkåret for ein demokratisk fred er at det vert gjeve avkall på anneksjonar (erobringar) — ikkje i den galne tydinga at alle maktene skal få attende det dei har tapt, men i den einaste rette tydinga at *alle* nasjonalitetar utan unntak, både i Europa og i koloniane, skal vinna sin fridom og ha høve til å avgjera sjølve om dei vil skipa ein *eigen* stat, eller om dei vil verta ein del av nokon annan stat.

Når Sovjetregjeringa gjer framlegg om fredsvilkåra, må ho straks gå i gang for å oppfylle dei, dvs. ho må ofentleggjera og forkasta dei løynlege traktatane vi har vore bundne av opp til denne tid, dei som tsaren har inngått og som gjev dei russiske kapitalistane lovnad om å plyndra Tyrkia, Austerrike osv. Så må vi straks oppfylle krava frå ukrainarane og finnane og tryggja dei, så vel som alle andre ikkje-russiske nasjonalitetar i Russland, full fridom, medrekna fridom til å riva seg laus. Vi må nytta same prinsipp på *heile* Armenia og binda oss til å dra oss ut frå det landet, så vel som frå dei tyrkiske områda vi har okkupert osv.

Slike fredsvilkår vil ikkje møta godvilje frå kapitalistane, men dei vil møta slik ein veldig sympati frå alle folka og vil føra med seg slikt eit utbrot av entusiasme og allmenn harme over heile verda mot at røvarkrigen skal halda fram, at det er særst truleg at vi straks vil kunna få til ei våpenkvile og eit samtykke til å opna fredstingingar. For arbeidarrevolusjonen mot krigen veks fram over alt utan at nokon kan hindra det, og han kan skundast på, ikkje med frasar om fred (noko *alle* dei imperialistiske regjeringane, medrekna vår eiga Kerenski-regjering, har narra arbeidarane og bøndene med), men med å bryta med kapitalistane og med å tilby fred.

Dersom det som er minst truleg skulle skje, dvs. der-

som ingen av dei krigførande statane eingong vil godta ei våpenkvile, då vil krigen for vår del verkeleg verta tvinga inn på oss, og han vert ein retteleg rettviss forsvarskrig. Dersom proletariatet og dei fattige bøndene verkeleg skjønar dette, vil Russland verta mange gonger sterkare jamvel i militær forstand, særleg etter eit fullstendig brot med kapitalistane som plyndrar folket. Vidare vil det under slike vilkår for vår del verta ein krig der vi står saman med dei undertrykte klassane i alle land, ein krig der vi står saman med dei undertrykte folk i heile verda, og det ikkje i ord, men i handling.

Folket må særleg átvarast mot dei påstandane frå kapitalistane som av og til verkar inn på småborgarskapet og andre redde, nemleg at dei britiske og andre kapitalistar er i stand til å gjera alvorleg skade på den russiske revolusjonen dersom vi bryt den røvaralliansen vi no har med dei. Ein slik påstand er falsk tvers igjennom, for «alliert finanshjelp» gjer dei som eig bankane rikare, og «stør» dei russiske arbeidarane og bøndene på nett same måten som reipet gjev stønad til ein hengd mann. Det er nok brød, kol, olje og jarn i Russland, og for å få desse produkta skikkeleg fordelt, trengst det berre at vi kvittar oss med jordeigarane og kapitalistane som plyndrar folket. Når det gjeld sjansane for at dei som no er allierte skal truga det russiske folket med krig, er det openbert meiningslaust å tru at franskmennene og italienarane kan slå hærane sine saman med tyskarane og gå imot Russland som tilbyr ein rettviss fred. Og om Storbritannia, USA og Japan skulle lysa krig mot Russland (og det er særst vanskeleg for dei, både fordi ein slik krig er så upopulær mellom massane og fordi kapitalistane i desse landa har så motstridande interesser i oppdelinga av Asia, særleg når det gjeld å plyndra ut Kina), så kunne dei ikkje føra ein hundredel av den skaden og armoda over Russland som krigen mot Tyskland, Austerrike og Tyrkia no gjer.

JORDA TIL DEI SOM DYRKAR HENNE

4. Sovjetregjeringa må straks kunngjera at alle private godseigedomar skal opphevast utan vederlag, og at alle desse godsa skal administrerast av bondekomiteane inntil den grunnlovgevande forsamlinga har funne ei løysing på problemet. Desse bondekomiteane skal også ta over alt utstyret og reiskapen til godseigarane, med det atterhaldet at det i fyrste rekkje skal vera fattigbøndene som har råderetten over dei og kan bruka dei vederlagsfritt.

Slike tiltak har eit overveldande fleirtal av bøndene kravd lenge, både i kongressresolusjonane og i hundrevis av veljarinstruksar frå bønder lokalt (det kan vi m.a. sjå i ei oppsummering av 242 veljarinstruksar som *Izvestia Sovjeta Krestianski Deputatov*⁶¹ har offentleggjort), og dei er fullstendig og tvingande naudsynpte. Det kan ikkje lenger somlast på den måten som bøndene fekk svi for under «koalisjonsregjeringa».

Kvar regjering som dryger med å setja i verk desse tiltaka, må ein sjå som ei regjering som er *fiendtleg til folket*, og ho bør kastast og knusast gjennom ein oppstand frå arbeidarane og bøndene. På den andre sida vil berre ei regjering som set desse tiltaka i verk, vera ei regjering for heile folket.

KAMP MOT HUNGERSNAUD OG ØKONOMISK RUIN

5. Sovjetregjeringa må straks innføra arbeidarkontroll over produksjon og fordeling i landsmålestokk. Røynslene sidan 6. mai har synt at når slik kontroll er borte, vert alle lovnader om reformar og alle freistnader på å innføra dei makteslause, og for kvar veke som går vert

heile landet stendig sterkare truga av hungersnaud i fylgje med ein katastrofe utan sidestykke.

Det er naudsynt å nasjonalisera bankane og forsikringsverksemdene straks, og like eins dei viktigaste industrigreinene (olje, kol, metallurgi, sukker osv.). Samstundes må forretningsløyndomar avskaffast, og det må skipast ei tilsynsordning der arbeidarar og bønder held stendig oppsyn med det vesle mindretalet av kapitalistar som gjer seg rike på kontraktar med regjeringa og dreg seg unna bokføring og rettvís skattlegging på profittane og eigedomane sine.

Slike tiltak som ikkje tek ein einaste kopek korkje frå mellombøndene, kosakkane eller småhandverkarane, er tvingande naudsynte i kampen mot hungersnauda, og heilt ut rettvís av di dei fordeler krigsbørene likt. Fyrst etter at den kapitalistiske plyndringa er tøymt og den medvitne sabotasjen av produksjonen er stansa, vil det verta mogleg å arbeida for å auka produktiviteten i arbeidet, innføra allmenn utskrivning av arbeidskraft og eit rettvíst byte mellom korn og industriprodukt, og å føra attende til statskassa dei tusenvis av millionar i papirpengar som dei rike no samlar seg opp.

Utan slike tiltak vert det òg umogleg å avskaffa gods-eigedomane utan godtgjerdsle. For stordelen av godsa er pantsette i bankane, slik at interessene til jordeigarane og kapitalistane er uløyeleg bundne i hop.

Den siste resolusjonen frå økonomiavdelinga i Den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen til sovjetet av arbeidar- og soldatrepresentantar (*Rabotskaja Gazeta* nr. 152) sannkjenner ikkje berre den «skaden» som tiltaka til regjeringa har ført med seg (slike som å auka kornprisane for å gjera jordeigarane og kulakkane rikare), ikkje berre «den kjensgjerninga at dei sentrale organa som regjeringa har skipa for å regulera det økonomiske livet *ikkje har gjort det aller minste*», men jamvel at denne regjeringa har «gått imot lovene». Når regjeringspartia, dei sosialrevolusjonære og mensjevikaner,

går med på dette, provar det enno ein gong det kriminelle i politikken med å forlika seg med borgarskapet.

KAMP MOT KONTRAREVOLUSJONEN TIL GODSEIGARANE OG KAPITALISTANE

6. Opprøret til Kornilov og Kaledin vart støtta av heile klassen av godseigarar og kapitalistar, med kadettpartiet (partiet for «folket sin fridom») i leiinga. Dette er alt prova fullt ut gjennom dei fakta som er offentleggjorde i *Izvestia* til Den sentrale eksekutivkomiteen.

Men ingen ting har vorte gjort korkje for å slå ned denne kontrarevolusjonen fullstendig eller jamvel for å granska han, og ikkje noko alvorleg kan verta gjort utan at makta vert overført til sovjeta. Ingen kommisjon kan stå for ei full gransking eller arrestera dei skuldige osb. utan at han har statsmakta. Berre ei sovjetregjering kan gjera det og må gjera det. Berre ei sovjetregjering kan tryggja Russland mot at freistnaden til Kornilov vert teken opp att — noko som elles er uunngåeleg — ved å arrestera Kornilov-tilhengjarane mellom generalane og hovudmennene i den borgarlege kontrarevolusjonen (Gutsjov, Miljukov, Rjabusjinski, Maklakov & co.), ved å oppløysa dei kontrarevolusjonære foreiningane (Riksdumaen, offiserssamskipnadene osb.), ved å setja medlemene deira under oppsyn av dei lokale sovjeta og ved å oppløysa kontrarevolusjonære væpna avdelingar.

Berre ei slik regjering kan nemna opp ein kommisjon som skal stå for ei fullstendig og offentleg gransking av Kornilov-saka og alle dei andre sakene, jamvel dei som borgarskapet har sett i gang. Bolsjevikpartiet vil for sin del oppmoda arbeidarane om å samarbeida fullt ut og gje opplysningar berre til ein slik kommisjon.

Berre ei sovjetregjering kunne føra ein framgangsrik kamp mot ei slik openberr urettvise som at kapitalistane har eigna til seg dei største prenteverka og dei fleste avisene med hjelp av millionar som dei har pressa ut av folket. Det er naudsynt å undertrykkja dei borgarlege kontrarevolusjonære avisene (*Retsj, Russkoje Slovo*⁶² osv.), å konfiskera prenteverka deira, å kunngjera at private annonsar i avisene er statsmonopol, å overføra dei til den avisa som sovjeta gjev ut, den avisa som fortel bøndene sanninga. Berre på denne måten kan og må ein ta frå borgarskapet dette mektige våpenet for lygn og baktaling, for å narra folket ustraffa, leia bøndene på avvegar og førebu ein kontrarevolusjon.

FREDELEG UTVIKLING AV REVOLUSJONEN

7. Det russiske demokratiet, sovjeta og dei sosial-revolusjonære og mensjvikpartiet står no framfor eit høve som ein svært sjeldan treffer på i historia til revolusjonane. Det er at det no er mogleg å kalla saman den grunnlovgjevande forsamlinga til fastsett dag utan fleire utsetjingar, at landet no kan tryggjast mot militær og økonomisk katastrofe og at ei fredeleg utvikling av revolusjonen kan sikrast.

Dersom sovjeta no tek all statsmakta i sine eigne hender for å setja i verk det programmet som er lagt fram ovanfor, vil dei ikkje berre vinna stønad frå ni tidelar av det russiske folket, frå arbeidarklassen og eit overveldande fleirtal av bøndene. Dei vil òg vera trygge på å møta den største revolusjonære eldhugen frå hæren og fleirtalet av folket. Utan denne eldhugen ville det vera umogleg å vinna siger over hungersnaud og krig.

Det kunne ikkje verta tale om nokon motstand mot sovjeta dersom sovjeta sjølve ikkje vingla. Ingen klasse vil våga å setja i gang ein oppstand mot sovjeta og gods-eigarane og kapitalistane som har lært ei lekse av røyns-

lene frå opprøret til Kornilov, vil gje opp makta si fredeleg og gje etter for ultimatumet frå sovjeta. For å overvinna motstanden frå kapitalistane mot programmet til sovjeta, vil det vera tilstrekkeleg at arbeidarar og bønder heldt oppsyn med utbyttarane og at dei trassige vart møtt med slike straffetiltak som å konfiskera all ei- gedommen deira, i tillegg til ei kort tid i fengsel.

Med å gripa all makta kunne sovjeta enno i dag — og dette er truleg siste sjansen deira — tryggja ei fredeleg utvikling av revolusjonen, tryggja at folket får velja representantar fredeleg og tryggja ein fredeleg strid mellom partia innanfor sovjeta. Dei kunne prøva ut programma til dei ulike partia i praksis, og makta kunne gå fredeleg over frå eitt parti til eit anna.

Heile utviklingsgangen i revolusjonen, frå 20. april- rørsla til opprøret til Kornilov, syner at dersom dette høvet ikkje vert utnytta, er det nøydd til å verta den mest forbitra borgarkrigen mellom borgarskapet og proletariatet. Den uunngåelege katastrofen vil føra denne krigen nærare. Han må ta ende med full siger for arbeidarklassen, med at denne klassen med stønad frå dei fattige bøndene set programmet ovanfor ut i livet. Det provar alle opplysningar og vurderingar som menneskeleg forstand har tilgjenge til. Men det kan syna seg at krigen vert svært vanskeleg og blodig og kan koma til å kosta livet til titusenvis av godseigarar, kapitalistar og offiserar som sympatiserer med dei. Proletariatet vil ikkje dryga med å ofra kva det skal vera for å redde revolusjonen, som berre er mogleg med at programmet som er lagt fram ovanfor vert oppfylt. På den andre sida vil- le proletariatet støtta sovjeta på alle måtar, dersom dei skulle nytta siste sjansen sin til å tryggja ei fredeleg utvikling av revolusjonen.

RÅD FRÅ EIN TILSKODAR

Eg skriv desse linene den 8. oktober og har lita von om at dei vil nå kameratane i Petrograd til den 9. Det er mogleg dei vil koma fram for seint, sidan kongressen til nordsovjeta er fastsett til 10. oktober. Like fullt vil eg freista gje mine «råd frå ein tilskodar» i tilfelle den sannsynlege aksjonen frå arbeidarane og soldatane i Petersburg og i heile «distriktet» kjem snart, men enno ikkje har kome.

Det er klårt at all makta må gå til sovjeta. Det skulle vera like udiskutabelt for kvar einaste bolsjevik at den proletariske revolusjonære makta (eller bolsjevikmakta — for det er no ein og same tingen) kan vera sikker på å få all mogleg velvilje og atterhaldslaus stønad frå alt det arbeidande og utbytta folket i heile verda allment, i dei krigførande landa særskilt, og særleg mellom dei russiske bøndene. Vi treng ikkje opphalda oss lenger med desse sanningane som er så godt kjende og som for lengst er prova.

Det vi må ta opp er noko som truleg ikkje står heilt klårt for alle kameratane, nemleg at overføring av makta til sovjeta no i praksis tyder væpna oppstand. Dette skulle vera sjølvsaagt, men ikkje alle har tenkt eller tenkjer over det. Å ikkje godta væpna oppstand no, ville tyda at ein ikkje godtok det viktigaste slagordet til bolsjevismen (all makt til sovjeta) og den proletariske revolusjonære internasjonalismen i det heile.

Men væpna oppstand er ei *særskild* form for politisk kamp som det gjeld eigne lover for, og dei må ein vera merksam på og tenkja grundig over. Karl Marx uttrykte

denne sanninga særleg klårt då han skreiv at «*oppreist er ein kunst nett like mykje som krig*».

Når det gjeld grunnreglane for denne kunsten, stilte Marx opp dei fylgjande:

1) *Leik aldri* med ein oppreist, men når du tek til med han, må du vera heilt klår over at du må føra han *rakt til endes*.

2) Konsentrer eit *stort overtak av styrkar* på det avgjerande punktet og til det avgjerande tidspunktet. Elles vil fienden som har fordelene av betre førebuing og organisasjon, knusa opprørarane.

3) Så snart oppreisten har teke til, må du gå fram så *fast og målretta* som råd, og ta *offensiven* med alle middel utan å gleppa. «Defensiven er dauden for ein kvar væpna oppstand.»

4) Du må freista koma overraskande på fienden og gripa stunda når styrkane hans er spreidde.

5) Du må leggja deg etter å ha framgang *kvar dag*, same kor liten han er (ein kan seia for kvar time, dersom det er ein by det gjeld), og for ein kvar pris halda på «*overtaket i moral*».

Marx summerte opp lærdomane frå alle revolusjonar når det gjeld væpna oppstand i orda til «Danton, største meisteren i revolusjonær politikk som er kjend til no: *de l'audace, de l'audace, encore de l'audace*» (vågemot, vågemot og atter vågemot — *Red.*).⁶³

Overført på Russland og oktober 1917 tyder dette: Ein så overraskande og snøgg samordna offensiv som mogleg mot Petrograd. Den må utan glepp først fram innanfrå og utanfrå, frå arbeidarklassekvartera og frå Finland, frå Revel og frå Kronstadt, ein offensiv av *heile* flåten, ein konsentrasjon av eit *ovstort overtak* av styrkar over dei 15 000 eller 20 000 (kan henda fleire) frå «bondegardane» våre (offiserssskulane), «Vendéetroppane» våre (ein del av kosakkane) osb.

Dei *tre* hovudstyrkane våre — flåten, arbeidarane og hæreiningane — må kombinerast slik at vi utan å gleppa kan okkupera og halda *same kva det kostar*: a) tele-

fonstasjonen, b) telegrafstasjonen, c) jarnbanestasjonane, d) og framfor alt, bruene.

Dei elementa som er *mest innstilte på oppgåva* («sjokkstyrkane» våre og *unge arbeidarar*, så vel som dei beste matrosane), må delast inn i små avdelingar for å okkupera alle dei viktigaste plassane og *ta del* over alt i alle viktige operasjonar, til dømes:

Å omringa og avskjera Petrograd, å ta byen i eit kombinert åtak frå matrosane, arbeidarane og troppane — ei oppgåve som krev *kunst og tre gonger vågemot*.

Å skipa avdelingar av dei beste arbeidarane, som væpna med rifler og bomber skal gå til åtak på og omringa «sentra» til fienden (offiserssskulane, telegrafstasjonen, telefonstasjonen osv.). Feltropet deira må vera: «*Betre å kjempa til siste mann enn å la fienden koma forbi!*»

Lat oss vona at dersom det vert vedteke aksjon, vil leiarane med framgang nytta seg av dei store levereglane til Danton og Marx.

Utfallet av både den russiske revolusjonen og verdsrevolusjonen avheng av to, tre dagars kamp.

MØTET I SENTRAL- KOMITEEN TIL RSDAP(b)

10. (23.) OKTOBER 1917

2.

RESOLUSJON

Sentralkomiteen sannkjenner at den internasjonale stillinga til den russiske revolusjonen (opprøret i den tyske flåten som eit ekstremt uttrykk for korleis den sosialistiske verdsrevolusjonen veks over heile Europa; trugsmålet frå imperialistane om fred med det føremålet å kvela revolusjonen i Russland) så vel som den militære stoda (det russiske borgarskapet og Kerenski & co. har utan tvil teke avgjerd om å overgje Petrograd til tyskarane) og den kjensgjerninga at det proletariske partiet har fått fleirtal i sovjeta — alt dette sett i samanheng med bondeopprøret og at tilliten frå folket har svinga over til partiet vårt (vala i Moskva), og til sist dei openlyse førebuingane som går føre seg for endå eit Kornilov-opprør (troppar som vert dregne attende frå Petrograd, at det vert forlagt kosakkar ved Petrograd, at Minsk vert omringa av kosakkar osb.) — alt dette set den væpna oppstanden på dagsorden.

Sentralkomiteen vurderer det difor slik at ein væpna oppstand er uunngåeleg og at tida er fullt mogen for han, og oppmodar alle partiorganisasjonane til å la seg rettleia i samsvar med dette og diskutera og avgjera alle praktiske spørsmål (kongressen for sovjeta i nordområda, tilbaketrekking av troppar frå Petrograd, aksjonen

til folket vårt i Moskva og Minsk, osv.) frå denne syns-
staden.

Prenta fyrste gong i tidsskriftet
Proletarskaja Revolutsia
nr. 10, 1922

Prenta etter
manuskriptet

BREV TIL MEDLEMENE I BOLSJEVIKPARTIET

Kameratar.

Eg har ikkje vore i stand til å få tak i Petrogradavisene for onsdag 18. oktober. Då eg over telefon fekk høyra den fulle teksten i fråsegna frå Kamenev og Sinovjev i den partilause avisa *Novaja Zjizn**, nekta eg å tru det. Men det har synt seg at det ikkje er tvil om dette, og eg må nytta meg av dette høvet til å få i veg eit brev til partimedlemene torsdag kveld eller fredag morgon. For å teia still andsynes slikt uhøyrte *streikebryteri* ville vera eit brotsverk.

Di alvorlegare det praktiske problemet er og di meir ansvarlege og «prominente» dei folka som gjer seg skuldige i streikebryteri er, di fårlegare er det, med di fastare hand må streikebrytarane kastast ut, og di meir utilgjeveleg ville det vera å stansa, jamvel for å ta omsyn til dei «tenestene» streikebrytarane tidlegare har gjort.

Berre tenk etter! Det har vore kjent i partikrinsar at partiet har diskutert spørsmålet om ein oppreist sidan september. Ingen har nokon gong høyrte om eit einaste brev eller skriv frå nokon av dei nemnde personane! No like før sovjetkongressen, går to framståande bolsjevikar ut *mot* fleirtalet, og tydelegvis *mot sentralkomiteen*. Det er ikkje sagt rett ut, men di større er skaden mot saka, for berre å ymta frampå er endå fårlegare.

Det er heilt klårt ut ifrå teksten i fråsegna til Kamenev og Sinovjev at dei har gått imot sentralkomiteen,

* *Novaja Zjizn* — sjå note 44. — Red.

for elles ville fråsegnha ha vore meiningslaus. Men dei seier ikkje *kva for* særskild avgjerd i sentralkomiteen dei går imot.

Kvifor?

Årsaka gjev seg sjølv: Sentralkomiteen har ikkje offentleggjort denne avgjerda.

Kva kokar så dette ned til?

I eit brennande spørsmål som er viktigare enn noko anna, og nett før den kritiske dagen 20. oktober, går to «framståande bolsjevikar» til åtak på ei avgjerd frå partisenteret som *ikkje* er offentleggjort enno. Dei går til åtak på denne avgjerda i den pressa som *ikkje* høyrer til partiet, og vidare i ei avis som nett i dette spørsmålet er som *hand i hanske med borgarskapet imot partiet til arbeidarane!*

Dette er tusen gonger meir forakteleg og *ein million gonger meir skadeleg* enn alle dei fråsegnene t.d. Plekhanov kom med i pressa utanfor partiet i 1906—07, og som partiet fordømde skarpt. På den tida galdt det berre spørsmålet om val. Men no gjeld spørsmålet ein oppreist for å vinna makta!

Å leggja imot den avgjerda som *ikkje er offentleggjort*, i ei slik sak *etter* at avgjerda er teken i senteret, og å gjera det rett framfor folk som Rodsjanko og Kerenski i ei avis som ikkje tilhøyrer partiet — kan det tenkjast noko større svik eller verre streikebryteri?

Eg ville sjå det som ei skam om eg drygde med å fordøma desse tidlegare kameratane på grunn av dei nære banda eg har hatt med dei tidlegare. Eg seier beint ifrå om at eg ikkje lenger ser på nokon av dei som kameratar, og at eg vil kjempa av alle krefter både i sentralkomiteen og på kongressen for å få dei bae støytte ut or partiet.

Når hendingane omkring stendig oftare stiller utfordringa framfor eit arbeidarparti at det må gjera oppreist, vil partiet ikkje kunna fullføra ei slik vanskeleg oppgåve dersom avgjerder frå senteret som ikkje enno er offentleggjorde, vert motsagde i pressa utanfor par-

tiet etter at dei er tekne. Det vil føra vakling og forvirring inn i rekkjene til dei som kjempar.

La hr. Sinovjev og hr. Kamenev skipa sitt eige parti saman med dusinet av forvilla folk, eller med kandidatar til valet på grunnlovgjevande forsamling. Arbeidarane vil ikkje slutta seg til eit slikt parti, for fyrste parolen til dette partiet vil vera:

«Medlemer av sentralkomiteen son har lidd nederlag på eit møte i sentralkomiteen der spørsmålet om ein avgjerande kamp har vore oppe, har løyve til å gå til den partilause pressa med åtak på avgjerder i partiet som ikkje er offentleggjorde.»

Lat dei bygga seg eit *slikt* parti. Det bolsjeviske arbeidarpartiet vårt vil berre tena på det.

Når alle dokumenta er offentleggjorde, vil streikebrotet til Sinovjev og Kamenev koma endå meir skamlaust til syne. I mellomtida kan vi la arbeidarane tenkja over dette spørsmålet:

Lat oss tenkja oss at eksekutivkomiteen i eit allrussisk fagforbund etter ein månads rådleggingar og med eit fleirtal på over 80 prosent, hadde vedteke å førebu ein streik, men at korkje datoen eller andre detaljar enno skulle gjerast kjende. Lat oss tenkja oss at to medlemer, *etter* at avgjerda var teken, dekte seg bak eit falskt påskot med «avvikande meining», og ikkje berre tok til å skriva til lokale grupper og gå sterkt inn for å ta avgjerda opp til ny vurdering, men og let breva sine gå ut til aviser *utanfor* partiet. Lat oss til sist gå ut ifrå at dei sjølve gjekk til åtak på avgjerda i partilause aviser, jamvel om ho enno ikkje var offentleggjord, og tok til å rakka ned på streiken framfor augo på kapitalistane.

Vi spør: Ville arbeidarane dryga med å støyta ut slike streikebrytarar frå rekkjene sine?

Når det gjeld korleis tilhøva ligg til for ein oppreist no, så kort tid før 20. oktober, kan eg ikkje døma på så lang fråstand i kva mon streikebrytarfråsegna i pressa utanfor partiet har skada saka. Det er ingen tvil om at det har skjedd svært stor *praktisk* skade. For å bøta på det som er gjort, er det framfor alt naudsynt å retta opp att einskapen i bolsjevikfronten med å støyta ut streikebrytarane.

Di meir vi dreg dei ideologiske argumenta imot ein oppreis fram i dagslyset, di klårare vert veikskapane i dei. Eg sende nyleg ein artikkel om dette emnet til *Rabotsji Put*⁶⁴, og dersom redaksjonen ikkje finn det mogleg å trykka han, vil partimedlemene truleg få gjera seg kjent med han i manuskript*.

I grunndraga finst det to såkalla «ideologiske» argument. Det fyrste er at det er naudsynt å venta på den grunnlovgjevande forsamlinga. Lat oss venta, kan henda vi kan halda ut til då — dette er heile argumentet. Kan henda — trass i hungersnaud, trass i økonomisk kaos, trass i at tolmodet til soldatane er uttømt, trass i dei stega Rodsjanko har teke for å gje Petrograd over til tyskarane, trass i lockoutane — kan henda vi kan halda ut.

Kan henda og kan vera — det er heile kjerna i argumentet.

Det andre er larmande pessimisme. Alt står bra til hos borgarskapet og Kerenski, — alt er gale hos oss. Kapitalistane har førebudd alt storarta, alt er gale hos arbeidarane. «Pessimistane» skrik seg håse om den militære sida av saka, men «optimistane» held stilt, for å berrleggja ein del spesielle saker for Rodsjanko og Kerenski er ikkje vidare lysteleg for andre enn streikebrytarar.

*

* Sjå Lenin, «Brev til kameratar» (17. (30.) oktober 1917) i *Samla verk*, eng. utg., b. 26, s. 195—215. — *Red.*

Harde tider. Ei vanskeleg oppgåve. Eit alvorleg svik.

Like fullt vil vi fullføra oppgåva. Arbeidarane vil styrkja rekkjene, bondeopprøret og den veldige iveren til soldatane ved fronten vil gjera sitt! Lat oss slutta rekkjene våre — proletariatet må vinna!

Skrive 18. (31.) oktober 1917

Prenta fyrste gong i

***Pravda* nr. 250,**

1. november 1927

**Prenta etter
manuskriptet**

BREV TIL MEDLEMENE I SENTRALEKOMITEEN⁶⁵

Kameratar.

Eg skriv desse linene om kvelden den 24. Stoda er overlag kritisk. Faktisk er det no fullstendig klårt at å utsetja oppstanden vil vera drepende.

Med all min styrke vil eg få kameratane til å skjøna at alt no heng i ein tråd, at vi no møter problem som ikkje kan løysast på konferansar eller kongressar (ikkje eingong på sovjetkongressar), men berre av folk, av massane, av kampen som det væpna folket fører.

Det borgarlege stormlaupet frå Kornilov-tilhengjarane og det at Verkhovski vart fjerna, syner at vi ikkje kan venta. Denne kvelden, denne natta, må vi for kvar pris arrestera regjeringa, etter at vi fyrst har avvæpna offiserskadettane (slege dei, dersom dei gjer motstand) osb.

Vi kan ikkje venta! Vi kan mista alt!

Det ein vinn med å gripa makta straks, vil vera å forsvara *folket* (ikkje kongressen, men folket, hæren og bøndene i fyrste rekkje) frå regjeringa av Kornilov-tilhengjarar, som har sett Verkhovski til side og har bryggja i hop ei ny Kornilov-samansverjing.

Kven må ta makta?

Det er ikkje viktig nett no. Lat Den revolusjonære militærkomiteen⁶⁶ gjera det, eller «einkvan annan institusjon» som vil seia frå om at han berre vil gje makta over til dei sanne representantane for interessene til folket, interessene til hæren (framlegget om fred straks), interessene til bøndene (jorda må takast straks og privat eigedom opphevast), interessene til dei som svelt.

Alle område, alle regiment, alle styrkar må mobiliserast straks, og må med ein gong få delegasjonar av stad til Den revolusjonære militærkomiteen og til sentralkomiteen for bolsjevikane med det inntrengjande kravet at Kerenski & co. under ingen omstende må få sitja med makta til den 25. — ikkje under nokon som helst slags omstende. Saka må avgjerast utan glipp på denne kveld, i denne natt.

Historia vil ikkje tilgje dei revolusjonære nokon utsetjingar når dei kunne vinna siger i dag (og heilt sikkert vil vinna siger i dag), medan dei risikerer å tapa mykje i morgon, faktisk står dei i fare for å tapa alt.

Dersom vi grip makta i dag, gjer vi det ikkje i motstrid til sovjeta, men på deira vegner.

Det oppstanden gjeld er å gripa makta. Dei politiske føremåla vil verta klåre etter at vi har teke henne.

Det ville vera ein katastrofe, eller rein formalisme, om vi venta på den usikre avrøystinga 25. oktober. Folket har rett og plikt på seg til å avgjera slike spørsmål ikkje med avrøystingar, men med makt. I dei kritiske augeblinkane i revolusjonen har folket rett og plikt på seg til å gje direktiv til representantane sine, jamvel dei beste representantane, og ikkje å venta på dei.

Historia til alle revolusjonar provar dette. Og dei revolusjonære ville gjera eit umåteleg brotsverk dersom dei let høvet gå frå seg, når dei veit at *berginga for revolusjonen*, tilbodet om fred, berginga for Petrograd, berginga frå hungersnaud, overføringa av jord til bøndene — alt dette avheng av dei.

Regjeringa vaklar. Ho må for kvar pris *få dødsstøyten*.

Å utsetja aksjonen tyder døden.

Skriven 24. oktober
(6. november) 1917
Fyrste gong prenta i 1924

Prenta i samsvar
med ein maskin-
skreven kopi

NOTER PERSONREGISTER

NOTER

1. Trykt i Pravda, nr. 26, 7. april 1917. Artikkelen inneheld Aprilte-sane til Lenin slik han las dei opp på to møte i Tauridapalasset 4. (17.) april 1917 (på eit bolsjevikmøte og på eit fellesmøte av bolsjevik- og mensjevikrepresentantar på den allrussiske konferansen av sovjet av arbeidar- og bonderepresentantar.) s.11

2. *Folkesosialistane* — medlemer av det småborgarlege og legale folkesosialistiske partiet som splitta ut frå høgrefløya i det sosial-revolusjonære partiet i 1906. Folkesosialistane gjekk inn for ein blokk med kadettane, sjå òg note 11. Lenin kalla dei «sosial-kadettar», «småborgarlege opportunistar» og «sosialrevolusjonære mensjevikar» som vingla mellom kadettane og dei sosialrevolu-sjonære. Partileiarane var m.a. Pesjekonov, Annenski og V. A. Mya-kotin. Under den fyrste verdskrigen tok dei eit sosialsjåvinistisk standpunkt. Etter den borgarleg-demokratiske revolusjonen i februar 1917, slutta det folkesosialistiske partiet seg saman med trudovikane (sjå note 12) og støtta aktivt den borgarlege provisoriske regjeringa der det var representert. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen tok folkesosialistane del i samansverjingar og væpna aksjonar mot Sovjetregjeringa. s.13

3. *Sosialrevolusjonære* — medlemer av eit småborgarleg parti som kom til i 1901—02, då einskilte narodnikgrupper og -sirklar slo seg saman (Den sosialrevolusjonære unionen, Partiet for dei sosialrevolu-sjonære og andre).

Dei sosialrevolusjonære skilde ikkje mellom proletariatet og små-eigarane, dei sletta over klasseskilnadene mellom bøndene og gjekk imot at proletariatet spelar ei leiande rolle i revolusjonen. Deira syns-måtar var ei blanding av narodnik-idear og revisjonisme. For å nytta eit uttrykk frå Lenin, så freista dei «å bota riftene i narodnik-ideane med bitar frå moderne opportunistisk 'kritikk' av marxismen». (Le-nin, «Sosialismen og bøndene» (1905) i *Samla verk*, eng. utg. 1965, band 9, s. 310.)

Bolsjevikpartiet reiv sløret av freistnadene frå dei sosialrevolu-sjonære på å gøyma seg bak ei sosialistisk maske, og det førte ein fast

strid mot dei for å få innverknad mellom bøndene. Bolsjevikane synte at den terroristiske taktikken til dei sosialrevolusjonære var til skade for arbeidarrørsla. Likevel gjekk bolsjevikane, i visse høve, inn i mellombels semjer med dei i striden mot tsarismen. Under den fyrste russiske revolusjonen braut høgrefløya mellom dei sosialrevolusjonære ut og skipa det legale folkesosialistpartiet (sjå note 2) som sto nær kadettane i politiske synsmåtar. Venstrefløya skipa det halv-anarkistiske maximilistforbundet. I perioden med Stolypin-reaksjonen forfall det sosialrevolusjonære partiet ideologisk og organisatorisk, og under den fyrste verdskrigen vart dei fleste av medlemene sosialsjåvinistar, (sjå note 5).

Etter februarrevolusjonen i 1917 var dei sosialrevolusjonære saman med mensjevikane og kadettane hovudstommen i den kontrarevolusjonære borgar- og godseigarregjeringa, der leiarane var sosialrevolusjonære (Kerenski, Avksentjev, Tsjernov). Seint i november 1917 skipa venstrefløyen i partiet Det sjølvstendige venstresosialrevolusjonære partiet. I ein freistnad på å halda på innverknaden sin mellom bøndene, anerkjende dei sosialrevolusjonære sovjetmakta formelt og gjekk inn i ein avtale med bolsjevikane, men snart gjekk dei over til å stri mot dei.

Under den utanlandske intervensjonen og borgarkrigen tok dei sosialrevolusjonære del i kontrarevolusjonær undergravingsverksemd, dei støtta aktivt intervensjonistane og kvitegardistgeneralane, dei tok del i kontrarevolusjonære samansverjingar og organiserte terroristiske aksjonar mot leiarane i sovjetregjeringa og i det kommunistiske partiet. Etter borgarkrigen heldt dei sosialrevolusjonære fram med dei fiendslege handlingane mot Sovjetstaten, både innanlands og mellom kvite-emigrantane. s.13

4. *Organisasjonskomiteen* — det leiande senteret av mensjevikar i augustblokken som Trotski organiserte i 1912, ein blokk av alle anti-bolsjevikiske grupper og strømnningar mot Lenin og det bolsjevikiske partiet. Under fyrste verdskrigen stod O. for sosialsjåvinisme. s.13

5. *Sosialsjåvinistane* — folk som rekna seg som sosialistar, men som fullt og heilt gav avkall på proletarisk internasjonalisme. Under den fyrste verdskrigen folk som støtta erobringsskrigane til borgarskapet i det landet dei sjølv budde i. Sjå Lenin, *Den proletariske revolusjonen og renegaten Kautsky* (1918), Forlaget Oktober 1975, s. 95. s.15

6. *Jedinstvo (Einskap)* — dagsavis som kom ut i Petrograd frå mars til november 1917, og under anna namn frå desember 1917 til januar 1918. Redigert av G. V. Plekhanov. Samla det ystte høgre av dei mensjevikiske forsvarsvenene og gav atterhaldslaus stønad til den borgarlege provisoriske regjeringa. Førte hard kamp mot bolsjevikpartiet.

s.15

7. *Russkaja Volja* (Russisk Fridom) — russisk dagsavis, grunnlagd og driven av storbankane. Førte ein kampanje for å provosera fram oppløp mot bolsjevikane. Lenin kalla ho ei av dei mest illgjetne borgarlege avisene. Kom ut i Petrograd frå desember 1916 til oktober 1917. s.16

8. 4. august 1914 røysta sosialdemokratane i den tyske riksdagen saman med dei borgarlege riksdagsmedlemene for å gje eit krigslån på 5 milliardar mark til keisarregjeringa. Såleis godkjende dei den imperialistiske politikken til Wilhelm II. Seinare vart det kjent at venstre-sosialdemokratane hadde gått imot krigslånet då den sosialdemokratiske gruppa diskuterte saka før riksdagsmøtet. Men dei bøygde seg for det opportunistiske fleirtalet og røysta for. s.17

9. *Blanquistar* — tilhengjarar av den franske sosialistleiaren Louis Auguste Blanqui (1805—81), ein framståande revolusjonær. Blanquistane avviste klassekampen og venta «at manneætta skulle frigjerast frå lønstræledomen gjennom ei samansverjing av nokre få intellektuelle og ikkje gjennom proletarisk klassekamp» (frå Lenin, «Oppsummering frå kongressen» (1906) i *Samla verk*, eng. utg., band 10). Dei vurderte ikkje den konkrete situasjonen, noko som er heilt naudsynt for at ein oppstand skal sigra, og dei forakta nære band til massane ved å setja aksjonane frå eit fåtal konspiratørar i staden for verksemda til eit revolusjonært parti. s.21

10. *Stolypinhengjaren* — tilnamn på den russiske regjeringssjefen 1906—11. Under herredømet til Stolypin var tukthusa, festningane og forvisningsstadene overfylte av revolusjonære. Galgar vart sette opp over heile landet, og fekk namnet «Stolypin-slipset». (Sjå *SUKP(b)s historie*, Forlaget Oktober 1974, s. 103). s.22

11. *Kadettane* — medlemmer av det konstitusjonelt-demokratiske partiet. Det var det viktigaste borgarlege partiet i Russland og talerøyr for det liberale monarkistiske borgarskapet. Det vart skipa i oktober 1905. *K.* sa seg å vera demokratar og kalla seg «partiet for folket sin fridom». På det viset freista dei å få oppslutnad mellom bøndene. Målet deira var å halda på tsarismen i form av eit konstitusjonelt demokrati. Seinare vart *k.* partiet for det imperialistiske borgarskapet. Under fyrste verdskrigen var *k.* aktive hjelpesmenn for utanrikspolitikken til tsarregjeringa som gjekk ut på å annektera nye område. Då den borgarleg-demokratiske revolusjonen kom i februar 1917, freista dei å berga monarkiet. *K.* hadde ei leiande stilling i den borgarlege provisoriske regjeringa og førte ein anti-folkeleg, kontrarevolusjonær politikk som vart godteken av dei britiske, franske og amerikanske imperialistane. Etter at den sosialistiske Oktoberrevolusjonen hadde

sigra, organiserte *k.* samansverjingar og oppreister mot Sovjetrepublikken. *s.22*

12. *Trudovik* — medlem av trudovikgruppa i statsdumane. Ho vart skipa i april 1906 av småborgarlege demokratar, bønder og intellektuelle med narodnik-sympatiar. Gruppa vingla mellom kadettane (sjå note 11) og dei sosialrevolusjonære (sjå note 3). Under fyrste verdskrigen tok dei fleste medlemene eit sosialsjåvinistisk standpunkt.

T. var talsmenn for dei rike bøndene, kulakkane, og etter februar-revolusjonen støtta dei aktivt den provisoriske regjeringa. Ein av representantane deira, Zarudni, vart justisminister etter juli-hendingane og stod i leiinga for politiaksjonar mot bolsjevikane. Etter Oktoberrevolusjonen slutta *t.* seg til dei kontrarevolusjonære kreftene. *s.23*

13. Med *narodnik*-partia forstod Lenin tre småborgarlege parti av narodnik-typen, trudovikane, dei sosialrevolusjonære og folkesosialistane (sjå notene 12, 3 og 2). *s.28*

14. *Manilovisme* — etter namnet Manilov, ein person i satiren «Dau-de sjelar» av Gogol. Manilov vart framstilt som ein slapp og sentimental godseigartype. Namnet har vorte eit synonym for ein lat og viljesvak drøymar og pratmakar. *s.43*

15. *Fabianarane* — ein reformistisk britisk organisasjon grunnlagt i 1884. Medlemer i organisasjonen var for størstedelen borgarlege intellektuelle, vitskapsmenn, forfattarar og politikarar (S. og B. Webb, Ramsay MacDonald, Bernhard Shaw o.a.). Dei nekta for at det var naudsynt med proletarisk klassekamp og sosialistisk revolusjon. Dei sto fast på at overgangen frå kapitalisme til sosialisme kunne verta oppnådd ved hjelp av mindre og gradvise reformer.

I 1900 gjekk *f.* inn i Arbeidarpartiet (the Labour Party). Fabianar-sosialismen er ei av kjeldene for ideologien til Arbeidarpartiet. Under fyrste verdskrigen (1914—18) tok fabianarane eit sosialsjåvinistisk standpunkt. *s.44*

16. *Arbeidarpartiet* (Labour Party) — vart stifta i 1900 som ei samansmelting av fagforeiningar, sosialistiske organisasjonar og grupper som arbeidde for å velja arbeidarrepresentantar inn i parlamentet. Namnet «Arbeidarpartiet» tok det i 1906. Fagforeiningsmedlemer vart utan vidare medlem av partiet så sant dei betalte kontigenten. Sidan partiet vart stifta har det ført ein klassesamarbeidspolitik med borgarskapet. Under den fyrste verdskrigen stod leiarane på eit sosialsjåvinistisk standpunkt. *s.44*

17. *Arbeidar- eller arbeidsgruppa* — ein organisasjon for dei tyske sentristane, danna i mars 1915 av medlemmer som hadde brote med den offisielle sosialdemokratiske gruppa i Riksdagen. Seinare, i 1917, danna gruppa kjerna i det tyske sentristiske uavhengige sosialdemokratiske partiet, som prøvde å orsaka dei opne sosialsjåvinistane og stod for å halde på einskapen med dei. s.45

18. *Minoritære eller longuetistar* — mindretallet i Det franske sosialistpartiet som vart danna i 1915. Dei minoritære var tilhengjarar av sosialreformisten Longuet. Dei hadde sentristiske syn og fylgde ein forsoningspolitikk overfor sosialsjåvinistane (sjå note 5). Under fyrste verdskrigen tok dei eit sosialpasifistisk standpunkt. Etter at Oktoberrevolusjonen hadde sigra, erklærte dei seg som tilhengjarar av proletariatets diktatur, men i røynda var dei mot det. Dei heldt fram med samarbeidspolitikken med sosialsjåvinistane og støtta den anneksonistiske Versailles-traktaten. Då dei vart verande i mindretal på kongressen til Det franske sosialistpartiet i Tours i desember 1920, der venstrefløya hadde framgang, splitta longuetistane ut av partiet og slutta seg til To-og-ein-halv-internasjonales, og då denne braut saman, gjekk dei attende til Den andre internasjonales.

(To-og-ein-halv-internasjonales eller Wiener-internasjonales vart starta i 1921 av parti som hadde brote med Den andre internasjonales eller var mot å setja han i gang att, men som ikkje ville slutta seg til Den tredje internasjonales. Dei godtok ikkje parolen om proletariats diktatur, stilte seg fiendslege til utviklinga i Russland og fordømte den striden bolsjevikane førte mot mensjevikane og dei sosialrevolusjonære. I 1923 gjekk To-og-ein-halv-internasjonales opp i Den andre internasjonales.) s.45

19. *Det uavhengige arbeidarpartiet (The Independent Labour Party)* — ein reformistisk organisasjon skipa av leiarane for dei «nye fagforeiningane» i 1893 under den aktive streikerørsla og den veksande kampanjen for å gjera den britiske arbeidarklassen uavhengig av dei borgarlege partia. Medlemene i partiet var sett saman av dei «nye fagforeiningsfolka» og medlemmer frå nokre av dei gamle fagforeiningane så vel som av intellektuelle og småborgarar under påverknad frå fabianarane (sjå note 15). 13. august 1914 sende ILP ut eit manifest mot krigen. Men frå 1915 tok leiarane eit sosialsjåvinistisk standpunkt, under dekke av pasifistiske frasar. Då den tredje internasjonales vart oppretta i 1919, vedtok ILP-leiinga å trekkja seg ut av Den andre internasjonales, etter press frå dei vanlege medlemene som hadde gått til venstre. I 1921 slutta ILP seg til den såkalla To-og-ein-halv-internasjonales. s.45

20. *Det britiske sosialistpartiet (The British Socialist Party)* — vart danna i Manchester i 1911. BSP dreiv agitasjon i marxistisk ånd. Det

var ikkje opportunistisk, det var verkeleg «uavhengig av dei liberale» (sjå Lenin, «Avdekking av dei britiske opportunistane» (1913) i *Samla verk*, eng. utg. 1964, band 19, s. 273). Men det vesle talet på medlemmer og dei veike banda til massane gjorde BSP noko sektærisk.

I februar 1916 vart avisa *The Call* danna av ei gruppe BSP-leiarar. Ho vart viktig i arbeidet med å sameina internasjonalistane i partiet. BSP helsa Oktoberrevolusjonen med glede og medlemmene spela ei viktig rolle i arbeidet med å skapa ein opinion i den britiske arbeidarrørsla mot intervensjonen i Sovjetunionen. I 1919 vedtok eit overveldande fleirtal av partiorganisasjonane å slutta seg til Den kommunistiske internasjonale. Saman med Den kommunistiske einskapsgruppa spela BSP ei leiande rolle i danninga av kommunistpartiet i Storbritannia. På den fyrste (samlings-)kongressen som vart halden i 1920, gjekk det store fleirtalet av medlemmene i BSP inn i kommunistpartiet (sjå kapitlet «'Venstre'-kommunismen i Storbritannia» i «'Venstre'-kommunismen — en barnesjukdom» (1920) i *Lenin, Utvalgte verker i 12 bind*, Forlaget Oktober 1976, band 11, s. 156—167.) s. 46

21. *Zimmerwald-venstre* — I byrjinga av september 1915 heldt internasjonalistane sin fyrste konferanse i Zimmerwald. Lenin kalla denne konferansen det «fyrste steget» i utviklinga av den internasjonale rørsla mot den imperialistiske verdskrigen. Lenin fekk danna *Zimmerwald-venstre* på denne konferansen. Men i Z. var det berre bolsjevikpartiet med Lenin fremst som tok eit heilt ut konsekvent standpunkt mot krigen. Z. gav ut tidsskriftet «Vorbote» (Varslet), der det vart offentleggjort artiklar av Lenin. s. 46

22. *Spartakusgruppa eller Internasjonalgruppa* — medlemmer av Spartakusforbundet, ein revolusjonær organisasjon av tyske venstre-sosialdemokratrar som vart danna tidleg under den fyrste verdskrigen under leiing av Karl Liebknecht, Rosa Luxemburg, Franz Mehring, Klara Zetkin og andre. Den var òg kjend som *Internasjonalgruppa*. Spartakistane dreiv revolusjonær propaganda mellom massane mot den tyske imperialistiske krigen og avslørte røvarpolitikken til den tyske imperialismen og dei sosialdemokratiske leiarane sitt svik. Men gruppa var ikkje fri for halvmensjevikiske feilslutningar i teoretiske og praktiske hovudspørsmål. Dei propaganderte ein halvmensjevikisk teori om imperialismen, avviste den marxistiske tolkinga av prinsippet om nasjonal sjølvråderett (dvs. opp til og inkludert lausriving og danning av sjølvstendige statar), nekta for at nasjonale frigjeringskrigar var moglege i den imperialistiske epoken, undervurderte rolla til det revolusjonære partiet og fall på kne for spontaniteten i arbeidarrørsla (sjå *SUKP(B)s historie*, Forlaget Oktober 1974, s. 172—181).

Lenin kritiserte feila til det tyske venstre i «Junius-brosjyra» (1916) og i «Ein karikatur av marxismen» og «Imperialistisk økonomis-

me» (1916) (sjå *Samla verk*, eng. utg. 1974, band 22, s. 305—309 og band 23, s. 28—76). Stalin gjer det same i «Nokre spørsmål om historia til bolsjevismen» (1913) (sjå *Verk*, eng. utg. 1955, band 13, s. 86—104).

I 1917 slutta spartakistane seg til det sentristiske tyske uavhengige sosialdemokratiske partiet, men dei var framleis sjølvstendige organisatorisk. Etter november-revolusjonen i Tyskland i 1918 braut dei med dei uavhengige og same året, fra 30. desember til 1. januar, grunnla dei Tysklands Kommunistiske Parti. s.46

24. *Det sosialistiske partiet (USA)* — skipa i 1901 i Indianapolis. Under fyrste verdskrigen splitta partiet seg i fleire retningar. Den revolusjonære fløya, som tok eit internasjonalistisk standpunkt, vart seinare, i 1919, kjernekrafta i danninga av det kommunistiske partiet i USA. s.48

25. «*Tribunistane*» — medlemer av det sosialdemokratiske partiet i Nederland. Dei representerte venstrefløya i arbeidarrørsla i landet og tok stort sett eit internasjonalistisk standpunkt under den fyrste verdskrigen. Namnet deira var henta frå avisa *De Tribune* som var hovudorgan for venstrefløya. s.48

26. *Det ungsosialistiske eller venstresosialistiske partiet* — venstrefløya i det svenske sosialdemokratiske partiet. I mai 1917 danna dei det venstresosialdemokratiske partiet i Sverige og vedtok på partikongressen i 1919 å gå inn i Komintern. I 1921 danna den revolusjonære fløya i partiet Sveriges Kommunistiske Parti. s.48

27. «*Tesnyaki*» — det revolusjonære sosialdemokratiske arbeidarpartiet i Bulgaria, stifta i 1903 etter kløyvinga i Det sosialdemokratiske partiet. Grunnleggjar og leiar av partiet var D. Blagoev, etterfylgjande leiarar og tilhengjarar av Blagoev var G. Dimitrov, V. Kolarov o.a. I 1914 gjekk Tesnyaki mot den imperialistiske krigen. s.48

28. «*Avanti*» (italiensk: Framover) — dagsavis, hovudorgan for Det italienske sosialistpartiet, fyrste gong gjeve ut i Roma i desember 1896. Under fyrste verdskrigen (1914—18) tok avisa eit inkonsekvant internasjonalistisk standpunkt utan å bryta med reformistane. s.48

29. «*Regionstyret*» og «*Hovudstyret*» — eksekutivorgana til sosialdemokratane i kongedømet Polen og Litauen. s.48

30. *Zimmerwald-internasjonen* — internasjonal sosialistkonferanse i Sveits frå 5.—8. september 1915 med representantar frå sentralkomiteen i RSDAP, for venstre-sosialdemokratane i Sverige, Noreg, Sveits og Tyskland, den polske sosialdemokratiske opposisjonen og

sosial-demokratane frå Litauen. Denne konferansen, samt ein som vart halden seinare i Kienthal, førte til ei styrking av ideologisk einskap på marxismen-leninismen sin grunn mellom venstrekreftene i dei vesteuropeiske sosialdemokratia. Desse kreftene spela seinare ei aktiv rolle for å skipa kommunistparti i landa sine og for å oppretta Den tredje kommunistiske internasjonale. s.50

31. *Volksstimme* (tysk: Folkets røst) — organ for det tyske sosialdemokratiske partiet, utgjeve i Chemnitz frå januar 1899 til februar 1933. s.50

32. *Die Glocke* (tysk: Klokka) — Tidsskrift gjeve ut i München og Berlin mellom 1915 og 1925 av sosialsjåvinisten Darvus, medlem av det tyske sosialdemokratiske partiet. s.50

33. *Kienthal-manifestet* — appellen «Til folka som lir under ruining og daude», vedteken på den andre konferansen til Zimmerwald-internasjonalistane 24.—30. april 1916 i Kienthal i Sveits (sjå note 21 og 30). s.50

34. *Die Jugendinternationale* (Ungdomsinternasjonale) — organ for den internasjonale unionen av sosialistiske ungdomsorganisasjonar tilknytta Zimmerwald-venstre (sjå note 21). Gjeve ut i Zürich frå september 1915 til mai 1918. s.51

35. *Rabotsjaja Gazeta* — dagsavis gjeve ut av mensjevikane i Petrograd fra 7. (20.) mars til 30. november (13. desember) 1917. Ho vart talerøyr for sentralkomiteen til mensjevikane 30. august (12. september). Ho støtta den borgarlege provisoriske regjeringa og kjempa mot bolsjevikane. Ho var fiendsleg til Oktoberrevolusjonen og til opprettinga av sovjetstyre. s.54

36. 7. (20.) april 1917 vedtok *eksekutivkomiteen i Petrograd-sovjetet* med 21 mot 14 røyster ein resolusjon til støtte for eit såkalla «fridomslån» som skulle hjelpe den provisoriske regjeringa til å halda fram med den imperialistiske krigen. Bolsjevikmedlemene i komiteen gjekk mot lånet og la fram ein annan resolusjon der dei karakteriserte støtte til det som «den verste forma for 'sivil våpenkvile'». Fleire medlemer av eksekutivkomiteen som ikkje var bolsjevikar, røysta saman med bolsjevikane. s.54

37. Konferansen var den fyrste legale samlinga av bolsjevikar i heile historia til partiet. Deltakarar var 133 representantar med fulle røysterettar og 18 representantar med rådgjevande røyst. Desse møtte for 80 000 partimedlemer.

Konferansen drøfta fylgjande spørsmål: 1. Den aktuelle situasjo-

nen (krigen og den provisoriske regjeringa osv.). 2. Fredskonferansen. 3. Sovjeta. 4. Revisjon av partiprogrammet. 5. Den internasjonale situasjonen og oppgåvene til partiet. 6. Einskaper mellom dei internasjonale sosialdemokratiske organisasjonane. 7. Jordbruks-spørsmålet. 8. Det nasjonale spørsmålet. 9. Den grunnlovgjevande forsamlinga. 10. Organisasjonsspørsmålet. 11. Melding frå dei ulike regionane. 12. Val av sentralkomite.

Talane til Lenin var alle bygde på apriltesane. Kamenev og Rykov gjekk mot Lenin og nekta for at Russland var moge for den sosialistiske revolusjonen. Lenin avslørte den kapitulasjonistiske anti-partilina til Kamenev og Rykov.

Sinovjev gjekk òg mot Lenin. Det var på spørsmålet om bolsjevikaner skulle verta ståande i Zimmerwald-samanslutninga eller bryta med ho og byggja opp ein ny, kommunistisk Internasjonale. Sinovjev ville halda på samarbeidet med Zimmerwald-folka og vart fordømd av Lenin.

Lenin kritiserte òg Pjatakov som saman med Bukharin hadde tatt eit nasjonalsjåvinistisk standpunkt til det nasjonale spørsmålet alt i dei fyrste krigsåra. Pjatakov og Bukharin var imot at sjølvrådet retten for nasjonane òg skulle kunne tyda retten til å skipa egne statar. Dette var å nekta for at proletariatet skulle nytta ut reservekreftene for revolusjonen som dei ulike nasjonalitetane utgjorde og var ei line som ville døma revolusjonen til nederlag. Gjennom kampen mot dei ulike opportunistiske linene førte aprilkonferansen partiet inn i overgangen frå den borgarleg-demokratiske revolusjonen til den sosialistiske revolusjonen (sjå *SUKP(b)s historie*, Forlaget Oktober 1974, s. 197—200). s.59

38. *Den fyrste allrussiske kongressen av bonderepresentantar* — vart halden i Petrograd 4.—28. mai (17. mai—10. juni) 1917. Deltakarar var 115 representantar frå provinsane og hæravdelingane. På kongressen avslørte bolsjevikaner den imperialistiske politikken til den borgarlege provisoriske regjeringa og forsoningspolitikken til mensjevikane og dei sosialrevolusjonære. Kongressen var dominert av dei sosialrevolusjonære (sjå note 3) og dette førte til at det vart vedteke å støtta den provisoriske regjeringa og gå inn for at «sosialistar» skulle ta del i ho. Kongressen vedtok òg å halda fram med krigen til «sigeren var nådd», og å setja i gang ein offensiv ved fronten. Kongressen gjekk imot at godseigarjorda straks skulle overførast til bøndene og ville utsetja jordbruks-spørsmålet til den grunnlovgjevande forsamlinga vart kalla saman. s.65

39. *Den fyrste allrussiske kongressen av sovjet av arbeidar- og soldatrepresentantar* — vart halden i Petrograd 3.—24. juni (16. juni—7. juli) 1917 med over 1000 representantar. Bolsjevikaner hadde berre 105. Fleirtalet var mensjevikar og sosialrevolusjonære. Lenin talte

om den borgarlege provisoriske regjeringa og om krigen. Bolsjevikanane la fram eigne forslag på alle viktige saker og avslørte den imperialistiske karakteren til krigen, la vekt på dei ulukkelege fylgjene eit kompromiss med borgarskapet måtte få og insisterte på at all makt skulle overførast til sovjeta. Kongressresolusjonane erklærte seg *for* den provisoriske regjeringa og førebuingane til ein offensiv ved fronten og tok standpunkt *mot* å overføra statsmakta til sovjeta. s.68

40. *Den fyrste koalisjonsregjeringa* — vart skipa 5. (18.) mai 1917. I tillegg til representantar for borgarskapet var regjeringa sett saman av sosialrevolusjonære, Kerenski og Tsjernov, av Perevezev som stod nær dei sosialrevolusjonære, mensjevikanane Skobolev og Tsereteli og folkesosialisten Pesjekonov. s.69

41. *Den provisoriske regjeringa* — vart danna 2. (15.) mars 1917 gjennom ein avtale mellom den provisoriske Duma-komiteen og dei sosialrevolusjonære og mensjevikiske leiarane av eksekutivkomiteen i Petrogradsovjetet av arbeidar- og soldatrepresentantar. Ho vart sett saman av Prins Lvov (formann i ministerrådet og innanriksminister), P. N. Miljukov, kadettleiar (utanriksminister), A. I. Gutsjkov, oktobristleiar (krigsminister og førebels marineminister) og andre medlemmer frå storborgarskapet, så vel som trudoviken A. F. Kerenski (justisminister). s.70

42. *Lyakov* — ein oberst i den tsaristiske hæren, leiar for russiske troppar som slo ned den borgarlege revolusjonen i Persia i 1908. Med «Lyakovpolitikk» meiner Lenin undertrykking av revolusjonære og nasjonale frigjeringsrørsler av den tsaristiske regjeringa. s.74

43. *Izvestia Petrogradskogo Sovjeta Rabotsjik i Soldatskik Deputatov* (Bulletin for Petrogradsovjetet av arbeidar- og soldatrepresentantar) — dagsavis grunnlagt 28. februar (13. mars) 1917. Heilt fram til den andre allrussiske sovjetkongressen var avisa kontrollert av mensjevikar og sosialrevolusjonære. Fyrst då vart avisa det offisielle organet for sovjetmakta. s.74

44. *Novaja Zjizn* (Nytt liv) — ei dagsavis med mensjeviktendensar, organ for ei gruppe sosialdemokratar kjende som internasjonalistane. Medlemene i gruppa var Martov-tilhengjarar og intellektuelle med halvmensjevikiske tendensar utan å vera med i noka gruppering. *Novaja Zjizn* vakla heile tida mellom forsonarane og bolsjevikanane.

Avisa vart gjeve ut i Petrograd frå april 1917. Etter Oktoberrevolusjonen tok ho eit fiendsleg standpunkt mot Sovjetregjeringa og vart forbode 1. juli 1918. s.76

45. Lenin tenkjer her på at den britiske regjeringa gav ut pass til Ramsay MacDonald, leiar for Det britiske sosialistpartiet (sjå note 20), som var invitert til Russland av eksekutivkomiteen i Petrograd-sovjetet. Reisa vart hindra av Det britiske sjømannsforbundet som nekta å gje mannskap til båten som skulle føra han til Russland. s.77

46. *Manifestet frå Petrogradsovjetet* av arbeidar- og bonderepresentantar «Til folka i verda» vart vedteke 14. (27.) mars 1917. Leiarane for mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære vart tvinga til å røysta for, under press frå det revolusjonære folket som ville ha fred. Manifestet oppfordra det arbeidande folket i dei krigførande landa til å arbeida for fred. Men det avslørte ikkje at krigen var ein røvarkrig og sette ikkje fram forslag om praktiske fredstiltak. I røynda vart manifestet difor berre noko som orsaka at den borgarlege provisoriske regjeringa heldt fram med den imperialistiske krigen. s.77

47. I juni 1917 overfall Italia Albania. I Hellas fekk Storbritannia og Frankrike i stand eit statskupp mot kong Konstantin og sette Venizela, deira tilhengjar, ved makta. Hellas vart dimes drege inn i krigen saman med Entente-maktene i strid med viljen til folkefleirtalet. Under den fyrste verdskrigen vart Persia okkupert av engelske og russiske troppar. Den provisoriske regjeringa støtta alle desse tyranniske, imperialistiske handlingane. s.79

48. *På den fyrste allrussiske sovjetkongressen* la bolsjevikanane og dei sameinte internasjonalistiske sosialdemokratane fram ei erklæring der dei kravde at kongressen fyrst av alt måtte drøfta offensiven som den provisoriske regjeringa førebudde. Erklæringa peika på at offensiven var bestemt av magnatane mellom dei imperialistiske allierte og at dei russiske kontrarevolusjonære på denne måten ville konsentrera makta i hendene på militærdiplomatiske og kapitalistiske grupper for å retta eit slag mot den revolusjonære kampen for fred og den stilling dei russiske demokratane hadde oppnådd. Erklæringa åtvarga arbeidarklassen, dei væpna styrkane og bøndene om fåren som truga landet og oppfordra kongressen til straks å gå mot offensiven til dei kontrarevolusjonære. Dette vart forkasta av kongressfleirtalet. s.79

49. *Djelo Naroda* (Folkets sak) — sosialrevolusjonær dagsavis, gjeve ut i Petrograd mellom mars 1917 og juni 1918. Ho var forsoningsvenleg og støtta den provisoriske borgarlege regjeringa. s.79

50. *Novoje Vremja* (Ny tid) — dagsavis i Petrograd. Kom ut frå 1868 til 1917. Førte ein vill anti-bolsjevikisk kampanje etter februarrevolusjonen i 1917. Ho vart forbode 26. oktober (8. november) 1917.

Zjivoje Slovo (Det levande ordet) — dagsavis med svartehundresympatiar gjeve ut i Petrograd frå 1916. Førte vill kamp mot bolsjevikanane og vart forbode etter Oktoberrevolusjonen. s.88

51. *Kontaktkommisjonen* — skipa 8. (21.) mars etter avgjerd i den kompromissvenlege eksekutivkomiteen i Petrogradsovjetet for å «innverka på» og «ha kontroll med» den provisoriske regjeringa. Medlemer var m.a. Skoboljev, Steklov og Tsjkheidze (seinare kom òg Tsjernov og Tsereteli med). Kommisjonen hjelpte til med å løyne den kontrarevolusjonære karakteren til den provisoriske regjeringa. Mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære vona dei med dette skulle kunna hindra revplusjonære aksjonar for å overføra statsmakta til sovjeta. Kommisjonen vart oppløyst i midten av april. s.99

52. 17. (30.) mai 1917 vedtok den uavhengige seksjonen av *Kronstadt-sovjetet* at ordninga med regjeringsoppnemnde kommissærar skulle opphevast og sovjetet gjevast fulle rettar. Resolusjonen som bolsjevikanane støtta, sa at det var berre ein autoritet i Kronstadt og det var sovjetet av arbeidar- og soldatrepresentantar. I alle saker som galdt statstilhøve, skulle Kronstadt-sovjetet ta direkte kontakt med Petrogradsovjetet.

Denne resolusjonen var ein følgje av ein konflikt mellom Kronstadt-sovjetet og Pepelajev, kommissæren for den provisoriske regjeringa. Den borgarlege pressa og pressa til dei sosialrevolusjonære og mensjevikanane sette i verk ein baktalingskampanje mot innbyggjarane i Kronstadt og bolsjevikanane. Dei kom med hint om at no hadde Russland byrja å bryta saman, at anarkiet var nær, at Kronstadt hadde rive seg laus osv.

Både Petrogradsovjetet og den provisoriske regjeringa sende delegasjonar for å handsama det som hadde skjedd i Kronstadt. (Tsjkheidze, Gotz og andre frå Petrogradsovjetet og minister Skobolev og Tsereteli frå den provisoriske regjeringa). Dei to ministrane greidde å få til eit kompromiss om at kommissæren skulle veljast av sovjetet og godkjennast av den provisoriske regjeringa. Kronstadtsovjetet vedtok samstundes ein resolusjon som slo fast at sovjetet sannkjente autoriteten til den provisoriske regjeringa, men la til at dette «ikkje i det heile hindra kritikk eller ynskjet om at revolusjonære demokratar skulle skipa ei ny sentral statsmakt og overføra all makt til sovjetet av arbeidar- og bonderepresentantar». Resolusjonen gav uttrykk for vona om at bolsjevikanane ville oppnå dette ved å øva ideologisk innverknad. Han endte med ein kraftig protest mot forsøka på å få det til å sjå ut som om Kronstadt-bolsjevikanane ville «øydeleggja tilhøva mellom Kronstadt og resten av Russland». s.103

53. *Kornilov-oppstanden* mot revolusjonen vart organisert av borgarskapet og godseigarane i august 1917. Han vart leia av tsargeneralen Kornilov, dåverande øvstkommanderande i hæren. Konspiratørane hadde tenkt seg å ta Petrograd, knusa bolsjevikpartiet, oppretta militærdiktatur, oppløysa sovjeta og leggja vegen open for gjenoppretting av monarkiet. Kerenski, som var sjef for den provisoriske re-

gjeringa, gjekk med i samansverjinga. Men då oppstanden tok til, vil-
le han ikkje lenger vera med. Han var redd for at han kunne verta
knust av massane saman med Kornilov og erklærte at Kornilov var
ein opprørar mot den provisoriske regjeringa.

Oppstanden byrja 25. august (7. september). Kornilov let det tredje
kavallerikorpsset marsjera mot Petrograd.

Bolsjevikane mobiliserte massane til å slå ned opprøret, på same tid
som den provisoriske regjeringa, mensjevikane og dei sosialrevolusjo-
nære òg vart avslørte. Arbeidarar, matrosar og soldatar kjempa mot
opprørarane. Under press frå folket måtte den provisoriske regjerin-
ga arrestera Kornilov og hjelpesmennene hans. — Undertrykkinga av
Kornilov-oppstanden viste at bolsjevikane no hadde vakse til å verta
den avgjerande krafta i revolusjonen (sjå *SUKP(b)s historie*, Forlaget
Oktober 1974, s. 208—212.) s.109

54. *Den allrussiske demokratiske konferansen* — vart halden i Petro-
grad mellom 14. og 22. september (27. september—5. oktober) 1917.
Han vart kalla saman av mensjevikane og dei sosialrevolusjonære for
å temja den veksande krafta i revolusjonen. Deltakarane representer-
te dei småborgarlege partia, dei kompromissinnstilte sovjeta, fagfo-
reiningane, semstvoene, handels- og industrikrinsar og troppeavdelin-
gar. Bolsjevikane møtte fram for å avsløra planane til mensjevikane
og dei sosialrevolusjonære. Konferansen valde eit for-parlament (eit
provisorisk råd for republikken) som mensjevikane og dei sosialrevo-
lusjonære vona skulle stansa revolusjonen og få landet inn på vegen
med eit borgarleg-parlamentarisk system.

Sentralkomiteen i bolsjevikpartiet tok avgjerd om at bolsjevikane
skulle trekkja seg ut av for-parlamentet. Det var berre kapitulasjonis-
tane, m.a. Kamenev, Rykov og Rjazanov, som ville at partiet skulle
vera med (sjå *SUKP(b)s historie*, Forlaget Oktober 1974, s. 212—
213.) s.114

55. *Krigsindustrikomiteane* — vart oppretta i mai 1915 av det imperi-
alistiske borgarskapet for å hjelpa tsarregjeringa med krigen. Den
sentrale krigsindustrikomiteen leia av Gutsjov, oktofrist og storka-
pitalist, industriherren Konoralov, bankieren og sukkerfabrikanten
Teresjtsjenko og andre storkapitalistar.

For å få arbeidarane under eigen innverknad og ala opp sjåvinisti-
ske kjensler mellom dei, bestemte borgarskapet seg for å organisera
«arbeidargrupper» i k. På denne måten ville kapitalistane få til auka
produktivitet i krigsindustrien. Mensjevikane tok aktivt del i denne
planen. Bolsjevikane gjekk imot han og var for å boikotta komiteane.
Støtta av eit overveldande fleirtal av arbeidarane greidde bolsjevikane
å sikra boikotten. s.116

56. *Djen (Dagen)* — liberal borgarleg avis som kom ut i Petrograd frå 1912. Etter februarrevolusjonen i 1917 vart ho heilt overteke av mensjevikiske likvidatorar. Avisa vart forboden 26. oktober (8. november) 1917. s.122

57. *Produgol* — ei forkorting for Det russiske selskapet for mineral-oljehandelen i Donbassenget, grunnlagt i 1906.

Prodamet — selskapet for å marknadsføra russiske metallurgiske produkt, grunnlagt i 1901. s.151

58. 31. august (13. september) 1917 vedtok Petrogradsovjetet for fyrste gong eit forslag sett fram av bolsjevikane om å gå hardt ut mot kompromisspolitikken overfor borgarskapet. Nokre dagar seinare fekk bolsjevikane òg fleirtal for eit liknande forslag i Moskasovjetet av arbeidar- og bonderepresentantar. s.159

59. *Alexinver-teatret i Petrograd* var samlingsstaden for den demokratiske konferansen. *Peter Paul-festninga* var fengsel for politiske fangar. s.168

60. *Den fælslege divisjonen* — ein divisjon sett opp under fyrste verdskrigen av friviljuge frå fjellfolka i Nord-Kaukasus. General Kornilov nytta divisjonen i angrepet sitt på Petrograd. s.168

61. *Izvestia Vserossiskogo Sovjeta Krestyanskik Deputatav* (Bulletin for det allrussiske sovjetet av bonderepresentantar) — offisiell dagsavis for det allrussiske sovjetet av bonderepresentantar. Kom ut i Petrograd frå 9. (22.) mai til desember 1917. Talerøyr for høgrefløya til dei sosialrevolusjonære. Ho vart forboden av di ho dreiv kontrarevolusjonær propaganda. s.175

62. *Retsj (Tale)* — dagsavis for kadettane (sjå note 11), gjeve ut i Petrograd frå februar 1906. Forbode 26. oktober (8. november) 1917 av den revolusjonære militærkomiteen i Petrograd.

Russkoje Slovo (Russisk ord) — borgarleg dagsavis, gjeve ut i Moskva frå 1895. Ho vart forboden i november 1917 for baktaling og anti-sovjetiske reportasjar. s.178

63. Sjå Engels: *Revolusjon og kontrarevolusjon i Tyskland*, trykt i New York Daily Tribune i 1851/52. Engels skreiv artiklane etter drøftingar med Marx som lagde råutkasta. s.181

64. *Rabotsji Put* (Arbeidarens veg) — hovudorgan for bolsjevikane, dagsavis frå 3. (16.) september til 26. oktober (8. november) 1917 i staden for avisa Pravda som vart forboden av den provisoriske regjeringa. s.188

65. Skriven om natta til den 24. oktober (6. november). Den same dagen kom Lenin hemmeleg til Smolni og tok over leiinga av oppreisten.
s.190

66. *Den revolusjonære militærkomiteen til Petrogradsovjetet* — vart sett opp 12. (25.) oktober 1917 etter instruks frå sentralkomiteen i bolsjevikpartiet. Medlemene var frå sentralkomiteen, Petersburgkomiteen, Petrogradsovjetet, fabrikkomitear, fagforeiningar og militærorganisasjonar. Han hadde nær kontakt med militærorganisasjonen, til bolsjevikane i skipinga av Raude Gardar og i væpning av arbeidarane. Den viktigaste oppgåva til komiteen var å førebu den væpna oppstanden i samsvar med direktiv frå sentralkomiteen. Den leiande kjernen var det revolusjonære militærsentret, som dagleg fekk rettledning frå Lenin. Komiteen vart oppløyst 5. (18.) desember 1917. *s.190*

PERSONREGISTER

ADLER, Friedrich (1879—1960): Ein av leiarane for høgrefløya i det austerriske sosialdemokratiet. I 1916 drap han statsministeren i Austerrike, Stürgkh, som ein protest mot krigen. Då han slapp ut frå fengselet i 1918, hadde han ei fiendsleg haldning til den sosialistiske Oktoberrevolusjonen. s.46,48

ALEXEJEV, Mikhail Vasiljevitsj (1857—1918): Tsaristgeneral. Etter februarrevolusjonen i 1917 vart han øvstkommanderande og seinare militær rådgjevar for den borgarlege provisoriske regjeringa. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen var han ein av hovudorganisatorane av kontrarevolusjonen. s.171

AVKSENTJEV, Nikolai Dmitrijevitsj (1878—1943): Ein av dei høgre-sosialrevolusjonære leiarane. Etter februarrevolusjonen i 1917 var han medlem av eksekutivkomiteen i Petrogradsovetet av arbeidar- og soldatrepresentantar og formann i eksekutivkomiteen for det allrussiske rådet for bonderepresentantar. I juli-august 1917 var han innanriksminister i Kerenski-regjeringa. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen vart han ein av dei som organiserte kontrarevolusjonære og anti-sovjetiske handlingar. Etter det vart han «kvit»emigrant. s.126

AXELROD, Pavel Borisovitsj (1850—1928): Russisk sosialdemokrat. Var med på å grunnleggja Gruppa for frigjering av arbeidet, den fyrste marxistiske gruppa i Russland. Slutta seg til *Iskra*-mindretalet på den andre kongressen til RSDAP i 1903. Etter det vart han ein av leiarane for mensjevikane. Han var leiar for likvidatorane i reaksjonsåra, dvs. dei mensjevikane som sto for lina med å likvidera det revolusjonære illegale partiet til proletariatet, gjera det til inkjes. Under den fyrste verdskrigen var han sentrist, dvs. han løynde det sosialsjåvinistiske standpunktet sitt under «venstre»-frasar om kamp mot krigen, frasar som tok sikte på å narra arbeidarklassen. I røynda støtta sentristane krigen. A. var fiendsleg til den sosialistiske Oktoberrevolusjonen. Han budde i utlandet og støtta væpna intervensjon mot Sovjet-Russland. s.46

BAGRATION, Dmitri Petrovitsj (f. 1863): Tsaristisk general og Kornilov-tilhengjar, sjå Kornilov. s.171

BAZAROV, Vladimir Aleksandrovitsj (1874—1939): Økonom, forfatter og filosof, sette verka til Marx og Engels om til russisk. Tok del i den sosialdemokratiske rørsle. I reaksjonsåra 1907—10 gjekk han frå bolsjevismen og vart ein av dei leiande talsmennene for machismen, ein reaksjonær idealistisk filosofi med namn etter austerrikaren Ernst Mach (1838—1916). I 1917 var han redaktør av mensjevikavisa *Novaja Zjizn*. Han var fiendsleg til den sosialistiske Oktoberrevolusjonen. s.76

BERGER, Victor (1860—1929): Ekstrem høgresosialist frå USA, ein av grunnleggjarane av sosialistpartiet i USA. Han slutta aktivt opp om USA-imperialismen sin strid mot Mexico i 1916, og gjekk mot at USA skulle godkjenna Sovjetregjeringa. s.44

BERNATSKI, Mikhail Vladimirovitsj (f. 1876): Russisk politiskar og økonom, finansminister i den borgarlege provisoriske regjeringa til Kerenski i 1917 og seinare i kvitegardistregjeringane til Denikin og Wrangel. Etter det vart han «kvit» emigrant. s.123

BERNSTEIN, Eduard (1850—1932): Leiaren for den stridaste opportunistiske fløya i det tyske sosialdemokratiet og Den andre internasjonalen. Under dekke av at det trongst ein «revisjon» av Marx si lære, forkasta han alle grunnsetningane i marxismen og sette fram eit reint reformistisk program for den tyske arbeidarrørsle. Dette gav opphav til ein langvarig internasjonal strid mot revisjonismen frå midten av 1890-åra og fram til hundreårsskiftet. Støtta det tyske borgarskapet under den fyrste imperialistiske verdskrigen. s.162

BISSOLATI, Leonida (1857—1920): Ein av grunnleggjarane av det italienske sosialistpartiet, leiar for høgrefløya. Vart sosialsjavinist under den fyrste verdskrigen. s.44

BOBRINSKI, Vladimir Aleksjevitsj (f. 1868): Russisk reaksjonær politiskar, monarkist, storgodseigar og sukkerprodusent.

BOURDERON, Albert (f. 1858): Fransk sosialist, fabrikkarbeidar. Under fyrste verdskrigen ein av venstreleiarane for dei franske fagforeiningane. Seinare svinga han over til høgre og gjekk inn for at sosialistar skulle ta del i borgarlege regjeringar. s.47,50

BRANTING, Hjalmar Karl (1860 — 1925): Reformistisk leiar for det svenske sosialdemokratiske partiet. Ein av leiarane i Den andre internasjonale. s.44

BUBLIKOV, Aleksander Aleksandrovitsj (f. 1875): Russisk ingeniør som arbeidde for interessene til dei store industriherrane og kjøpmennene. Han gjekk inn for ein koalisjon mellom borgarskapet og mensjevikane og dei sosialrevolusjonære. Etter Oktoberrevolusjonen drog han utanlands.

CARLSSON, Carl (1865—1929): Svensk sosialist, internasjonalist under fyrste verdskrigen. s.48

DAN (Gurvitsj), Fjodor Ivanovitsj (1871—1947): Russisk sosialdemokrat, mensjevikleiar. Leiar for ei utanlandsk likvidatorgruppe under reaksjonsåra 1907—10. Etter februarrevolusjonen i 1917 var han medlem av eksekutivkomiteen i Petrogradsovjetet, der han støtta den borgarlege provisoriske regjeringa. D. stridde aktivt mot Sovjetmakta etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen. I 1922 vart han vist bort frå landet på grunn av den kontrarevolusjonære verksemda si. s.86, 152

DAVID, Eduard (1863—1930): Ein av leiarane for høgrefløya i det tyske sosialdemokratiet, revisjonist. Var sosialsjåvinist under den fyrste verdskrigen. s.47

GAGARIN, A. V.: Tsaristisk general som aktivt støtta opp om Kornilov-oppstanden i august 1917 (sjå òg Kornilov). s.171

GOLDENBERG, Josef Petrovitsj (1873—1922): Russisk sosialdemokrat, bolsjevik. Tilhengjar av Plekhanov og fedrelandsforsvarar under verdskrigen, men slutta seg i 1920 på nytt til bolsjevikane. s.15, 17

GORTER, Herman (1864—1927): Nederlandsk venstresosialist, var med på å grunnleggja avisa De Tribune. Han var for ei tid med i den kommunistiske rørsle, men gjekk ut i 1919. s.48

GREULICH, Herman (1842—1925): Ein av grunnleggjarane av det sveitsiske sosialdemokratiske partiet og leiar for høgrefløya der. Var sosialsjåvinist under den fyrste verdskrigen, og gjekk imot at venstrefløya i det sveitsiske sosialdemokratiske partiet skulle slutta seg til Den kommunistiske internasjonale. s.51

GRIMM, Robert (1881—1958): Sosialdemokratisk leiar i Sveits. Var sentrist under den fyrste verdskrigen. Leiar for kongressane i Zimmerwald og Kienthal (sjå note 30). Formann i Den internasjonale sosialistiske kommisjonen. s.51

GUESDE, Jules (1845—1922): Ein av grunnleggjarane og leiarane for Sosialistpartiet i Frankrike (Parti socialiste de France) og Den andre internasjonale. Før den fyrste verdskrigen leia han den revolu-

sjonære venstrefløya i partiet. Seinare vart han sosialsjåvinist. Då den fyrste verdskrigen braut ut, gjekk han inn i den franske borgarlege regjeringa. s.44

GUILEBEAUX, Henri (f. 1884): Fransk kommunist, diktar og journalist. Under den fyrste verdskrigen var han internasjonalist og med i Zimmerwald-venstre (sjå note 21). Medlem av den fyrste eksekutivkomiteen i Komintern. Har gjeve ut fleire diktsamlingar mot krigen, om den russiske revolusjonen og klassekampen. s.47

GUTSJKOV, Aleksander Ivanovitsj (1862—1936): Talsmann for handels- og industriborgarskapet i Russland, leiar for Oktobristpartiet og monarkist. Formann i den sentrale krigsindustrikomiteen under den fyrste verdskrigen. Etter februarrevolusjonen i 1917 var han minister for hæren og flåten i den fyrste borgarlege provisoriske regjeringa. Han gjekk inn for å halda fram med krigen til ein «sigerrik slutt». I august 1917 tok G. del i å organisera Kornilov-mytteriet (sjå Kornilov). Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen stridde han mot Sovjetmakta. Han vart ein kvite-emigrant. s.22,28ff,55,104,107

HAASE, Hugo (1863—1919): Tysk sosialdemokratisk leiar, sentrist, representant i Riksdagen 1897—1907 og 1912—18. Saman med Kautsky var han med å organisera det uavhengige sosialdemokratiske partiet i Tyskland i april 1917. s.45,47

HANECKI (Fürstenberg), Jakub (1879—1937): Framstående leiar for den polske og den russiske revolusjonære rørsle. s.48

HARTSTEIN (Levi, Paul) (1883—1930): Tysk venstresosialdemokrat, spartakist og internasjonalist under fyrste verdskrigen. Gjekk med i Tysklands Kommunistiske Parti då det vart skipa i 1919, men vart ekskludert for fraksjonsverksemd i 1921. s.51

HILLQUIT, Morris (1869—1933): Leiar for det reformistiske sosialistpartiet i USA. Fiendsleg mot Oktoberrevolusjonen og Sovjetstaten. s.46

HUYSMANS, Camille (1871—1968): Belgisk politiskar, medlem av sentralstyret i det belgiske sosialistpartiet. Sekretær i Det internasjonale byrået i Den andre internasjonale frå 1904 til 1919, der han stod på eit sentristisk standpunkt. Han var fleire gonger medlem av regjeringa i Belgia. s.50

HYNDMAN, Henry Mayers (1842—1921): Ein av grunnleggjarane av Det britiske sosialistpartiet (the British Socialist Party). Leiar for høgrefløya og opportunist. I 1916 vart han ekskludert frå partiet på

grunn av propaganda for den imperialistiske krigen. *H.* tok eit fiendsleg standpunkt til Oktoberrevolusjonen og støtta intervensjonen i Sovjet-Russland. s.44

HÖGLUND, Carl Zeth (1884—1956): Svensk venstresosialdemokrat. Dømd til fengsel i eit halvt år då han i 1905 oppfordra svensk arbeidarungdom til å nekta å føra krig mot Noreg etter den norske lausrivinga frå unionen med Sverige. Redaktør av «Stormklockan», organ for det sosialdemokratiske ungdomsforbundet, frå 1908 til 1918. Under verdskrigen slutta han seg til Zimmerwald-venstre (sjå note 21). Han var ein av leiarane for det venstresosialdemokratiske partiet, skipa i 1917, og for Sveriges Kommunistiske Parti frå 1921 til 1924 då han vart ekskludert for opportuniste. Seinare framstående medlem av det sosialdemokratiske partiet. s.48

KALEDIN, Aleksei Maksimovitsj (1861—1918): Tsaristisk general, øvstkommanderande over Don-kosakkhæren. Etter Oktoberrevolusjonen var han leiar for den kontrarevolusjonære oppstanden mot Sovjetmakta i Don-området. s.177

KAMENEV, L. B. (1883—1936): Slutta seg til den russiske revolusjonære rørsle i 1901. Etter den andre kongressen i Det russiske sosialdemokratiske arbeidarpartiet (1903), slutta han seg til bolsjevikane. I reaksjonsåra (1907—10) hadde han ei forsonleg haldning til likvidatorane, otzovistane og trotskistane. Etter februarrevolusjonen i 1917 gjekk *K.* imot april-tesane til Lenin og sette seg imot kursen partiet tok mot den sosialistiske revolusjonen. I oktober 1917 sveik han, saman med Sinovjev, vedtaket i sentralkomiteen om å setja i gang eit væpna opprør. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen gjekk han mange gonger ut mot den leninistiske politikken partiet førte. I 1925 var han med på å organisera «Den nye opposisjonen», i 1926 var han ein av leiarane i anti-parti-blokken Trotski-Sinovjev. I 1934 vart han ekskludert frå partiet for handlingar retta mot partiet. s.87,185,187ff

KAUTSKY, Karl (1854—1938): Ein av leiarane og teoretikarane i det tyske sosialdemokratiet og Den andre internasjonale. *K.* var fyrst marxist og arbeidde med å gi ut dei etterlatne verka til Marx og Engels. Kritiserte Bernsteins revisjonisme i 1890-åra (sjå Bernstein). Seinare renegat og teoretikar for ein avart av opportunisten, nemleg sentrismen (kautskyanismen). *K.* vende seg mot dei revolusjonære under den fyrste verdskrigen og støtta borgarskapet i krigen. Han kjempa mot bolsjevikane under Oktoberrevolusjonen og vart ein leiande fiende av den sosialistiske Sovjetstaten. Sjå Lenin, *Den proletariske revolusjonen og renegaten Kautsky* (1918), Forlaget Oktober 1975, og *Imperialismen, det høyeste stadiet i kapitalismen* (1916) i *Verker i utvalg i 12 bind*, Forlaget Oktober 1976, b. 6. s.15,19,35ff

KERENSKI, Aleksander Fjodorovitsj (1881—1970): Sosialrevolusjonær. Med i den borgarlege provisoriske regjeringa i Russland frå februar 1917, og leiar for ho frå juli 1917. Førte ein anti-folkeleg politikk ved å halda fram med den imperialistiske krigen. Han let storborgarskapet og godseigarane halda på makta og undertrykte revolusjonen. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen levde han i utlandet. s.23ff

KLEMBOVSKI, Nikolai Vasiljevitsj (1860—1921): General, øvstkommanderande på Nordfronten frå mai 1917. Ein av tilhengjarane til Kornilov (sjå òg Kornilov). s.171

KORNILOV, L. G. (1870—1918): Tsaristisk general, monarkist. Kommandant for Petrograd militærområde frå mars 1917, øvstkommanderande i juli-august 1917. I august 1917 organiserte borgarskapet og godseigarane under leiing av K. eit kontrarevolusjonært mytteri. Dei samansvorne vona å ta Petrograd, knusa bolsjevikpartiet, øydeleggja sovjeta og skipa eit militærdiktatur i landet, som skulle førebu å setja inn monarkiet att. Mytteriet starta den 25. august (7. september) ved at K. sende 3. kavalerikorps mot Petrograd, der kontrarevolusjonære organisasjonar som støtta han stod klære til handling. Kornilov-mytteriet vart knust av arbeidarane og bøndene under leiing av bolsjevikpartiet. Under presset frå massane vart Den provisoriske regjeringa tvinga til å gi ordre om at K. og hans medskuldige skulle verta arresterte og stilte for retten. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen leia K. kvitegarden «Den friviljuge hæren». s.123,152,163ff,169ff,183

LEDEBOUR, Georg (1850—1949): Ein av leiarane for det tyske sosialdemokratiet, utsending til Riksdagen (den tyske nasjonalforsamlinga). Sentrist. Var med på å skipa Det uavhengige tyske sosialdemokratiske partiet i 1917. s.45,47

LEGIEN, Karl (1861—1920): Leiar for den opportunistiske fløya i den tyske fagforeiningsrørsla. Under den fyrste verdskrigen tok han eit sosialsjåvinistisk standpunkt. s.47

LENSCH, Paul (1873—1926): Tysk sosialdemokrat, ein ekstrem sosialsjåvinist under fyrste verdskrigen. s.151

LIEBKNECHT, Karl (1871—1919): Framstående leiar for den tyske og den internasjonale arbeidarrørsla. L. var ein av dei fåe som stilte seg klart imot den sosialsjåvinistiske politikken til det tyske sosialdemokratiske partiet ved krigsutbrotet i 1914. Han var ein av dei leiande tyske internasjonalistane og røysta mot krigsløyvingane i Riksdagen, og vart ekskludert frå den soaildemokratiske Riksdagsgruppa. Han var ein av leiarane i Spartakusforbundet som kravde at dei kontrarevolusjonære troppane skulle verta avvæpna, at proletariatet

skulle verta væpna, at statsmakta skulle vera i hendene på arbeidara-
ne og soldatråda og at dei skulle samarbeida med Sovjet-Russland. I
januar 1919 braut Spartakusforbundet med det sosialdemokratiske
partiet og skipa Tysklands Kommunistiske Parti. 15. januar 1919 vart
L. myrda av kontrarevolusjonære. s.46f,53,77

LINDHAGEN, Carl (1860—1946): Svensk sosialdemokrat, borgar-
meister i Stockholm 1903—30. Leiar for Sveriges sosialdemokratiske
venstreparti som vart skipa i 1917. Under verdskrigen tok han eit
internasjonalistisk standpunkt, men i 1921, då partiet skifta namn til
Sveriges Kommunistiske Parti, vart han ekskludert for å ha gått mot
vedtaka på den andre kongressen til Komintern. s.48

LJAKOV, Vladimir Platonovitsj (1869—1918): Tsaristisk oberst.
Leiar for russiske troppar som hjelpte sjahen av Persia med å slå ned
den borgarlege revolusjonen i landet i åra 1905—11. s.74

LONGUET, Jean (1876—1938): Ein av dei reformistiske leiarane i
Det franske sosialistpartiet og Den andre internasjonale. Under den
fyrste verdskrigen tok han eit sosialsjåvinistisk standpunkt. s.15,45

LORIOT, Ferdinand (1870—1930): Fransk sosialist, internasjonalist
under fyrste verdskrigen. s.47

LUXEMBOURG, Rosa (1871—1919): Forgrunnsfigur i den polske
og tyske arbeidarrørsla. Ein av leiarane for venstrefløya i Den andre
internasjonale.

Om lag 1910 tok det til å veksa fram motseiingar innanfor venstre-
fløya i det tyske sosialdemokratiske partiet. *L.* gjekk m.a. til åtak på
Kautsky, som tidlegare hadde stått som den teoretiske leiaren for den-
ne fløya. *L.* propaganderte for at massane skulle verta mobiliserte
mot imperialismen og krigsfåren. Den gamle venstreretninga i partiet
delta seg i sentristar med m.a. Kautsky og Hilferding i brodden, og ei
revolusjonær fløy som m.a. vart leia av *L.*, Karl Liebknecht og Klara
Zetkin. Den fyrste verdskrigen gjorde desse motseiingane djupare. *L.*
tok straks eit klårt standpunkt både mot dei opne sjåvinistane og mot
sentristane med Kautsky i brodden. *L.* var ein av dei leiande tyske
internasjonalistane og ein av leiarane for Spartakusforbundet. Det
kravde at dei kontrarevolusjonære troppane skulle verta avvæpna, at
proletariatet skulle verta væpna, at statsmakta skulle vera i hendene
på arbeidara og soldatråda og at dei skulle samarbeida med Sovjet-
Russland. I januar 1919 braut Spartakusforbundet med det
sosialdemokratiske partiet og skipa Tysklands Kommunistiske Parti.
15. januar 1919 vart *L.* myrda av kontrarevolusjonære.

L. var ein stor revolusjonær, men ho veik av frå marxismen m.a. i
det nasjonale spørsmålet og i spørsmålet om partiorganisasjonen, og

vart kritisert av Lenin for det. Sjå Lenin, «Nasjonenes rett til sjølbestemmelse» (1914) i *Utvalgte verker i 12 bind*, Forlaget Oktober 1977, b. 5, s. 143—215. s.17,47f

LVOV, Georgi Jevgenjevitsj (1861—1925): Russisk storgodseigar, monarkist, medlem av den fyrste dumaen. L. var statsminister i den borgarlege provisoriske regjeringa frå mars til juli 1917. s.11,22,25f,37,104

MACDONALD, James Ramsay (1866—1937): Britisk politiskar, ein av dei som skipa og leia arbeidarpartiet. Sentrist under den fyrste verdskrigen. Statsminister i ei rekke arbeidarpartiregjeringar. s.15,45,77

MACLEAN, John (1879—1923): Framståande leiar i den britiske arbeidarrørsla og Det britiske sosialistpartiet (The British Socialist Party). Under den fyrste verdskrigen dreiv han omfattande anti-krigspropaganda på eit internasjonalistisk grunnlag. s.48,77

MAKLAKOV, Vasilij Aleksejevitsj (f. 1870): Godseigar, representant i den andre, tredje og fjerde Dumaen, med i sentralkomiteen i kadettpartiet (sjå note 11). Etter februarrevolusjonen i 1917 var han ambassadør i Paris, vart seinare «kvit» emigrant. s.74,177

MARTOV, L. (Tsederbaum, Juli Osipovitsj) (1873—1923): Mensjevikeiar. Leia det opportunistiske mindretalet på den andre kongressen til RSDAP i 1903. Tok eit sentristisk standpunkt under den fyrste verdskrigen. Etter Oktoberrevolusjonen ein fiende av Sovjetregjeringa. I 1920 emigrerte han til Tyskland. s.46,53,170

MERRHEIM, Alphonse (1881—1925): Fransk fagforeiningsleiar. Tok eit internasjonalistisk standpunkt i byrjinga av den fyrste verdskrigen, men vart seinare sosialpatriot. s.47,50

MILJUKOV, Pavel Nikolajevitsj (1859—1943): Ein av leiarane for kadettpartiet (sjå note 11). Etter februarrevolusjonen i 1917 vart han utanriksminister i den borgarlege provisoriske regjeringa. Var tilhengar av å halda fram med den imperialistiske krigen. Tok aktivt del i det kontrarevolusjonære Kornilov-mysteriet i august 1917 (sjå Kornilov). Etter Oktoberrevolusjonen tok han del i fleire av intervensjonane mot Sovjetstaten. s.30f,52,74,79,152,177

MODIGLIANI, Vittorio Emanuele (1872—1947): Ein av leiarane for dei reformistiske italienske sosialdemokratane. Saman med Turati stod han i brodden for den ekstreme høgrefløya i sosialistpartiet. s.46

MÜLLER, Gustav (f. 1889): Sveitsisk sosialdemokrat og opportunist. s.51

MÜNZENBERG, Wilhelm (1889—1940): Ein av leiarane i den kommunistiske ungdomsrørsla i Tyskland. Han var sekretær i Det internasjonale sosialistiske (seinare kommunistiske) ungdomsforbundet frå 1914 til 1921. s.51

NEKRASOV, Nikolai Aleksandrovič (1821—1878): Russisk diktar. N. kom frå ein godseigarfamilie, men rømte tidleg heimefrå og slo seg ned i St. Petersburg der han levde som litterat og politisk journalist. Svært mykje å seia fekk to tidsskrift han gav ut, «Sovremennik» (1848—66) og «Otetsjestvenniji Zapitski» (1866—77). Han greidde å knyta dei viktigaste personane i det radikale kulturlivet til desse tidsskrifta, m.a. Turgenjev og Tsjernisjevski. N. var òg lyrikar og skreiv ei mengd dikt frå det russiske arbeids- og samfunnslivet. Dei høyrer med mellom det mest kjende innanfor den russiske litteraturen. s.123

NERMAN, Ture (f. 1886): Svensk forfattar og venstresosialist. Slutta seg til Zimmerwald-venstre under fyrste verdskrigen (sjå note 21). Seinare (1921) ein av grunnleggjarane av Sveriges Kommunistiske Parti. I 1929 kløyvde partiet seg, og N. gjekk med fleirtalsfraksjonen som braut med Komintern. Denne fraksjonen tok seinare namnet Socialistiske Partiet, og her var N. eit framstående medlem. s.48

NIKOLAI I (Romanov) (1796—1855): Russisk keisar 1825—55. s.30

NIKOLAI II (Romanov) (1868—1918): Russisk keisar 1894—1917. s.22,30,73,104

PALTSJINSKI, Pjotr Joakimovič (d. 1930): Ingeniør, organiserte det russiske kolsyndikatet. Viseminister for handel og industri i Kerenskis borgarlege provisoriske regjering i 1917. s.103,141ff

PANINA, S. V.: Medlem av sentralkomiteen i kadettpartiet (sjå note 11). Viseminister i den borgarlege provisoriske regjeringa til Kerenski i 1917.

PANNEKOEK, Anton (Horner, K.) (1873—1960): Nederlandsk venstresosialdemokrat. Internasjonalist under den fyrste verdskrigen. Han var medlem av kommunistpartiet i Nederland frå 1918 til 1921, og var med i Den kommunistiske internasjonale. I 1921 tok han ei «venstre»-sekteisk haldning, drog seg attende frå kommunistpartiet og slutta med aktivt politisk arbeid. s.48

PARVUS (Gelfand, Aleksander Lasarevič) (1869—1924): Tok del i den tyske og russiske sosialdemokratiske rørsla. Ekstrem sjåvinist og agent for den tyske imperialismen under den fyrste verdskrigen.

PESJEKHONOV, Aleksei Konstantinovitsj (1867—1933): Borgarleg journalist. Frå 1906 leiar for det småborgarlege Folkesosialistpartiet. *s.102,141,143*

PFLÜGER, Paul (f. 1865): Sveitsisk sosialdemokrat og opportunist, tok eit sosialsjåvinistisk standpunkt under den fyrste verdskrigen. *s.51*

PLATTEN, Fritz (1883—1942): Sveitsisk venstresosialist, seinare òg kommunist, då han tok del i dei internasjonale sosialistkonferansane i Zimmerwald og Kienthal. Han tok del i skipinga av det sveitsiske kommunistpartiet og Komintern. *s.52*

PLEKHANOV, Georgi Valentinovitsj (1856—1918): Framstående leiar for den russiske og internasjonale arbeidarrørsla. Den fyrste som propaganderte for marxismen i Russland, og grunnleggjar av Gruppa for frigjering av arbeidet, den fyrste russiske marxistiske organisasjonen skipa i 1883. Etter den andre kongressen til RSDAP i 1903 tok *P.* ei forsonande haldning til opportunismen og slutta seg til mensjevikanene. Under den fyrste russiske revolusjonen 1905—07 hadde han alvorlege usamhøve med bolsjevikanene i dei grunnleggjande spørsmåla om taktikken.

I reaksjonsåra stod han fram mot den machistiske revisjonismen av marxismen, dvs. mot tilhengjarane av den austerriske fysikaren og filosofen Ernst *Mach*, som proklamerte *empiriokritisismen* som den marxistiske røyndomsoppfatninga. Lenin gjekk skarpt til åtak på empiriokritisismen i *Materialisme og empiriokritisme* (1909). *P.* gjekk òg imot likvidatorane (dvs. dei mensjevikanene som ville likvidera det revolusjonære illegale partiet til proletariatet, gjera det til inkjes), og han leia den mensjevikgruppa som var for partiet. Under den fyrste verdskrigen tok han eit sosialsjåvinistisk standpunkt, og etter den borgarleg-demokratiske revolusjonen i februar 1917, vende *P.* attende til Russland der han støtta den borgarlege provisoriske regjeringa. Han var fiendsleg innstilt til den sosialistiske Oktoberrevolusjonen. *s.15ff,35ff,42,44,51,55,152*

POTRESOV, (Starover), Aleksander Nikolajevitsj (1869—1934): Mensjevikleiar. Stod i brodden for likvidatorane under reaksjonsåra 1907—10 og var sosialsjåvinist under den fyrste verdskrigen. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen vart han ein kviteemigrant og fiende av Sovjetregjeringa. *s.42*

PRESSEMANE, Adrien (1879—1929): Fransk sosialist, sentrist under den fyrste verdskrigen. *s.45*

PROKOPOVITSJ, Sergej Nikolajevitsj (1871—1955): Russisk borgarleg økonom og publisist. Kjend representant for økonomismen, ein av dei som fyrst forkynnte bersteinianismen (sjå Bernstein). Vart seinare kadett, sjå note 11. *s.123*

RADEK, Karl Berngardovitsj (1885—1939): Frå byrjinga av dette hundreåret var han med i den sosialdemokratiske rørsle i Galicia, Polen og Tyskland. Internasjonalist under den fyrste verdskrigen, men med somme tilvik til sentrisme. Han hadde eit rangt syn på den nasjonale sjølråderetten. Gjekk inn i bolsjevikpartiet i 1917, var «venstre»-kommunist då Brest-Litovsk-traktaten vart undertekna mellom Sovjet-Russland og Tyskland. Frå 1923 aktivt med i Trotski-opposisjonen, og vart ekskludert frå partiet for det på den 15. kongressen til SUKP(b) i 1927. Vert teken inn att i 1930, men vart ekskludert att i 1936 og dømd for handlingar retta mot partiet. s.48,151

RAKITNIKOV, N. I. (f. 1864): Sosialrevolusjonær leiar (sjå note 3), redaktør for fleire sosialrevolusjonære aviser. I 1917 gjekk han inn for koalisjon med kadettane (sjå note 11). s.86

RENAUDEL, Pierre (1871—1935): Ein av dei opportunistiske leiara for Det franske sosialistpartiet. s.44

RJABUSJINSKI, Paul Pavlovitsj (f. 1871): Storkapitalist og bankier frå Moskva, ein av dei fremste kontrarevolusjonære leiarane. Han truga med å kvela revolusjonen. s.177

RODSJANKO, Mikhail Vladimirovitsj (1859—1925): Reaksjonær politiker og godseigar, formann for den tredje og fjerde Dumaen, kadettleiar. I august 1917 var han ein framståande deltakar i Kornilov-oppstanden (sjå Kornilov). Etter Oktoberrevolusjonen freista han å samla alle kontrarevolusjonære krefter i kampen mot sovjetmakta. Seinare vart han kviteemigrant. s.186,188

ROLAND-HOLST, Henriette (1869—1952): Nederlandsk venstresosialist og skribent, arbeidde med å organisera kvinner i fagforeiningar. Då den fyrste verdskrigen braut ut, tok ho fyrst eit sentristisk, så eit internasjonalt standpunkt. Ho tok del i utgjevinga av tidsskriftet *Vorbote* (Varsel) som var det teoretiske organet til Zimmerwald-venstre (sjå note 21). Ho arbeidde i Komintern frå 1918 til 1927. s.48

ROLOVITSJ: Medlem av den sentrale ernæringskomiteen i 1917, representerte interessene til privatkapitalen. s.143f

ROMANOV, sjå **NIKOLAI I** og **NIKOLAI II.** s.22

RÜHLE, Otto (f. 1874): Tysk venstresosialdemokrat, den einaste som røysta saman med Karl Liebknecht i Riksdagen mot krigslån til keisaren i mars 1915. Gjekk ikkje inn i kommunistpartiet då det vart skipa i 1919, men arbeidde fram til 1924 i det ultravenstre kommunistiske arbeidarpartiet (KAP). s.47

SCHEIDEMANN, Phillip (1865—1939): Ein av leiarane for den stridaste høgrefløya i det tyske sosialdemokratiet. Leiar for den tyske borgarlege regjeringa frå februar til juni 1919. Undertrykte arbeidar-rørsla brutalt. s.44,47,51,151

SEMBAT, Marcel (1862—1922): Ein av dei reformistiske leiarane for Det franske sosialistpartiet. Sosialsjåvinist under den fyrste verdskrigen. Var med i ei borgarleg fransk regjering. s.44

SERRATI, Giacinto Menotti (1872—1926): Framståande italiensk sosialist. Slutta seg til Det italienske kommunistiske parti i 1924. s.46

SINOVJEV, Grigori Jevsejevitsj (Radomislski) (1883—1936): Slutta seg til den russiske sosialdemokratiske rørsla i 1901, til bolsjevikane etter den andre kongressen til RSDAP i 1903. Under Stolypinreaksjonen hadde S. ei forsonleg haldning til likvidatorane, otzovistane og trotskistane. Internasjonalist under den fyrste verdskrigen. I oktober 1917 sveik S. saman med Kamenev vedtaket i sentralkomiteen om å setja i gang eit væpna opprør. I 1925 var han ein av organisatorane av «Den nye opposisjonen», i 1926 ein av leiarane for Trotski-Sinovjev-blokken. Vart ekskludert frå partiet i 1934 for anti-parti verksemda si. s.51,185,187f

SJINGAROV, Andrei Ivanavovitsj (1869—1918): Kadett, leiar for kadettgruppa i den tredje og fjerde Dumaen (sjå note 11). I 1917 vart han finansminister i den borgarlege koalisjonsregjeringa. s.61

SKOBOLEV, Matvei Ivanovitsj (1885—1937): Russisk sosialdemokrat, mensjevik, sosialsjåvinist under fyrste verdskrigen. I 1917 arbeidsminister i den borgarlege provisoriske regjeringa. s.43,102f,142

SNOWDEN, Philip (1864—1937): Britisk politiskar, ein av leiarane for Det uavhengige arbeidarpartiet (The Independent Labor Party). Opportunist. s.45

SPIRODONOVA, Maria Aleksandrovna (1884—1941): Organisator og leiar av det venstresosialrevolusjonære partiet. Ho gjekk mot fredstraktaten i Brest-Litovsk etter Oktoberrevolusjonen. I juli 1918 tok ho del i oppstanden til dei venstresosialrevolusjonære i Moskva. Etter det trekte ho seg ut av politikken. s.170

STAUNING, Torvald (1873—1942): Dansk høgresosialdemokrat, formann i det sosialdemokratiske partiet i 1910. I 1916 vart han teken opp i regjeringa. Stauning danna den fyrste sosialdemokratiske regjeringa i 1924 og var fleire gonger statsminister, sist etter den tyske okkupasjonen i 1940. s.44,48

STEKLOV, Juri Mikhailovitsj (1873—1941): Russisk sosialdemokrat, skreiv i bolsjevikpublikasjonar i utlandet. Han slutta seg til dei såkalla «revolusjonære fedrelandsforsvararane» etter februarrevolusjonen i 1917. Han skreiv fleire bøker om historia til den revolusjonære rørsle. s.13,20f,28,30,43

STRUVE, Pjotr Berngardovitsj (1870—1944): Russisk borgarleg økonom og skribent, den fremste talsmannen for den «legale marxismen» på 1890-talet. Vart seinare ein av leiarane for kadettpartiet, sjå note.

STRÖM, Fredrik (1880—1948): Svensk venstresosialist, sekretær i Det sosialdemokratiske partiet 1911—16. Seinare kommunist, men ekskludert frå Komintern i 1924 for opportunistisme. s.48

TEODOROVITSJ, Ivan Adolfovitsj (1875—1940): Sosialdemokrat, etter den andre kongressen til RSDAP (1903) vart han bolsjevik. Han tok aktivt del i den sosialistiske Oktoberrevolusjonen og hadde seinare viktige regjeringssoppgåver. s.29

TERESJTSJENKO, Mikhail Ivanovitsj (f. 1888): Russisk kapitalist, sukkerfabrikant, finansminister og utanriksminister i den borgarlege provisoriske regjeringa i 1917. s.74,123,145

TREVES, Claudio (1868—1933): Medlem av det italienske sosialistpartiet, teoretikar for den italienske reformismen. Sentrist under den fyrste verdskrigen. s.46

TRIER, Gerson (1851—1918): Dansk revolusjonær sosialdemokrat. Ekskludert frå det sosialdemokratiske partiet i 1889 for kritikk mot reformismen i opposisjonsavisa «Arbejderen». Internasjonalist under verdskrigen. s.48

TROELSTRA, Pieter (1860—1930): Ein av grunnleggjarane av det nederlandske sosialdemokratiske arbeidarpartiet og leiaren for det. Formann i parlamentsgruppa til partiet, opportunist, sjåvinist under den fyrste verdskrigen. s.44

TSERETELI, Irakly Georgijevitsj (1882—1959): Mensjevikleiar, under fyrste verdskrigen var han sentrist. Etter februarrevolusjonen vart han post- og telegrafminister i den borgarlege provisoriske regjeringa. Etter juli-hendingane vart han innanriksminister. Han var leiar for anti-sovjet-blokken i den grunnlovgevande forsamlinga som kom saman etter Oktoberrevolusjonen, og stod i brodden for den kontra-revolusjonære mensjevikregjeringa i Georgia. Etter at sovjetmakta

vart oppretta i Georgia i 1921, vart han kontrarevolusjonær emigrant. s.11f,20f,28f,43,46,54,86f,102f,142,164

TSJERNOV, Viktor Mikhailovitsj (1876—1952): Ein av leiarane og teoretikarane i det sosialrevolusjonære partiet (sjå note 3). Etter februarrevolusjonen i 1917 vart *T.* landbruksminister i den borgarlege provisoriske regjeringa. Han organiserte harde straffetokt mot bønder som tok godseigedom. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen var han ein av hovudmennene i anti-sovjetiske opprør. I 1920 drog han til utlandet og heldt fram med dei anti-sovjetiske handlingane sine derfrå. s.86f,94,102ff,142,152,164

TSJKHEIDZE, Nikolai Semjonovitsj (1864—1926): Mensjevikleiar. Sentrist under den fyrste verdskrigen. Etter februarrevolusjonen i 1917 støtta *T.* aktivt den borgarlege provisoriske regjeringa. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen vart han formann i den grunnlovgevande forsamlinga i Georgia. Då sovjetmakta vart oppretta i Georgia i 1921, vart han kviteemigrant. s.13,15,20f,28,30,43,46,54

TURATI, Filippo (1857—1932): Reformistisk leiar i den italienske arbeidarrørsla. Ein av grunnleggjarane av Det italienske sosialistpartiet, og leiar for høgrefløya. Stod for ei klassesamarbeidsline mellom proletariatet og borgarskapet. s.15,46,151

TYSZKA (Jogitsjes, Léon) (1867—1919): Leiar for den polske og tyske arbeidarrørsla. Under den fyrste verdskrigen var han internasjonalist og ein av dei som organiserte Spartakusforbundet. Spartakusforbundet kravde at dei kontrarevolusjonære troppane skulle verta avvæpna, at proletariatet skulle verta væpna, at statsmakta skulle vera i hendene på arbeidarane og soldatråda og at dei skulle samarbeida med Sovjet-Russland. I januar 1919 braut Spartakusforbundet med det sosialdemokratiske partiet, og *T.* var med på å skipa Tysklands Kommunistiske Parti og vart seinare sekretær i sentralkomiteen. I 1919 vart han arrestert og drepen i eit fengsel i Berlin. s.48

VANDERVELDE, Emile (1866—1938): Leiar for Det belgiske arbeidarpartiet og formann i Det internasjonale sosialistbyrået i Den andre internasjonalen. *V.* var ein ekstrem opportunist. Han vart sosialsjåvinist og medlem av den borgarlege belgiske regjeringa under den fyrste verdskrigen. Gjekk hardt ut mot den sosialistiske Oktoberrevolusjonen. s.50

VERKHOVSKI, Alexander Ivanovitsj (1886—1941): Krigsminister i den siste provisoriske regjeringa i 1917. Fleire dagar før den sosialis-

tiske Oktoberrevolusjonen trakk *V.* seg ut av regjeringa i protest mot at krigen heldt fram. Etter revolusjonen arbeidde han i Den raude hæren. *s.190*

VOINOV, Ivan Aksentejevitsj (1884—1917): Bolsjevik, skreiv mykje i bolsjevikavisene *Pravda* (Sanninga) og *Borba* (Kampen). Han vart drepen av kadettar i Petrograd 6. (19.) juli 1917, medan han delte ut *Listok Pravdy*. *s.87*

WIJNKOOP, David (1877—1941): Nederlandsk kommunist, ein av grunnleggjarane av den marxistiske avisa *De Tribune*. *s.48*

WILHELM II (Hohenzollern) (1859—1941): Tysk keisar og konge av Prøyssen. *s.53*

WILLIAMS, Russel (f. 1872): Medlem i Det britiske sosialistpartiet (BSP), internasjonalist under fyrste verdskrigen. *s.47*

OKTOBERREVOLUSJONEN

Gjennom Oktoberrevolusjonen vann arbeidar-klassen for fyrste gong i saga makta i ein stat. Ein ny epoke i verdssoga var varsla inn — epoken for dei proletariske revolusjonane.

I Førebuinga til den sosialistiske Oktober-revolusjonen fører Lenin oss heilt fram til dagen før Oktoberrevolusjonen vann siger. Boka opnar med dei kjende APRILTESANE. Dei sette Lenin fram straks han kom tilbake til Russland frå eksil.

I denne stutte perioden utviklar klassekampen seg med rasande fart. Bolsjevikpartiet vinn fleirtalet i arbeidarklassen, i sovjeta, det dreg millionar av bønder over på den sosialistiske revolusjonen si side. Det riv fleirtalet i folket bort frå innverknaden til dei småborgarlege partia. Bolsjevikpartiet gjer eit veldig politisk arbeid ved og bak fronten — det førebur folket til den sosialistiske Oktoberrevolusjonen.

LENIN: UTVALGTE VERKER

Førebuinga til den sosialistiske Oktoberrevolusjonen er band 7 i Lenin-serien UTVALGTE VERKER I 12 BIND frå Forlaget Oktober. Lenins skrifter er ein del av sjøve grunnlaget for den revolusjonære teorien til arbeidarklassen, difor høyrer desse 12 banda heime i bokhylla hos alle klassemedvetne arbeidarar og andre revolusjonære.

